



FN sine berekraftsmål på ViteMeir Kaupanger  
Foto: Birthe Johanne Fredheim Finstad / Vestland fylkeskommune

# Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2024 – del II



Vestland  
fylkeskommune

<b>Del II – VERKSEMDSOVERSIKT .....</b>	<b>4</b>
<b>4. Generelt om del II.....</b>	<b>4</b>
4.1 Definisjon av nøkkeltal .....	4
<b>5. Interkommunale selskap (IKS) .....</b>	<b>5</b>
5.1 Om selskapsforma IKS.....	5
5.2 Interkommunale selskap fylkeskommunen deltek i .....	5
Grieghallen IKS.....	5
TH egedom IKS.....	9
Novari IKS (tidligare Vigo IKS).....	13
<b>6. Aksjeselskap (AS) .....</b>	<b>17</b>
6.1 Om selskapsforma aksjeselskap.....	17
6.2 Utnytting av kraftressursar/finansielle mål .....	18
Kommunekraft AS.....	19
Sogn og Fjordane Holding AS .....	22
Valen kraftverk AS .....	26
6.3 Samfunns- og næringsutvikling .....	30
Atheno AS.....	31
Fjord Invest Såkorn AS.....	35
Fjord Norge AS.....	39
Framtidsfylket AS .....	42
Gulen og Masfjorden Utvikling AS .....	45
Innovasjon Norge (særlovselskap).....	49
Kunnskapsparken Vestland AS.....	54
Njøs Frukt - og bærsenter AS .....	58
Sogn og Fjordane Fondet AS .....	62
6.4 Samfunns- og næringsutvikling – arbeidsmarknad.....	66
Beredt AS.....	67
Beredt inkludering AS.....	72
Gløde utvikling AS (konsern) .....	76
Hardanger AKS AS.....	80
Movia Holding AS .....	84
Kveik AS (konsern) .....	89
Opero Holding AS .....	92
Origod Fram AS (tidligare Origod Holding AS).....	95
Sogneprodukt AS.....	99
6.5 Infrastruktur og kollektivtransport.....	103
Bybanen AS .....	104
E134 Haukelivegen AS .....	108
Ferde AS .....	112
Fremtidens hurtigbåt AS.....	117
HFK Bussanlegg AS .....	122
HFK Tomt Knarvik AS .....	126
Skyttel AS.....	129
Sunnhordland Lufthavn AS.....	134
6.6 Opplæring .....	138
Bergen Vitensenter AS (Vilvite) .....	139
Campus Verftet AS.....	142
Opplæringsfartøy AS .....	145
Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS (ViteMeir).....	148
6.7 Kulturselskap .....	152
Carte Blanche AS.....	153
Den Nationale Scene AS (DNS).....	158

Det Vestnorske Teateret AS .....	163
Idrettsklynge Vest AS .....	168
Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS .....	172
Moster 2024 AS .....	176
Norsk Fjordhestsenter AS.....	179
Sentralbadet AS .....	182
Teater Vestland AS.....	186
Vestnorsk filmsenter AS .....	191
7. Interkommunale samarbeid .....	195
7.1 Ulike samarbeidsformer .....	196
7.2 Samarbeid fylkeskommunen deltek i .....	197
Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA) .....	197
Vestlandsrådet.....	198
Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap.....	200
Syns- og audiopedagogisk teneste Vestland - kommunalt oppgåvefellesskap (SAPT)	202
8. Samvirkeføretak.....	203
8.1 Samvirkeføretak fylkeskommunen er medlem i.....	203
Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA (KDRS) .....	203
Biblioteksentralen SA .....	206
Sinjarheim SA.....	208

## Del II – VERKSEMDSOVERSIKT

### 4. Generelt om del II

Fylkeskommunen har per 01.11.24 eigarskap i 42<sup>1</sup> aksjeselskap, 3 interkommunale selskap og 1 særlovsselskap (Innovasjon Norge). Nokre av aksjeselskapa er heileigde av fylkeskommunen, som t.d. Bybanen AS og Valen Kraftverk AS. Andre eig fylkeskommunen saman med t.d. andre kommunar, staten og/eller private.

Fylkeskommunen er også med i 4 interkommunale samarbeid og i 3 samvirkeføretak.

Meldinga omhandlar nemnde selskap, samarbeid og samvirkeføretak.

Verksemduene er i den komande framstillinga delt inn i grupper etter type selskapsform: interkommunale selskap, aksjeselskap inkl. særlovsskapet Innovasjon Norge, interkommunale samarbeid og samvirkeføretak.

Aksjeselskapa er vidare delt inn i grupper etter eigarskapsføremål eller type sektor verksemda tilhører:

- Finansielle eller økonomiske mål
- Samfunns- og næringsutvikling
- Infrastruktur- og kollektivtransport
- Opplæring
- Kultur

Meldinga er skriven med grunnlag i verksemduene sine årsrekneskap og årsmeldingar for 2023, protokollar, og eigarrepresentantane sine rapportar frå generalforsamling/representantskapsmøte i 2024, selskapsavtalar og vedtekter.

#### 4.1 Definisjon av nøkkeltal

I vurderinga av selskapet si økonomiske utvikling har vi brukt fire nøkkeltal som seier noko om utvikling i a) lønsemd, b) eigenkapitalens evne til avkastning, c) likviditetsgrad, d) soliditet og e) gjeldsgrad.

Nedanfor følgjer definisjonen av nøkkeltala:

a) Totalkapitalrentabilitet i % (lønsemd)

Totalkapitalrentabiliteten i eit føretak er eit mål på avkastninga på sjølve eigendelane og eit viktig nøkkeltal ved lønsemduesvurdering/utrekning. For å vere rekna som god bør totalkapitalrentabiliteten vere minst 10 % og ikkje lågare enn 6 %.

b) Eigenkapitalens rentabilitet før skatt

Syner eigenkapitalens evne til avkastning inkludert eventuelt utbytte og før ekstraordinære postar og skatt. For å vere rekna som god bør totalkapitalrentabiliteten vere minst 16 og ikkje lågare enn 9 %.

c) Likviditetsgrad 1

Dette er eit mål på kor mykje kortsiktige midlar føretaket har i høve til forpliktingane selskapet har på same tidshorisont. For å vere rekna som god bør likviditetsgrad 1 vere minst 1,5 og ikkje lågare enn 1.

d) Eigenkapitalandel

Eigenkapitalandelen syner kor stor del av eigendelane som er finansiert med eigenkapitalen. For å vere rekna som god bør eigenkapitalen vere minst 18 og ikkje lågare enn 10 %.

---

<sup>1</sup> I haust har fylkeskommunen vore med på å opprette to nye selskap – Sentralbadet AS og Beredt inkludering AS. Desse er omtalte i eigarskapsmeldinga. Fylkeskommunen er i ferd med/har avslutta eigarskapen i eitt selskap i haust – Gulen og Masfjorden utvikling AS, og eit anna selskap, Moster 2024 AS, skal avviklast no når jubileumsåret 2024 er på hell. Talet aksjeselskap fylkeskommunen eig i skal derfor vere nede i 42 ved overgangen til nytt år.

### e) Gjeldsgrad

Gjeldsgrada syner kor mykje gjeld føretaket har i høve til eigenkapitalen. For å vere rekna som god bør gjeldsgrada vere minst 2 og ikkje høgare enn 7.

I dei fleste selskapa som Vestland fylkeskommune har eigarskap i, kan ein ikkje legge vanlege finansielle kriterium til grunn i vurderinga av selskapa. Selskapa er ofte oppretta for særskilte formål og skal ikkje nødvendigvis ha same krav til lønsemd som andre selskap. Ein vil difor ofte sjå at selskapa har svak lønsemd og då også svak likviditet. Dette kan vere eit teikn på at ein bør vere observante, men det vil ofte heller vere normalt for denne type selskap med sitt føremål. Ein må difor vurdere selskapa i ein heilskap der ein brukar fleire kriterium. Dette vil typisk vere om selskapet ikkje berre har svak lønsemd og likviditet, men om det også har svak soliditet og kommentar frå revisor, då må ein sjå nærmare på selskapet.

I vurderinga er det ikkje lagt til grunn gradering av dei finansielle kriteria lønsemd, likviditet og soliditet. Det er berre vurdert om dei ulike kriteria er vurdert til å vere tilfredsstillande eller ikkje. I spesielle tilfelle er det etter behov gjort særskilte vurderingar.

## 5. Interkommunale selskap (IKS)

### 5.1 Om selskapsforma IKS

Interkommunale selskap (IKS) etter IKS-lova er sjølvstendige rettssubjekt som rettsleg og økonomisk er skilde frå deltagarkommunane. Det må vere fleire deltagarar i selskapet, og berre kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap kan delta. Kvar av deltagarane har eit uavgrensa ansvar for ein del av selskapet sine samla forpliktingar. Samla sett skal deltagarane sin ansvarsdel utgjere selskapet sine samla forpliktingar.

Det øvste organet i selskapet er representantskapet. Forvaltning av selskapet ligg til styret og dagleg leiing. Deltagarane utøver eigarskap gjennom medlemer dei har valt inn i representantskapet. Etter IKS-lova § 6 ligg det til fylkestinget å velje representantar til representantskapet. Valretten kan ikkje delegerast. Med unntak av dei tilsettevalde styremedlemene, blir styret valt av representantskapet. Styret har forvaltningsmyndet, og må utøve det innanfor ramma av selskapets føremål, selskapsavtalen og selskapet sitt årsbudsjett som blir vedteke av representantskapet.

Deltaking i interkommunale selskap kan ikkje overdragast til andre. Deltagarane kan seie opp deltakinga si med eitt års varsel. Når ein trer ut av selskapet, er hovudregelen at deltagaren får utbetalt ein utløysingssum som er lik nettoverdien av andelen

### 5.2 Interkommunale selskap fylkeskommunen deltek i

#### Grieghallen IKS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å erverve, eige og leige ut Grieghallen, gnr. 164, bnr. 926 med festerett i Bergen. Selskapet har ikkje ervervsmessige føremål. Selskapet står for finansiering av Grieghallen sitt fornyingsprosjekt.  Selskapet leiger ut Grieghallen til Grieghallen AS.
Etablert	21.06.2013
Eigar- og ansvarsdel	Eigar- og ansvarsdeldel: 50 %. Fylkeskommunen eig selskapet saman med Bergen kommune. Kvar deltagar er ansvarleg for halvparten av selskapet si samla gjeld.

	Eigarane sitt totale innskot er 1 mill. kr.
Forretningskontor	Bergen kommune
Regelverk	Lov om IKS (endra i 2023), regelverket om offentleg innkjøp m. fl.
Styringsgrunnlag	Selskapsavtalen, sist endra 21.06.2013 <sup>2</sup> . Eigarstrategi vedteken av eigarane i mars/april 2021.
Representantskap	Marthe Hammer møtte på representantskapsmøtet 06.05.24.
Val til representantskapet	Fylkestinget i Vestland og bystyret i Bergen vel kvar sin medlem og varamedlem. Valperioden følgjer kommunevalperioden.  Fylkestinget har valt Marthe Hammer (SV) som medlem og Silja Ekeland Bjørkly (H) som varamedlem.
Val av styre	Styret skal ha tre medlemer. Medlemene vert valde for fire år om gongen.  I eigarstrategien fra 2021 ber eigarane selskapet om å nytte seg av ein eigen valkomité ved val til styret. Fylkesdirektøren og kommunaldirektøren skal utgjere valkomiteen.  Komiteen skal jobbe for ei styresamansetjing kjenneteikna av kompetanse, kapasitet og mangfald. Det er viktig at nokon av styremedlemene har økonomisk bakgrunn på grunn av dei finansielle aspekta ved selskapsforvaltninga. Innstillingar til representantskapet skal vere skriftlege og grunngjevne.
Styresamansetning	<u>Styremedlemer:</u> Inga Lise Moldestad (leiar) (valt første gong i 2021) Marianne Thunes (nestleiar) (valt første gong i 2021) Ernst Johnny Stiansen (valt første gong i 2022)
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar vart honorert med til saman 63 000 kr for styreleiarvervet i perioden frå representantskapsmøte i 2022 til representantskapsmøte i 2023. Andre styremedlemer med 39 000 kr for same periode. Samla styrehonorar for 2023 var 184 000 kr, der 40 000 kr gjeld for lite avsett honorar for 2022.  Selskapet kjøper administrative tenester frå konsulentfirmaet Complér, og Kari Kvam Ytreland fyller dagleg leiar-funksjonen i selskapet. Samla utbetaling til dagleg leiar for 2023 var 163 537 kr.
Fylkeskommunalt lån	Etter selskapsavtalen hefter fylkeskommunen for 50 % av selskapet sine plikter. Selskapet si øvre låneramme er 340 mill. kr. Per utgangen av rekneskapsåret var saldo på hovudlånet til Kommunalbanken på 150 mill. kr (opphevleg 219,6 mill. kr i samband med fornying av Grieghallen initiert i 2013).
Revisor	Deloitte AS
Adresse	Aasegården, Vestre Strømkaien 7, 5008 BERGEN
Kontaktperson	Dagleg leiar-funksjon: Kari Kvam Ytreland i Complér; Styreleiar: Inga Lise Moldestad

<sup>2</sup> Endring av selskapsavtalen vert gjennomført så snart fylkestinget har fått tatt stilling til endringsforslaget. Den einaste endringa er at det vert vedtektsfesta at det skal veljast to varamedlemer per faste medlem. Endringa er ei direkte følge av ny lov om IKS.

Telefon	99 69 14 59		
E-post	Dagleg leiar: <a href="mailto:kky@compler.no">kky@compler.no</a> ; Styreleiar: <a href="mailto:Inga@vestcorp.no">Inga@vestcorp.no</a>		
Nettadresse			
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	21 935	17 719	14 584
Driftsresultat	9 534	5 480	2 381
Resultat etter skatt	0	0	0
Totalkapitalrentabilitet	4	2	1
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	0	0	0
Likviditetsgrad 1	1,6	1,2	1,1
Eigenkapital i % (soliditet)	1	1	1
Gjeldsgrad	101	107	110
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste år hatt tilfredsstillande likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>3</sup> .		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Lov om interkommunale selskap vart endra i 2023, og det vart fastsett ny forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for dei interkommunale selskapa (IKS).</p> <p>Etter endringa er IKS omfatta av forvaltningslova sine reglar om teieplikt og kommunelova sine reglar om møteoffentlegheit. Dette gjeld likevel berre dei av IKSa som er omfatta av offentleglova. Grieghallen IKS har ikkje eigne tilsette, og er derfor ikkje omfatta av offentleglova, jf. forskrift til offentleglova § 1.</p> <p>Lovendringa medførte også justeringar i reglane om selskapa si økonomiforvaltning, og reduserer staten si rolle i organiseringa av selskapa. I 2023 kom det også eit krav om val av minst to varamedlemer for kvar faste medlem til representantskapet (sidan det ikkje er høve til sende fullmektig).</p> <p>Selskapet viser til at eigarane sine eigarskapsmeldingar vart lagt fram for styremedlemene til orientering i 2023. Representantskapet har lagt til grunn at krava og forventningane i meldingane vert følgde så langt det passar. Representantskapet har også drøfta eigarane sin eigarstrategi, og hadde ikkje merknader til denne.</p> <p>I 2022 finansierte Grieghallen IKS oppgraderinga av glasfasadane i Grieghallen gjennom eit låneopptak på 35 mill. kr. Nye glas vil redusere Grieghallen AS sine energikostnader. I årsrapport for 2023 viser styret til</p>		

<sup>3</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	at rammelånet er avvikla og at Grieghallen AS sjølv gjennomfører prosjektet og finansieringa.
<b>Samfunnsansvar og etikk</b>	Selskapsleiringa er likestilt når det gjeld kjønn.
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Leigeavtalen med Grieghallen AS gjeld fram til 2043. Leigetakar har opsjon på å få overta bygget for 16,3 mill. kr (skattemessig bokført verdi) når leigeavtalen går ut.
<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	
<b>Mål med eigarskapen</b>	Grieghallen IKS vart oppretta i 2013, sjå fylkestingssak 34/13 (HFK), for å finansiere fornyinga av Grieghallen. Det overordna føremålet med eigarskapen er å sikre drift av den fylkes- og landsomfattande kulturinstitusjonen Grieghallen, saman med Bergen kommune.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Bakgrunnen for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet er behovet for ei føremålstenleg finansiering av fornyinga av Grieghallen. Det interkommunale selskapet Grieghallen IKS har oppnådd betre lånevilkår enn Grieghallen AS ville fått. Leigeavtalen med Grieghallen AS gjeld fram til 2043, og leigetakar har etter dette rett på å få kjøpe bygget.  Fylkesdirektøren vil sjå på moglegheitene for at Bergen kommune kan overta heile lånet, og om selskapet eventuelt kan avviklast.
<b>Tilråding</b>	Starte prosess for å vurdere moglegheitene for å overføre heile ansvaret/selskapet til Bergen kommune.

## TH eigedom IKS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å eige og drive eigedomen som omfattar Trivselshagen skule og kultur, Trivselshagen bad og idrett og annan eigedom som eigarane i samråd tillegg selskapet ansvar for. Vidare er føremålet å leige ut eigedomen/ane til eigarane, i eit omfang og på ein måte som er nærmare regulert i eigne leigeavtalar.
<b>Etablert</b>	07.03.2007.
<b>Deltakarar</b>	Vestland fylkeskommune og Gloppen kommune
<b>Forretningskontor</b>	Gloppen kommune
<b>Regelverk</b>	Lov om interkommunale selskap, offentleglova, regelverket om offentlege innkjøp, m. fl.
<b>Styringsgrunnlag</b>	Selskapsavtale vedteken av eigarane i desember 2020 (FT PS 168/2020), og endra i juni 2024. Eigarstrategi vedteken våren 2021. KS bedrift sin hovudtariffavtale for konkurranseutsette verksemder.
<b>Representantskap og eigarmøte</b>	<p>Åsmund Berthelsen og Kine Bratli Dale deltok i representantskapsmøte og eigarmøte i selskapet 12.04.24.</p> <p>Stian Jean Opedal Davies deltok på representantskapsmøte 14.05.24.</p> <p>Kine Bratli Dale deltok på representantskapsmøtet og eigarmøtet i selskapet 26.09.24.</p>
<b>Val til representantskapet</b>	<p>Etter selskapsavtalen skal kvar eigar ha to representantar i representantskapet. Valet følgjer den kommunale valperioden. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar.</p> <p>Fylkestinget har valt Jon Askeland (Sp) og Stian Jean Davies Opedal (Ap) som medlemer av representantskapet. Jacob André Telvik Nødseth (V) og Kine Bratli Dale (Ap) er høvesvis første- og andre vara for Askeland. Åsmund Berthelsen (SV) og Jon Olav Økland (Krf) er høvesvis første- og andre vara for Davies.</p> <p>Kommunen har valt Jan Ove Rygg og Katrine Anita Haugerøy Heggelund som medlemer, og Kjell Magne Birkelund og Marit Reikvam som vara.</p> <p>Heggelund er leiar av representantskapet, og Jon Askeland er nestleiar denne perioden.</p>
<b>Val av styre</b>	<p>Styret skal ha fem medlemmer med personlege varamedlemmer. Styret, med leiar og nestleiar, vert vald av representantskapet for to år om gongen. Kvar av eigarane skal peike ut to styremedlemmer med vara. Representantskapet skal peike ut ein ekstern styreleiar utan tilknyting til eigarane.</p> <p>Styreleiar og nestleiar skal veljast annakvart år etter framlegg frå valkomiteen. Vervet som nestleiar byter mellom eigarane slik at den eigaren som har vervet som nestleiar i representantskapet, også har vervet som nestleiar i styret, jf. §7.</p>
<b>Valkomité</b>	Selskapet skal ha ein valkomité med to medlemer, valde for to år om gongen. Valkomiteen har ansvar for å gje representantskapet ei skriftleg og grunngjeven innstilling til val av styremedlemmer og kva rollar desse

	<p>bør ha. Valkomiteen skal normalt også munnleg gjera greie for si innstilling i møte i representantskapet der val av styremedlemmer skal skje. Representantskapet kan fastsetja ein eigen instruks for arbeidet til valkomiteen.</p> <p>Fylkeskommunen har peikt ut Sigrid Brattabø Handegard (Sp) som medlem av valkomitéen. Ho og Svein-Ottar Sandal frå Gloppen kommune utgjer selskapet sin valkomité.</p>		
Styresamsetjing	<p>Etter val i 2024:</p> <p>Styreleiar: Trond Ueland</p> <p>Styrenestleiar: Hanne Eva Husebø Kristensen. Vara: Noralv Distad (VLFK)</p> <p>Styremedlem: Ola Sundt Ravnestad. Vara: Benedicte Moritsgård Refvik</p> <p>Styremedlem: Geir Helge Østerbø. Vara: Steffen Fjellestad (VLFK)</p> <p>Styremedlem: Synne Marie Oppheim. Vara: Torbjørn Brandsæter</p>		
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Styreleiar: 60 000 kr per år utanom reisekostnader.</p> <p>For 2023 882 929 kr i løn og 4392 kr i anna godtgjersle til dagleg leiar.</p>		
Eigar- og ansvarsdel	Eigardel: 50 % (47,1 mill. kr), sjå FT-sak 31/08 (SFFK). Fylkeskommunen eig selskapet saman med Gloppen kommune. Kvar deltar er ansvarleg for halvparten av selskapet si samla gjeld.		
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	Vestland revisjon kommunale oppgåvefellesskap		
Adresse	Gota 14, 6823 Sandane		
Kontaktperson	Dagleg leiar: Baard Helle Bolstad; Styreleiar: Trond Ueland		
Telefon/faks	97 03 27 54		
E-post	<a href="mailto:Baard.bolstad@theigedom.no">Baard.bolstad@theigedom.no</a> ; Trond.Ueland@sunnfjord.kommune.no		
Nettadresse	<a href="http://www.trivselshagen.no/">http://www.trivselshagen.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	19 351	19 449	19 224
Driftsresultat	2 178	1 935	1 890
Resultat etter skatt	60	713	1 246
Totalkapitalrentabilitet	2	1	1
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	0	1	1
Likviditetsgrad 1	4	4,8	4,6
Eigenkapital i % (soliditet)	62	62	59
Gjeldsgrad	1	1	1

<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste år hatt tilfredsstillande likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>4</sup> .
<b>Viktige hendingar</b>	I 2023 vedtok eigarane at selskapet sitt føremål skulle utvidast til å omfatte idrettsplassen nedanfor skuleanlegget.  Selskapet viser elles til at 2023 har vore eit godt driftsår med stabil drift og få kostnadar som ikkje var føresette.
<b>Samfunnsansvar og etikk</b>	Våren 2023 gjennomførte selskapet ei energikartlegging. Selskapet arbeider aktivt med energiovervaking og ENØK-tiltak, og sette seg i 2023 må om å redusere energiforbruket med 20 % samanlikna med året før. Selskapet oppnådde ein totalreduksjon på heile 29,77 %, der bortfall av nærvarmeleveranse til Firda vidaregåande skule utgjer om lag 45 % av spart energi.
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Eigarane har vedteke å innlemme idrettsplassen i nærleiken av Trivselshagen i selskapsdrifta, og har, i 2024, oppdatert selskapsføremålet i tråd med dette. Sjå vedtak attgjeve under. I det vidare må kostnadsdelinga for dette, mellom kommunen og fylkeskommunen, avklarast.
<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	I PS 103/2023 <i>TH Eigedom IKS – mogleg utviding av føremålet til å kunne omfatte idrettsplassen på Sandane</i> , den 01.11.23, vedtok fylkestinget følgjande:  «Vestland fylkeskommune støttar at føremålet til TH Eigedom IKS vert utvida til å omfatta idrettsplassen nedanfor skuleanlegget. Både Firda VGS, Gloppe kommune og idrettsmiljøet i Gloppe har behov for ein opprusta idrettsplass, og Fylkestinget legg til grunn at lokalsamfunnet vil vera største brukaren. Fylkestinget ber derfor Fylkesdirektøren sørge for at TH Eigedom IKS utarbeidar ein eigen bruks- og delingsavtale for anlegget.»  Fylkestinget vedtok deretter følgjande i PS 85/2024 <i>TH Eigedom IKS – utviding av selskapsføremålet til å kunne omfatte idrettsbane</i> , den 19.06.24:  «1. Vestland fylkeskommune vedtek endringar i selskapsavtalen for TH Eigedom IKS, slik at dei endra føresagnene får følgjande utforming:  Ny § 3: Selskapet sitt føremål er å eige og drive eigedomen som omfattar Trivselshagen skule og kultur, Trivselshagen bad og idrett og annan eigedom som eigarane i samråd tillegg selskapet ansvar for. Vidare er føremålet å leige ut eigedomen/ane til eigarane, i eit omfang og på ein måte som er nærmare regulert i eigne leigeavtalar.  Ny § 4: Deltakarane har gjort innskot i selskapet i kontante midlar i samsvar med tidlegare selskapsavtala(r). Deltakarane er samde om at bygningsmassen som går inn i selskapets drift og ansvar (Trivselshagen bad & idrett og Trivselshagen skule & kultur) vert eigd av selskapet. I tillegg til kontantinnskotet har fylkeskommunen overført Firdahallen til selskapet. Bygningsmassen til selskapet strekkjer seg over fleire ulike eigedomar som deltakarane eig/disponerer. Deltakarane skal inngå

<sup>4</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>festavtalar til grunn bygningane står på og til annan eigedom som til ei kvar tid inngår i selskapet si anleggsportefølje. Selskapet skal ikkje betale festeavgift.»</p> <p>Ny § 8: «Ordinære representantskapsmøte skal haldast innan 1. mai. (vårmøte) og 15. oktober (haustmøte), og skal behandle: ...»</p> <p>Ny § 10 «...Samansetnad og val Styret skal ha fem medlemmer med personlege varamedlemmer. Styret med leiar og nestleiar vert vald av representantskapet for to år om gongen. Kvar av eigarane skal peike ut to styremedlemmer med vara. Representantskapet skal peike ut ein ekstern styreleiar utan tilknyting til eigarane. Styreleiar og nestleiar skal veljast annakvart år etter framlegg frå valkomiteen. Vervet som nestleiar byter mellom eigarane slik at den eigaren som har vernet som nestleiar i representantskapet, også har vernet som nestleiar i styret, jf §7.</p> <p>2. Før selskapet eventuelt tek over eigarskapen til- og drifta av anlegget, bør eigarane bli samde om ei høvesvis fordeling av leige/driftskostnad mellom eigarane ut frå bruk/nytte, på tilsvarande måte som i dagens leigeavtale for bygga.»</p>
Mål med eigarskapen	Opplæringsføremål: Målet er at fylkeskommunen skal få dekka arealbehovet til tilsette og elevar ved Firda vidaregåande skule.
Er vidareføring av fylkeskommunal eigarskap føremålstøylenleg?	Ja. Eigarane/deltakarane inngjekk i 2020 ny selskapsavtale og nye drifts- og leigeavtalar. Eigarane er også nyleg samde om å utvide selskapsføremålet og avtalane med selskapet.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

## Novari IKS (tidlegare Vigo IKS)

<b>Føremål</b>	<p>Selskapet er eit IKT- og digitaliseringsselskap som skal sørge for effektive og behovsstyrte anskaffingar, forvaltning og drift av digitale tenester for fylkeskommunane sine lovpålagte oppgåver innan utdanning og samferdselsforvaltning. Selskapet skal drive i tråd med lov om offentlege anskaffingar og reglane om offentleg støtte. Selskapet skal også tilby nødvendig fagleg opplæring og rettleiing knytt til tenestene selskapet leverer.</p> <p>Digitale tenester knytt til lovpålagde fylkeskommunale oppgåver kan leggast til selskapet i tråd med deltararane sine behov og bestilling innanfor dei rammer representantskapet fastset og som ikkje er av økonomisk art.</p>
<b>Etablert</b>	01.01.2012.
<b>Deltakarar</b>	Fylkeskommunane og Oslo kommune.
<b>Forretningskontor</b>	Porsgrunn kommune.
<b>Regelverk</b>	Lov om interkommunale selskap, offentleglova, regelverket om offentlege innkjøp m. fl.
<b>Styringsdokument</b>	Selskapsavtale, sist endra av deltararane i 2023. Samarbeidsavtalar med m.a. Utdanningsdirektoratet og Lånekassen. Strategi vedteken av representantskapet.
<b>Representantskap</b>	<p>Representantskapet er sett saman av ein representant frå kvar deltarar med to personlege varamedlemer. Vestland fylkeskommune har peikt ut Åsmund Berthelsen (SV) som medlem og Stig Stellberg og Ronny Grønsdal som personlege varamedlemer.</p> <p>Representantskapet vel leiar og nestleiar av representantskapet. Børre Krudtå (Troms) er valt som leiar og Anne Kristin Vik Bruns (Rogaland) er valt som nestleiar.</p> <p>Åsmund Berthelsen deltok både på representantskapsmøtet 24.04.24 og på representantskapsmøtet 25.09.24.</p>
<b>Eigarmøte o.l.</b>	På siste representantskapsmøtet vart det bestemt at selskapet skal kalle inn til eigarmøte.
<b>Valkomité</b>	<p>Gunnar Berg Treidene (leiar) Ian Porter Arild Fugleseth</p> <p>Representantskapet har i 2024 vedteke retningslinjer for valkomitéen.</p>
<b>Val av styre</b>	<p>Representantskapet vel styre, styreleiar og nestleiar. Styret skal bestå av sju deltararvalde medlemer og to varamedlemer. Styremedlemene har ei funksjonstid på to år, likevel slik at ved førstegongsmøte har tre av styremedlemene ei funksjonstid på tre år. Styret må ha brei fagleg kompetanse og kompetanse til å forstå fylkeskommunane sine behov for utvikling av tenester, prosessar og arbeidsmåtar, jf. vedtekten § 7.</p> <p>Styret skal også ha ein tilsettevald medlem med vara.</p>

<b>Styresamansetjing</b>	<u>Styremedlemer:</u> Styreleiar: Bjørn Marthinsen (Oslo) Nestleiar: Ane T. Lognseth (Innlandet) Aud Margrethe Riseng (Innlandet) Elisabeth Bechmann (Østfold) Even J. Ediassen (Nordland) Kariann D. Flovikholm (Møre og Romsdal) Svein Vathne (Rogaland) Linn Jonassen (tilsette)	<u>Varamedlemer:</u> Hanne W. Kjeldsen (Telemark) Per Magne Aadnøy (Viken fk) Bjørn Tveiten (tilsette)	
<b>Representantskaps- og styregodtgjersle</b>	Representantskapsleiar: 26 000 kr per år  Styreleiar: 105 000 kr per år fast Styremedlem: 40 000 kr per år Varamedlemer: 9000 kr per møte Det vert ikkje gjeve godtgjersle for ekstraordinære styremøte per telefon.  I 2023 hadde selskapet 796 154 kr i utgifter til dagleg leiar, mot 1 064 360 kr i 2022. Novari IKS har avtale med Vestfold og Telemark fylkeskommune om kjøp av merkantile og administrative støttefunksjonar som leige av kontor, løn, rekneskap osb, og har for 2023 ført opp 178 952 kr for kjøp av administrative tenester. Selskapet kjøper også tenester (frikjøp av tilsette) frå dei andre fylkeskommunane.		
<b>Eigar- og ansvarsdel</b>	Dei 15 deltagarane har kvar ein eigardel på 1/15 i selskapet, og er ansvarleg for 1/15 av selskapet si samla gjeld. Selskapet har etter selskapsavtalen høve til å ta opp lån innanfor ei ramme for samla lånegjeld på 5 mill. kr.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Kvar deltagar hefter for 1/15 av selskapet sine plikter.		
<b>Revisor</b>	Vestfold og Telemark revisjon IKS		
<b>Adresse</b>	Kjølnes ring 30, 3918 Porsgrunn		
<b>Kontaktperson</b>	Gyri Stavdal		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:post@novari.no">post@novari.no</a> ; gyri.stavdal@vigoiks.no		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.novari.no">www.novari.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	186 150	128 888	
Driftsresultat	-2 524	3 180	
Resultat etter skatt	0	0	
Totalkapitalrentabilitet	0		
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	0		
Likviditetsgrad 1	1,4		

Eigenkapital i % (soliditet)	25		
Gjeldsgrad	3		
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Selskapet har ikkje tilfredsstillande likviditet, ikkje tilfredsstillande lønsemid og tilfredsstillande soliditet.		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Selskapet har fått ansvar for fleire område og fleire tenester dei siste åra. Frå 2022 vart også samferdselssektoren del av selskapet si oppgåveportefølje, og når selskapet overtok ansvaret for Fylkesveg-IKT, fekk selskapet ansvar for ei portefølje på 160 system innanfor IKT for fylkesvegavdelingane i fylkeskommunane. Det er gjennomført fleire større anskaffingar og implementering av system knytt til helse, miljø og tryggleik - geografisk informasjon, og forvaltning, drift og vedlikehald.</p> <p>Selskapet viser til at fleire andre sektorar dreg nytte av felles standardiserte løysingar, som kulturminnevern, kultur, næring m. fl.</p> <p>Utviklings- og innføringsprosjektet for nytt skuleadministrativt system, Visma InSchool (VIS), starta i 2014 og gikk over til ordinær forvaltning i 2023.</p> <p>På teknologisida har selskapet levert på meir enn 30 ulike tenesteførespurnader. Selskapet har no 13 utviklarar og 2 lærlingar i utviklarfaget, for å levere mest mogleg utan bruk av ekstern konsulentbistand. Særleg viktig er FINT-tenesta. Dette er ei nasjonal løysing som handterer fylkeskommunane sine behov for digitalisering, standardisering av integrasjonar og etablering av felles informasjonsmodell som grunnlag for god samhandling mellom fagsystem, arkiv og økonomi med meir, ute i fylkeskommunane.</p> <p>Ved utgangen av 2023 hadde selskapet 42 tilsette. Dette er 12 fleire enn i 2022.</p> <p>Selskapet bytte namn frå Vigo IKS til Novari IKS i 2023, for å markere at selskapet famnar breiare enn vidaregåande opplæring. I 2023 har selskapet også vedteke ny strategi og oppretta ein ny seksjon for samhandling og rådgjeving.</p> <p>For meir om verksemda, sjå: <a href="#">Om Novari IKS</a></p>		
<b>Samfunnsansvar og etikk</b>	<p>Selskapet har etiske retningslinjer for dei tilsette, og anskaffingsstrategi med etiske retningsliner og med blikk for miljø og samfunnsansvar.</p> <p>Arbeidet med samfunnsansvar skal inngå som ein del av den heilsaklege verksemderstyringa i Novari IKS, og selskapet viser til at dei arbeider aktivt med å sikre at selskapet m.a. tek vare på menneskerettar og retten til anstendige arbeidstilhøve, både i eiga verksemd og ved val av forretningspartnerar. Novari IKS er omfatta av openheitslova, og har utarbeidd aktsemderstvurdering, jf. openheitslova § 4, som ligg tilgjengeleg på selskapet sin nettstad her: <a href="#">Om Novari IKS</a>. Vurderinga er gjennomført i tråd med OECDs rettleiar for aktsemderstvurderingar for ansvarleg næringsliv.</p> <p>Selskapet har på plass tilgjengeleightserklæring på nettstaden sine, og følgjer også opp leverandørane sine når det gjeld universell utforming på nett.</p>		

	<p>Selskapet er å rekne som databehandlar i samband med fleire av tenestene selskapet leverer, og gjennomfører risikovurderingar knytt til tenesteytinga.</p> <p>Selskapet legg opp til flest mogleg digitale møte, for å redusere klimagassutslepp.</p> <p>Selskapet er godkjent lærebdrift, og har i 2023 hatt to lærlingar innanfor utviklarfaget.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet skal framover handtere eit breiare spekter av felles fylkeskommunale tenester, i tråd med selskapsstrategi for 2017-2025 og selskapsavtalen. Dokumenta bygger på eit utgreiingsarbeid sett i gang sommaren 2019, etter bestilling frå fylkesrådmannskollegiet, om behovet for nasjonalt fylkessamarbeid innan IKT og digitalisering.</p> <p>Potensielle tenesteområde er: rettleiing i samband med overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande opplæring, drift og forvaltning av digital samhandlingsplattform mellom fylkeskommunane, forvaltning av felles digital plattform for likestilt arbeidsliv (digitalisere sertifiseringsordninga), opprette løysing for samhandling og deling av data med relevante aktørar i offentleg og privat tannhelsesektor, nasjonal plattform for fengselsopplæring, utvikling av ny teneste for å dele data for å kunne forske på overgangen mellom vidaregåande opplæring og høgare utdanning, felles plattform for handsaming av akvakultursøknader, digital tilgang til opphaldsstatus for elevar, funksjonsbaserte k-kodar tilgjengeleigjort via FINT, og felles kravsspesifikasjon for sakarkivsystem i fylkeskommunane.</p> <p>Når det gjeld FINT, så har selskapet motteke eit ønske om å utvide FINT-modellen til kommunal sektor for å oppnå liknande føremoner der (i samarbeid med KS Digitale Fellestenester AS).</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p>FT-PS 4/2023 Justering av selskapsavtale for VIGO IKS:</p> <p>«Vestland fylkeskommune vedtek endring i vedtekten til VIGO IKS, §7, første setning. Endringane er som følgjer:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>•Noverande §7, første setning: Styret i selskapet består av 5 medlemmer med to varamedlemmer</li> <li>•Ny §7, første setning: Styret består av syv medlemmer med to varamedlemmer i tillegg.»</li> </ul> <p>FT-PS 105/2023 Vigo IKS – endring av selskapsavtalens grunna deling av fylker frå 01.01.24 m.m:</p> <p>Vestland fylkeskommune vedtek følgjande endringar i selskapsavtalens for Vigo IKS:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. oppdatere selskapsavtalens om Vigo IKS med nye deltakarar. Endringsforslaget går ut på å avtalefeste at Vigo IKS skal ha 15 deltakarar (mot dagens 11), og at kvar deltakar vil vere ansvarleg for 1/15 av selskapet sine forpliktingar, mot 1/11 i dag. Endringsforslaget går også ut på å legge til «skjemaløsningen og veiforvaltningssystem» som døme på tenester i avtalen punkt 4.2, nivå to, for å synleggjere faktisk fordeling av kostnader for desse tenestene.</li> <li>2. Legge til følgjande setning i selskapsavtalens § 5: «Representantskapet velger styremedlemmer, styrets leder og revisor». Og følgjande setningar i selskapsavtalens § 7:</li> </ol>

	«Styret består i tillegg av en ansatterrepresentant» og «Valg av styrets nestleder foretas av styret jfr. IKS-loven § 10 tredje ledd».  3. Namneendring til Novari IKS.»
Mål med eigarskapen	Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak. Oppnå stordriftsfordelar ved å samarbeide om skuleadministrative system med andre fylkeskommunar og kommunar. Deltakarane vil også bruke selskapet til å utvikle og forvalte andre fylkeskommunale IKT-system utanfor skulesektoren, m.a. innan samferdsel.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøylenleg?	Ja, målet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og strekker seg no utover fylkeskommunen sine behov innan opplæring.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

## 6. Aksjeselskap (AS)

### 6.1 Om selskapsforma aksjeselskap

Eit aksjeselskap skal ha ein minste aksjekapital på 30 000 kroner og må til ei kvar tid ha eigenkapital og likviditet som er forsvarleg ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet. Eit særtrekk ved denne selskapsforma er at deltakarane ikkje er ansvarlege for selskapet sine forpliktingar, med mindre dette er særskilt avtala. På den andre sida rår ikkje eigarane fritt over selskapet si inntekt og formue. Ønskjer aksjeeigarane å trekke ut midlar frå selskapet, må dette skje etter reglane i aksjelova for utdeling av utbyte, nedsetting av aksjekapitalen eller oppløysning av selskapet.

Dersom fylkeskommunen vurderer å selje aksjane i eit selskap, vil aksjelova, saman med selskapet sine vedtekter og ein eventuell aksjonæravtale, regulere korleis salet kan gjennomførast.

## 6.2 Utnytting av kraftressursar/finansielle mål



Foto: Magne Sandnes

## Kommunekraft AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å formidle aksjeeigarane si disponible kraft (m.a. konsesjonskraft) og drive anna verksemd knytt til slik formidling.	
<b>Etablert</b>	28.04.1993.	
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Selskapet sin aksjekapital er på 320 000 kr, fordelt på 320 aksjar à 1 000 kr kvar. Vestland fylkeskommune eig 0,31 % av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 1000 kr.<sup>5</sup></p> <p>Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK) har 183 aksjar. Kommunane og fylkeskommunane har 137 til saman.</p>	
<b>Forretningskontor</b>	Oslo kommune.	
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova.	
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter vedtekte på stiftingsmøtet 28.04.93, og sist oppdaterte 24.05.24. Desse er tilgjengelege på selskapet sin nettstad her: <a href="#">Vedtekter</a> .	
<b>Generalforsamling</b>	Ordinær generalforsamling skal, ifølgje vedtektena gjennomførast kvart år innan utgangen av juni månad. Det var generalforsamling i selskapet 24.05.2024. VLFK hadde ikkje høve til å delta.	
<b>Val av styre</b>	<p>Styret i selskapet består av fem medlemer; to styremedlemer med personlege vara valde av representantane i LVK sitt landsstyre og to styremedlemer med personlege vara valde blant selskapet sine aksjonærar (av desse minst ein frå primærkommune).</p> <p>Styremedlemene sin tenesteperiode er to år, jf. aksjelova § 6-6, og kan attveljast for til saman fire periodar i same funksjon, slik at maksimal funksjonstid blir ti år.</p>	
<b>Valkomité</b>	<p>Selskapet har, sidan 2022, ei vedtektsfesta ordning med valkomité<sup>6</sup>.</p> <p>Generalforsamlinga vel valkomiteen sine tre medlemer. Minst to av desse skal veljast utanfor styret. Komitéleiar kan ikkje vere medlem av styret. Valkomitémedlemene si funksjonstid er to år.</p> <p>Valkomiteen har til oppgåve å innstille styremedlemer, inkludert leiar og nestleiar (sistnemnde overfor styret). Valkomiteen si innstilling skal sendast medlemskommunane saman med dei andre generalforsamlingsdokumenta minst ein månad før generalforsamlinga.</p>	
<b>Styresamansetjing</b>	<u>Styremedlemer:</u> Kjell-Idar Juvik (leiar), 2023-2025 Kari Anita Furunes, 2024-2026 Ivar Kvalen, 2024-2026 Anne Kristin Førde, 2023-2025 Stian Brekkvassmo (nestleiar), 2023-2025	<u>Varamedlemer:</u> Jens Arne Kvollo, 2024-2026 Bente Spissøy 2024-2026 Steinar Bergslund, 2023-2025 Lin Veronica Jacobsen, 2023-2025

<sup>5</sup> Kommunekraft AS er eigd av Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK), kommunar som er medlemar av LVK og fylkeskommunar. Det er berre desse som kan eige aksjar i selskapet, og kvar kommune eller fylkeskommune skal berre eige ein aksje kvar.

<sup>6</sup> Innført etter forslag fremja av Vestland fylkeskommune på generalforsamlinga i 2021.

Valkomitésamansetjing	Torfinn Opheim (leiar) Eli Hovd Prestegården (nestleiar) Ola Helstad Medlemene er alle valde i 2022.		
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Styreleiar: 40 100 kr per år      Nestleiar: 5000 kr per år      Styremedlemer: 2800 per møte</p> <p>I 2023 har styreleiar dessutan vore frikjøpt for 78 252 kr.</p> <p>Samla utbetalt styregodtgjersle i 2023: 73 800 kr.</p> <p>Selskapet kjøper administrative tenester, inkl. dagleg leiing og rådgjevings-tjenester, frå Advokatfirmaet Lund &amp; Co DA, og hadde i 2023 1,872 mill. kr i utgifter til dette, mot 1,778 mill. kr i 2022.</p>		
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	PKF Revisjon AS.		
Adresse	Postboks 1148, Sentrum, 0104 Oslo.		
Kontaktperson	Henriette Hoel, sekretariatet for Kommunekraft AS		
Telefon/faks	99 11 99 00		
E-post	hhw@lundogco.no		
Nettadresse	www.kommunekraft.no		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	2 462	2 324	2 298
Driftsresultat	57	88	-762
Resultat etter skatt	65	91	-762
Totalkapitalrentabilitet	4	6	--37
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	5	7	-47
Likviditetsgrad 1	3	12	4
Eigenkapital i % (soliditet)	68	92	79
Gjeldsgrad	0	0	0
Økonomisk utvikling i tekst	Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillande likviditet og soliditet, medan lønsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>7</sup> .		

<sup>7</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrevsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

<b>Viktige hendingar</b>	<p>Selskapet rapporterer om at 2023 har vore eit svært aktivt år, grunna varierande-, og i sør høge, prisar gjennom heile 2023.</p> <p>Kommunekraft AS bistod i 2023 aksjonærkommunar med omsetning av 2062 GWh konsesjonskraft for leveringsåret 2023. Omsetningsvolumet omfatta både sal på årskontrakter, kvartalskontrakter til fastpris og spotmarknadspolis med påslag. Kommunekraft har også bistått kommunar med vurderinga av forvaltningsavtalar i 2023.</p> <p>Oppnådde priser varierte gjennom året. Både salstidspunkt og prisområde er faktorar som spelar inn ved omsetjing av konsesjonskraft. Kraftprisane har vore svært høge i 2023, og med unntak av kommunar i nord, fekk mange kommunar rekordhøge prisar for si konsesjonskraft.</p> <p>Kommunekraft AS deltok, som del av Naturressurskommunane, på Arendalsveka i 2023. Naturressurskommunane hadde følgjande to foredrag på «fornybarbåten»: «meir fornybar – alle må med» og «ja takk begge deler: Natur, kraft- og nettutbygging».</p> <p>Det årlege konsesjonskraftseminaret vart arrangert i mai, med 112 deltakarar. Kommunekraft har også vore del av LVK si folkevaldeoplæring i 2023.</p> <p>Kommunekraft AS og LVK går kvart år gjennom prisutrekningsgrunnlaget for OED-prisen (prisen for konsesjonskraft for konsesjonar gitt etter 10. april 1959). I desember 2023 fastsette Energidepartementet (dåverande Olje- og energidepartementet) denne til 12,31 øre/kWh for leveringsåret 2024. Det er ei auke frå 2023 med 0,54 øre/kWh.</p> <p>Vedtekten vart endra på generalforsamlinga i 2024 basert på forslag frå valkomiteen (i funksjon frå og med 2023), for at vedtekten skulle samsvere meir med vedtekten i LVK. Endringa inneber ei funksjonstid for leiar, styremedlemer og varamedlemer på maks 10 år per funksjon, og at kriteria for val av leiar og nestleiar opphøyrer (leiar må ikkje vere ekstern). Generalforsamlinga vil derfor stå friare i valet til desse funksjonane - men slik at etablert ordning kan vidareførast dersom ønskjeleg.</p>
<b>Korleis selskapet tek samfunnsansvar</b>	Kommunekraft AS har etiske retningslinjer for å skape felles haldningar for korleis selskapet skal drivast, slik at eigarar, kundar og styret til ei kvar tid har tillit til selskapets profesjonalitet og integritet. Dei etiske retningslinene er tilgjengelege på selskapet sin nettstad her: <a href="#">Etiske retningslinjer</a> .
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Halde fram arbeidet i samsvar med føremålet.
<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	
<b>Mål med eigarskapen</b>	Utnytting av kraftressursar / finansielt mål: Kommunekraft bidreg, ved rådgjeving og ved å inngå avtalar om forvaltningenstester, til å optimalisere avkastninga på konsesjonskrafttrettane for eigarane. Fylkeskommunen deltek i selskapet saman med andre fylkeskommunar og kommunar for å oppnå stordriftsfordelar.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Målet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande.
<b>Tilråding</b>	Vidareføre eigarskapen

## Sogn og Fjordane Holding AS

<b>Føremål</b>	Sogn og Fjordane Holding AS eig 49,51 % av aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS (SFE). Gjennom langsgiktig og stabilt eigarskap skal selskapet sikre at verdiane i SFE-aksjane, og sjølve eigarskapen, vert verande i Sogn og Fjordane. Føremålet med å eige og utøve aksjonærrettane til aksjane, er å styrke SFE som eit viktig og sjølvstendig, regionalt og lokalt eigd, kraftselskap i Sogn og Fjordane. Selskapet har òg som mål å auke selskapet sin eigarskap i SFE, m.a. ved kjøp av aksjar og deltaking ved kapitalutviding i SFE. Selskapet kan òg gje ansvarleg lån o.a. til SFE, for å styrke selskapet sin soliditet og posisjon.
<b>Etablert</b>	29.11.2005
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Aksjekapitalen er kr 3 834 904, og er fordelt på 3 834 904 aksjar, kvar pålydande kr 1.</p> <p>Aksjane er delt inn i aksjeklasse A (766 980 aksjar) og aksjeklasse B (3 067 924 aksjar). Skilnaden mellom aksjeklassane er at aksjeklasse A har 51 % av stemmene på generalforsamlinga. Elles er aksjane jamstilte.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig A-aksjane og desse kommunane eig B-aksjane: Sunnfjord, Kinn, Sogndal, Stad, Stryn, Gloppen, Årdal, Luster, Høyanger, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Vik, Gulen, Lærdal, Aurland, Hyllestad og Solund.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Sunnfjord kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova, offentleglova, lov om offentlege innkjøp.
<b>Styringsgrunnlag</b>	<p>Vedtekten, sist endra på generalforsamlinga 10.12.19, og aksjonæravtalen av 10.12.19.</p> <p>Selskapet har styreinstruks (07.12.22) og dokument for eigarstyring og selskapsleiing, utarbeidde i tråd med krav i fylkeskommunen og Sunnfjord kommune sine eigarskapsmeldingar. Styreinstruksen er tilgjengelege på selskapet si nettside: <a href="#">Styreinstruks for Sogn og Fjordane Holding AS</a>.</p> <p>Styreinstruksen regulerer mellom anna rutinar for årleg styreevaluering og årleg gjennomgang av selskapet sine viktigaste risikoområde og den interne kontrollen.</p>
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført ordinær generalforsamling i selskapet den 25.06.24. Oddmund Klakegg deltok for fylkeskommunen.
<b>Eigarmøte</b>	<p>Det var eigarmøte i selskapet 25.06.24 og 13.09.24. Oddmund Klakegg deltok for fylkeskommunen på det første og Jon Askeland på det andre. Tema var den planlagde utgreiinga av framtidig organisering av Sogn og Fjordane Energi AS, og prosessen fram til avgjerd om å bestille ei slik utgreiing.</p> <p>Det er planlagt nytt eigarmøte i selskapet 22.11.24 og ekstraordinær generalforsamling i selskapet 16.12.24, for å gje informasjon om og ta stilling til resultatet av konsekvensutgreiinga, og eventuell start av fase to.</p>
<b>Val av styre</b>	Selskapet skal ha eit styre på 5 medlemer, der medlemene tenestegjer i fire år. Styreleiaaren skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 01.01.20.

	Eigarane av aksjeklasse B vel to medlemer. Dei andre vert valde på generalforsamlinga og minst ein av desse skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 01.01.20.		
Valnemnd	<p>På eigarmøtet i selskapet 16.11.23 vart B-aksjonærane, primærkommunane, samde om ei valnemnd som skal kome med styremedlemsforslag for dei to styremedlemene kommunane skal nominere. Ordninga er ikkje vedtektsfesta.</p> <p>Kommunane er samde om ei valnemnd med følgjande medlemer:</p> <p>Petter Sortland (leiar) Per Kjøllesdal Ole Andre Klausen</p>		
Styresamansetjing	<p><u>Styremedlemer 2024-2028:</u> Arve Helle (leiar, VLFK) Trude Brosvik (VLFK) Norvalv Distad (VLFK) Per Jarle Myklebust (andre) Jenny Ellaug Følling (andre)</p> <p><u>Varamedlemer 2024-2028:</u> Elias Roko Eide (VLFK) Anne Kristin Førde (andre)</p>		
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Samla styrehonorar i 2023 var 113 244 kr.</p> <p>For 2024 har selskapet fastsett følgjande styrehonorar:</p> <p>Styreleiar: 62 100 kr Styremedlem: 2335 kr per møtedag Ulegitimert inntektstap: 1806 kr Legitimert inntektstap: 7003 kr</p> <p>Frå 01.01.21 har styret i selskapet ansvaret som dagleg leiar i verksemda. PwC Førde tok frå same tidspunkt over funksjonane knytt til dagleg leiing (kontaktperson Svein Øverland, PwC). Frå same tidspunkt tok PwC Accounting AS over som rekneskapsførar. Samla driftsutgifter (inkludert styregodtgjersle) har i 2023 vore 750 962 kr, mot 573 591 kr i 2022.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Nei.		
Revisor	Ernst & Young AS		
Postadresse	Postboks 375, 6802 Førde		
Kontaktperson	Dagleg leiar-funksjon: Svein Øverland, PwC		
Telefon	95 26 13 32 (kontaktperson)		
E-post	svein.overland@pwc.com		
Nettadresse	sfholding.no		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	0	0	0
Driftsresultat	-751	-574	-761

Resultat etter skatt	61 758	-419	36 444
Totalkapitalrentabilitet	11	0	7
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	12	0	7
Likviditetsgrad 1	1	16	1
Eigenkapital i % (soliditet)	90	100	94
Gjeldsgrad	0	0	0
Økonomisk utvikling i tekst	Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillende likviditet, lønsemd og soliditet <sup>8</sup> .		
Viktige hendingar	<p>Sogn og Fjordane Holding AS eig 49,51 % av aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS (SFE). Etter normal prosedyre kjem utbyte frå SFE AS inn til Sogn og Fjordane Holding AS i september <u>året etter</u> rekneskapsåret. Det står der på konto fram til rekneskapsavslutning og ordinær generalforsamling <u>året etter det igjen</u>.</p> <p>På eigarmøte i mai 2023 blei det stilt spørsmål om utbytepolitikken til selskapet, og om den er mogleg å endre. Avkastninga Sogn og Fjordane Holding AS får frå utbytet, i perioden selskapet har utbytet på konto, skal brukast til å dekke driftskostnadane i selskapet. Styret gjorde i styremøte 21.06.23 derfor vedtak om at dagens utbytepolitikk skal halde fram.</p> <p>I årsrekneskapet for 2022 sette SFE av 125 mill. kr til utbyte. Dette har danna grunnlag for at generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Holding AS kunne vedta å dele ut eit utbyte til eigarane i juni 2024 på 61 mill. kr. I 2024 forventar SFH eit utbyte frå SFE på 125,7 mill. kr, som vil gje grunnlag for utdeling i juni 2025.</p> <p>I samsvar med aksjonæravtalen nominerer styret i selskapet to medlemer og to varamedlemer til styret i SFE. I 2023 nominerte selskapet Sigurd Reksnes som styreleiar (attval), med Oddmund Klakegg som personleg vara, og Sindre Kvalheim som styremedlem og Merete Lunde som personleg vara.</p> <p>I 2023 har selskapet arbeidd med å følgje opp eigarskapen i SFE, hatt gjennomgang av selskapet sine viktigaste risikoområde og internkontroll, og gjennomført styreevaluering.</p> <p>Selskapet har vidare hatt møte med SFE om regjeringa sitt forslag til endra skatt for landbasert vindkraft og i mars 2023 gav selskapet innspel til høyring om innføring av grunnrenteskatt på landbasert vindkraft. Selskapet peika på uheldige verknader for vindkraftverk som er/er bestemt bygde når skatten vert innført og har framheva at tilliten til eit føreseieleg rammeverk vert redusert. Selskapet følgde opp med ei oppmoding til Finansdepartementet i november 2023 om å ikkje innføre grunnrenteskatt på allereie igangsette vindkraftverk, om at grunnrenteskatten vert ein rein kontantstraumskatt på same måte som for vasskraft og at satsen for grunnrenteskatt bør vere 25 % som innan havbruk. Forliket, og det som vart godkjent i Stortinget i desember 2023, var i tråd med SFE sine innspel og SFH sin uttale. Selskapet fekk ikkje medhald i oppmodinga om at eksisterande vindkraftverk skulle haldast utanfor grunnrenteskattlegginga,</p>		

<sup>8</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>men den godkjente ordninga er vurdert som betre enn det opphavlege forslaget.</p> <p>SFE er eineeigar/meideigar i aksjeselskapa SFE Produksjon, Linja, Wattn og Eninvest. SFE sitt datterselskap Linja AS vart fusjonert med Mørenett AS den 08.03.23. Linja AS er no mellom dei største nettselskapa i Noreg. Frå januar 2024 vart også selskapet Tindra AS fusjonert inn i Linja AS. Dette omfattar straumnettet i Stranda kommune.</p>
Korleis selskapet tek samfunnsansvar	<p>Selskapet har etiske retningsliner (17.06.20). Desse er tilgjengelege på selskapet sin nettstad: <a href="#">Etiske retningsliner</a>.</p> <p>Selskapet er meldt inn i KS sitt styrevervregister.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Styret i SFH har vedteke å skulle gjennomføre ei utgreiing om framtidig eigarstruktur i SFE, etter initiativ frå medeigaren Eviny AS. Utgreiinga skal sjå på mogleg samanslåing med Eviny AS, at Eviny AS sel seg ut av SFE, eller at strukturen held fram som den er.</p> <p>Endringar i skattelegging vil/vil kunne medføre reduserte inntekter for selskapet og for eigarane.</p> <p>SFE har eit mål om å nå fire TWh i årleg produksjon innan 2040, både gjennom heileigde selskap og partnarskap, og gjennom å optimalisere kvart kraftverk for å skape mest mogleg meirverdi utover spot-pris. Målet er vidare å sikre nye konsesjonar og byggeklare prosjekt, og å auke selskapet sin fleksibilitet og energilagring i vassmagasina. Alt dette basert på berekraftig utvikling.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p>Kontrollutvalet i fylkeskommunen har sett nærmare på om fylkeskommunen, som eigar av SF Holding AS, burde vore informert og/eller involvert, før samanslåinga av Linja AS og Mørenett AS. Fylkessdirektøren si vurdering av saka var det ikkje førelåg brot på rettsreglar eller plikter.</p> <p>Kontrollutvalet vedtok, i PS 1/2023 den 13.02.23, å ta informasjonen som kom fram i saka med seg inn i arbeidet med eigarskapskonroll av fylkeskommunen si overordna eigarskapsforvaltning. Kontrollutvalet tok elles informasjonen frå fylkessdirektøren og frå styreleiar i selskapet til orientering.</p>
Mål med eigarskapen	<p>Utnytting av kraftressursar / finansielt mål: Gjennom å eige i selskapet skal fylkeskommunen vere med på å sikre at verdiane i SFE-aksjane, og sjølv eigarskapen, vert verande i Sogn og Fjordane, og ei styrking av SFE som eit viktig og sjølvstendig, regionalt og lokalt eigd, kraftselskap i Sogn og Fjordane.</p>
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøylenleg	Ja. Fylkeskommunen sin eigarskap til A-aksjane, og med det 51% av stemmene på generalforsamlinga, er dessutan ein føresetnad for at 80% av aksjane i SF Holding AS kunne overførast til kommunane utan å utløyse forkjøpsrett for BKK AS i SFE AS.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

## Valen kraftverk AS

<b>Føremål</b>	Selskapet si verksemeld er å drive produksjon og omsetning av energi, og anna verksemeld knytt til desse områda, m.a. deltaking i andre verksemder med liknande føremål.
<b>Etablert</b>	Valen Kraftverk AS vart stifta 17.03.2003 ved at Hordaland fylkeskommune overførte sitt eigartilhøve i kraftproduksjon og nettdrift på Valen i Kvinnherad til selskapet. Verksemda var tidlegare nært knytt til drifta av Valen sjukhus. Nettdrifta er no avvikla og selskapet si noverande oppgåve er å driva produksjon og omsetning av energi og anna verksemeld knytt til dette.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Aksjekapitalen i selskapet er 7 000 000 kr. Fylkeskommunen eig 100 %.
<b>Forretningskontor</b>	Kvinnherad kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova, regelverk knytt til energiproduksjon
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter, sist endra 14.06.18.
<b>Generalforsamling</b>	Fylkesvaraordførar Jon Askeland representerte fylkeskommunen på ordinær og ekstraordinær generalforsamling i selskapet den 23.05.24 og den 27.06.24. Fylkessjef Rune Haugsdal deltok også.
<b>Val av styre</b>	Selskapet sitt styre skal ha tre medlemer. Generalforsamlinga vel styremedlemene for eitt år om gongen.
<b>Styresamansetjing</b>	Styremedlemer 2024-2025, 2025-2026 og 2026-2027: Styreleiar: Solfrid Kongshaug Aase Styremedlem: Vegard Enerstvedt Styremedlem: Linn Therese Erve
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiар</b>	Generalforsamlinga har vedteke at styremedlemer med tilsettjingsforhold i fylkeskommunen ikkje skal ha godtgjersle.  Følgjande satsar er vedtekte for 2024: Styreleiar: 95 000 kr fast og 1655 per møte Styremedlem: 30 000 kr fast og 1655 per møte  Styreleiar sitt honorar for 2022 var 85 000 kr, og 90 000 kr for 2023.  Selskapet har ikkje eigne tilsette, men kjøper administrative tenester og driftstenester frå Kvinnherad Energi AS. Øyvind Lernes er dagleg leiар frå hausten 2020. I 2023 har selskapet kjøpt administrasjonstenester til dagleg leiing og drift, inklusiv dagleg tilsyn med kraftstasjon og driftsleiар høgspentanlegg, for 834 467 kr.
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Selskapet har eit ansvarleg lån på kr 25 mill. kr til fylkeskommunen. Dette skal nedbetala over 20 år frå 2023 viss selskapet sin eigenkapitalprosent då er høgare enn 30. Selskapet opplyser om at nedbetaling vil starte i 2024, så framt eigenkapitalprosenten ikkje vert lågare enn 30 %.
<b>Revisor</b>	BDO AS.

Adresse	C/o Kvinnherad Energi AS, Vikjo 7, 5464 Dimmelsvik		
Kontaktperson	Styreleiar: Solfrid Aase		
Telefon			
E-post	Styreleiar: solfrid.aase@elmeragroup.no		
Nettadresse			
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	17 852	51 750	12 053
Driftsresultat	12 549	46 711	7 975
Resultat etter skatt	9 513	34 708	5 046
Totalkapitalrentabilitet	12	42	9
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	19	109	31
Likviditetsgrad 1	2,2	3,8	0
Eigenkapital i % (soliditet)	69	42	27
Gjeldsgrad	1	1	3
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Selskapet har særskilt god likviditet, god lønsemd og særskilt god soliditet. Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillende likviditet, lønsemd og soliditet <sup>9</sup> .		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Selskapet driv produksjon av kraft i eige anlegg. Drifta av stasjonen har vore stabil og utan større avbrot i 2023.</p> <p>Året 2022 var eit år prega av unormalt høge kraftprisar og auke i inntekter. Inntektene er brukte til å redusere selskapet si gjeld. Kraftprisane var også høge i 2023, men ikkje like høge som i 2022.</p> <p>Total produksjon i 2023 var 20,06 GWh, mot 25,68 i 2022. Nedgangen skuldast mindre vatn, og då særleg i starten av året.</p> <p>Av total produksjon i 2023 kom 3,98 GWh frå Valedalen kraftstasjon, sett i drift i 2021.</p> <p>I 2023 har selskapet hatt kraftleveringsavtale med Elmera AS/Kraftalliansen. Dette selskapet kan gje sikringar i områdepris ved behov, noko styret vurderer jamleg om er behov for. Etter initiativ frå fylkeskommunen har styret, i samband med ei ekstraordinær generalforsamling i juni, tatt stilling til og tilrådd eit tilleggsutbyte på 5 mill. kr frå selskapet. Tilrådinga vart vedteken.</p>		

<sup>9</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepssforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

Korleis selskapet tek samfunnsansvar	Selskapet stiller seriøsitetskrav overfor sine leverandørar, og har gjennomført seriøsitetsvurdering av dei største.
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet viser til at anlegget viser stabil og god produksjon, og at sjølv om kraftprisane er forventa lågare i 2024, så er likviditeten i selskapet no god.</p> <p>Valen Kraftverk AS eig òg fallrettar på Handeland/Sandvoll. Det er inngått avtale med Clemens Kraft AS om utnytting av desse fallrettane, men Clemens Kraft AS har framleis ikkje starta utbygging. Sidan sist har selskapet hatt fleire møte med Clemens kraft AS og fallrettsslaget. Det er enno ikkje konkludert med om utbygginga er mogleg og/eller lønsam.</p> <p>NVE har nasjonalt ansvar for å følgje opp kulturminne innanfor vassdrag og energi, med spesiell vekt på kraftverk, overføringsanlegg, dammar og andre vassdragstekniske anlegg som fôrbygning og kanalar. Saman med Riksantikvaren har NVE valt ut rundt 230 anlegg med høg kulturminneverdi. Valen er eit anlegg som vert vurdert listeført på ei tentativ liste i august 2024.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er finansielt, nærmare bestemt å få utbytte gjennom utnytting av kraftressursar.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	<p>I samband med at Hordaland fylkesting gjorde vedtak om å godkjenne lån til selskapet 14.06.17, vart fylkesrådmannen beden om å vurdere eigarskapen, nærmare bestemt om ein skulle selje selskapet.</p> <p>Fylkesrådmannen har seinare fått gjennomført verdivurderinger, siste gong ved ein rapport frå THEMA consulting (08.05.20). Her konkluderer konsulentelskapet slik:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. «Dersom det medfører ingen eller en begrenset ulempe for VFK å avvente med salg, taler det i retning av å vente til situasjonen rundt Valedalen kraftverk er avklart og de økonomiske forholdene er mer normalisert.</li> <li>2. Dersom det har en verdi for VFK å få frigjort kapitalmidler i løpet av kort til mellomlang sikt, så kan det være verdt å gjennomføre en innhenting av indikative bud.»</li> </ol> <p>I ei referatsak (6/2020) til fylkestinget 9.06.2020 vart det konkludert slik:</p> <p>«På bakgrunn av innhenta vurdering frå Thema consulting er det fylkesrådmannen si vurdering at ein utsett ev. forslag om sal av Valen kraftverk AS.»</p> <p>Fylkestinget hadde ikkje merknader til dette.</p> <p>I nemnde sak viste ein samtidig til eit kraftig fall i kraftprisane frå seinhaustes 2019 til våren 2020. Situasjonen er no blitt ein annan, og i tillegg er den nye kraftstasjonen i Valedalen sett i drift. Selskapet si økonomiske stode gjer det meir sannsynleg at fylkeskommunen sitt finanzielle mål med selskapet vil gjere seg gjeldande. I tillegg er det også mogleg at fallrettane på Handeland/Sandvoll vil gje kraftinntekter.</p> <p>Fylkesdirektøren meiner derfor tida er moden for å på ny vurdere spørsmålet om sal av Valen kraftverk AS, og vil legge fram ei eiga sak</p>

	om dette parallelt med handsaminga av eigarskapsmeldinga i desember.
Tilråding	Starte prosess for avvikling av eigarskapen.

## 6.3 Samfunns- og næringsutvikling



Frå Rocketfarm

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

## Atheno AS

<b>Føremål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å fremja auka samarbeid innan industrien i regionen. Dette skal primært skje ved å utvikla nettverksarenaer for å gjera medlemsbedriftene meir innovative og konkurransedyktige.</li> <li>• Ressurspersonar frå bedriftene skal knytast saman i ressursnettverk.</li> <li>• Å driva inkubatorverksem i regionen og arbeida for entreprenørskap og nyskaping i vid forstand.</li> <li>• Å driva regionalt nærings- og samfunnsutviklingsarbeid som bidreg til oppstart og vidareutvikling av verksemder i Sunnhordland.</li> <li>• Å tilby tenester til næringsliv og offentlege aktørar til så høg kvalitet og attraktiv pris at ein vert den føretrekte samarbeidspartnaren for desse.</li> <li>• Å arbeida fram samt å tilretteleggja og tilby naudsynt kompetanse i regionen.</li> </ul>	
<b>Etablert</b>	29.06.1992	
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Selskapet sin aksjekapital er på 3 221 000 kr fordelt på 3 221 aksjar, påydande 1 000 kr per aksje.</p> <p>Fylkeskommunen sin eigardel er på 3,10 %.</p> <p>Eigarar med meir enn 5 % av aksjane kvar er Kværner AS, SIVA, Wartsila Norway AS, Haugaland kraft AS, Palfinger Marine Safety AS, Leirvik AS, Eidesvik Invest AS og Westcon Group AS. Av eigarar med mindre aksjeprosent er m.a. kommunane Austevoll, Bømlo, Stord og Fitjar.</p>	
<b>Forretningskontor</b>	Vabakkjen 6, 5411 Stord	
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova	
<b>Rammer</b>	Vedtekter	
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet den 10.06.2024. Oddmund Klakegg, utvalsleiar for hovudutval for næring, møtte for Vestland fylkeskommune.	
<b>Eigarmøte o.l.</b>		
<b>Val av styre</b>	Styret skal bestå av sju til elleve medlemar og blir valde for ein periode på to år. Styreleiar blir vald av generalforsamlinga for to år om gangen. Styret konstituerer seg sjølve.	
<b>Styresamansetning</b>	<p><u>Medlemer:</u>            Lars Solberg (leiar)            Atle Kåre Tranøy (nestleiar)            Gauke Andreas Knutstad            Helge Gjøsæter            Signe Lund Jansen            Svein Hatlevik            Knut Olav Skaar            Cecilie Tingvoll Hope            Arne Hammer         </p>	<p><u>Observatørar:</u>            Hans Inge Gloppen, avd. for næring            Bente Spissøy, INP            Ordførar i Sveio kommune         </p>

Styregodtgjersle og dagleg leiar si løn	Styreleiar: 70 000 kr, pluss 2500 kr per møte. Andre styremedlemer: 2500 kr per møte. Styremedlem utpeikt av SIVA har ikkje honorar.		
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	RSM Norge AS (Kanalveien 105 b, 5068 Bergen)		
Adresse	Vabakkjen 6, 5411 Stord		
Kontaktperson	Dagleg leiar: Astrid Kjellevold		
Telefon	452 89 928 (dagleg leiar)		
E-post	post@atheno.no eller astrid@atheno.no (dagleg leiar)		
Nettadresse	www.atheno.no		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	15 510	13 796	13 542
Driftsresultat	-13	52	392
Resultat etter skatt	81	110	399
Totalkapitalrentabilitet	1	1	5
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	1	2	7
Likviditetsgrad 1	3,2	2,4	2,7
Eigenkapital i % (soliditet)	75	67	70
Gjeldsgrad	0	1	0
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillande likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>10</sup> .		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Atheno AS si viktigaste oppgåve er å utvikla og samla næringslivet i Sunnhordlandsregionen og å legge til rette for berekraftig vekst. For 2022 og 2023 har dette betydd å følgja bedrifter gjennom gode og krevjande tider, arbeidd for utvikling av nye bedrifter, styrking av konkurransekraft, utvikling av kompetanse og førebuing for det grøne skiftet.</p> <p>Selskapet har i hovudsak to forretningsområde: nyskaping og samarbeid (industriell klynge). Atheno AS er ein av fem inkubatorar i Vestland fylke. Inkubatorverksemder er ein viktig del av SIVA sin innovasjonsstruktur, og i inkubatorane kan gründerar og etablerte bedrifter få rådgjeving innan forretningsutvikling og kommersialisering.</p>		

<sup>10</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepstolkning og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>2023 markerte starten på SIVA sitt nye tiårige inkubatorprogram. SIVA og Atheno AS inngjekk i 2023 ein avtale om ein ny 10 års programpériode for inkubasjon, med 3,5 mill. NOK i årleg tilskot. Inkubatoren til Atheno AS har gjennom gode resultat dei siste åra nådd eit stadig høgare nivå i SIVA sitt system. Dette har styrka Atheno AS sitt årlege rammeverk, i tillegg til at det er eit bevis på gode resultat.</p> <p><b>PROSJEKT</b></p> <p>-Invest In Sunnhordland Leiari starta i mai 2022. Ein rapport som skulle synleggjere føresetnader og konkurransefortrinn i regionen var starta opp i forkant. Satsingsområda det vart peikt på var: Marin, Energiteknologi, Havvind og Bionærering.</p> <p>Andre viktige prosjekt</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Grøn næringsutvikling med fornybar solkraft</li> <li>- Grøn 2030 – sirkulære forretningsmodellar i praksis</li> <li>- Med grøn kompetanse som konkurransefortrinn</li> <li>- Ung Tekno</li> <li>- Hub Bioenergi</li> <li>- Hub Havregion Sunnhordland</li> </ul> <p>Atheno AS har i året 2022 utført næringsarbeid innan fleire ulike områder, med hovudfokus på inkubatordrift og industrinettverk.</p> <p>Atheno AS har arbeidd med Vestland fylkeskommune i tråd med Partnarskapavtalen og i ulike samarbeidsprosjekt. Kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Stord, Sveio og Tysnes har nytta Atheno AS til etablerteneste og til ulike andre næringsretta prosjekt.</p>
Korleis selskapet tek samfunnsansvar	Bærekraft: Atheno AS sitt nedslagsfelt omfattar alle FN sine bærekraftsmål og bransjar, men Atheno sitt mandat støttar seg særskilt inn mot bærekraftsmål nr. 9. Atheno AS vil fokusera spesielt på bransjar som er direkte knytt til eigalar og medlemmene sine fokusområder, og til det som regionen til ei kvar tid treng for utvikling, verdiskapning og konkurransekrift.
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Atheno AS er no i ein strategiprosess der ein skal setje kursen fram mot 2030. Atheno AS ser at selskapet er på veg inn i nokre krevjande år, der bl.a oljeskattepakken og kommuneøkonomi utfordre. Strategiarbeidet er viktig i samband med dette.</p> <p>Atheno AS ønskjer å starta eit større arbeid for å arbeida fram ein scenarioanalyse 2027/28.</p> <p>Selskapet Atheno AS har seks stikkord som mål for arbeidet sitt i 2024/2025: -Kompetanse, -Grunderskap, -Omréstilling, -Attraktivitet, Møteplass og Samarbeid.</p> <p>Selskapet mottar innovasjonsstøtte og støtte til innovasjonsklynger frå SIVA. SIVA og Atheno AS har inngått avtale om ein ny 10 års avtale tilsvarende 3,5 mill. NOK i årleg tilskot. Inkubatoren til Atheno AS har gjennom gode resultat dei siste åra nådd eit stadig høgare nivå i SIVA sitt system. Dette har styrka Atheno AS sitt årlege rammeverk.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	

<b>Mål med eigarskapen</b>	Næringsutvikling ved å delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket, og næringsutvikling ved å delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører og/eller får kompetanse.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	<p>Atheno AS er m.a. ein viktig samarbeidspartner for å nå strategiske mål for næringsutvikling i Vestland, jf. m.a. Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024 (Regional planstrategi) og Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020.</p> <p>Fylkesdirektøren har tidlegare, i 2021, konkludert med at eigarskap i dette tilfellet ikkje er avgjerande for å nå fylkeskommunen sine mål. Dette, sidan fylkeskommunen har ein liten eigardel, og at fylkeskommunen som samarbeidspartner og tilskotsgjevar i tilstrekkeleg grad kan støtte, påverke og stille vilkår overfor selskapet, for å påverke det i ønskja retning. Fylkesdirektøren si tidlegare vurdering av dette står ved lag.</p> <p>Ved handsaming av eigarskapsmeldinga i 2021 vart selskapet vedteke vidareført.</p>
<b>Tilråding</b>	Starte prosess for avvikling av eigarskapen.

## Fjord Invest Såkorn AS

<b>Føremål</b>	<p>Bidra til nyskaping og vekst i regionen gjennom å investere i oppstartsbedrifter og vekstbedrifter med stort potensiale. Selskapet skal investere enten direkte i selskap eller fond-i-fond. Selskapet skal drives etter forretningsmessige prinsipp. Selskapet sin kapital og avkastning frå investeringar skal reinvesterast i nye selskap i tråd med føremålet.</p> <p>Føremålet til selskapet vart justert på generalforsamlinga 24.06.21. (Ny ordlyd i vedtekte § 2, sjå ovanfor)</p> <p>Aktivitet/bransje: Investering i konkurrsedyktige såkornbedrifter i regionen, dvs bedrifter under skiping eller i ein tidleg utviklingsfase me høg risiko og høg potensiell avkastning/verdiauke.</p>
<b>Etablert</b>	28.06.2004
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Selskapet sin aksjekapital er på 34 mill. kr fordelt på 34 000 aksjar, pålydande 1 000 kr.</p> <p>Fylkeskommunal eigarprosent: 55,88. Aksjeposten sin pålydande verdi er 19 mill. kr.</p> <p>Andre eigarar er stiftinga REKOMP (29,41 %), Sparebanken Sogn og Fjordane (6,66 %), Sparebanken Vest (1,97), Gjensidige (1,97), Sogn Sparebank, Fjord1 AS, Sogn og Fjordane Energi AS, Luster Sparebank AS, Eika Gruppen AS, Åsen og Øvrelid AS, Fjordvekst AS og K-senteret Supermarked.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Sunnfjord kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekter, opphavleg frå 18. mars 2011, sist endra 24. juni 2021. Sjå «føremålpunktet» over.
<b>Generalforsamling</b>	<p>Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 13.06.24 hjå ViteMeir på Kaupanger. Endre Høgalmen representerte fylkeskommunen (fullmakt).</p> <p>Styret avtalte endringar i Rådgivningsavtalen for dei neste to åra. På grunn av lågare aktivitet er honoraret avtalt til NOK 600 000 årleg. Avtalen skal reforhandlast hausten –25. Styret har vedteke oppfølgingsinvestering i Peak Venture 1 AS. Investeringa er gjennomført som tingsinnskot . Tingsinnskotet gjelder selskapa Beat Technology AS, Rocketfarm AS og Østerbø Gruppa AS.</p>
<b>Val av styre</b>	<p>Etter ei vedtektsendring i 2015 er det ikkje talfesta kor mange medlemer styret skal ha. Det er heller ikkje vedtektsbestemt valperiode, men praksis er at medlemene vert valde for to år, jf. aksjelova. Generalforsamlinga vel valkomité for to år av gongen.</p> <p>Det går fram av vedtektena pkt. 6, Selskapet si leiing: "Selskapa sitt firma blir teikna av styret sin leiar og dagleg leiar i fellesskap, eller ein av desse og eit styremedlem".</p>
<b>Styresamansetjing</b>	Etter generalforsamlinga den 13.06.2024 er styret sett saman slik: Ingar Valvik, styreleiar

	Eli-Grete Høyvik, styremedlem Mette Nora Sætre, styremedlem  Valkomit�: Oddmund Klakegg Helge Robert Midtb� Frode Vasseth		
Styregodtgjersle og l�n til dagleg leiar	Fast honorar; Styreleiar kr 30 000 pr �r  Styremedlem kr 15 000 pr �r  M�tegodtgjersle NOK 4 000 pr m�te.  Digital styrem�te, inkl. telefonm�te vert godtgjort med NOK 2 000 pr m�te.  Selskapet har ingen tilsette. Fjord Invest S�korn vert forvalta av Fjord Invest Management AS. Forvaltningshonoraret er fastsett til kr. 600 000,-.		
Fylkeskommunalt l�n	Nei.		
Revisor	Deloitte AS.		
Adresse	Hafstadvegen 25, 6800 F�rde		
Telefon/faks	95 00 01 20/ 947 74 175		
E-post	<a href="mailto:post@fjordinvest.no">post@fjordinvest.no</a>		
Nettadresse	<a href="http://www.fjordinvest.no/">www.fjordinvest.no/</a>		
<b>�konomisk utvikling for selskapet dei tre siste �ra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	-	-	-
Driftsresultat	-1 635	-1 619	-1 801
Resultat etter skatt	-433	-1 550	85
Totalkapitalrentabilitet	-1	-5	0
Eigenkapitalens rentabilitet f�r skatt i %	-2	-5	0
Likviditetsgrad 1	18	424	396
Eigenkapital i % (soliditet)	97	100	100
Gjeldsgrad	0	0	0
<b>�konomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste �ra hatt tilfredsstillande likviditet og soliditet, medan l�nnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>11</sup> .		

<sup>11</sup> Sj  punkt 4.1. for omgrevsforklaring og litt om kva fylkeskommunen b r forvente av ulike typar selskap.

<b>Viktige hendingar</b>	<p>Fjord Invest Såkorn AS er eit investeringsselskap som arbeider etter forretningsmessige prinsipp, og har som føremål å styrke utviklinga av små og mellomstore bedrifter i regionen. Dette gjennom tilføring av eigenkapital og kompetanse.</p> <p>Fjord Invest Såkorn har ei portefølje på tre selskap, inkludert investeringa i Peak Venture:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Havkraft AS</li> <li>-Kunnskapsparken Vestland</li> <li>-Peak Venture I AS</li> </ul> <p>Den 4. mars 2021 var startdatoen for Peak Venture I AS. Fleire enn 20 investorar og Fjord Invest Såkorn AS etablerte då Peak Venture I AS med tanke på investeringar i lokale vekstselskap. Målet med satsinga er at ein skal kunne jobbe tettare og smartare i lag for å skape nye arbeidsplassar.</p> <p>Peak Venture I AS har pt. følgjande porteføljeselskap:</p> <p>Beat Technology, Counting Hero, Eduplaytion, Entalpi, Evoy, Gameflow, Invite, Moovin, Norse Feedback, Rocketfarm, Vilda og Østerbø Gruppa.</p> <p>Den 18.10.2023 vart det invitert til deltaking i Emisjon i Peak Venture I AS.</p> <p>Aksjonærar i Fjord Invest Såkorn vart invitert spesielt til å delta. Ein stor del av porteføljen i Fjord Invest Såkorn vert flytta til Peak Venture I AS i denne emisjonen. Vestland fylkeskommune valgte å ikkje delta i emisjonen.</p>
<b>Korleis selskapet tek samfunnsansvar</b>	<p>Styret i Fjord Invest Såkorn AS vedtok i sak 07/08 regelverk for corporate governance og internkontroll. Selskapet har etiske retningslinjer (rutine 01). Regelverk og retningslinjer vert gjennomgått årleg. Selskapet har eigne rutiner kva gjeld berekraftige investeringar (rutine 07.) Regelverk for corporate governance og intern kontroll vert gjennomgått årleg.</p>
<b>Viktige planar dei komande åra</b>	<p>Visjonen til Fjord Invest Såkorn AS er å vere ei sentral drivkraft i utvikling av lønsame såkornbedrifter - og små og mellomstore bedrifter i vår region. Kapital er ein kritisk suksessfaktor for å nå visjonen. Etableringa av Peak Venture 1 AS er eit døme på oppkapitalisering via nye instrument, og Styret meinat Peak Venture I AS ilag med investorgruppa som står bak selskapet er viktig for utvikling av næringslivet i vår region.</p> <p>Styret sitt hovudfokus er på arbeidet med verdiutvikling av portefølja og realiseringa av denne dei kommande åra. For å stette selskapet sin visjon er arbeidet med å auke kapitalbasen og ei vesentleg oppgåve for styret. Styret vil framover vurdere ulike alternativ for Fondet og tilgangen til kapital.</p>
<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	
<b>Mål med eigarskapen</b>	<p>Målet med eigarskapen er å vidareutvikle Fjord Invest Såkorn AS som eit viktig regionalt investeringsselskap for nyestablerte bedrifter. Gjennom eigarskapen i selskapet bidreg fylkeskommunen indirekte med kapital for å skape ny verksemd i regionen.</p>
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg</b>	<p>Såkornbedrifter er bedrifter under skiping eller i ein tidleg utviklingsfase med høg risiko og høg potensiell avkasting/verdiauke. Det har vore mangel på investorkapital til såkornbedrifter i Sogn og Fjordane. Fjord Invest</p>

	<p>Såkorn AS vart etablert for å kunne bidra med slik kapital. Sogn og Fjordane fylkeskommune tilførte fondet 13,7 mill. kr ved stiftinga i 2004.</p> <p>Selskapet har sjølv eit mål om 25 % avkastning per år per selskap. Mottekte salsposten er nytta til nye investeringar. Fjord Invest Såkorn AS sine investeringar har vore med på å skape interessante grùndermiljø i Sogn og Fjordane.</p> <p>Å vere eigar i eit slikt investeringsselskap kan bety at fylkeskommunen vert beden om å delta i kapitalutviding. Sidan oppstarten i 2004, har det vore gjennomført seks emisjonar i selskapet. Som nemnt ovanfor takka fylkeskommunen nei til å delta i emisjonen i 2023.</p> <p>Behovet for investeringskapital i regionen er framleis stort, og dei opphavlege føresetnadane for fylkeskommunen sitt engasjement i Fjord Invest Såkorn AS er framleis til stades. Målet har vore - og er fortsett- å få til næringsutvikling ved å utvikle nye selskap.</p> <p>Det har sidan skipinga vore eit mål å få med fleire private investorar i Fjord Invest Såkorn AS. Investeringa i Peak Venture I AS endrar ikkje fylkeskommunen sin eigardel i Fjord Invest Såkorn AS, men etableringa av Peak Venture legg til rette for å samle kapital frå private investorar, sparebankar, kraftselskap og andre kapitaleigarar i eit nytt fond. Peak Venture I AS vil på denne måten vere eit nytt instrument som kan vidareføre og løfte visjonen til Fjord Invest Såkorn AS.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

## Fjord Norge AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt primære føremål er å drive internasjonal markedsføring og tilrettelegging for salg for reiselivet i Vestland, Rogaland og Møre om Romsdal. Selskapet har ikkje erverv som føremål.  Fjord Norge AS er eit markedsføringsselskap som har ansvar for, leder og koordinerer den internasjonale markedsføringa for dei tre fylka Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal. Selskapet har sitt kontor i Bergen, og virksomheita sitt nedslagsfelt er hovudsakleg marknadene Tyskland, Storbritannia, Nederland, Sverige, Danmark, Frankrike, Spania, Italia, Sveits, Belgia, Østerrike og USA. I tillegg vert det jobba mot turoperatører i Japan, Kina, Sør-Korea, Brasil, Thailand, Taiwan, Hong Kong, Indonesia, De Forente Arabiske Emirater, Kuwait og India.
<b>Etablert</b>	01.02.1993.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Aksjekapitalen er på 4,15 mill. kr.  Vestland fylkeskommune er største aksjonær. Fylkeskommunal eigarprosent: Vestland fylkeskommune: 17,8 %. Dette utgjer 148 aksjer til ein verdi av 5000 kvar, totalt, 740 000 kroner. <sup>12</sup>
<b>Forretningskontor</b>	Bergen.
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova.
<b>Rammer</b>	Vedtekter, sist endra på generalforsamling den 31.05.2016.
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført generalforsamling 31.05.24. Leiar i hovudutval for næring, Oddmund Klakegg, møtte for Vestland fylkeskommune, med fullmakt.
<b>Val av styre</b>	Styret består av ni medlemer valde for to år av gongen. Fylkeskommunane peikar ut éin medlem kvar. VLFK har peika ut to då vi har overteke ansvaret frå både HFK og SFFK. Generalforsamlinga vel styreleiar.  Selskapet har ein valkomité sett saman av fire medlemer, ein frå kvart av dei tidlegare fylka.
<b>Styresamsetjing</b>	Etter generalforsamling i 2024 er styret sett saman slik:  Styreleiar: Jan Heggheim (leiar) Styremedlem: Anders Nyland Styremedlem: Eva Sørås Mellgren Styremedlem: Noralv Distad Styremedlem: Asle Rafdal Styremedlem: Silje Skarbø Styremedlem: Tom Anker Skrede Styremedlem: Pål Farstad Styremedlem: Tor Andre Ljosland

<sup>12</sup>Det er førebels ikkje gjort ei endring i vedtektena når det gjeld storleiken på kvar fylkeskommune sin eigarpost eller styresamsetjing/utpeiking av medlemar. VLFK overtok frå 2020 alle rettane og pliktene overfor selskapet frå dei tidlegare fylkeskommunane. Lik eigardel har vore ein føresetnad med opprettninga av selskapet, og spørsmålet om eigardel, rettar og plikter bør kome som generalforsamlingssak på eit seinare tidspunkt. VLFK løyver no 6 mill. kr til selskapet pr. år. Dersom det (seinare) vert fastsett at alle eigarfylka skal løyve like mykje, vil vår del kunne gå ned til 4 mill. kr pr. år. Dersom det vert fastsett at løyingane skal tilpassast innbyggjartala (jf. inntektssystemet), vil VLFK måtte løyve ca. 5,5 mill. kr pr. år.

	<p>Medlemmer i valnemnda 2024: Liv Jorunn Tjelmeland, Visit Ryfylke, leder, Torunn Dyrkorn. Visit Nordvest, medlem Tom Erling Bahus. Valldal Fjord Lodge/Solund leilighetshotell, medlem Sigurd Kvikne. Adm. Dir. Kviknes Hotell (erstattat av Kristian Jørgensen, Fjord Tours for komande periode).</p> <p>Styret i Fjord Norge AS har ikkje ei kjønnssbalansert samansetning. Dette vil ein sjå nærmere på, mellom anna i form av ei sak til valnemnda og fylkestinget.</p>		
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	<p>For 2024:</p> <p>Styreleiar: kr 69 200,-.</p> <p>Styremedlem kr 5 323,-/møte.</p> <p>Digitale møte 2.500,-/ møte.</p> <p>Reisekostnader og diett etter rekning.</p>		
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Nei.		
<b>Revisor</b>	Bjørgvin revisjon AS.		
<b>Adresse</b>	Nordre Nøstekaien 1, 5011 Bergen		
<b>Telefon/faks</b>	55 30 26 40.		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:info@fjordnorway.com">info@fjordnorway.com</a>		
<b>Nettstad</b>	<a href="http://www.fjordnorway.com">www.fjordnorway.com</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	26 775	24 609	24 710
Driftsresultat	-255	-348	205
Resultat etter skatt	-122	-311	243
Totalkapitalrentabilitet	-1	-3	2
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	-2	-6	4
Likviditetsgrad 1	2,3	2,2	2,0
Eigenkapital i % (soliditet)	59	55	51
Gjeldsgrad	1	1	1
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillande likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>13</sup> .		
<b>Viktige hendingar</b>	Fjord Norge AS vart etablert den 01.02.1993 og er no inne i sitt 31. driftsår.		

<sup>13</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepstolkning og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>Fjord Norge AS jobbar med fire hovudsatsingar som skal bidra til å skape meir heilårleg etterspørsel for regionen. Selskapet har i 2023 konsentrert forbrukarkampanje inn mot målgrupper i Tyskland, Nederland, Storbritannia og USA. Marknadene betyr mykje for regionen og har potensial til å vekse utanom sumarsesongen. Selskapet har jobba omfattande opp mot internasjonale turoperatørar for å utvikle tilbodet av turprogram til regionen.</p> <p>Dei tre fylka har partnarskapsavtale med Fjord Norge AS. I 2023 var denne på 12 MNOK, basert på eit tilskot på 3 MNOK frå hhv. Rogaland og Møre og Romsdal fylkeskommune. Vestland fylkeskommune bidro med 6 MNOK inn i samarbeidet. Partnarskapsavtalen med fylka vart i januar 2024 fornya for perioden 2024-2025 med same totalbeløp og bidrag frå kvar enkelt fylkeskommune.</p>
Korleis selskapet tek samfunnsansvar	<p>Selskapet står – i sitt arbeid – FN sine berekraftsmål, jf. det tidlegare arbeidet kalla «Scenario Fjord Norge 2030» i regi av Vestlandsrådet. Ut over dette omtalar årsmeldinga arbeidsmiljø, likestilling og ytre miljø.</p> <p>Fjord Norge AS forurensar ikkje det ytre miljøet. Fjord Norge As arbeidar aktivt for å utvikle ein meir berekraftig reiselivsregion. Fjord Norge AS har fokus på at alt materiell som vert brukt til markedsføring er miljøvennlig, og at leverandører som er miljømerkt vert prioriterte framfor andre.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>I Scenarioprosjektet har reiselivet og fylka på Vestlandet lagt føringar for utvikling av et berekraftig reiseliv frem mot 2030. Berekraft handlar om at reiselivsnæringa bidrar til at Vestlandet er et godt sted å bo på, et godt sted å besøke, og at det er et godt sted å drive virksomheit innan reiselivet.</p> <p>Styret i Fjord Norge AS meiner at det viktigaste grepet for ein attraktiv og berekraftig reiselivsnæring er å utvikle heiårs turisme til Vestlandet. Styret bestemte i desember at Fjord Norge skal jobbe for å utjewe sesongar og selskapet prioritærer arbeidet med å utvikle etterspørsel for vår-, haust og vintereturar til Vestlandet. For sommeren handlar det om vedlikehaldsmarknadsføring, til å auke oppholdstid og forbruk i regionen, og til å spreie turismen til steder med kapasitet og behov for fleire internasjonale sommerturistar</p> <p>Partnarskapsavtalen avgrensar seg til forhold knytt til tilskota frå fylkeskommunane. Avtalen byggjer på det tidlegare arbeidet kalla «Scenario Fjord Norge 2030» (Vestlandsrådet).</p> <p>Partnarskapsavtalen skal bidra til å nå visjonen «Attraktivitet gjennom berekraft» formulert i Scenario-prosjektet.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Næringsutvikling og fylkeskommunale fellestiltak.
Er vidareføring av fylkeskommunal eigarskap føremålstøylenleg	Fjord Norge er eit fellestiltak for internasjonal marknadsføring av heile Vestlandet som reiselivsmål, og ein viktig reiskap for å styrke næringsutviklinga i fylket.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

## Framtidsfylket AS

<b>Føremål</b>	Drift og utvikling av ei felles trainee-ordning for alle private og offentlege verksemder i Sogn og Fjordane, som arbeider for å fremje næringslivet i fylket, og nettportalen "framtidsfylket.no", og anna rekrutteringsverksemder som i vid forstand kan vere i nemnde verksemder si interesse. (Vedtektenes § 3)	
<b>Etablert</b>	01.02.2008	
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Selskapet sin aksjekapital er på 612 000 kr, fordelt på 612 aksjar à 1 000 kr kvar.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig 2,8 % av aksjene. Andre aksjonærar er privat næringsliv, tre sparebankar, Stiftinga Vestlandsforskning, NHO Sogn og Fjordane og Sunnfjord Næringsråd. Selskapet eig også eigne aksjar.</p>	
<b>Forretningskontor</b>	Hafstadvegen 25, 6800 Førde. Sunnfjord.	
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova.	
<b>Rammer</b>	Vedtekten av 19.07.2009. Jf. «Føremål» over.	
<b>Generalforsamling</b>	<p>Generalforsamlinga består av aksjonærane. Her gjev kvar aksje ei røyst.</p> <p>Det vart gjennomført generalforsamling for selskapet den 13.06.2024 (digital). Signe Rauboti møtte for Vestland fylkeskommune.</p>	
<b>Val av styre</b>	Generalforsamlinga vel valkomité. Styret skal bestå av 5-7 medlemmar. Styreleiar blir vald på generalforsamlinga. Aksjeeigarar i form av private bedrifter, organisasjonar som spring ut frå private bedrifter eller organisasjonar som private bedrifter eig, skal ha fleirtal i styret.	
<b>Valkomité</b>	Øivind Indrebø, Irene Wergeland og Ole Bent Søreide.	
<b>Styresamansetjing</b>	Nandor Helgheim, styreleiar Johanne Viken Sandnes Hilde Grinde. Lars Endre Gimmestad. Regine Johansen Nils Johan Ystanes	<b>Observatør:</b> Per Odd Grevsnes (Adm).
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	På generalforsamlinga vart det vedteke at det ikkje skal betalast ut styrehonorar. Honorar for arbeid med prosjekt og oppgåver utover vanleg styrearbeid kan avtalast med dagleg leiar.	
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.	
<b>Revisor</b>	Deloitte AS.	
<b>Adresse</b>	Naustdalsvegen 1B, 6800 Førde.	
<b>Telefon/faks</b>	990 17 852	
<b>E-post</b>	<a href="mailto:linda@framtdsfylket.no">linda@framtdsfylket.no</a>	
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.framtdsfylket.no">www.framtdsfylket.no</a>	

<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	7 831	7 179	5 694
Driftsresultat	9	-51	92
Resultat etter skatt	14	-48	94
Totalkapitalrentabilitet	0	-2	3
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	1	-3	6
Likviditetsgrad 1	2,1	2,1	2,4
Eigenkapital i % (soliditet)	51	53	58
Gjeldsgrad	1	1	1
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Selskapet har for året 2023 hatt eit lite overskot, 13.600,-.</p> <p>Framtidsfylket AS har ein likviditet på 1,7 mill. NOK. Eigenkapitalen er på 1,7 mill NOK.</p> <p>Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillande likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande<sup>14</sup>.</p>		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Framtidsfylket har i 2023 tatt eit godt steg i retning å vere ein samarbeidspart for lokale rekrutteringsaktørar og regionale aktørar. Med relativt små ressursar må ein heile vegen ha fokus på å arbeide effektivt for å levere på det aller viktigaste oppdraget; Å sørge for vekst og verdiskaping i Vestland ved å inspirere til at fleire vel å jobbe og bu i fylket.</p> <p>For året 2023: 36 Traineeestillingar, sju samarbeidsprosjekt med lokale/regionale aktørar, 317 000 har besøkt framtidsfylket.no, tre eigne karrierearrangement, 1100 deltakrarar på Elevate/karrierefestival, 1500 besøkte stands i Trondhjem, 700 besøkte messa i Grieghallen m.a.</p>		
<b>Samfunnsansvar og etikk</b>	<p>Selskapet arbeider for vekst og verdiskaping i fylket, gjennom å rekruttere kompetent arbeidskraft.</p> <p>Framtidsfylket sine prioriterte berekraftsmål:</p> <p>Framtidsfylket er ein aktør som har eit stort samfunnsoppdrag og mange samarbeidspartar. Det er derfor viktig at å sette sterkt fokus på berekraft i strategiar og handlingar. Det er eit mål å sertifisere selskapet i ei av ordningane: Mål Nr. 8: Anstendig arbeid og økonomisk vekst, Mål Nr. 10 Mindre ulikskap, Mål Nr. 11 Bærekraftige byer og lokalsamfunn og Mål nr. 17 Samarbeid for å nå måla.</p>		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Framtidsfylket AS søkte Vestland fylkeskommune om partnarskapsmidlar for perioden 2021-22, og det vart – for denne perioden - inngått ein</p>		

<sup>14</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrevsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>samarbeidsavtale mellom selskapet og fylkeskommunen. Det er gjeve tilskot frå Vestland fylkeskommune på 1 000 000 MNOK for året 2023.</p> <p>I høve nemnde samarbeidsavtale vart det tidleg i 2021 gjort naudsynte statsstøtterettslege vurderingar. Konklusjonen var at delar av selskapet si verksemd er ikkje-økonomisk og difor fell utafor føretaksomgrepet i EØS-avtalen sin forstand. Dette betyr at reglane om offentleg støtte ikkje gjeld for denne delen av verksemda. Fylkeskommunen kan derfor gje støtte til denne, men må stille krav om at selskapet tek steg for å unngå kryssubsidiering.</p> <p>Framtidsfylket AS ønskjer framover å ha eit endå sterkare fokus på attraktive lokalsamfunn og at ein i samarbeid løftar desse opp i den overordna marknadsføringa av fylket. Like eins må ein legge til grunn dei overordna utfordringane fylket har med å få tak i rett kompetanse og spele på lag med Vestland fylkeskommune sine strategiske satsingar for at fylket skal lykkast med å tette gapet.</p>
<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	
<b>Mål med eigarskapen</b>	Målet med eigarskapen er å delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å drive samfunns- og næringsutvikling i fylket. Gjennom eigarskapen opptrer fylkeskommunen som regional utviklingsaktør og tilfører og/eller får kompetanse.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg</b>	<p>Framtidsfylket AS bidreg i det viktige rekrutteringsarbeidet med å skaffe kompetent arbeidskraft til næringsliv og offentlege etatar i fylket, særleg i distrikta. I samband med regionreforma, har selskapet i praksis utvida verkeområdet til Vestland, og samarbeider no mellom anna med Trainee Indre Hordaland.</p> <p>Vestland fylkeskommune sin eigarpost utgjer berre 2,8 %. Fylkesdirektøren har tidlegare, i 2021, tilrådd avvikling av eigarskapet, grunna den marginale eigarposten fylkeskommunen har, og sidan samarbeidet mellom fylkeskommunen og selskapet kan halde fram uavhengig av eigarskap. Ved handsaming av eigarskapsmeldinga i 2021 vedtok fylkestinget at fylkeskommunen skulle vidareføre eigarskapen i selskapet.</p> <p>Fylkesdirektøren si tilråding om å avvikle eigarskapet står ved lag. Selskapet sitt arbeid og sin funksjon er viktig, og det vil vere eit sentralt verktøy for å sikre rekruttering til fylket og rett og nok kompetanse til næringslivet. Det er likevel fylkesdirektøren si vurdering at fylkeskommunen kan vise si støtte til arbeidet gjennom andre eksisterande verkemiddel slik som samarbeid og økonomisk støtte.</p>
<b>Tilråding</b>	Starte prosess for avvikling.

## Gulen og Masfjorden Utvikling AS

<b>Føremål</b>	Selskapet har som føremål å legge til rette for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden. Selskapet skal, ved å vere ein pådrivar og koordinator for private aktørar, medverke til etablering av lønsame arbeidsplassar. Selskapet skal vidare vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid, og vere ein pådrivar for at næringslivet skal få ei god kunnskaps- og teknologiutvikling. Selskapet kan drive kjøp/sal og ha anna verksemd i samband med dette. Selskapet kan delta i andre selskap med liknande verksemd. Selskapet skal ha eit nært samarbeid med Gulen/Masfjorden Næringsråd.  Selskapsdrifta vert i all hovudsak finansiert av eigarkommunane Gulen og Masfjorden.
<b>Etablert</b>	27.06.2008
<b>Aksjekapital/ fylkeskommunal eigardel</b>	Selskapet sin aksjekapital er på 5 156 250 kr, fordelt på 20 625 aksjar à 250 kr. Vestland fylkeskommune er største aksjonær.  Vestland fylkeskommune eig 32,1% av aksjane og pålydande verdi er 1 656 250 kr. Andre eigarar er Gulen kommune (21,6%) og Masfjorden kommune (21,5%) og SIVA 24,8%.
<b>Forretningskontor</b>	Sløvågen 2, Dalsøyra, Gulen kommune.
<b>Regelverk</b>	Aksjelova.
<b>Styringsgrunnlag</b>	Selskapet sine vedtekter. Vedtekten vart sist revidert på generalforsamlinga i 2021. § 5 vart då endra og fekk då slik ordlyd: «... minst 50% av styremedlemene skal veljast frå næringslivet i regionen, men likevel slik at minst 2 av desse har tilhøyrigheit i kommunane Gulen og Masfjorden»..
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet den 07.06.2024, i Sløvåg. (Det var eigarmøte same dag.)Fylkesordførar Jon Askeland og fylkesdirektør Rune Haugsdal representerte Vestland fylkeskommune. I ekstraordinær generalforsamling i selskapet 08.10.24 vart det gjort vedtak om å løyse ut både fylkeskommunen og Siva gjennom nedsetting av aksjekapital/eigenkapital. Jon Askeland representerte fylkeskommunen i møtet.
<b>Val av styre</b>	Styret skal bestå av 3-9 personar, valde for to år om gangen. Halvparten av medlemane skal vere på val kvart år. GF vel styreleiar og nestleiar.  Styremedlemar vert føreslegne av ei valnemnd. Valnemnda skal bestå av tre eller fleire medlemer som vert valde på GF med ei tenestetid på to år. Generalforsamlinga vel leiar i valnemnda og vedtek instruks for nemnda.
<b>Styresamansetjing</b>	<u>Styremedlemer:</u> Erlend Kvamsdal(leiar) May-Lynn Osland Beate S. Korsøen Marte Sleire Hatlevik Sigmund Holmaas Lina Utne Braanaas Stig Stellberg

<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	Styreleiar 20 000 kr/år. Styremedlemer 15 000 kr/år, som tidlegare. Styrerepresentantane frå Gulen og Masfjorden kommunar avstår frå styrehonorar.  Dagleg leiar løn for året 2023: 766 000,-.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.		
<b>Revisor</b>	Bjørgvin Revisjon AS.		
<b>Adresse</b>	Sløvågen 2, 5960 Dalsøyra.		
<b>Telefon/faks</b>	90 14 20 25		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:ragnhild@gmu.no">ragnhild@gmu.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.gmu.no">www.gmu.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	1 110	1 138	1 150
Driftsresultat	-269	-219	-53
Resultat etter skatt	1 410	-630	1 223
Totalkapitalrentabilitet	8	1	7
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	8	-4	7
Likviditetsgrad 1	104	110	80
Eigenkapital i % (soliditet)	99	99	99
Gjeldsgrad	0	0	0
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillande likviditet, lønsemnd og soliditet <sup>15</sup> .		
<b>Viktige hendingar</b>	Arbeidet i Gulen og Masfjorden utvikling AS (GMU) er organisert med utgangspunkt i vedtektsfesta føremål og samarbeidsplattforma med kommunane. Arbeidet har vore delt mellom «Nærings» og «profilering». Den 16.12.21, PS 131/2021, vedtok fylkestinget at fylkeskommunen skulle starte prosess for avvikling av eigarskapen i Gulen og Masfjorden Utvikling AS. Sidan då har det vore gjort vedtak i fleire ulike politiske saker og gjennomført fleire eigarmøte og forhandlingsmøte mellom eigarane om føresetnadane for anten eit aksjesal til dei andre eigarkommunane eller ei utløsing ved å sette ned eigenkapitalen i selskapet tilsvarande det fylkeskommunen tidlegare har skote inn.		

<sup>15</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepstolkning og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

Korleis selskapet tek samfunnsansvar	På generalforsamlinga 31.05.2021 vart det opplyst at næringslivet i regionen er i gong med ein prosess for å omstille seg til eit lågutsleppssamfunn som følgje oljebransjen sin påverknad på klima og miljø. Dette var ikkje direkte relatert til GMU AS.
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	GMU har eit godt samarbeid med dei to eigarkommunane. Selskapet har vore involvert i ny samfunnsdel i kommuneplan for Gulen og ny landbruksplan for same kommune. Vidare vart ein hausten 2020 beden om å revidere strategisk næringsplan for Masfjorden kommune.
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p>Den 16.12.21, PS 131/2021, vedtok fylkestinget at fylkeskommunen skulle starte prosess for avvikling av eigarskapen i Gulen og Masfjorden Utvikling AS.</p> <p>I PS 18/2023, den 14.03.23, gav fylkestinget fylkesdirektøren fullmakt til å gå i forhandling med dei andre eigarkommunane om begge alternativa.</p> <p>Vedtak i fylkestinget 18.06.2024, PS 84/2024, "Mogelege løysingar for avvikling av eigarskapen i Gulen og Masfjorden utvikling AS":</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Vestland fylkeskommune tilbyr sal til dei andre eigarane til pålydande verdi av aksjane / ber om nedsetting av eigenkapitalen og attendebetaling tilsvarende pålydande verdi av aksjane (om lag 1,65 mill. kr). Salssummen/midlane fylkeskommunen får attende skal i så fall setjast av til ubundne fond.</li> <li>2. Som eit alternativ til punkt 1, tilbyr fylkeskommunen sal/nedsetting tilsvarende det fylkeskommunen har skote inn i selskapet, minus tilskot til kai, (om lag 2,37 mill. kr). Alternativet føreset at dei frigjorte midlane vert tilført kommunane sine næringsfond som rammeløyvingar fylkeskommunen knyter føremålstenlege og nødvendige føringar til. a. Fylkesdirektøren får fullmakt til å utarbeide føringar/vilkår for løyvingane, i tillegg til dei føringane som allereie ligg i fonda, slik at dei på best mogleg vis legg til rette for gjennomføring av fylkeskommunen sin næringspolitikk og helst kan fungere som eit supplement til andre eksisterande økonomiske verkemiddel i området, og er i tråd med rettslege rammer.</li> <li>3. Fylkesdirektøren får fullmakt til å gå i dialog med dei to eigarkommunane om dei alternative løysingane.</li> </ol>
Mål med eigarskapen	Næringsutvikling, ved å framstå som ein regional utviklingsaktør som tilfører og/eller får kompetanse. Selskapet er også eit investeringsselskap. Legge til rette for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	<p>Vestland fylkeskommune og Siva har over fleire år vore i dialog med selskapet og dei andre eigarane om å bli løyst ut av selskapet.</p> <p>Bakgrunnen for at fylkeskommunen ønskjer å gå ut av selskapet er at selskapet, samanlikna med andre næringsselskap i fylkeskommunen si portefølje, har eit relativt lokalt verkeområde, og at det også finst andre aktuelle aktørar for næringsutvikling i området. Fylkeskommunen har også lagt vekt på at selskapet har god økonomi, og at det ikkje er presserande at fylkeskommunen held fram som eigar.</p> <p>Etter ein lengre prosess med dialog og fleire møte vedtok generalforsamlinga 08.10.24 å løyse ut Siva og fylkeskommunen ved å sette ned aksjekapital og eigenkapitalen i selskapet.</p>

	Fylkestinget har vedteke at midlane fylkeskommunen får attende, skal overførast til kommunane sine næringsfond.
Tilråding	Det er gjort vedtak om å løyse ut fylkeskommunen, og fylkeskommunen sitt eigarskap er med det avvikla.

## Innovasjon Norge (særlovselskap)

<b>Føremål</b>	<p>Innovasjon Norge er eit særlovselskap, der styret har eit sjølvstendig ansvar for verksemda og selskapet sine resultat.</p> <p>Innovasjon Norge sitt føremål er å vere staten og fylkeskommunen sitt verkemiddel for å realisere verdiskapande næringsutvikling i heile landet. Hovudmålet med Innovasjon Norge er at selskapet skal utløyse bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønnsam næringsutvikling og ulike regionar si næringsmessige mogelegheiter. Dette skal nåast gjennom delmåla fleire gode grunderer, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø. Innovasjon Norge tilbyr finansierings- rådgjevar, kompetanse, nettverks- og profileringstenester.</p>
<b>Etablert</b>	Den 19.12.2003.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Den totale innskotskapitalen i selskapet er 19,6 mill. kr. Staten sin innskotskapital er 10 mill. kr.</p> <p>Selskapet er eigd av staten med 51 % og av fylkeskommunane med ein eigardel på til saman 49 %. (Dette går fram av lova § 2.)</p> <p>Fylkeskommunane sin innskotskapital skal vera til saman og likt fordelt 9 600 000 kr. Vestland fylkeskommune har ein eigarprosent på 5,16 % og ein innskoten kapital på 1 010 948 kr.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Oslo kommune.
<b>Rettslege rammer</b>	Lov av 19.12.03 nr. 130 om Innovasjon Norge.
<b>Rammer</b>	<p>Vedtekten datert 19.12.03, sist revidert 19.06.17.</p> <p>Retningsliner for valkomiteen, sist revidert i 2019.</p> <p>Eigaravtalen inngått i 2010, justert i 2018.</p> <p>Eigarstrategi for felles eigarskap mellom NFD og fylkeskommunane (2018).</p> <p>Strategiplan 2020-2025.</p>
<b>Føretaksmøte</b>	<p>Det vart gjennomført føretaksmøte for Innovasjon Norge den 31.05.2024 (digital gjennomføring). Siri Sandvik representerte Vestland fylkeskommune, med fullmakt. Val vart gjort etter vedtekten, innstillinga frå valnemnda vart vedteken. Det vart gjennomført ekstraordinært føretaksmøte den 26.02.2024. Møtet vart gjennomført i Oslo med mogelegheit til å delta digitalt via teams. Fylkesordførar Jon Askeland representerte Vestland fylkeskommune. Det vart mellom anna gjort val av ny styreleiar.</p>
<b>Valkomitè</b>	Ingelise Arntsen (leiar), Gunn-Marit Helgesen og Cathrine Meland.
<b>Val av styre</b>	<p>Det går fram av lov om Innovasjon Norge § 14 at selskapet skal ha eit styre på minst ni medlemer. Ved handsaming av administrative saker vert styret supplert med ytterlegare to styremedlemer eller varamedlemer som vert vald av og blant dei tilsette.</p> <p>Medlemane vert valde for to år, og det er høve til å forlenge funksjonstida. ( § 14)</p> <p>Val vert førebudde av ein valkomité.</p> <p>Aksjelova sine føresegner i § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styre skal følgjast.</p>

<b>Styresamansetning</b>	<u>Styremedlemer til 2024:</u> Ola H. Strand (leiar) Kristin Misund(nestleiar) Merethe Nygaard Kristiansen Kristine Nore Arvid Gusland Arne Ingebrigtsen Kristine Falkgård Heine Østby Tim-Christoph Genge Mari Dorte Michaelsen Liv Dingsør	<u>Valnemnda:</u> Ingelise Arntsen Gunn Marit Helgesen Eirik Annexstad	
<b>Styregodtgjersle frå og med føretaksmøtet og løn til dagleg leiar</b>	Styreleiar: 336 969 kr per år. Nestleiar: 201 757 kr per år. Styremedlemer: 167 949 kr per år. Tilsettevalde styremedlemer: 108 294 kr per år. Tilsettevalde varamedlemer: 5 453 kr per møte. Medlemer av valkomitéen: 4 144 kr per møte.  Administrerande direktør hadde løn på 2 539 mill. kr for året 2023.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS.		
<b>Adresse</b>	Postboks 448 Sentrum, 0104 Oslo.		
<b>Telefon/faks</b>	22 00 25 00.		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:post@innovasjonnor.no">post@innovasjonnor.no</a>		
<b>Nettstad</b>	<a href="http://www.innovasjonnor.no">www.innovasjonnor.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	2 299 644	1 701 259	1 750 582
Driftsresultat	637 751	92 869	221 540
Resultat etter skatt	632 475	95 093	229 298
Totalkapitalrentabilitet	2	0	1
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	40	6	14
Likviditetsgrad 1	1,1	1,1	1,1
Eigenkapital i % (soliditet)	6	6	5
Gjeldsgrad	17	17	18

Økonomisk utvikling i tekst	Verksemda har siste år hatt tilfredsstillende likviditet, medan lønnsemda og soliditeten ikkje er tilfredsstillande <sup>16</sup> .
Viktige hendingar	<p>Årsrapporten for Innovasjon Norge Vestland (IN Vestland) seier at organisasjonen gav tilsegn om lån og tilskot på til saman 1,4 milliardar kr i 2023. Dette er ei auke frå dei føregåande år. Det går fram at utviklinga skuldast at det er jobba godt med gode føretak som har vald å realisere prosjekta sine i 2023.</p> <p>Det er marin og maritim sektor som saman med landbruk ligg på topp over sektorane som mottek lån og tilskot.</p> <p>I samsvar med fylkeskommunen sitt oppdrag har Innovasjon Norge Vestland gjennomført fysiske kontordagar på Atheno i Sunnhordland kvar månad og digitale oppfølgingsmøte kvar veke. Forskinsrådet deltek også. Innovasjon Norge Vestland har involvert eit team med dedikerte og erfarte ressurspersonar med lang erfaring og bred kompetanse innan finansiering, teknologi, eksport, digitalisering og entreprenørskap. Dette har resultert i rask tilgang til dyktige rådgjevarar som har gitt tilbakemeldingar og innspel (sparring) av høg kvalitet, og informasjon om dei ulike tenestene. I tillegg har teamet sikra effektiv vidareformidling til kunderådgjevarar/saksbehandlarar og til andre i Innovasjon Norge med spesialistkompetanse. Der det har vore aktuelt er andre aktørar frå verkemiddelapparatet blitt kopla på.</p> <p>Innovasjon Norge Vestland løyvde i 2023 til saman 26 millionar kronar til grunderverksemder. Dette er ein nedgang frå 30,7 millionar kronar i 2022 som hovudsakeleg skuldast lågare etterspurnad etter oppstartlån. I 2023 vart det løyvd 3,3 MNOK som marknadsavklarings-tilskott, 0,62 MNOK som mentor-støtte, 7,5 MNOK som oppstartlån og 14,6 MNOK i som kommersialiseringstilskott.</p> <p>I 2022 vart det arrangert fleire samlingar i Inunet, både fysisk og digitalt. Inunet er eit nettverk som legg til rette for samarbeid og erfaringsutveksling mellom alle inkubatorar og næringshagar i Vestland. Mellom anna vart det gjennomført ein interessant studietur til Olden/Loen med tema som kunstig intelligens og til Atheno på Stord med berekraft som hovudtema.</p> <p>I 2023 fekk 20 grunderar tilbad om ein handplukka, strategisk mentor som gir bedrifa 30 timer rådgjeving, betalt av Innovasjon Norge. Dette er eit kompetansetilbod til kundar i vår målgruppe som også kvalifiserer for finansielle verkemiddel.</p> <p>Innovasjonsveka OPP 2022 vart ein suksess med mange fysiske arrangement i heile Vestland. For andre gang vart det arrangert ein Opningskonferanse i regi av PWC og Innovasjon Norge med hovudtema: auka tempo i innovasjon gjennom samarbeid.</p>
Korleis selskapet tek samfunnsansvar	<p>Målsettinga i oppdragsbreva frå Vestland fylkeskommune er at Innovasjon Norge skal bidra til mellom anna grøn omstilling av næringslivet.</p> <p>Innovasjon Norge har i åra 2022 og 2023 veklagt å vri fleire av midlane mot grøne prosjekter. Det vart starta to nye pilotordningar, grønt investeringstilskudd i distrikta og grønt vekstlån. I begge desse nye verkemidla stiller Innovasjon Norge krav til at prosjektet kvalifiserar til krava for miljømåla i EU-taksonomien, som er ein strengare vurdering av grøne</p>

<sup>16</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>prosjekter. Desse to pilotprosjekta har styrka Innovasjon Norge si grøne portefølje ytterlegare.</p> <p>Innovasjon Norge og fylkeskommunen arbeider tett om det store strategiske prosjektet Grøn Region Vestland. Dette vart vidareført i 2023. Prosjektleiar har tatt prosjektet vidare og det er lansert oppdatert versjon av «Vestlandsporteføljen - 2.0, deretter Grøn region Vestland og SNU 4.0 2023.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet har utarbeidd strategiplan for perioden 2020-2025. Saman med ei enklare organisering gjennom tre kunderetta divisjonar, skal selskapet vera betre rusta til å møte nye og endra behov i samfunnet.</p> <p>Grøn region Vestland er eit stort samarbeidsprosjekt i Vestland Fylke som handlar om å få til grøn omstilling av industrien gjennom målretta innsats. Prosjektet er eigd av Innovasjon Norge og Vestland Fylkeskommune, og prosjektleiar for prosjektet, Heidi Gaustad er tilsett for ein periode på tre år. Styringsgruppa for prosjektet er Næringsforum Vestland, initiert av Vestland Næringsforum, og består av NHO, NHH, LO, UIB, NHH, Statsforvaltaren i Vestland, Næringsalliansen, Bergen Næringsråd, KS, Bergen kommune, SIVA, Havforskningsinstituttet og Forskningsrådet.</p> <p>Prosjektet baserer seg på innsikta gjennom kartlegginga av Vestlandsscenarioene i 2020 som videre vart utvikla til Vestlandsporteføljen og vidareført som prosjektet Grøn region Vestland. Vestlandsporteføljen 1.0 identifiserte over 250 grøne prosjekt. Desse vart samla i 16 «grøne hubbar» i Vestland der det var stort potensiale for industriell symbiose med mål om å redusere klimaavtrykket og samstundes få til auke av eksport innan 8 definerte grøne verdikjeder der Vestland har eit særskilt fortrinn: havvind, CCU/CCUS, batterier, hydrogen, sjømat/havbruk, grøn skipsfart, grøne metall og biaøkonomi. Gjennom arbeidet med desse grøne hubbane, vart det behov for å tydeleggjere hubbane, og Vestlandsporteføljen 2.0 vart lansert desember 2023. Her er det ein tydeleggjere geografisk avgrensing av hubbane, i tillegg til at kriteriar for potensiale og modnad vart vurdert. Det vart identifiserte 300 grøne prosjekt. Resultatet vart 19 grønne hubbar, i tillegg til 16 spennende prosjekt med stort potensial.</p> <p>SNU4.0 har vare eit viktig kompetansebidrag og har hatt tett samanheng med Grøn region Vestland. Leiar for SNU4.0 har bidratt inn i Grøn region Vestland sitt prosjektteam, og slik har det blitt sikra at desse to viktige satsingane heng tett saman. Begge deler er fokusert rundt bedriftene i hubbane sine behov.</p> <p>Innovasjon Norge har også merka seg at det går i retning av å sjå nasjonale og europeiske verkemiddel meir i samanheng, m.a. gjennom styrka satsing på EU-program og eit forsterka samarbeid med Norges Forskningsråd.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p>PS 12/2024: Oppdragsbrev Innovasjon Norge Vestland 2024, hovudutval for næring 26.02.2024. Det vart gjort slikt vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Hovudutval for næring vedtek oppdragsbrevet til Innovasjon Norge Vestland for 2024, med dei rammene og prioriteringane som ligg føre i brevet i vedlegg 1.</li> <li>2. Vestland fylkeskommune løyver kr 75 367 000 til Innovasjon Norge Vestland for 2024</li> <li>3. Løyvinga er finansiert med midlar løyva over statsbudsjettet sin post 553.61 Mobiliserande og kvalfiserende næringsutvikling. Innanfor denne ramma rår Hovudutval for næring til følgande fordeling; - Bedriftsnettverk kr 6 000 000 - Mentortenesta kr 1 000 000 - Etablerartilskott og</li> </ol>

	<p>marknadsavklaring kr 4 500 000 - Entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling kr 1 000 000 Resten av ramma skal nyttast til Bedriftsretta låne- og tilskottsordningar i distrikta.</p> <p>4. Oppdragsbrevet frå Kommunal- og Distriktsdepartementet for 2024 opnar for at kvar fylkeskommune har høve til å nytte inntil kr 100 000,- over posten til å dekkje kostnader fylkeskommunen har ved å utforme oppdrag og gjennomføre styringsdialog med Innovasjon Norge og Siva. Fylkesdirektøren får fullmakt til å disponere denne summen.</p> <p>5. Vestland fylkeskommune forventar at Innovasjon Norge skal bruke sin mangeårige erfaring og kompetanse til å vere ein strategisk partnar for arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i Vestland. Samarbeidet omfattar mellom anna prosjektet Grøn region Vestland og aktiv deltaking i Næringsforum Vestland og det regionale samhandlingsforum med fylkeskommunen, Siva og Forskningsrådet.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Selskapet Innovasjon Norge er ein viktig reiskap i næringsutviklinga i Noreg og på Vestlandet.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøytenleg</b>	Eigarskapen i Innovasjon Norge er lovpålagt.
<b>Tilråding</b>	Vidareføre eigarskapen

## Kunnskapsparken Vestland AS

<b>Føremål</b>	Kunnskapsparken Vestland skal:  Medverke til auka verdiskaping og nyetablering innafor kunnskapsintensive verksemder lokalt og regionalt og å få nasjonale kunnskapsbaserte arbeidsplassar til fylket. Selskapet skal vere ein pådrivar overfor næringslivet og forskings- og høgskolemiljøet i fylket og på den måten stimulere til kommersialisering av FoU-resultat og forretningsidear med stort potensiale. Selskapet skal gjennom det nasjonale SIVA-nettverket for innovasjon og nyskaping, fungere som eit nav med næringshagane i det lokale nettverket for oppnå meirverdi av den etablerte kunnskapen i fylket. Selskapet skal ha ein desentralisert oppbygnad og gjennom formidling av idear og kompetanse initiere og medverke til nyskaping og omstilling i næringslivet i fylket. Selskapet kan eige aksjar i andre selskap og gå inn med kapital i nyetablerte bedrifter og bedrifter som er i ein utviklingsfase, og skal gjennom slike investeringar og løpende prosjektoppdrag, også oppnå lønsemd for selskapet. Selskapet skal ha ein innløysingsavtale for aksjeinvesteringane.
<b>Etablert</b>	Den 06.07.2001
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Aksjekapitalen er på 6 550 000 kr fordelt på 6 550 aksjar à 1000 kr.  Vestland fylkeskommune eig 2500 aksjer og aksjeposten sin pålydande verdi er 2 500 000 kr.  Andre eigarar er Fjord Invest Såkorn AS (35,9 %), SIVA, Sogndal kommune, Helse Førde og Sparebanken Sogn og Fjordane.
<b>Forretningskontor</b>	Fosshaugane campus, Sogndal
<b>Regelverk</b>	Aksjelova
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter, sist endra 17.06.20 Strategiplan for perioden 2024 –2027.
<b>Samfunnsansvar og etikk</b>	Verdigrunnlaget for selskapet går fram av strategiplanen.
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført generalforsamling for selskapet den 13.06.2024, på ViteMeir på Kaupanger.  Endre Høgalmen representerte Vestland fylkeskommune på generalforsamlinga, med fullmakt.
<b>Valkomitè</b>	Frank Willy Djuvik (2023-2025) leiar, Guro Mjanger (2023-2025) og Stig Ove Ølmheim (2024-20
<b>Val av styre</b>	Styret skal vere sett saman av fem til sju medlemer.  Selskapet har valkomité. Komiteen skal i tillegg til innstilling av styre, også ta stilling til honoraret til styret.
<b>Styresamsetning</b>	<u>Styremedlemer:</u> Jon-Rune Heimlid 2023-2025 (leiar valt for 1 år) Hjørdis Vik 2023-2025 Trine Lerum Hjellhaug 2023-2025 Aud Ingrid Espeland 2023-2025

	<p>David Underdal 2023-2025 Reidun Kristin Malvik 2023-2025</p> <p>Observatør: Kristin Arnestad, Avdeling for næring, plan og innovasjon.</p>		
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	<p>For 2023:</p> <p>Styreleiar: 40 000 kr per år, pluss 4 000 kr per møte.      Styremedlemer: 12 000 kr per år, pluss 4 000 kr per møte.      Digitale møte vert godtgjort med 3000 per møte. Korte telefonmøte med 1500 per møte.      Styrerrepresentant som er føreslegen av SIVA, Reidun Kristin Malvik, mottek ikkje styrehonorar.</p> <p>Dagleg leiar si løn i 2023: 1.087.000,- kr.</p>		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	Fosshaugane Campus, Trolladalen 30, 6856 Sogndal.		
<b>Telefon/faks</b>	95 20 65 74		
<b>E-post</b>	kjetil@kpsf.no		
<b>Nettstad</b>	www.kpsf.no		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	9 403	10 212	9 366
Driftsresultat	-1 221	-15	190
Resultat etter skatt	-1 170	20	631
Totalkapitalrentabilitet	-13	0	7
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	-16	0	9
Likviditetsgrad 1	3	3	5
Eigenkapital i % (soliditet)	81	80	82
Gjeldsgrad	0	0	0
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste år hatt tilfredsstillande likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>17</sup> .		
<b>Viktige hendingar</b>	Kunnskapsparken Vestland er ein av fem inkubatorar i Vestland fylke. Inkubatorverksemder er ein viktig del av SIVA sin innovasjonsstruktur, og i inkubatorane kan gründerar og etablerte bedrifter få rådgjeving innan forretningsutvikling og kommersialisering.		

<sup>17</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrevsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	Ei inkubator-samanlikning gjennomført av SIVA, syner at selskapet leverer betre enn landsgjennomsnittet på åtte av ni område. Dette har gitt selskapet ei høyare plassering i tilskotsmodellen til SIVA, og selskapet går fra 3 til 4 mill. kr i årleg tilskot.
Viktige planar for dei komande åra	<p>Mål for bedrifter og nettverk:</p> <p>1. Inkubator: Være på same finansieringsnivå hos SIVA etter differensieringsanalysen.</p> <p>2. Program og kurs: Arrangere følgjande kurs/program 3 stk. Rask oppstart a samlingar, 1 rask Vekst (Promotore) 2: Brekraftkurs.</p> <p>3. Etablere og drifta 1 bedriftsnettverk. Oppdatere og vedlikehalde investornettverk.</p> <p>4. Arrangement: Arrangere Fjellpitch, Kapitaldagen, Innovasjonsdagen Sogn og arrangement under Innovasjonsveka Sunnfjord.</p> <p>5. Kapital: Utvide fondet med 3-5 mill. Og inngå avtale med fondet om refusjon av kostnader (timebruk).</p> <p>Mål for utvikling og FoU prosjekt:</p> <p>-Kommersialisere minimum 2 idear frå offentleg sektor.</p> <p>-Arrangere 2 FoU møter (Forregion)</p> <p>Inngå 1 ny strategisk samarbeidsavtale.</p> <p>Innovasjonsstruktur:</p> <p>-Vidareutvikle koordinatorrolla for NH- og inkubator programmet (Vekst/Lag) td. Gjennom heilt eller delvis eigarskap.</p> <p>-Gjennom Vekst /i/lag ta leiarrolla for kartlegging og utvikling av 1 nytt samarbeidsprosjekt.</p> <p>-Ta ei rolle i etablering og drift av Kunnskaps- og næringsklynge innan helse i Sogn og Fjordane.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p>Sak til fylkesutvalet PS 104/22, den 03.05.2022: Kunnskapsparken Vestland - forslag om vedtaksendring.</p> <p>Det vart gjort slikt vedtak:</p> <p>1. Vestland fylkeskommune støttar ei vedtektsfesting som går ut på at Kunnskapsparken Vestland AS ikkje skal kunne gje utbyte til eigarane, og at dette vert uttrykt slik i vedtekten § 3 (føremålsføresegna): «Selskapet skal ved si verksemد ikkje ha til føremål å skaffe aksjeeigarane økonomisk utbytte, og det skal ikkje utbetalast utbytte frå selskapet. Eit evt. overskot skal nyttast i tråd med selskapet sitt føremål.»</p> <p>2. Vestland fylkeskommune støttar forslaget om endring av andre formuleringar i vedtekten §§ 3 og 7, m.a. av omsyn til å forenkle eller oppdatere føresegnene, eller late vere å nemne krav som uansett går fram av lov. Fylkeskommunen støttar innføringa av 14-dagars innkallingsfrist for generalforsamlingar i § 7.</p>

	<p>3. Fylkesutvalet ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant om å stemme for vedtektsendringane på den komande generalforsamlinga i selskapet.</p> <p>[Vedtektsendringane vart ikkje gjennomførte likevel, fordi det ikkje lenger vart rekna som nødvendig for å kunne søke om operatørstatus i det nye inkubasjonsprogrammet.]</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Føremålet med eigarskapen er næringsutvikling. Eigarskapen i Kunnskapsparken AS må sjåast i samanheng med eigarskapen i Sogn og Fjordane fondet AS og Fjord Invest Såkorn AS. Desse selskapa utgjer samla sett ein viktig reiskap for Vestland fylkeskommune som samfunnsutviklar.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg</b>	<p>Eigarskap i Kunnskapsparken Vestland AS er i tråd med Vestland fylkeskommune sin eigarskapspolitikk, ved at eigarskapen oppfyller føremålet om næringsutvikling ved å delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket.</p> <p>Kunnskapsparken Vestland AS er ein viktig samarbeidspartner for å nå strategiske mål for næringsutvikling i Vestland fylkeskommune. Eigarskapen vil derfor også oppfylle føremålet om næringsutvikling ved å delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører og/eller får kompetanse.</p> <p>Fylkeskommunen har stor eigardel i Kunnskapsparken Vestland AS, og har i tillegg indirekte eigarskap i selskapet gjennom Fjord Invest Såkorn AS, der fylkeskommunen er majoritetseigar.</p>
<b>Tilråding</b>	Vidareføre eigarskapen

## Njøs Frukt - og bærssenter AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å vere eit nasjonalt foredlingssenter for norske frukt- og bærsortar. Selskapet skal kunna investere i andre selskap i same bransje, og kan bidra i regionale og nasjonale utviklingsprosessar. Selskapet skal drive ut frå prinsipp om non-profit og utan utbyte til eigarane. Eventuelt overskot skal nyttast til å styrka selskapet og dei aktivitetane selskapet skal driva. Dette går fram av vedtekter for Njøs frukt- og bærssenter AS § 2.
<b>Etablert</b>	29.08.2007.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel?</b>	Selskapet sin aksjekapital er på 450 000 kr fordelt på 45 aksjar á 10 000 kr. Vestland fylkeskommune eig 22,2 % av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 100 000 kr. Andre eigarar er Graminor AS, Gartnerhallen SA, Lerum AS, Innvik Frukt lager, Sogn frukt og grønt SA, Vangnes Grønt SA, Luster Grønt AS, Sognabær AS og Gloppen Produsentlag SA.
<b>Forretningskontor</b>	Leikanger, Sogndal kommune.
<b>Regelverk</b>	Aksjelova.
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter av 21. 04.2022.
<b>Samfunnsansvar og etikk</b>	<p>Njøs frukt- og bærssenter ønskjer gjennom sin regionale aktivitet å bidra til ei omstilling i frukt- og bærsektoren gjennom Programstyret for frukt og grønt, som er eit samarbeid mellom næring, det offentlege og FoU-miljø. Senteret ynskjer å bidra gjennom å tilby nye sortar og arter av frukt og bær, og gjennom klyngesamarbeid arbeide for å fremje ei berekraftig utvikling av sektoren.</p> <p>Selskapet vil gjennom samarbeid med senter for berekraftig klimatilpassing i Sogndal utvikle prosjekt på landbruket sitt område, som vil bidra til å nå Vestland fylkeskommune sitt berekraftsmål om nullutslepp av klimagassar innan 2030.</p> <p>Det er utarbeidd gjødselplan for alle forsøksfelt på Njøs frukt- og bærssenter. Plantevernmiddel vert handtert etter gjeldande lover og forskrifter. Selskapet si verksemnd medfører liten fare for det ytre miljøet.</p>
<b>Generalforsamling</b>	<p>Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet den 15.05.2024. Møtet vart halde elektronisk på teams.</p> <p>Det var ekstraordinær generalforsamling den 20.02.2024, der Ellen-Margrethe Hovland vart erstatta av Nico Johannes Kalkdijk, og Jan Audun Larsen vart erstatta av Hans Christian Bjerketveit. Oddmund Klakegg, leiar av hovudutval for næring, representerte fylkeskommunen. (Med fullmakt.)</p>
<b>Eigarmøte o.l.</b>	Det var eigarmøte 30.05.2023
<b>Valnemnd</b>	Kari Sigrun Lysne, Anita Roset og Eli-Grete Høyvik.
<b>Val av styre</b>	Styret består av tre til seks medlemer. Generalforsamlinga vel styreleiar for eitt år om gongen. (Vedtekten § 6)
<b>Styresamansetning</b>	<u>Styremedlemer:</u> Harald Blaaflat Mundal (leiar) Hans Christian Bjerketveit

	Kristin Børresen Nico Johannes Kalkdijk Ole Runar Lyslo Trude Risnes (VLFK)		
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	Godtgjersle for styreleiar: kr. 25 000,- Godtgjersle til styremedlemmar: kr. 7 000,- Møtegodtgjersle for alle kr. 2 000,- pr styremøte  Løn dagleg leiar i 2023: 1 104 309 kr.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS.		
<b>Adresse</b>	Njøsavegen 5, 6863 Leikanger.		
<b>Telefon/faks</b>	957 34 576.		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:post@njos.no">post@njos.no</a>		
<b>Nettstad</b>	<a href="http://www.njos.no/">www.njos.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	14 974	14 357	14 944
Driftsresultat	-668	214	763
Resultat etter skatt	-271	264	706
Totalkapitalrentabilitet	-7	4	14
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	-16	8	31
Likviditetsgrad 1	1,4	1,6	1,4
Eigenkapital i % (soliditet)	42	49	47
Gjeldsgrad	1	1	1
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste år hatt tilfredsstillande likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>18</sup> .		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Fylkestinget vedtok i møte 13. juni 2023, i sak 34/2023 å løye 3 500 000 kr. til utbygging ved Njøs frukt og bærcenter AS. Tilskotet kjem i tillegg til 6 mill. kr. løyvd av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Tilskotet gjeld til 01.06.2025.</p> <p>Det er inngått en samarbeidsavtale mellom Vestland fylkeskommune og Njøs frukt og bærcenter AS for årene 2024 – 2026. Vestland fylkeskommune skal yte eit årleg bidrag på kr. 600 000,-.</p>		

<sup>18</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>Njøs frukt og bærssenter AS har den 07.06.2024 fått vedtak om tilskot på inntil NOK kr. 727 000,- til optimalisering av pæreroten Celina RT24-127.</p> <p>Generelle utviklingstiltak: Utvikling av foredlingsprogramma har høg prioritet, både gjennom kompetanseutvikling og implementering av ny teknologi. Det er ytt ekstra midlar over Jordbruksavtalen til utvikling av foredlingsprogramma i frukt og bær, i tillegg til støtte både frå private og offentlege ordningar.</p> <p>Njøs deltok i 2023 som "stakeholder" i KAPPAberry (NIBI-EØS midlar) og partner i FoU-prosjektet RobustRubus.</p> <p>Njøs frukt- og bærssenter leiar Programstyret i frukt og grønt i Vestland, som er ei felles satsing for å styrkja frukt- og grøntproduksjonen i fylket. Satsinga er ein del av samarbeidsavtalen med Vestland fylkeskommune, og programstyret har 10 medlemmar der 6 sit i verdikjeda.</p>
<b>Samfunnsansvar og etikk</b>	<p>Njøs frukt- og bærssenter ønskjer gjennom sin regionale aktivitet å bidra til ei omstilling i frukt- og bærsektoren gjennom Programstyret for frukt og grønt, som er eit samarbeid mellom næring, det offentlege og FoU-miljø. Senteret ynskjer å bidra gjennom å tilby nye sortar og arter av frukt og bær, og gjennom klyngesamarbeid arbeide for å fremje ei berekraftig utvikling av sektoren.</p> <p>Selskapet vil gjennom samarbeid med senter for berekraftig klimatilpassing i Sogndal utvikle prosjekt på landbruket sitt område, som vil bidra til å nå Vestland fylkeskommune sitt berekraftsmål om nullutslepp av klimagassar innan 2030.</p> <p>Det er utarbeidd gjødselplan for alle forsøksfelt på Njøs frukt- og bærssenter. Plantevernmiddelet vert handert etter gjeldande lover og forskrifter. Selskapet si verksemnd medfører liten fare for det ytre miljøet.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Njøs frukt- og bærssenter er involvert i EU-prosjektet BreedingValue (Horizon 2020) via ei "Open Call"-utlysing. Prosjektet har som mål å utvikle og implementere ein modell for genomisk seleksjon for mjøldoggresistens i foredlingsprogrammet. Njøs frukt- og bærssenter er også partner i prosjektet JordbærSmak leia av NIBIO, saman med representantar frå heile den norske verdikjeda i jordbær.</p> <p>Eple var den kulturen som dekka størst areal på Njøs i 2023. Det var 33 daa tilplanta med eple til ulike aktivitetar. Den generell basen i eple består av 385 sortar og seleksjonar som vert nytta i foredlingsarbeidet og i prosjektarbeid. Ein del av dette sortsmaterialet er definert som mandatsortar, altså materiale som Noreg har eit særskilt ansvar for å ta vare på, og aktiviteten vert støtta av Landbruksdirektoratet gjennom midlar til genressurstiltak. Njøs frukt- og bærssenter har samarbeidsavtale med Norsk genressurssenter om bevaring av genetiske ressursser i frukt og bær. Ein av dei tilsette på Njøs frukt og bærssenter er norsk medlem i den internasjonale arbeidsgruppa i ECPGR Malus/Pyrus som er bindeleddet mellom det nasjonale og internasjonale nivået i genressursarbeidet.</p> <p>Prosjektet FLOWEBERRY hadde oppstart i 2021. Prosjektet er ein Nærings PhD innan Plantevitenskap ved NMBU. Hovedmålet med prosjektet er å utvikle ny kunnskap om den komplekse reguleringa av blomstring, og bruk denne kunnskapen i utvikling av foredlingsmateriale med idelle blomstringsegenskapar som kan utvide sesongen.</p>

<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	<p>Fylkestinget vedtok i møte 13. juni 2023, i sak 34/2023 å løyve 3 500 000 kr. til utbygging ved Njøs frukt og bærcenter AS.</p> <p>Samarbeidsavtale mellom Vestland fylkeskommune og Njøs frukt og bærcenter AS for årene 2024 – 2026. Vestland fylkeskommune skal yte eit årleg bidrag på kr. 600 000,-.</p> <p>Njøs frukt og bærcenter AS har den 07.06.2024 fått vedtak om tilskot på inntil NOK kr. 727 000,- til optimalisering av pæresorten Celina RT24-127.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	<p>Næringsutvikling: Føremålet har sidan opprettinga vore å sikre vidareføring av det viktige FoU-miljøet på Njøs, og sikre langsiktig satsing på kompetansebygging for å bidra til vekst/lønsemd i frukt- og bærnæringa i Vestland fylkeskommune.</p>
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøylenleg</b>	<p>Etter ei omorganisering i 2019, har forskningsstasjonen fått eit stort løft som både vil koma regionen til nytte, og vera viktig for norsk frukt- og bærproduksjon. Omorganiseringa inneber ei storsatsing på frukt og bær basert på norske sortar og plantemateriale, samstundes som det er ei satsing på Vestland sin nasjonale posisjon innan utvikling og innovasjon i frukt og bær.</p> <p>Njøs frukt og bærcenter er aktiv i ei rekke prosjekt og er ein viktig ytar til Norsk genressurssenter om bevaring av genetiske ressursar i frukt og bær.</p> <p>Lokalt engasjement har lege til grunn som ein føresetnad for staten si satsing på Njøs frukt- og bærcenter som nasjonalt foredlingssenter, og dette, og den nemnde omorganiseringa, gjer det føremålstenleg å vidareføre eigarskapen.</p>
<b>Tilråding</b>	Vidareføre eigarskapen

## Sogn og Fjordane Fondet AS

<b>Føremål</b>	Eigenkapitalinvestering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovedvekt på bedrifter under skiping og/eller i ein tidleg utviklingsfase. Selskapet skal stimulere til og styrke framvekst av idear frå forsking, næringsliv og gründerar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.
<b>Etablert</b>	09.01.2017
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Selskapet sin aksjekapital er på 240 000 kr fordelt på 240 aksjar à 1000 kr.</p> <p>Fylkeskommunen sin eigardel er 50 % av selskapet. Aksjeposten sin pålydande verdi er 120 000 kr.</p> <p>Andre eigarar er Sparebanken Sogn og Fjordane og Kunnskapsparken Vestland AS.</p> <p>Administrasjon: Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane er forvaltar av fondet, og har administrasjonen av dette. Tilsette i Kunnskapsparken vurderer kvart einskild investeringscase saman med dagleg leiar. I tillegg vert det leig inn ekstern konsulent ved høve.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Fosshaugane Campus, Sogndal kommune
<b>Regelverk</b>	Aksjelova
<b>Styringsdokument</b>	Vedtekter og aksjonæravtale.
<b>Generalforsamling</b>	Det var generalforsamling i selskapet den 13.06.2024. Generalforsamlinga fann stad på ViteMeir, Kaupanger. Endre Høgalmen representerte fylkeskommunen på generalforsamlinga (etter fullmakt).
<b>Valkomite</b>	<u>Medlemer:</u> Frank Willy Djuvik (2023-2025, leiar) Frode Vasseth (2023-2025) Jon-Rune Heimlid (2023-2025)
<b>Val av styre</b>	<p>Styret består av tre til sju medlemer etter nærmare avgjerd i generalforsamlinga. Ifølgje aksjonæravtalen har dei tre aksjonærane rett til å peike ut kvar sin representant til styret i fondet.</p> <p>Generalforsamlinga vedtok i 2020 å sette i gang ein prosess for å få kjønnsbalanse i styret og oppretta i samband med det valkomité for selskapet.</p>
<b>Styresamansetning</b>	<u>Styremedlemer:</u> Vidar Grønnevik (2021-2023, leiar 2021-2022) (2023-2025) Ingri Martine Fonn Mascik (2023-2025) Thomas Berge (2023-2025) Kathrin Jacobsen (2023-2025)  Fondet har i 2023 hatt sju møte og har handsama 26 saker.
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	Møtegodtgjersle vert delt i ein fast og ein variabel del.


	<p><u>Fast del</u> - Styreleiar - fast honorar NOK 15 000 Styremedlem - fast honorar NOK 10 000</p> <p><u>Variabel del</u> - NOK 4 000 pr. møte. Digitale styremøte vert godtgjort med NOK 3 000 pr. møte (75%). Ved deltaking på tlf. møter (korte møter) frå heim/arb. plass, skal møtegodtgjersla (pr. møte) utbetalast med NOK 1 500</p> <p>Fondet vert forvalta av Kunnskapsparken Vestland AS. Dagleg leiar i Kunnskapsparken Vestland AS er Kjetil Kvåle. I årsrekneskapen er det oppført 55 719 kr i driftskostnader.</p>		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	Fosshaugane Campus, Trolladalen 30, 6856 Sogndal		
<b>Telefon</b>	95 20 65 74		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	0	0	0
Driftsresultat	-152	-90	-79
Resultat etter skatt	-124	-79	-79
Totalkapitalrentabilitet	-2	-1	-1
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	-2	-1	-1
Likviditetsgrad 1	0	244	0
Eigenkapital i % (soliditet)	100	100	100
Gjeldsgrad	0	0	0
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste år hatt tilfredsstillande soliditet, medan lønnsemada ikkje er tilfredsstillande <sup>19</sup> .		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>På generalforsamlinga den 13. Juni 2024 vart det mellom anna gjort slike vedtak:</p> <p><u>Kapitalutviding ved retta emisjon mot noverande eigarar:</u></p> <p>Det vart fatta slikt samråystes vedtak:</p> <p>a. Aksjekapitalen i Sogn og Fjordane Fondet As vert auka med 63 nye aksjar, kvar pålydande til teikningskurs NOK 47 917,- pr. Aksje.</p>		

<sup>19</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap. Fylkeskommunen sitt føremål med selskapet er næringsutvikling ved å bidra med kapital inn i tidlegfasebedrifter, og fylkeskommunen har ikkje eit finansielt mål med selskapet utover å forvente at investeringar som har gjeve avkastning skal gjere fondet i stand til å investere i nye tidlegfaseselskap.

	<p>b) Samla teikningsbeløp for dei aksjane nye aksjana er NOK 3 018 771,-.</p> <p>c) Dei nye aksjane vert teikna ved ein retta emisjon til Sparebanken Sogn og Fjordane.</p> <p>d) Kapitalen vert auka med NOK 3 018 771,- ved å teikne 63 nye aksjar til NOK 47 917,- pr. aksje der kr. 1 000,- går til aksjekapital og kr. 46 917 går til overkursfond. Av totalt NOK 3 018 771,- utgjer endringane i aksjekapital NOK 63 000,- og overkurs NOK 2 955 771,-.</p> <p>e) Aksjekapitalen vert endra frå NOK 240 000,- til NOK 303 000,-.</p> <p>f ) Aksjane vert teikna på særskilt teikningsblankett.</p> <p>g) Selskapet sine vedtekter vert oppgradert i samsvar med vedtaket. (Beløpet under pkt. a ) vart seinare endra til 63 000,-.)</p> <p><u>Endring av vedtekter:</u></p> <p>§ 4 i vedtekten vert endra frå: -Aksjekapitalen er NOK 240 000,- fordelt på 240 aksjar a NK 1 000,- fullt innbetalt og lydande på namn. til: Aksjekapitalen er NOK 303 000,- fordelt på 303 aksjar a NOK 1 000,- fullt innbetalt og lydande på namn. Fondet investerer i næringar/bransjar med tydleg og definert framtidspotensiale. For året 2023 har Sogn og Fjordane Fondet AS investert i 4 selskap: - Pace Healthcare AS, 1.gongs investering - Eduplaytion AS, 2. gongs investering - Dialead AS, 2. gongs investering - GreEnergy AS, 2. gongs investering</p>
Korleis selskapet tek samfunnsansvar	
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet skal ifølgje aksjonæravtalen arbeide for å auke aksjekapitalen og overkurs frå 6 mill. kr til eit ønska nivå på 10 mill. kr. Dei andre aksjonærane i fondet forplikta seg, ved etableringa, til å gå inn med ytterlegare midlar i fondet ved behov, medan Sogn og Fjordane fylkeskommune ikkje forplikta seg til å gå inn med meir enn dei 3 mill. kr som vart gjevne på opprettningstidspunktet.</p> <p>Målgruppa er oppstartsbedrifter/idear i tidleg fase. Fortrinnsvis bedrifter i inkubator.</p> <p><u>Fondet sin investeringsstrategi:</u> Investeringar vil bli gjort i tidleg fase, dvs presåkorn. Målgruppa for investeringane er oppstartbedrifter/idear. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane. Det vil bli investert i tidlegfasebedrifter med høg risiko og høg potensiell avkastning/verdiauke. Selskapet sitt krav på avkastning på investert kapital er 5 % p.a. Tett samarbeid med andre regionale innovasjonsselskap og investeringsmiljø. Drive aktiv selskapsoppfølging gjennom innovasjonsprogram (inkubator).</p>

<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	
<b>Mål med eigarskapen</b>	Næringsutvikling ved å delta i investeringsselskap og selskap som arbeider med å utvikle næringslivet i Sogn og Fjordane. Påvirke næringslivet i regionen for "såkorn-bedrifter". Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillende avkastning for eigarane.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg</b>	<p>Eigarskap i Sogn og Fjordane Fondet AS er i tråd med fylkeskommunen sin eigarpolitikk, jf. over.</p> <p>Sogn og Fjordane fylkeskommune var med på opprettinga av fondet i perioden 2016-2017, og gjekk då inn med 3 mill. kr. Sparebanken i Sogn og Fjordane gjekk samstundes inn med 1,8 mill. kr og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS med 1,2 mill. kr. Ved etableringa vart det ikkje sagt noko om tidshorisonten for eigarskapen i dette selskapet, anna enn at den vil vere avhengig av i kor stor grad selskapet klarer å oppfylle føremålet sitt.</p> <p>Sogn og Fjordane Fondet har for året 2023 investert i fire selskap. Fondet har etter dette ein aksjeporfølgje på 13 selskap.</p> <p>Selskapet fungerer med dette som eit ekstra verkemiddel for næringsutvikling, som kjem i tillegg til andre offentlege ordningar, t.d. Innovasjon Norge, som ikkje har høve til å gå inn med denne typen kapital. I kva grad selskapet oppfyller føremålet sitt, er for tidleg å seie. Selskapet Evoy AS, har tidlegare skildra investeringskapitalen frå Sogn og Fjordane Fondet AS som svært viktig i ein kritisk oppstartsfasa.</p> <p>Ein fordel med å vere eigar er at fylkeskommunen kan påverke selskapet i tråd med fylkeskommunen sine mål på området. Dette synspunktet gjer seg først og fremst gjeldande der eigardelen er av ein viss storleik, slik som her, og der fylkeskommunen ikkje har ei rolle som premissgjevar på andre måtar, t.d. gjennom tilskotsordningar selskapet er del av. Eigarskap kan også gje andre effektar, t.d. skape eit større kontaktnett mot næringslivet i fylket som kan vere verdifullt for fylkeskommunen.</p>
<b>Tilråding</b>	Vidareføre eigarskapen

## 6.4 Samfunns- og næringsutvikling – arbeidsmarknad



Eg ville bli kokk, men strauk i alle faga. No kan eg dekke bordet med mi Volvo grave-maskin

Stian 22, lese- og skrivevanskar

Foto: Andreas Eikeseth Nygjerd/Movia AS

## Beredit AS

<b>Føremål</b>	<p>Selskapet si verksemeld er å skape grunnlag for arbeidsmarknadsrelatert sysselsetting. Beredit tilbyr skjerma tilrettelagt arbeidstrening gjennom kantinedrift og bilverkstad. Selskapet skal også vere bindeledd mellom arbeidssøkarar og arbeidsgjevarar for å oppnå sysselsetjing, m.a. ved å drive teoretisk og praktisk kompetansebygging, slik at deltakarane kan møte best mogleg førebudde overfor krav og forventningar i arbeidslivet. Med kompetansebyggande tiltak skal selskapet også bidra til å hindre personar å falle ut av arbeidslivet.</p> <p>Eit eventuelt overskot skal bli verande attende i verksemda.</p>	
<b>Etablert</b>	14.08.1969	
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Kr 100 000 fordelt på 1000 aksjar. Vestland fylkeskommune eig 100 % av aksjane i selskapet.</p>	
<b>Forretningskontor</b>	Nedre Nøttveit 12, 5238 Rådal	
<b>Regelverk</b>	Aksjelova, arbeidsmarknadslova med forskrift, NAV-lova osb.	
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter, sist endra 23.01.24	
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført ekstraordinær generalforsamling i selskapet 23.01.24 og ordinær generalforsamling i selskapet 25.06.24. Jon Askeland representerte fylkeskommunen i møtet.	
<b>Eigarmøte o.l.</b>	Det vart gjennomført eigarmøte på same dato som den ordinære generalforsamlinga.	
<b>Valnemnd</b>	Nei	
<b>Val av styre</b>	Styret har tre aksjonærvalde styremedlemer med personlege varamedlemer, og to tilsettevalde styremedlemer (éin frå fast tilsette og éin frå tilsette med yrkeshemming) med varamedlemer. Funksjonstida for dei tre aksjonærvalde styremedlemene er fire år om gongen. Funksjonstida for del tilsettevalde er to år om gongen.	
<b>Styresamansettning</b>	<u>Styremedlemer 2024-2028:</u> Silja Ekeland Bjørkly (leiar) Nina Bognøy Lars Fjellstad Rita Husø Opstvedt (tilsetterep.) Marianne Sivertsen (tilsetterep.)	<u>Varamedlemer 2024-2028:</u> Trond Tystad Ingvill Kvalsnes Blom Wesley Thomas Ridd (tilsetterep.) Jørn Arntzen (tilsetterep. 2024-)
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	<p>På generalforsamlinga i 2024 vart satsar for styregodtgjersle vidareført uendra.</p> <p>Styreleiar: 53 103 kr per år            Nestleiar: 29 502 kr per år            Medlem: 21 242 kr per år</p>	

	I tillegg 832 i godtgjersle per møte.  For 2023 er samla styregodtgjersle 171 292 kr.  Løn til dagleg leiar i 2023: 1 082 428 kr. Pensjonsutgifter: 21 758 kr. Anna godtgjersle: 4 645 kr.		
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	Ernst & Young AS		
Adresse	Nedre Nøttveit 12, 5238 Rådal		
Kontaktperson	Dagleg leiar: Rune Soltvedt		
Telefon			
E-post	<a href="mailto:post@beredt.no">post@beredt.no</a> ; <a href="mailto:sol@beredt.no">sol@beredt.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	49 340	52 985	41 511
Driftsresultat	-2 988	5	273
Resultat etter skatt	-2 953	-385	315
Totalkapitalrentabilitet	-22	-2,8	2,7
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	-71	-6,6	5,4
Likviditetsgrad 1	1,1	1,44	1,5
Eigenkapital i % (soliditet)	21,3	39,5	49,2
Gjeldsgrad	3,7	1,5	1
Økonomisk utvikling i tekst	Selskapet er i ein utfordrande økonomisk situasjon <sup>20</sup> og skriv følgjande i sitt årsrekneskap:  <b>«Note 12 - Usikkerhet om fortsatt drift</b> Beredt AS har de siste årene gått i underskudd på driften, og denne utviklingen har fortsatt inn i 2024. Selskapet har tatt grep ved å legge ned catering- og transportvirksomheten, samt videre iverksatt kostnadskutt i andre avdelinger. Det forventes at disse tiltakene vil gi effekt utover høsten, og at selskapet likviditetssituasjon og egenkapital vil bedre seg. På tross av dette foreligger det vesentlig usikkerhet om fortsatt drift da selskapet vil kunne være avhengig av likviditetstilførsel enten gjennom lån eller egenkapitaltilskudd.		

<sup>20</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrevsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>Revisor (Ernst &amp; Young AS) skriv følgjande om usikkerheit til fortsett drift:</p> <p><b>«Vesentlig usikkerhet knyttet til fortsatt drift</b></p> <p>Vi viser til note 12 som beskriver at selskapet vil kunne være avhengig av likviditetstilførsel enten gjennom lån eller egenkapital for å dekke sine løpende forpliktelser. Disse forholdene og andre omstendigheter som er beskrevet i note, indikerer at det foreligger en vesentlig usikkerhet som kan skape tvil av betydning om selskapets evne til fortsatt drift. Vår konklusjon er ikke modifisert som følge av dette forholdet.»</p>
Viktige hendingar	<p>Gjennom 2023 har selskapet hatt 67 tildelte plassar innanfor Arbeidsførebuande trening (AFT). Det er NAV som tildeler plassane.</p> <p>Året 2023 har vore eit krevjande år for Beredt AS økonomisk, og selskapet tok grep ved å legge ned catering- og transportavdelinga med verknad frå desember 2023. Selskapet reduserte talet tilsette med sju årsverk, men utan at nokon av desse gjekk til arbeidsløyse.</p> <p>For å etterleve krav frå NAV til tiltaksleverandørar av AFT og VTA har selskapet dessutan avslutta den delen av verksemda si som vart rekna som kommersiell (verksemd som ikkje handla om å levere på tiltaka AFT og VTA, m.a. tenester innan HR, rekruttering, sjukeoppfølging og karriererettleiing på vegner av VLFK ved Karriere Vestland).</p> <p>Selskapet endra, som følgje av dette vedtekten i januar 2024, slik at det går fram at selskapet ikkje skal drive med verksemd som ikkje er knytt til AFT og VTA, og slik at det er tydeleg at det føreligg eit utbyteforbod.</p> <p>Dotterselskapet Beredt kompetanse AS vart av same grunn vedteke avvikla, gjennom samanslåing med Beredt AS, på generalforsamlinga i 2024. Beredt kompetanse AS har vore inaktivt både i 2023 og 2024.</p>
Korleis selskapet tek samfunnsansvar	<p>Selskapet sine verdiar er verdighet, engasjement og oppriktigheit. Nokre av kantinene/verkstaden er/har vore miljøfyrtårn-sertifiserte og DEBIO-sertifiserte.</p> <p>Selskapet har framheva fire av FNs berekraftsmål som dei jobbar særskilt mot: god helse og livskvalitet, god utdanning, anstendig arbeid og økonomisk vekst og ansvarleg forbruk og produksjon.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet har opplevd store endringar i rammevilkår siste åra, med ein overgang frå skjerma sektor til tilnærma full konkurranse i alle ledd. Det er stor konkurranse om dei anbodsbaserte NAV-oppdragene, og selskapet har så langt ikkje nådd opp i konkurransen om tiltaksleveranse utover AFT-tiltaket (arbeidsførebuande trening).</p> <p>Selskapet er no i ein krevjande økonomisk situasjon, som dei arbeider med å betre. Selskapet har m.a. lagt ned deler av verksemda og gjennomført kostnadskutt. Selskapet har også tatt initiativ overfor fylkeskommunen om å skipe eit søsterselskap som kan halde fram med å tilby tenester som Beredt AS, som tiltaksleverandør overfor NAV, ikkje lenger har høve til å tilby. Skipingsmøte for Beredt inkludering AS vart gjennomført 07.10.24.</p>

	Beredt AS vil uansett kunne ha behov for kapitaltilførsel for å dekke forpliktingane sine, og revisor har konkludert med at det føreligg vesentleg usikkerheit knytt til framhald av drifta.
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p>I KU-PS 38/21 bestilte kontrollutvalet eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS. Eigarskapskontrollen, som framleis er under oppfølging, har m.a. resultert i at fylkeskommunen har vedteke ein felles eigarstrategi for arbeidsmarknadsbedriftene vi eig i.</p> <p><b>FT-PS 25/2024 Endring av selskapsstruktur:</b>      «Vestland fylkeskommune er positive til at arbeidsmarknadsverksemد Beredt AS ikkje lenger har høve til å drive med, vert vidareført eller etablert i eit anna/nytt selskap. Ein føresetnad for fylkeskommunal involvering i dette, er at det eksisterer eit samfunnsbehov for eit slikt breiare spekter av arbeidsmarknadstenester (utover å yte arbeidsførebuande trening og varig tilrettelagt arbeid for NAV) i Bergensområdet, som eksisterande tilbydarar i marknaden ikkje stettar fullt ut.</p> <p>2. Noko av målet med å opprette eit nytt Beredt-selskap er å kunne dra nytte av den eksisterande kompetansen og den opparbeidde erfaring som allereie ligg i Beredt AS til beste for samfunnet, slik at denne kompetansen ikkje forsvinn i samband med at Beredt AS har snevra inn verksemda si i tråd med krav frå NAV.</p> <p>3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren undersøke om det eksisterer eit behov i samfunnet for at eit nytt «Beredt-selskap» tilbyr eit breiare spekter av arbeidsmarknadstenester.</p> <p>4. Dersom undersøkingane syner eit samfunnsbehov for slike tenester, får fylkesdirektøren fullmakt til å gå starte opp ein prosess med sikte på skiping av eit slikt selskap. Som del av prosessen får fylkesdirektøren i oppgåve å undersøke kva som vil vere den mest føremålstenlege måten å etablere selskapet på, t.d. om fylkeskommunen sjølv skal skipe eit slikt selskap, eller om det bør gjennomførast som ei omstrukturering i eksisterande selskap. Det vil vere aktuelt å sjå nærmare på kva organisering som vil vere lovleg ut frå m.a. krav frå Nav, lovkrav i selskapslovgjevinga, rekneskapslovgjevinga og statsstøttereglane. Selskapet sine økonomiske føresetnader vil også ligge til grunn som ein viktig premiss for vurderinga, og det same vil omsynet til dei tilsette i selskapet.</p> <p>5. Dersom det er aktuelt for fylkeskommunen å sjølv skipe eit nytt selskap- eller ta direkte eigarskap i eit eksisterande, så vil det ligge til grunn som ei målsetjing at fylkeskommunen berre skal vere eigar av dette selskapet i ein oppstartsfase. Når selskapet er over i ein tilnærma normal driftsfase, vil fylkeskommunen sjå nærmare på om det vil vere føremålstenleg å legge eigarskapet til begge «Beredt-selskapa» i eit holding-selskap.»</p> <p><b>FT-PS 122/2024 Skiping av nytt Beredt-selskap – handsaming av vedtekter og kapitalinnskot:</b>      «1. Vestland fylkeskommune vedtek det vedlagte utkastet til vedtekter for selskapet og opprettar selskapet Beredt Inkludering AS med følgjande føremål:</p>

	<p>«Beredt Inkludering AS skal danne grunnlag for høyere deltagelse i utdannings- og arbeidslivet gjennom å tilby arbeidsmarkedstjenester overfor, og i nært samarbeid med offentlig- og privat næringsliv, herunder karriereveileitung og ekspertbistand. Selskapet kan også yte tjenester for folk som er rammet av sykdom, unge som står utenfor arbeidslivet og for arbeidsgivere som trenger bistand for å holde folk i arbeid. Selskapet skal yte administrative tjenester til Beredt AS».</p> <p>Fylkeskommunen sitt mål med skipinga er å nytte selskapet som eit verktøy i arbeidet for å nå samfunnspolitiske mål innan samfunnsutvikling. Selskapet skal ikkje dele ut utbytte til eigar.</p> <p>2. Vestland fylkeskommune skyt inn 30 000 kr i aksjekapital og 970 000 kr i startkapital i selskapet – til saman 1 mill. kr. Midlane vert henta frå fylkeskommunen sitt disposisjonsfond.</p> <p>3. Fylkeskommunen opprettar selskapet med eit langsiktig perspektiv i tankane. Eigarskapet skal følgjast opp i tråd med fylkeskommunen sitt system for eigarskapsforvaltning og fylkeskommunen sin eigarskapspolitikk. Dette inneber å ta stilling til eigarskapet årleg i samband med framlegging av eigarskapsmeldinga del II (rapportering) for fylkestinget.»</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
<b>Er vidareføring av fylkeskommunal eigarskap føremålstenleg?</b>	Eigarskapen er i tråd med eitt av fylkeskommunen sine vedtekne eigarskapsføremål - samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper.  Selskapet vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
<b>Tilråding</b>	Vidareføre eigarskapen

## Beredt inkludering AS

<b>Føremål</b>	Beredt inkludering AS skal danne grunnlag for høgre deltaking i utdannings- og arbeidslivet gjennom å tilby arbeidsmarknadstenester overfor-, og i nært samarbeid med offentleg- og privat næringsliv, herunder karriererettleiing og ekspertbistand. Selskapet kan også yte tenester for folk som av ulike grunner står utanfor arbeidslivet og for arbeidsgjeverar som treng bistand for å halde folk i arbeid. Selskapet skal yte administrative tenester til Beredt AS.	
<b>Etablert</b>	07.10.2024	
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Kr 30 000 fordelt på 300 aksjar. Vestland fylkeskommune eig 100 % av aksjane i selskapet.	
<b>Forretningskontor</b>	Nedre Nøttveit 12, 5238 Rådal	
<b>Regelverk</b>	Aksjelova m. fl.	
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter av 07.10.24.	
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført skipingsmøte i selskapet 07.10.24. Jon Askeland representerte fylkeskommunen i møtet.	
<b>Eigarmøte o.l.</b>		
<b>Valnemnd</b>	Nei	
<b>Val av styre</b>	Styret har tre aksjonærvalde styremedlemer med personlege varamedlemer, og to tilsettevalde styremedlemer med varamedlemer. Funksjonstida for dei tre aksjonærvalde styremedlemene er fire år om gongen. Funksjonstida for dei tilsettevalde er to år om gongen, og slik at berre to er på val til same tid.  Styret i Beredt Inkludering AS skal vere det same styret som i Beredt AS. Det er valet av styret i Beredt AS som er retningsgjevande for den gjennomgående representasjonen.	
<b>Styresamansetning</b>	<u>Styremedlemer 2024-2026 og 2026-2028:</u> Silja Ekeland Bjørkly (leiar) Nina Bognøy Lars Fjellstad	<u>Varamedlemer 2024-2026 og 2026-2028:</u> Trond Tystad Ingvill Kvalsnes Blom
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>		
<b>Revisor</b>	Førebels ikkje valt	
<b>Adresse</b>	Nedre Nøttveit 12, 5238 Rådal	

Kontaktperson	Dagleg leiar: Rune Soltvedt		
Telefon			
E-post	<a href="mailto:sol@beredt.no">sol@beredt.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter			
Driftsresultat			
Resultat etter skatt			
Totalkapitalrentabilitet			
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %			
Likviditetsgrad 1			
Eigenkapital i % (soliditet)			
Gjeldsgrad			
Økonomisk utvikling i tekst	<sup>21</sup>		
Viktige hendingar			
Korleis selskapet tek samfunnsansvar			
Viktige planar/utsikter for dei komande åra			
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p>FT-PS 25/2024 <i>Endring av selskapsstruktur</i>:</p> <p>«Vestland fylkeskommune er positive til at arbeidsmarknadsverksemd Beredt AS ikkje lenger har høve til å drive med, vert vidareført eller etablert i eit anna/nytt selskap. Ein føresetnad for fylkeskommunal involvering i dette, er at det eksisterer eit samfunnsbehov for eit slikt breiare spekter av arbeidsmarknadstenester (utover å yte arbeidsførebuande trening og varig tilrettelagt arbeid for NAV) i Bergensområdet, som eksisterande tilbydarar i marknaden ikkje stettar fullt ut.</p> <p>2. Noko av målet med å opprette eit nytt Beredt-selskap er å kunne dra nytte av den eksisterande kompetansen og den opparbeidde erfaring som allereie ligg i Beredt AS til beste for samfunnet, slik at denne</p>		

<sup>21</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepstolkning og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>kompetansen ikkje forsvinn i samband med at Beredt AS har snevra inn verksemda si i tråd med krav frå NAV.</p> <p>3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren undersøke om det eksisterer eit behov i samfunnet for at eit nytt «Beredt-selskap» tilbyr eit breiare spekter av arbeidsmarknadstenester.</p> <p>4. Dersom undersøkingane syner eit samfunnsbehov for slike tenester, får fylkesdirektøren fullmakt til å gå starte opp ein prosess med sikt på skiping av eit slikt selskap. Som del av prosessen får fylkesdirektøren i oppgåve å undersøke kva som vil vere den mest føremålstenlege måten å etablere selskapet på, t.d. om fylkeskommunen sjølv skal skipe eit slikt selskap, eller om det bør gjennomførast som ei omstrukturering i eksisterande selskap. Det vil vere aktuelt å sjå nærmare på kva organisering som vil vere lovleg ut frå m.a. krav frå Nav, lovkrav i selskapslovgjevinga, rekneskapslovgjevinga og statsstøttereglane. Selskapet sine økonomiske føresetnader vil også ligge til grunn som ein viktig premiss for vurderinga, og det same vil omsynt til dei tilsette i selskapet.</p> <p>5. Dersom det er aktuelt for fylkeskommunen å sjølv skipe eit nytt selskap- eller ta direkte eigarskap i eit eksisterande, så vil det ligge til grunn som ei målsetjing at fylkeskommunen berre skal vere eigar av dette selskapet i ein oppstartsfas. Når selskapet er over i ein tilnærma normal driftsfase, vil fylkeskommunen sjå nærmare på om det vil vere føremålstenleg å legge eigarskapet til begge «Beredt-selskapa» i eit holding-selskap.»</p> <p><i>FT-PS 122/2024 Skiping av nytt Beredt-selskap – handsaming av vedtekter og kapitalinnskot:</i></p> <p>«1. Vestland fylkeskommune vedtek det vedlagte utkastet til vedtekter for selskapet og opprettar selskapet Beredt Inkludering AS med følgjande føremål:</p> <p>«Beredt Inkludering AS skal danne grunnlag for høyere deltagelse i utdannings- og arbeidslivet gjennom å tilby arbeidsmarkedstjenester overfor, og i nært samarbeid med offentlig- og privat næringsliv, herunder karriereveiledning og ekspertbistand. Selskapet kan også yte tjenester for folk som er rammet av sykdom, unge som står utenfor arbeidslivet og for arbeidsgivere som trenger bistand for å holde folk i arbeid. Selskapet skal yte administrative tjenester til Beredt AS».</p> <p>Fylkeskommunen sitt mål med skipinga er å nytte selskapet som eit verktøy i arbeidet for å nå samfunnspolitiske mål innan samfunnsutvikling. Selskapet skal ikkje dele ut utbyte til eigar.</p> <p>2. Vestland fylkeskommune skyt inn 30 000 kr i aksjekapital og 970 000 kr i startkapital i selskapet – til saman 1 mill. kr. Midlane vert henta frå fylkeskommunen sitt disposisjonsfond.</p> <p>3. Fylkeskommunen opprettar selskapet med eit langsiktig perspektiv i tankane. Eigarskapet skal følgjast opp i tråd med fylkeskommunen sitt system for eigarskapsforvaltning og fylkeskommunen sin eigarskapspolitikk. Dette inneber å ta stilling til eigarskapet årleg i samband med framlegging av eigarskapsmeldinga del II (rapportering) for fylkestinget.»</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med

	eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
<b>Er vidareføring av fylkeskommunal eigarskap føremålstrenleg?</b>	Eigarskapen er i tråd med eitt av fylkeskommunen sine vedtekne eigarskapsføremål - samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper. Selskapet er nyleg skipa.
<b>Tilråding</b>	Vidareføre eigarskapen

## Gløde utvikling AS (konsern)

<b>Føremål</b>	<p>Gløde utvikling AS sitt føremål er å drive forretningsverksemد og utviklingsarbeid innan arbeidsinkludering – drift, utvikling og utleie av eigedommar – og drift og utvikling av datterselskap. Selskapet skal ikkje dele ut utbyte til eigarane, og eit eventuelt overskot frå eigedomsdrifta kan berre nyttast i attføringselskapet Gløde AS.</p> <p>Gløde utvikling AS eig 100 % av aksjane i Gløde AS.</p> <p>Gløde AS sitt føremål er arbeidsinkludering, kompetanseformidling og verksemد i samband med dette. Gjennom arbeid og tenester har selskapet målsetjing om å styrke den enkelte sin moglegheit til sjølv å oppnå måla sine. Målgruppa er personar som kan ha behov for avklaring, arbeidstrening, opplæring og hjelп til å komme ut i ordinært arbeid, eller personar som treng varig tilrettelagt arbeid.</p>
<b>Etablert</b>	16.12.1991
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Aksjekapitalen er på kr 3166 900 delt på 3166 900 aksjar á kr 1 kvar.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig 0,37 %<sup>22</sup> av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 11 841 kr. Andre eigarar er kommunane i Nordhordland, Sparebanken Vest, Nordhordland Næringslag, Norsk Hydro, Frank Mohn Flatøy og Equinor Mongstad, Norsk forbund for utviklingshemma (NFU) og enkeltpersonar. Alver kommune er den største aksjonæren (97,44 % eigardel).</p>
<b>Forretningskontor</b>	Alver kommune
<b>Regelverk</b>	Aksjelova, arbeidsmarknadslova, NAV-lova m. fl.
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter, sist endra 18.06.24.
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 18.06.24. Styreleiar Nils Marton Aadland representerte Vestland fylkeskommune på generalforsamlinga, med spesifisert stemmefullmakt.
<b>Eigarmøte o.l.</b>	Det var eigarmøte i selskapet 28.05.24, der selskapet orienterte om Gløde utvikling AS sin planlagde emisjon i Gløde AS.
<b>Val av valnemd</b>	Det skal vera valnemnd på tre til fem medlemmer vald for tre år. Ein til to medlemer står på val kvart år.
<b>Valnemd</b>	Valnemnda er samansett slik etter generalforsamlinga i 2024:  Sara Sekkingstad 2022-2025 Lars Barstad 2024-2026 Svein Arne Vabø 2024-2027
<b>Val av styre</b>	Selskapet skal leiast av eit styre på 6-8 medlemer, med 2 varamedlemer i rekkefølgje. Valperioden er normalt 2 år. Inntil 4 medlemer og éin vara kan vere på val kvart år, for å sikre kontinuitet i styret <sup>23</sup> . Styreleiar og nestleiar vert valde ved særskilt val. Tilsettrepresentantar, med éin

<sup>22</sup> Vestland fylkeskommune sin prosentvise eigardel gjekk ned frå 7,09 % til 0,37 % i 2023, i samband med at Alver kommune skaut inn 3 mill. kr i selskapet i byte mot fleire aksjar. Fylkeskommunen har vedteke å skyte inn 200 000 kr i selskapet og vil såleis få om lag den same prosentvise eigardelen som før.

<sup>23</sup> Lagt til på generalforsamlinga i 2024 i form av ei vedtektsendring.

	personleg varamedlem, vert valde i samsvar med reglane i aksjelova. Ein representant frå tiltaksdeltakarane som er i varige tiltak skal i tillegg veljast som observatør i styret, med møte- og forslagsrett.		
Styresamansetning	<u>Styremedlemer (etter val i 2024):</u> Nils Marton Aadland (leiar til 2025) Rolf Svendsen (nestleiar til 2026) Åshild Aamli (til 2025) Ingeborg Vangdal (til 2026) Arne Normann (VLFK, til 2026) Anne Grete Eide (til 2025) Ivar Langenes (tilsetterep.) Svein Skjellanger (for tiltaksdeltakarane, med møte og forslagsrett)	<u>Varamedlemer (etter val 2024):</u> 1. Sølvi N. Gripsgård Knudsen (til 2025) 2. Thore Eugen Hansen (VLFK, til 2026)	Vara tilsetterep.: Atle Håuft Vara for rep. tiltaksdeltakarane: Anne Grete Tvedt
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: kr 50 000 per år. Nestleiar: kr 30 000 per år. Styremedlem: kr 2000 per møte. Styregodtgjersla gjeld arbeid for både mor- og datterselskap.  Gløde utvikling AS (holdingselskapet) har ikkje eigne tilsette, etter at dei tilsette vart overførte til Gløde AS i 2022. Løn og andre ytingar til dagleg leiar i datterselskapet Gløde AS 2023: 980 796 kr.		
Fylkeskommunalt lån	Nei.		
Revisor	Vestlandsrevisjon (valt på GF i 2024)		
Adresse	Havnevegen 11-15, 5918 Frekhaug		
Kontaktperson	Dagleg leiar: Thomas Knudsen		
Telefon	56 17 58 00		
E-post	<a href="mailto:post@glode.no">post@glode.no</a> ; <a href="mailto:thomas.knudsen@glode.no">thomas.knudsen@glode.no</a>		
Nettstad	<a href="http://www.glode.no">www.glode.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	3 128	3 382	29 081
Driftsresultat	255	167	-2 009
Resultat etter skatt	5	-3 412	-2 351
Totalkapitalrentabilitet	2	1	-6
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	2	-81	-33
Likviditetsgrad 1	8,6	3,5	2,4
Eigenkapital i % (soliditet)	24	12	20
Gjeldsgrad	3	8	4

<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste år hatt tilfredsstillende likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>24</sup> .
<b>Viktige hendingar</b>	<p>I ei ekstraordinær generalforsamling i 2023 gjekk Alver kommune inn med tre millionar kroner i utvida aksjekapital, noko som auka kommunen sin eigardel til 97 % av aksjane, og samstundes reduserte andre eigarar sin prosentvise eigardel. Intensjonen med kapitalinnskotet var å tilføre kapital til datterselskapet Gløde AS, som hadde svak økonomi og behov for utvida kapital. Gløde utvikling AS har overført midlane til datterselskapet i 2024, i form av ein emisjon i Gløde AS på tre millionar kroner.</p> <p>Gløde utvikling AS leiger ut lokale til Gløde AS. Gløde utvikling AS har eigd bygget saman med Alver kommune og Frekhaug tannklinikks AS sidan oppføringa i 2007, og har nyleg oppretta eit sameige som skal eige og drifta bygget.</p> <p>Gløde AS er NAV-godkjent tiltaksarrangør for Varig tilrettelagd arbeid (VTA) og Arbeidsførebuande trening (AFT) og har i snitt 80 personar i ulike tiltak (14 av desse i kommunalt finansierte tiltaksplassar). Selskapet har også lærlingar og lærekandidatar i praksis. Interne arbeidsarenaer er m.a. produksjon av varer i tre, metall, glas, pakking og logistikk, vaktmeistertenester, catering, pakking og utkøyring av jobbfrukt.</p> <p>I 2023 starta Gløde AS med opplæring av VTA/AFT-deltakarar i programmering og software, og tilbyr no tenester innan software til næringslivet. NAV øyremerkte to nye og mellombelse VTA-plassar til dette i 2023.</p>
<b>Korleis selskapet tek samfunnsansvar</b>	<p>Selskapets verdigrunnlag er teke inn i vedtekten for selskapet (11.06.19).</p> <p>Det vert arbeida for å forhindre diskriminering som følgje av nedsett funksjonsevne, seksuell legning, etnisitet, nasjonalt opphav, hudfarge, religion og livssyn. Dette omfattar bl.a. rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, forfremming, utviklingsmoglegheiter og vern mot trakassering. Selskapet har retningslinjer som forbryr forskjellsbehandling grunna kjønn.</p> <p>Selskapet vart sertifisert som miljøfyrtårn i mars 2019, og ISO-sertifisert i september 2019.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Selskapet registrerer ei auke i omsetnaden dei første månadane i 2024, samanlikna med tal for 2023, grunna auke i oppdrag frå selskapet sin største enkeltkunde. Selskapet har også fått eit nytt pakkeoppdrag og er tildelt to nye VTA-plassar frå NAV også i 2024. Selskapet sine utsikter for dei komande åra vert skildra som god.
<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	<p>I KU-PS 38/21 bestilte kontrollutvalet eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS. Eigarskapskontrollen, som framleis er under oppfølging, har m.a. resultert i at fylkeskommunen har vedteke ein felles eigarstrategi for arbeidsmarknadsbedriftene vi eig i.</p> <p>FU-PS 204/2023: «1. Fylkesutvalet gjev fylkeskommunen sin eigarrepresentant instruks</p>

<sup>24</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepstolkning og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>om å støtte Alver kommune si nytteikning av aksjar i Gløde Utvikling AS på ekstraordinær generalforsamling 26.09.23.</p> <p>2. Vestland fylkeskommune deltek i kapitalutvidinga med 200 000 kr, på eit seinare tidspunkt i haust, såframt dette ikkje kjem i strid med reglane om offentleg støtte. Midlane skal takast frå fylkeskommunen sitt disposisjonsfond. Fylkesutvalet ber fylkesdirektøren om å vurdere kapitaltilførselen opp mot reglane om offentleg støtte, og dersom tilførselen let seg gjennomføre gjev fylkesutvalet fylkesdirektøren fullmakt til å gjere endeleg vedtak i saka og til å gjennomføre den eventuelle nytteikninga.»</p>
Mål med eigarskapen	<p>Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.</p>
Er fylkeskommunalt eigarskap framleis føremålistenleg?	<p>Eigarskapen er i tråd med eitt av fylkeskommunen sine vedtekne eigarskapsføremål - samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper.</p> <p>Arbeidsmarknadsbedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

## Hardanger AKS AS

<b>Føremål</b>	Hardanger AKS er ei kompetanseverksemder arbeidsinkludering og opplæring er den primære målsettinga. Verksemda skal bidra til å auke opplevinga av eigen livskvalitet for alle tilsette og skape eit inkluderande miljø for læring og kvalifisering gjennom målretta og metodisk rettleiing, deltaking og opplæring innan produksjon av varer og tenester. Verksemda skal styrke den enkelte sin moglegheit i det ordinære arbeidslivet, og skapa varige arbeidsplassar for dei som ikkje kan gjera seg nytte av ordinære arbeidstilbod.	
<b>Etablert</b>	07.08.1987	
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Aksjekapitalen er på kr 291 000 delt på 291 aksjar à kr 1000 kvar.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig om lag 40,2 % av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 117 000 kr. Andre aksjonærar er Kvam herad og Samnanger kommune.</p>	
<b>Forretningskontor</b>	Kvam herad	
<b>Regelverk</b>	Aksjelova, arbeidsmarknadslova, NAV-lova	
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter sist endra på ekstraordinær generalforsamling 03.07.20.	
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 10.06.24. Jon Askeland deltok for Vestland fylkeskommune på generalforsamlinga.	
<b>Eigarmøte o.l.</b>		
<b>Val av styre</b>	Styret skal ha minst fem styremedlemer. Av desse skal éin vere vald av og blant dei tilsette. Det skal veljast to varamedlemer – éin for den tilsettevalde medlemen og éin for dei andre. Styret sin leiar og nestleiar skal veljast særskilt.	
<b>Valkomite</b>	Per Jarle Valvatne (VLFK) Torgeir Næss (Kvam herad)	
<b>Styresamansettning</b>	<u>Styremedlemer etter val i 2024:</u> Jan Øyri (leiar) Torunn Torpe (nestleiar) Hermond Mundheim (VLFK) Sondre Helgesen Anne Nyhus (tilsetterep.)	<u>Varamedlemer:</u> Knut Harald Frøland Atle Bredesen (tilsetterep.)
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	Styreleiar: kr 31 700 kr per år. Styremedlem: 2700 kr per møte.  Samla styregodtgjersle i 2023: 87 000 kr.  Løn til dagleg leiar i 2023: 806 937 kr.	
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.	

Revisor	Revisor Lars Klyve AS		
Adresse	Sjusetevegen 67, 5610 Øystese. Frå og med april 2025: Dalatunvegen 40, 5600 Norheimsund		
Kontaktperson	Administrasjonsleiar: Ona M. Waage		
Telefon/faks	56 55 01 60		
E-post	<a href="mailto:firmapost@hardangeraks.no">firmapost@hardangeraks.no</a> ; <a href="mailto:ona@hardangeraks.no">ona@hardangeraks.no</a>		
Nettstad	<a href="http://www.hardangeraks.no">www.hardangeraks.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	20 765	20 632	18 849
Driftsresultat	-1 915	327	608
Resultat etter skatt	-2 298	59	322
Totalkapitalrentabilitet	-13	2	4
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	-36	1	8
Likviditetsgrad 1	1,4	1,7	1,8
Eigenkapital i % (soliditet)	38	49	49
Gjeldsgrad	2	1	1
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Selskapet har tilfredsstillande likviditet, ikkje tilfredsstillande lønsemd og god soliditet<sup>25</sup>.</p> <p>Det er verdt å merke seg at om lag 1,3 mill. kr av tapet er knytt til nedskriving av verdi på eigedom. I denne samanheng har selskapet brukt verditakst frå meklar. Knytt til denne nedskrivinga har revisor tatt etterhald, fordi det ikkje er brukt riktig metode for verdiutrekninga. Det er difor usikkerheit knytt til nedskrivingsbeløpet.</p>		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Selskapet har følgjande produksjonseiningar: Vaskeri, treavdeling, vedavdeling, serviceavdeling, kjøken og kantine, og transport og logistikk. Per 31.12.23 var 68 personar (tilsvarande 62 fulle plassar) tilknytte attføringsbedrifa i ulike tiltak. Tiltaka Arbeidsførebuande trening (AFT) og Varig tilrettelagd arbeid (VTA) utgjer 53 årsverk. Selskapet har også hatt tiltaksdeltakarar/tilsette innan dei to tiltaka varig og mellombels lønstilskot (VLT og MLT), men per 31.12.23 hadde dei ingen på MLT. Dei siste åra har selskapet registrert eit aukande behov for arbeidstrening til unge elevar frå vidaregåande skule som ikkje kan følgje ordinær</p>		

<sup>25</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>undervisning. I 2023 har selskapet hatt tilbod om arbeidstrening til fire elevar. Selskapet har også tilbydd sommarjobb til to ungdommar i samarbeid med Barnevernet i Kvam kommune.</p>
Korleis selskapet tek samfunnsansvar	<p>Næringslivets Sikkerheitsorgan (NSO) hadde sin årlege gjennomgang av selskapet sine produksjonsanlegg i juni 2019. Det vart ikkje registrert avvik og verksemda forureinar ikkje det ytre miljø. Selskapet arbeider aktivt med helse-, miljø og tryggleik i verksemda, og arbeider for å vere ein god nabo – både for folk og natur rundt dei.</p> <p>Selskapet har sokelys på god kjønnsfordeling blant dei tilsette og i leiargruppa.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet har vore i ein krevjande økonomisk situasjon over lengre tid. Staten si årlege justering av satsar for arbeidsmarknadstiltak har vore monaleg mindre enn den generelle kostnads- og lønsauka samfunnet, og dette er noko selskapet likevel merkar, saman med anna kostnadsauke selskapet ikkje har høve til å påverke. Selskapet har iverksett fleire tiltak i løpet av 2023 og har også redusert talet tilsette. På bakgrunn av dette forventar selskapet positivt resultat i 2024.</p> <p>Selskapet har behov for nytt lokale, og som det går fram av sakene skildra i feltet under så har eigarane nyleg vedteke å finansiere flytting av verksemda til eit nytt og meir eigna bygg for verksemda. Flytteprosessen starta opp 01.10.24 og er planlagt gjennomført til 01.04.25.</p> <p>Selskapet viser til at det er vanskeleg å få fleire statlege VTA plassar, og Kvam herad har avtale om kjøp av 14,6 VTA-plassar og Samnanger kommune 3, slik at flest mogleg kan få eit tilbod i påvente av statleg plass. Per 31.12.23 hadde selskapet sju personar på venteliste for statleg VTA-plass, og fem av desse har fått tilbod om kjøpt 50 % plass.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p>I KU-PS 38/21 bestilte kontrollutvalet eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS. Eigarskapskontrollen, som framleis er under oppfølging, har m.a. resultert i at fylkeskommunen har vedteke ein felles eigarstrategi for arbeidsmarknadsbedriftene vi eig i.</p> <p>FT-PS 38/23 <i>Søknad om kapitalinnskot frå Hardanger AKS AS:</i> Saka vert utsett. Fylkesutvalet får fullmakt til å gjere vedtak i saka.</p> <p>FT-PS 82/24 <i>Handsaming av Hardanger AKS AS sin søknad om støtte til dekning av flyttekostnader – opning i regelverket for å tildele:</i></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Fylkeskommunen tilfører Hardanger AKS AS midlar tilsvarende 40,2 prosent av det omsøkte eingangsbeløpet til dekking av flyttekostnader, om lag 3,6 mill. kr, dersom dei andre eigarane gjer tilsvarende vedtak.</li> <li>2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å gjere endeleg tildelingsvedtak, inkludert vilkår for bruken i tråd med søknaden og basert på fylkeskommunen sin tilskotspolitikk når det gjeld rapportering og kontrollering av at midlane vert brukt som omsøkt.</li> </ol>

	Etter å ha fått stadfesta at det ikke gjorde seg gjeldande etterhald vedtok fylkesdirektøren, den 02.08.24, følgjande: «Vestland fylkeskommune tilfører Hardanger AKS AS midlar tilsvarende 40,2 prosent av det omsøkte eingangsbeløpet til dekking av flyttekostnader i samband med at verksemda skal flyttast til nye lokale. Løyvd beløp er 3 618 000 kr (40,2 prosent av det samla søknadsbeløpet på 9 000 000 kr)».
<b>Mål med eigarskapen</b>	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
<b>Gjer fylkeskommunal eigarskap seg framleis føremålstenleg?</b>	Eigarskapen er i tråd med eitt av fylkeskommunen sine vedtekne eigarskapsføremål - samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper.  Arbeidsmarknadsbedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
<b>Tilråding</b>	Vidareføre eigarskapen.

## Movia Holding AS

<b>Føremål</b>	<p>Movia Holding AS sitt føremål er å eige aksjar i selskap som driv praktisk opplæring, produksjon, handel og anna tenesteytande arbeid ved bruk av arbeidskraft rekruttert blant personar som varig, eller mellombels ikkje er i stand til å utføre arbeid i den ordinære arbeidsmarknaden, eller som har aktivitetstilbod til personar med særskilde behov. Selskapet kan òg eige aksjar i selskap med liknande formål som beskrive, og dessutan selskap som eig og forvaltar eigedommar som har til hovudformål å dekke behovet for aktiviteten beskrive ovanfor. Selskapet skal ikkje ha erverv til formål og skal ikkje dele ut utbytte, erverve eigne aksjar, gjennomføre kapitalnedsetjingar med utdeling til aksjeeigarane, eller på annan måte gjere utdelingar til aksjeeigarane, med unntak av det som kjem fram av vedtekten. Aksjeutbytte, eller annan avkasting, det aktuelle året, eller historisk, frå datterselskap Movia Eigedom AS, Movia Utvikling AS eller Movia Formidling AS, skal berre nyttast til finansiering og sikring av drifta i Movia Formidling AS.</p> <p>Movia holding eig datterselskapa Movia formidling AS, Movia utvikling AS og Movia Eigedom AS.</p> <p>Movia formidling AS sitt føremål er attføring gjennom å kartlegge og avklare arbeidsevne, kvalifisere arbeidstakrar og legge til rette arbeid for personar som på kort og lang sikt ikkje kan gjere seg nytte av ordinære arbeidstilbod. I dette arbeidet nyttar selskapet eigne produksjonsavdelingar eller samarbeider med den ordinære arbeidsmarknaden.</p> <p>Movia utvikling AS driv meir kommersielle arbeidsmarknadstenester. Movia eigedom AS eig, forvaltar og leiger ut eigedom. Eigedomane skal først og fremst nyttast innan konsernet.</p>
<b>Etablert</b>	Konsernet og datterselskapa slik dei er no vart skipa gjennom omorganisering i 2021. Fylkeskommunen var tidlegare eigar i In Via AS, etablert i 18.04.1977.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Aksjekapitalen til Movia holding AS er 385 000 kr fordelt på 385 000 aksjer à 1 kr.</p> <p>Fylkeskommunen eig 44 415 aksjar, og derfor om lag 11,5 % av selskapet. Gloppen kommune er største aksjonären med 275 341 aksjar. Andre eigarar er Stad kommune, Stryn kommune, Kinn kommune, Volda kommune, NFU Gloppen, Sparebanken Sogn og Fjordane, Høyanger kommune og Bremanger kommune.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Gloppen kommune
<b>Regelverk</b>	Aksjelova, lov om arbeidsmarknadstenester, lov om folketrygd, NAV-lova. m. fl.
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter, vedtekne 19.11.2021 og sist endra 31.05.23. Eigarane har inngått aksjonæravtale seg imellom, som m.a. gir minoritetsaksjonærane

	nokre fleire rettar enn eigardelane skulle tilseie, for å vidareføre noko av eigarbalansen som eksisterte i dei samanslegne selskapa.
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 31.05.24. Oddmund Klakegg representerte fylkeskommunen, med fullmakt.
Eigarmøte o.l.	
Valkomité	<p>Selskapet skal ha ein valkomité med tre medlemer. Følgjande vart valde på ordinær generalforsamling i 2023:</p> <p>Ordførar i Gloppen kommune (leiar)      Ordførar i Stryn kommune      Ordførar i Stad kommune</p> <p>Ordninga med valkomité er vedteken på generalforsamlinga i november 2022, men er ikkje vedtektsfesta.</p>
Val av styre	<p>Det er felles styre for alle selskapa. Styret består av åtte medlemer med personlege varamedlemer. To av styremedlemene representerer dei tilsette i konsernet. Alle styremedlemene vert valde for to år om gongen, med unntak av val gjennomført i 2024 der fire av styremedlemene vert valde for eitt år. Styreleiar- og nestleiarvervet er på val kvart år.</p> <p>Ifølgje aksjonæravtalen skal Gloppen kommune ha rett til å føreslå fire styremedlemer med vara (så lenge kommunen eig minst 50 % av aksjane i selskapet), og dei andre eigarane to styremedlemer med vara i fellesskap. Gloppen kommune har i tillegg rett til å føreslå styreleiar og nestleiar.</p>
Styresamansettning	<p>Styremedlemer (felles for alle selskapa i konsernet):</p> <p>For perioden 2024 – 2025:      1. Marit Elisabeth Larssen (leiar)      2. Ina Therese Solvang      3. Evy Ann Hunskår Rusdal      4. Bente Borghild Underthun</p> <p>For perioden 2024 - 2026:      5. Arnfinn Jørgen Brekke (nestleiar)      6. Lisbeth Stensaker      7. Marilyn Osmundsvåg      8. Anita Linda Pettersen Almskår</p> <p>Varamedlemer 2024-2025:</p> <p>1. Alf Erik Røyrvik      2. Olav Rune Hole      3. Svein Sørland      4. Terje Håheim</p> <p>5. Maria Tykhelle Kayser      6. Dagfinn Nyhammer      7. Astrid Grete Torheim      8. Rolf Olav Tenden</p>
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Generalforsamlinga handsama sak om styregodtgjersle på generalforsamlinga i 2024, og valde å gå over til følgjande faste satsar:</p> <p>Styreleiar: 47 500 kr i året (5 % auke).      Nestleiar: 23 750 kr i året (halve godtgjersla til leiar)      Styremedlemer: 15 850 kr (ein tredjedel av godtgjersla til leiar).      Varamedlemer: 2100 kr per møte (5 % auke)</p>

	<p>Det er krav om minst 50 % deltaking i møte for å få utbetalt den faste godtgjersla.</p> <p>Styret har vanlegvis seks møte i året, inklusiv generalforsamlinga og eit årleg styreseminar. Samla styregodtgjersle i 2023 var 155 000 kr (noko høgare enn vanleg grunna fleire enn seks møte). Endringane i 2024 medfører at samla styregodtgjersle for 2024 vil kome på om lag 166 000 kr per år.</p> <p>Løn dagleg leiar i konsernet: 928 116 kr inklusiv diett, køyregodtgjersle og skattepliktige naturalytingar.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Nei		
Revisor	BDO AS		
Adresse	Postboks 122, 6821 Sandane.		
Kontaktperson	Dagleg leiar: Øyvind Hervik		
Telefon	909 82 295		
E-post	oyvind.hervik@movia.no		
Nettadresse	<a href="https://movia.no/">https://movia.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	0	0	0
Driftsresultat	-52	-79	-14
Resultat etter skatt	-10	286	-14
Totalkapitalrentabilitet	0	4	-12
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	0	4	-88
Likviditetsgrad 1	0,9	0,8	2,1
Eigenkapital i % (soliditet)	97	98	13
Gjeldsgrad	0	0	7
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Selskapet har svak likviditet, ikkje tilfredsstillande lønsemd og særskilt god soliditet <sup>26</sup> .		

<sup>26</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepstolkning og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillende soliditet, medan lønnsemda og likviditeten ikkje er tilfredsstillande.</p> <p>Selskapet oppgjev uventa høg reguleringspremierrekning frå KLP, høgt sjukefråvær og auka utgifter til vikarar, og at fleire av dei kostnadsreduserande tiltaka ikkje får effekt før i slutten av 2024, som hovudårsak til at dei ikkje leverte positivt resultat i 2023.</p>
Viktige hendingar	<p>Movia Holding AS er eit konsern som har blitt til dei seinare åra gjennom ei omfattande omorgansering. Fylkeskommunen har blitt eigar av konsernet gjennom sitt eigarskap i tidlegare In Via AS. I 2023 har det nye konsernet arbeidd med å utvikle felles rutinar, kultur og identitet.</p> <p>Selskapet samarbeider med Sogneprodukt, Origod og A2G om å levere tiltaket Arbeidsretta rehabilitering og leverte felles tilbod på dette tiltaket hausten 2023. Tiltaket har ei ramme på 15-20 plassar og varar fem år.</p> <p>I 2023 har selskapet også gjennomført ei satsing på it-systema sine for å møte krava til sikker drift, personvern og digital samhandling med NAV og deltagarane.</p> <p>Avdelingane har hatt stor aktivitet, og selskapet viser til gode attføringsresultat i 2023 med ein formidlingsgrad til arbeid/utdanning på over 72 % i tiltaket Arbeidsførebuande trening (AFT). Dette er tredje beste resultat i landet for arbeidsmarknadsbedriftene i NHO arbeid og inkludering og godt over kravet på 50 % frå NAV. Vidare har 80 % av deltagarane i Arbeidsretta rehabilitering fått positive resultat. Nokre av kommunane kjøper også tiltaksplassar og liknande.</p> <p>Av flyktningane selskapet har følgd opp i introduksjonsprogrammet i 2023 kom 73,7 % seg i arbeid/utdanning.</p> <p>Selskapet sitt vaskeri har vunne anbodskonkurranse om levering av vaskeritenester til Gloppe kommune og begge vaskeria har fått A+ basert på bransjestandardar og diplom for eksemplarisk utføring femte år på rad.</p>
Korleis selskapet tek samfunnsansvar	<p>Selskapet sin visjon er «meirverdi for menneske og samfunn», gjennom at selskapet sine handlingar, og tenestene selskapet leverer, skal ha ein positiv effekt og vere til nytte både for enkeltpersonar og samfunnet som eit heile. Verdiane er «likeverd, kompetanse og engasjement».</p> <p>I løpet av 2023 har selskapet fått på plass ny kvalitetspolitikk, som m.a. omhandlar klima og miljø, berekraft og miljøprofil, og nye etiske retningsliner. Selskapet har også fått sluttført arbeidet med ny HMS-handbok og personalbok.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Tjuetjuetre var første heile driftsår for Movia-konsernet, og året har vore krevjande økonomisk grunna høg løns- og prisvekst, krav om pensjon på VTA-løna og krav om bedriftshelseteneste til alle. Auken i krav er i følgje selskapet ikkje på langt nær kompensert med auka tilskotssatsar eller prisar på varene og tenestene til selskapet. Selskapet har gjennomført kostnadskontroll i 2023, for å sjå på moglege kostnadskutt. Selskapet har også gjennomført ei organisasjonsendring for meir effektiv drift.</p>

	Selskapet framhevar kor viktig det er å halde på den rette kompetansen og tilstrekkeleg med ressursar, for å vere i stand til å halde fram med å vinne anbodskonkurransar og å halde på den gode relasjonen og leveransekkvaliteten overfor NAV. Vidare å arbeide for å snu trenden med nedgang i lærlingar og lærekandidatar til bedifta.
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	I KU-PS 38/21 bestilte kontrollutvalet eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS. Eigarskapskontrollen, som framleis er under oppfølging, har m.a. resultert i at fylkeskommunen har vedteke ein felles eigarstrategi for arbeidsmarknadsbedriftene vi eig i.
Mål med eigarskapen	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Eigarskapen er i tråd med eitt av fylkeskommunen sine vedtekne eigarskapsføremål - samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper.  Arbeidsmarknadsbedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

## Kveik AS (konsern)

<b>Føremål</b>	<p>Kveik AS sitt føremål er å, med ein inkluderande og open kultur, skape grunnlag for attføring av arbeidstakarar, og dessutan etablere berekraftige tiltakslassar, slik at alle aktørar i arbeidslivet, pårørande og samfunn, ser verdien i selskapet sitt arbeid. Som eit ledd i attføringsverksemda kan selskapet delta i andre selskap, drive formidling av arbeidskraft og utleige av tilsette og fast eigedom.</p> <p>Kveik AS eig 100 % av aksjane i Kveik formidling AS.</p> <p>Kveik formidling AS sitt føremål er å, med ein inkluderande og open kultur, skape grunnlag for attføring av arbeidstakarar, og dessutan etablere berekraftige tiltakslassar, slik at alle aktørar i arbeidslivet, pårørande og samfunn, ser verdien av selskapet sitt arbeid. Attføring eller varig tilrettelagt arbeid skal vere selskapet si primære verksemde.</p>	
<b>Etablert</b>	April 1973	
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Aksjekapital: 2 785 000 kr</p> <p>Fylkeskommunen eig 650 aksjar (23,34 % av selskapet).</p> <p>Den største aksjeeigaren er Voss herad (71,42 %). Andre eigarar er Ulvik herad, private verksemder og bankar.</p>	
<b>Forretningskontor</b>	Voss herad	
<b>Regelverk</b>	Aksjelova, arbeidsmarknadslova og NAV-lova m. fl.	
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter	
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 29.05.24. Oddmund Klakegg representerte fylkeskommunen, med fullmakt.	
<b>Valnemnd</b>	<p>Selskapet har valnemnd, og denne vert valt av generalforsamlinga. Valnemnda er per i dag samansett av:</p> <p>Linda Merkesdal (VLFK) Tonje Såkvitne (Voss herad)</p>	
<b>Val av styre</b>	Styret skal ha fem medlemer med inntil to varamedlemer. Fire av medlemene og ein av varamedlemene vert valt av generalforsamlinga. Ein medlem med varamedlem vert valt av dei tilsette. Medlemene sin funksjonstid er to år.	
<b>Styresamansetning</b>	<u>Styremedlemer:</u> Styreleiar: Sigbjørn Hauge (2023-2025) Styremedlem: Kari Hernes (2023-2025) Styremedlem: Marit Wæhle (2024-2026) Styremedlem: Arne Nordbø (2024-2026) Tilsettrepresentant: Andrea Aspen	<u>Varamedlemer:</u> Einar Horvei (2023-2025)
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	Satsar for styregodtgjersle vedtekne på generalforsamlinga i 2024: Styreleiar: 96 000 kr Styremedlem: 36 000 kr	

	(Nestleiar, dersom styret seinare utpeiker: 18 000 kr i tillegg til satsen for styremedlem)  Samla styregodtgjersle i 2023: 227 000 kr.  Løn til dagleg leiar i 2023: 980 000 kr.		
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	RSM Norge AS		
Adresse	Brynaskogen 2, 5705 Voss		
Kontaktperson	Dagleg leiar: Turid Midthun		
Telefon	56 52 08 60		
E-post	<a href="mailto:firmapost@kveikarbeidsliv.no">firmapost@kveikarbeidsliv.no</a> ; <a href="mailto:turid@kveikarbeidsliv.no">turid@kveikarbeidsliv.no</a>		
Nettstad	<a href="http://www.kveikarbeidsliv.no">www.kveikarbeidsliv.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	5 808	19 544	20 820
Driftsresultat	-1 277	-8	1 440
Resultat etter skatt	-1 546	-223	1 310
Totalkapitalrentabilitet	-6	0	6
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	-10	-1	9
Likviditetsgrad 1	1,2	1,1	3,1
Eigenkapital i % (soliditet)	66	66	64
Gjeldsgrad	1	1	1
Økonomisk utvikling i tekst	Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillende likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>27</sup> .  Selskapet viser til at 2023 har vore krevjande økonomisk, grunna omorganisering av verksemda.		
Viktige hendingar	Kveik AS og Kveik formidling AS er arbeids- og inkluderingsverksemder som leverer ulike arbeidsretta tiltak for NAV på Voss, i Vaksdal og deler av Hardanger. Kveik AS hadde 50 års-jubileum i 2023.  Kveik formidling AS leverer tre arbeidsretta tiltak for NAV: AFT (arbeidsførebuande trening), VTA (varig tilrettelagt arbeid) og grønt arbeid - til saman 54 tiltakslassar. I tillegg kjøper Voss herad nokre private plassar. Interne arbeidsarenaer er m.a. catering, jobbfrukt,		

<sup>27</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrevsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>vaktmeistertenester, trearbeid, monteringsarbeid, arbeid innan helsesektoren, IT-arbeid og grøntarbeid (ulike typar gardsarbeid på Eide gard i Tørvikbygd). Formidlingsprosenten til arbeid/utdanning i AFT-tiltaket ligg på 50 %, og selskapet viser til at dei ved fleire høve er i topp 10 på landsbasis når det gjeld formidling i AFT-tiltaket.</p> <p>Kveik AS er underleverandør for A2G i Bergen på anbodstiltaka: Arbeidsretta rehabilitering og Avklaring. Når det gjeld avklaringstiltaket, samarbeider selskapet med Oddaprodukt AS og Hardanger AKS. Kveik AS leverer også Ekspertbistand – ei NAV-finansiert kostnadsfri teneste for arbeidsgjevarar som ein del av IA-avtalen.</p> <p>Kveik AS vart omorganisert til dei to selskapa i 2022, som følgje av krav frå NAV til drift av førehandsgodkjente tiltakspllassar. Desse tiltakspllassane skal ligge i eit eige selskap og Kveik formidling AS vart etablert til dette føremålet.</p> <p>Selskapa viser til store utfordringar med å få ei sunn drift i 2023, etter gjennomført omorganisering, men er positive for framtida.</p>
<b>Korleis selskapet tek samfunnsansvar</b>	<p>Kveik AS har etiske retningslinjer som er innlemma i personalhandboka. Dei etiske retningslinjene ligg på nett her: <a href="https://kveikarbeidsliv.no/etiske-retningslinjer/">https://kveikarbeidsliv.no/etiske-retningslinjer/</a></p> <p>Selskapet er Equass-sertifisert (European Quality in Social Services) for 2018-2021.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Ombygging av rom for Jobbfrukt vil ha høg prioritet framover, medan vidare planar om ombygging med omsyn til catering, er sett på vent. Selskapet har elles eit tenleg hus og det ligg ikkje til rette for større investeringar i 2024.</p> <p>Prioriterte oppgåver framover er å få ei sunn drift i selskapet etter ei svært krevjande omorganisering. Dette ved total gjennomgang av alle avtalar, og elles fordelingar mellom selskapa. Alle interne arenaer skal evaluerast og vurderast. Selskapet har oppretta to nye prosjekt, eitt av dei innan IT med tanke på unge brukarar, og eit av dei for å kunne tilby tenester inn mot helsesektoren.</p>
<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	I KU-PS 38/21 bestilte kontrollutvalet eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS. Eigarskapskontrollen, som framleis er under oppfølging, har m.a. resultert i at fylkeskommunen har vedteke ein felles eigarstrategi for arbeidsmarknadsbedriftene vi eig i.
<b>Mål med eigarskapen</b>	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Eigarskapen er i tråd med eitt av fylkeskommunen sine vedtekne eigarskapsføremål - samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper.  Arbeidsmarknadsbedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
<b>Tilråding</b>	Vidareføre eigarskapen

## Opero Holding AS

<b>Føremål</b>	<p>Selskapet eig datterselskapa Opero AS, Opero Pluss AS og Ås Barnehage AS. Selskapet sitt føremål er å leige ut fast eide dom til datterselskapa, og det som har ei naturleg tilknyting til dette.</p> <p>Selskapet har ikkje økonomiske føremål, og det skal ikkje delast ut utbytte. Eit eventuelt overskot skal bli verande i verksemda og kome føremålet til gode.</p>	
<b>Etablert</b>	10.10.1978 (Opero AS). I 2020 omorganisert til konsern med mor- og tre datterselskap.	
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Aksjekapitalen er 1 755 000 kr.</p> <p>Fylkeskommunen eig 292 aksjar á 1000 kr. Dette utgjer 16,64 % av den samla aksjekapitalen.</p> <p>Andre eigarar er m.a. Stord kommune (28 %), Bømlo kommune (19,3 %), Kvinnherad kommune (12,9 %), Sveio kommune (6,44 %), Fitjar kommune (6 %), Tysnes kommune (3,31 %) og Vindafjord kommune (1,6 %).</p> <p>Selskapet har også private verksemder som aksjonærar.</p>	
<b>Forretningskontor</b>	Stord kommune	
<b>Regelverk</b>	Aksjelova, arbeidsmarknadslova, NAV-lova, lov om fagopplæring m.fl.	
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter, sist endra 15.05.24.	
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 15.05.24. Stian Jean Opedal Davies representerte fylkeskommunen i møtet.	
<b>Eigarmøte o.l.</b>	Selskapet kalla inn til eigarmøte 31.01.24, men dette vart avlyst fordi mange ikkje kunne.	
<b>Valnemnd</b>	Stord kommune, Bømlo kommune og Vestland fylkeskommune sine, til ei kvar tid, valde representantar utgjer selskapet si valnemnd. Stord kommune har ansvaret for at nemnda vert samankalla.	
<b>Val av styre</b>	Styret skal ha fire til seks medlemer og tre varamedlemer i rekkefølgje. Dei tilsette i selskapet skal velje éin medlem med personleg vara. Generalforsamlinga vel styremedlemene for to år om gongen.	
<b>Styresamansetning</b>	<u>Styremedlemer alle selskapa:</u> Svein Lunde (2024-2026, leiar, Fitjar) Siren Eldøy Hinderaker (2024- 2025, Stord) Geir Ove Sele (2024-2025, Bømlo) Torstein Aarethun (2024-2026, Kvinnherad) Line Remøy Bertelsen (2024-2026, Sveio) Monika Hellen Strand (tilsetterep.)	<u>Varamedlemer alle selskapa:</u> 1. Torbjørn Brosvik (2024-2025, Stord) 2. Kristin Teigland Kleppe (2024- 2026, Tysnes) 3. Morten Helland (2024-2026, Bømlo) Berit Johannessen (tilsetterep.)
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	Satsar for styregodtgjersle vedtekne på generalforsamlinga i 2024: Styreleiar: 62 000 kr per år og 3500 kr per møte Styremedlem: 12 000 kr per møte og Varamedlem: 3500 kr per møte	

	Samla styregodtgjersle for 2023 er 233 000 kr. Frå og med 2023 er konsernadministrasjonen flytta til datterselskapet Opero Pluss AS.		
Fylkeskommunalt lån	Nei		
Revisor	BDO AS		
Adresse	Heiane, Ringvegen 14, 5412 Stord		
Kontaktperson	Dagleg leiar: Birte Nilsen		
Telefon	53 40 24 00 / 91 82 77 60		
Nettstad	<a href="https://opero.no">https://opero.no</a>		
E-post	<a href="mailto:info@opero.no">info@opero.no</a> ; <a href="mailto:birte.nilsen@opero.no">birte.nilsen@opero.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	1 358	6 795	
Driftsresultat	-12	159	
Resultat etter skatt	20	154	
Totalkapitalrentabilitet	0		
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	0		
Likviditetsgrad 1	0,2		
Eigenkapital i % (soliditet)	58		
Gjeldsgrad	1		
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste år hatt tilfredsstillande soliditet, medan lønnsemda og likviditeten ikkje er tilfredsstillande <sup>28</sup> .		
Viktige hendingar	<p>Året 2023 var Opero AS sitt 45. driftsår.</p> <p>Datterselskapet Opero AS er tiltaksarrangør for NAV for tiltaka arbeidsførebuande trening (AFT) og varig lønstillskot (VLT). Datterselskapet Opero Pluss AS leverer arbeidsretta rehabilitering og avklaring, som underleverandør for arbeid- og inkluderingsverksemda A2G i Bergen. Datterselskapet Ås Barnehage AS driv barnehageverksemd.</p> <p>Interne arbeidsarenaer er m.a. kantine- og cateringsverksemd og mekanisk avdeling. Selskapa har også avdeling for jobb og kompetanse.</p>		

<sup>28</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	Vedtektena vart endra på generalforsamlinga i 2023. Grunna krav frå Brønnøysundsregistrera måtte endringane vedtakast på ny i 2024, for å kunne bli registrerte.
Korleis selskapet tek samfunnsansvar	<p>Selskapa er EQUASS-sertifiserte (Europeisk kvalitetssikringssystem for sosialtenester) når det gjeld tenestene dei leverer overfor NAV.</p> <p>Selskapa oppgir å praktisere likestilling – at alle skal ha lik behandling uavhengig av kjønn, religion og etnisk bakgrunn.</p> <p>I 2020 sette selskapa søkelys på FN sine berekraftsmål, og set årleg nye mål som skal ha fokus og framdrift. Selskapet arbeider kontinuerleg med følgjande fire mål: Rein energi for alle, Ansvarleg forbruk og produksjon, God utdanning og God helse og livskvalitet.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Selskapa arbeider systematisk med kompetanseutvikling for å utvikle seg i takt med krav frå NAV og andre behov. Ved utarbeidingsa av årlege kompetanseplanar set selskapa fokus på både kompetanseheving av selskapa og av den enkelte tilsette og styremedlemmer. Tiltak vert sett i verk basert på gjennomførte analyser av framtidige behov samanlikna med eksisterande kompetanse.
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	I KU-PS 38/21 bestilte kontrollutvalet eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS. Eigarskapskontrollen, som framleis er under oppfølging, har m.a. resultert i at fylkeskommunen har vedteke ein felles eigarstrategi for arbeidsmarknadsbedriftene vi eig i.
Mål med eigarskapen	Støtte opp om selskapet (konsernet) sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Eigarskapen er i tråd med eitt av fylkeskommunen sine vedtekne eigarskapsføremål - samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper.  Arbeidsmarknadsbedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

## Origod Fram AS (tidlegare Origod Holding AS)

<b>Føremål</b>	Origod Fram AS sitt føremål er å vere holdingselskap for attføringselskapet Origod AS, og å eige og leige ut fast eigedom og det som naturleg står i samband med dette. Overskot skal bli verande i selskapet og overskot frå egedomsdrifta kan berre nyttast i attføringselskapet. Selskapet skal altså ikkje betale ut utbytte til eigarane.  Origod Fram AS eig 98,4 % av aksjane i Origod AS.  Origod AS sitt føremål er å drive kurs- og opplæringsverksemd, arbeids- og inkluderingstenester, og det som naturleg høyrer med til slik verksemd. Selskapet skal ikkje gje eigarane utbyte.
<b>Etablert</b>	21.05.1975 (Origod AS). Omorganisert til konsern ved skipinga av Origod Holding AS (no Origod fram AS) i 2022.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Aksjekapitalen er 1 111 152 kr.  Fylkeskommunen eig 271 789 aksjar á 1 kr. Dette utgjer 24,5 % av den samla aksjekapitalen.  Andre eigarar er m.a. Kinn kommune (31,7 %), Sunnfjord kommune (15,3 %), Flora-lag av NHF, Sparebanken Sogn og Fjordane, Askvoll kommune, Bremanger kommune, Hyllestad kommune, Fjaler kommune, Solund kommune, Jan Erik Jeppesen og DNB Bank ASA.
<b>Forretningskontor</b>	Kinn kommune.
<b>Regelverk</b>	Aksjelova, lov om arbeidsmarknadstenester, lov om norsk folketrygd, NAV-lova, m.fl.
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter, vedtekne 21.11.22 (både Origod Holding AS og Origod AS).
<b>Generalforsamling</b>	Ordinær generalforsamling vart i år gjennomført 17.04.24. Jon Askeland representerte fylkeskommunen. Det vart også gjennomført ekstraordinær generalforsamling i selskapet 15.10.24, for å endre namn til Opero Fram AS. Denne siste generalforsamlinga vart gjennomført skriftleg, og Jon Askeland stemte for fylkeskommunen.
<b>Eigarmøte o.l.</b>	Eigarane har spelt inn ønskje om eigarmøte i samband med neste års ordinære generalforsamling.
<b>Valkomit�</b>	Selskapet har valkomit�. Det er praksis for at Sunnfjord kommune og Kinn kommune peiker ut ein person kvar til valkomit��en.
<b>Val av styre</b>	Styret skal ha fem til sju medlemer og to varamedlemer i rekjkjef�lgje. To av styremedlemene skal veljast av- og blant dei tilsette, ein fr�� avdelinga i F��rde og ein fr�� avdelinga i Flor��.

<b>Styresamansetning</b>	<u>Styremedlemer (2023-):</u> Bjørn-Harald Haugsvær (leiar) Siv Merete Stadheim (nestleiar) Paula Lesto Heidi Grande Røys Vidar Grønnevik Halvard Avdem (tilsetterep. Førde) Siv Rimmen (tilsetterep. Florø)	<u>Varamedlemer (2023-):</u> Linda Ness Rotihaug Hilmar Eliasson	
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	Styregodtgjersle både for Origod Fram AS og Origod AS vert betalt ut gjennom datterselskapet Origod Fram AS.  Styreleiar: 57 758 kr Styremedlem: 31 767 kr  Samla styregodtgjersle for 2023: 236 532 kr.  Løn dagleg leiar (Origod AS) i 2023: 1 098 302 kr; pensjonsutgifter: 21 582 kr; anna godtjersle: 109 931 kr.		
Fylkeskommunalt lån	Nei		
Revisor	Deloitte AS		
Adresse	Florø: Industrivegen, postboks 274, 6902 Florø. Førde: Øyrane 2, 6801 Førde		
Kontaktperson	Dagleg leiar: Ola Teigen		
Telefon	57 75 21 40		
E-post	<a href="mailto:post@origod.no">post@origod.no</a> ; <a href="mailto:ola.teigen@origod.no">ola.teigen@origod.no</a>		
Nettadresse	<a href="http://www.origod.no">www.origod.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	503	0	
Driftsresultat	104	-32	
Resultat etter skatt	-128	-32	
Totalkapitalrentabilitet	0	0	

Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	0	0	
Likviditetsgrad 1	0,7	0,3	
Eigenkapital i % (soliditet)	79	100	
Gjeldsgrad	0	0	
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Selskapet har svak likviditet, ikkje tilfredsstillande lønsemd og særskilt god soliditet.</p> <p>Verksemda har siste år hatt tilfredsstillende soliditet, medan lønnsemda og likviditeten ikkje er tilfredsstillande<sup>29</sup>.</p>		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Selskapet er ei arbeids- og inkluderingsverksemd, med NAV som største og viktigaste kunde. Avtalen med NAV om drift av Varig tilrettelagt arbeid og Arbeidsførebuande trening omfattar til saman 90 tiltakslassar (godkjenning for perioden 2021-2025). I 2023 var formidlingsprosenten til arbeid og utdanning på 44 % - litt under NAV sitt resultatmål på 50 %.</p> <p>For tiltaket Arbeidsretta rehabilitering er selskapet underleverandør for Sogneprodukt AS i sitt område.</p> <p>Selskapet har ei produksjonsavdeling som tilbyr mekaniske varer og tenester, trevareverkstad og ei egedomsvedlikehaldsavdeling som leverer ulike tenester som transport, logistikk, lagringstenester, renovasjon, m.m. Selskapet har også avtale med Kinnkommune om drift av Havglytt og avtale om henting av avfall frå kommunale bygg og institusjonar. Selskapet tilbyr elles kurs til næringslivet.</p> <p>I april 2024 slutta Petter Refsnes som administrerande direktør og Ola Teigen tok til som ny.</p> <p>Av vedlikehald så har selskapet i 2023 investert i nytt tak på industrihallen i Florø.</p>		
<b>Korleis selskapet tek samfunnsansvar</b>	<p>Origod AS er EQUASS-sertifisert (Europeisk kvalitetssikringssystem for sosialtenester) når det gjeld tenestene dei leverer overfor NAV.</p> <p>Ved utskifting blir bilpark og anna rullande maskiner erstatta med elektriske eininger.</p>		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Selskapet har dei siste åra gjennomført fleire fusjonar, med mål om å bli ein større og meir samordna organisasjon som vil ha styrke til å møte anbodskrav frå NAV Vestland, eit godt fagmiljø, og rasjonaliseringsvinst i driftskostnadane. Ved å fusjonere har selskapet større moglegheiter for å utvikle og levere tenester med høg kvalitet til brukarane, og til å skape solide og trygge arbeidsplassar. I 2025 vil selskapet skulle inngå ny avtale med NAV om å levere AFT og VTA-tiltak.</p>		

<sup>29</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	I KU-PS 38/21 bestilte kontrollutvalet eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS. Eigarskapskontrollen, som framleis er under oppfølging, har m.a. resultert i at fylkeskommunen har vedteke ein felles eigarstrategi for arbeidsmarknadsbedriftene vi eig i.
<b>Mål med eigarskapen</b>	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Eigarskapen er i tråd med eitt av fylkeskommunen sine vedtekne eigarskapsføremål - samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å legge til rette for særlege grupper.  Arbeidsmarknadsbedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
<b>Tilråding</b>	Vidareføre eigarskapen

## Sogneprodukt AS

Føremål	Gjennom arbeidsretta tiltak skapar selskapet grunnlag for rekruttering til ordinært arbeidsliv. Selskapet er «ei bru til arbeidslivet» for dei som treng hjelp til å skaffe seg arbeid eller utdanning. Verksemda gir tilbod om varig tilrettelagt arbeid. Tenester, produksjon og handel eller anna næringsverksemde kan vere ein del av prosessen.	
Etablert	07.11.1973.	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Eigarprosent: 20. Aksjane sin pålydande verdi: 150 000 kroner.</p> <p>Andre eigrarar er åtte kommunar og seks sparebankar lokalisert i Sogn, samt Norges Handikapforbund. Vik kommune er den største eigaren (37 %), deretter følgjer Sogndal kommune (om lag 16 %).</p> <p>Selskapet sin aksjekapital er på 751 000 kr delt på 751 aksjar à 1000 kr kvar.</p>	
Forretningskontor	Vik kommune.	
Regelverk	Aksjelova, arbeidsmarknadslova, folketrygdlova, NAV-lova, m.fl.	
Styringsgrunnlag	Vedtekten, sist revidert 20.02.2017.	
Generalforsamling	<p>Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av april månad, og i år vart den gjennomført 10.04.24.</p> <p>Siri Sandvik deltok representerte Vestland fylkeskommune på generalforsamlingen.</p>	
Eigarmøte o.l.		
Valnemnd	<p>Selskapet har valkomité. Valkomiteen skal bestå av ordførarane frå dei største primæreigarkommunane – Vik, Sogndal og Årdal, og ein valt medlem frå fylkeskommunen. Ordførar i Vik kommune er leiar.</p> <p>Funksjonstida er to år. Leiar- og nestleiarfunksjonen er på val kvart år.</p>	
Val av styre	<p>Selskapet skal leiast av eit styre på sju medlemer. Av desse vert fem medlemer, med tre vara i rekjkjefølgje, valde av generalforsamlinga. To styremedlemer, med fire vara i rekjkjefølgje, skal veljast av dei tilsette. Styreleiar- og nestleiarfunksjonen er på val kvart år. For alle verv i styret gjeld ei funksjonstid på 2 år.</p>	
Styresamansettning	<u>Styremedlemer:</u> Karen Marie Hjelmeseter (2023-2025, leiar 2024-) Gyda Bøthun Vik (nestleiar, 2024-2026) Ivar Kvalen (2023-2025) Beate Bondevik Lie (2023-2025, VLFK) Per Aase (2024-2026) Gaute Vatlestad (tilsetterep.) Anne Marit Grov (tilsetterep.)	<u>Varamedlemer:</u> 1. Margrethe Haug (2024-2026) 2. Anne Kauppi (2024-2026) 3. Lars Trygve Sæle (2023-2025)  Marit Kvåle Loftesnes (tilsetterep.) Stine Andresen (tilsetterep.)
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: 36 750 kr per år Nestleiar: 11 025 kr per år Andre styremedlemer og fast møtande vara (første vara): 7 350 kr per år	

	<p>Godtgjersle per møte for alle: 2100 kr  For å få styrehonorar må medlemen ha delteke på minst 50 % av styremøta.</p> <p>Samla utbetalat styregodtgjersle i 2023 er 202 900 kr.</p> <p>Løn til dagleg leiar i selskapet i 2023: 1 163 249 kr, og 9 485 kr i anna godtgjersle.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Nei.		
Revisor	RSM Norge AS avd. Voss		
Adresse	Industrivegen 25, 6893 Vik i Sogn.		
Kontaktperson	Dagleg leiar: Ragnhild Fjærstad		
Telefon	57 69 83 40		
E-post	<a href="mailto:ragfje@sogneprodukt.no">ragfje@sogneprodukt.no</a>		
Nettadresse	<a href="http://www.sogneprodukt.no">www.sogneprodukt.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	35 318	36 722	38 850
Driftsresultat	-15	-3 350	-1 619
Resultat etter skatt	9	-2 816	-1 488
Totalkapitalrentabilitet	0	-10	-5
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	0	-13	-6
Likviditetsgrad 1	1,9	1,9	1,9
Eigenkapital i % (soliditet)	78	76	76
Gjeldsgrad	0	0	0
Økonomisk utvikling i tekst	Verksemda har siste år hatt tilfredsstillande likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>30</sup> .		
Viktige hendingar	Selskapet har rammeavtale med NAV Vestland om m.a. Arbeidsførebuande trening (AFT), Varig tilrettelagd arbeid (VTA) og Arbeidsretta rehabilitering (med Origod AS og In Via AS som underleverandørar). Formidlingsresultat på AFT var på 53 % i 2023, og ligg framleis over landsgjennomsnittet på 46 % og NAV sitt krav om minimum 50 % formidlingsresultat. Tilnærma alle gjekk til arbeid, og utan bruk av lønstilskot. Selskapet har også fått svært gode attendemeldingar på gjennomført brukarundersøking.		

<sup>30</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepstolkning og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>Sogneprodukt tilbyr også ulike kurs tilpassa oppdragsgjevarane, t.d. NAV og kommunar, sine behov. Arbeids- og inkluderingsverksemndene i området har samarbeidd om fagopplæring.</p> <p>Året 2023 har vore eit omstillingssår for selskapet, etter stort underskot og mange utfordringar med høge straumprisar, tap av tiltakslassar (NAV reduserte frå 34 til 24 AFT-plassar frå og med 01.07.23), og ei mekanisk avdeling som gjekk dårleg. Våren 2023 vart kantinedrifta hjå Lerum og Lakkavdelinga avvikla, og mekanisk avdeling vart redusert og naturleg avgang vart ikkje erstatta. I desember 2023 vedtok styret å avvikle mekanisk produksjon. Prosessen med avvikling og nedbemannning er gjennomført i første halvdel av 2024.</p> <p>Sogneprodukt har samstundes fått på plass ny aktivitet med kubbegolvproduksjon på Kaupanger, samarbeid med SIMAS (Sogn interkommunale miljø- og avfallsselskap) og sykkelreparasjon i Balestrand, I Vik har selskapet auka aktiviteten i vaskeriet.</p>
Korleis selskapet tek samfunnsansvar	<p>Selskapet har etiske retningslinjer.</p> <p>Selskapet har eit kvalitetsleiingssystem (er sertifisert) i tråd med NS-EN ISO 9001, som omfattar alle arbeids- og inkluderingsstenestene. Dette omfattar årleg revidering gjennomført av KIWA teknologisk institutt sertifisering AS og eigenrevisjon og samsvarsevalueringar.</p> <p>Selskapet praktiserer likestilling, og alle skal bli behandla likt uavhengig av m.a. kjønn og etnisk bakgrunn.</p> <p>Selskapet viser til at sosial berekraft og miljøtankegang skal vere den «grøne» tråden i arbeidet deira. M.a. gjennom å vidareutvikle samarbeid med viktige aktørar i Sogn og ved å få på plass ISO si miljøsertifisering i løpet av 2024.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Frå og med hausten 2024 er selskapet i gang med å leve 15-20 plassar under NAV sitt Oppfølgingstiltak (oppfølging av personar på arbeidsplassen), som underleverandør for A2G. Etter å ha mista AFT-plassar er dette godt nytt for Sogneprodukt, og dei nye plassane vil vere med på å sikre selskapet eit breiare fagmiljø.</p> <p>Selskapet viser til at regelverket knytt til førehandsgodkjenning etter tiltaksforskrifta gjer til at dei må endre selskapsstruktur.</p> <p>Eigarkommunane har teke imot mange flyktningar i seinare tid, og Sogneprodukt ønskjer å tilby sin spisskompetanse inn i arbeidet med å hjelpe flyktningane inn i arbeidslivet. Selskapet vil elles halde fram med å vidareutvikle dei interne arbeidsarenaene dei har i Sogn, og ønskjer å vere ekstra gode på individuelt/spesialtilpassa tilbod for dei aller svakaste arbeidssøkjarane.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	I KU-PS 38/21 bestilte kontrollutvalet eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS. Eigarskapskontrollen, som framleis er under oppfølging, har m.a. resultert i at fylkeskommunen har vedteke ein felles eigarstrategi for arbeidsmarknadsbedriftene vi eig i.
Mål med eigarskapen	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Eigarskapen er i tråd med eitt av fylkeskommunen sine vedtekne eigarskapsføremål - samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper.  Arbeidsmarknadsbedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

## 6.5 Infrastruktur og kollektivtransport



Foto: Morten Warvik/Vestland fylkeskommune

## Bybanen AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å forvalte og drifta infrastrukturen for Bybanen, mellom anna Bybanen sitt skinnegåande materiell. Selskapet har fagansvar for tryggleik, bane, elektro, signal/tele og skinnegåande materiell for Bybanen i tråd med gjeldande lover og forskrifter.  Bybanen AS sin visjon er å sette standarden for banesystem i Europa.	
<b>Etablert</b>	19.03.1997. Bybanen AS slik vi kjenner det vart etablert i 2008, og fekk totalansvaret for Bybanen i 2019.	
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Selskapets aksjekapital er kr 1 550 000 fordelt på 1000 aksjar à kr 1 550. Vestland fylkeskommune eig 100% av selskapet.	
<b>Forretningskontor</b>	Kokstadflaten 59, 5257 Kokstad	
<b>Regelverk</b>	Aksjelova, offentleglova, regelverket om offentlege innkjøp (forsyningssforskrifta), jernbanelova, openheitslova m.m. Selskapet har løye frå Statens Jernbanetilsyn om drift av infrastruktur og vedlikehaldsmateriell.	
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekene frå 1997, sist endra 29.04.21. Fylkeskommunen sin eigen eigarstrategi for selskapet ligg tilgjengeleg på fylkeskommunen sin nettstad: <a href="#">Eigarstrategi for Bybanen AS</a>	
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 29.05.24. Fylkesordførar Jon Askeland representerte Vestland fylkeskommune i møtet. Fylkesdirektøren deltok også i møtet.	
<b>Eigarmøte o.l.</b>	Bybanen AS sender kvartalsvise skriftlege rapportar til fylkeskommunen ved avdeling for mobilitet og kollektiv.	
<b>Valkomite</b>	Hege Solbakken, Terje Søviknes og Arve Helle.	
<b>Val av styre</b>	Selskapets styre skal ha sju medlemer, seks aksjonærvalde og ein tilsettevald med personleg vara. Eigar fremjar forslag på to styremedlemer med vara til valkomiteen i selskapet.  Valperioden for dei aksjonærvalde vert sett slik at høvesvis fire og to styremedlemer står på val i ordinær generalforsamling annakvart år.  Etter generalforsamlinga sitt ønske kan det veljast inntil to varamedlemer. Valperioden for desse er eitt år.	
<b>Styresamansetning</b>	<u>Styremedlemer:</u> Emil Eike (2024-2026) (leiar eitt år) Astrid Sørensen (2024-2026) (nestleiar eitt år) Jostein Fjærestad (2023-2025) Oda Bjerkan (2024-2026) Marianne Sæhle (2024-2026) Silja Ekeland Bjørkly (2024-2026) Kjetil Storum Nøstdal (tilsetterep.)	<u>Varamedlemer:</u> Heine Johansen (2024-2025) Trond Tystad (2024-2025)  Rolf Erik F. Nilsen (tilsetterep.)
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	Satsar vedtekne på generalforsamlinga i 2024: Styreleiar: kr. 137 092 kr per år.	

	<p>Styrets nestleiar: kr. 68 546 kr per år.      Styremedlem: kr. 51 410 kr per år.      Varamedlemmar får godtgjersle etter fylkeskommunen sine satsar for enkeltmøte. Tilsetterepresentantar får løn, ikkje styregodtgjersle.</p> <p>Samla styregodtgjersle 2023: 378 336 kr.      Løn til dagleg leiar i 2023: 1 480 555 kr, anna godtgjersle: 1 055 kr.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Selskapet har fylkeskommunalt lån. I 2023 var lånet på 8 mill. kr, mot 9 mill. kr i 2022. Selskapet betaler renter på lånet (164 993 kr i 2023).		
Revisor	Deloitte AS		
Adresse	Kokstadflaten 59, 5297 Kokstad		
Kontaktperson	Dagleg leiar: Geir Østerfeldt		
Telefon/faks	55 37 80 00		
E-post	post@bybanen.no		
Nettadresse	www.bybanen.no		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	348 441	291 147	246 046
Driftsresultat	-2 268	-290	2 931
Resultat etter skatt	-1 414	239	2 432
Totalkapitalrentabilitet	-1	1	4
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	-9	2	16
Likviditetsgrad 1	1,2	1,2	1,2
Eigenkapital i % (soliditet)	16	16	21
Gjeldsgrad	5	5	4
Økonomisk utvikling i tekst	Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillande likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>31</sup> . Bybanen AS har og svak soliditet. Dette, som dei fleste andre, er eit selskap som har oppdrag på vegner av Vestland fylkeskommune og såleis ikkje kan vurderast etter berre finansielle kriterium.		
Viktige hendingar	Selskapet sitt hovudfokus gjennom 2023 har vore å ha ein tilgjengeleg infrastruktur utan vedlikehaldsetterslep. Eit større vedlikehaldsprosjekt vart starta opp hausten 2023, med mål om å bli enda betre på planlegging, for god kvalitet i vedlikehaldsarbeidet og føresielege økonomiske rammer for fylkeskommunen som eigar.		

<sup>31</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>Andre sentrale oppgåver i 2023 har vore å følgje opp operatør (Tide buss og bane AS) som følge av vognførarmangel og forbetringar knytt til leveransane, oppfølging av overtekne byggetrinn (både bane og Trolley-bussar), handtering og oppfølging av større ulukkeshendingar på linja (inkludert iverksetting av førebyggande tiltak) og oppfølging av vognleveransar m.m. Vestland fylkeskommune ved Skyss har ansvaret for billettar, passasjerinformasjon og ruteplanlegging av Bybanen.</p> <p>Selskapet rapporterer om at både oppgåvene og organisasjonen veks, og at talet tilsette har dobla seg dei siste fem åra. Selskapet har også brukt tid og ressursar på ei pågående konflikt mellom selskapsleiinga og tillitsvalde for tilsette i driftsavdelinga om vilkår knytt til arbeidstidsordninga. Fleire tiltak er sett i verk og selskapet jobbar med ny arbeidstidsordning.</p> <p>I 2023 hadde selskapet 24,2 millionar passasjerar, og dette utgjer ein vekst på 26,4 % samanlikna med året før. I passasjertal er veksten på 5,1 millionar. Veksten ser ut til å halde fram inn i 2024, og då særleg på linje to.</p> <p>Regulariteten var på 97,23 % i 2023, og punktlegheten på 99,48 %. Regulariteten har forbetra seg gjennom 2023, og låg på 99,18 % per april 2024. Punktlegheten låg på 99,64 % rundt same tid.</p>
<b>Korleis selskapet tek samfunnsansvar</b>	<p>Bybanen AS skal vera ein viktig bidragsyta til ein grøn by, ved å leggje til rette for framleis auka bruk av kollektivtrafikk. Berekraft er kjernen i Bybanen AS sin forretningsmodell, noko som er grunnen til at selskapet arbeidar med å støtte oppunder FNs berekraftmål på alle plan av drifta.</p> <p>Bybanen AS prioriterer FNs bærekraftmål nr. 9. Innovasjon og infrastruktur, 1. Berekraftige byar og samfunn, 12. Ansvarleg forbruk og produksjon og 13. Stoppe klimaendringane. Dette er områder Bybanen AS har ein sentral moglegheit til å gjere ein stor skilnad på for samfunnet.</p> <p>Bybanen AS har mål om netto nullutslepp innan 2023.</p> <p>I 2023 vart Bybanen AS del av Future Proof (samarbeidsplattform for næringslivet etablert av Raftostiftinga og Bergens næringsråd for å sikre menneskerettane) og medlem i Etisk handel Norge, for å styrke det vidare arbeidet med sosial berekraft. Både berekraftsansvarleg og forbetningsansvarleg vart tilsett i 2023.</p> <p>Selskapet sin HR-politikk fastset at det ikkje skal skje forskjellsbehandling grunna kjønn, og selskapet viser til at dei arbeider aktivt og målretta for å skape eit godt og inkluderande arbeidsmiljø, med særleg fokus på mangfold, likestilling og å hindre diskriminering. Selskapet arbeider med å auke kvinnedelen i selskapet, og særleg blant driftsteknikarane.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Selskapet siktar mot europatoppen for banesystem, målt i punktlegheit, kostnadseffektivitet, regularitet og avvikshandtering. Selskapet har etablert ei måltavle (Key Performance Indicators), med namnet PRAKT, som skal hjelpe til i arbeidet for å nå målet om å vere det beste bybanesystemet i Europa.</p>
<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	<p>På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS, vedtok fylkestinget i Hordaland sju oppfølgingspunkt overfor fylkesdirektøren og sju oppfølgingspunkt overfor selskapet i FT-PS 67/19. Oppfølgingsvedtak fram til hausten 2021 er omtalte i eigarskapsmeldinga for 2021.</p> <p><i>KUV-PS 90/2021 Oppfølging – selskapskontroll Bybanen AS:</i></p>

	<p>«A1. Kontrollutvalet ber fylkesdirektøren komme med ny skriftleg status når det gjeld ferdigstilling av forvaltningsavtale mellom VLFK og Bybanen AS og bestilleravtale mellom VLFK/Skyss og Bybanen AS til møte i kontrollutvalet 13.06.2022.</p> <p>A2. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet seinast innan 23.05.2022.</p> <p>B1. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status fra Bybanen AS når det gjeld ferdigstilling av forvaltningsavtale mellom Bybanen AS og VLFK og bestilleravtale mellom Bybanen AS og VLFK/Skyss til møte i kontrollutvalet 13.06.2022.</p> <p>B2. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet seinast innan 23.05.2022».</p> <p><i>KUV-PS 49/2022 Oppfølging - selskapskontroll Bybanen AS:</i></p> <p>«1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar informasjonen fra fylkesdirektør og Bybanen AS om gjennomført forbettingsarbeid etter selskapskontroll i Bybanen AS til orientering. 2. Kontrollutvalet er nøgd med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med sak og ønskjer lukke til vidare».</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen i Bybanen AS er å legge til rette for å løyse fylkeskommunale oppgåver innanfor infrastruktur og kollektivtransport.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøytenleg</b>	<p>Hordaland fylkeskommune (HFK) etablerte Bybanen AS i 2008-2009, for forvaltning av infrastruktur, sporvogner og anna vognmateriell. I 2017 vedtok fylkestinget i HFK at Bybanen AS skulle få totalansvaret for Bybanen i Bergen, noko selskapet har hatt sidan 01.07.19.</p> <p>Noko av bakgrunnen for at verksemda vart lagt i eit eige selskap, er krav knytt til drift av infrastruktur. Bybanen AS har løyve fra Statens Jernbanetilsyn om drift av infrastruktur og vedlikehaldsmateriell. Målet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande.</p>
<b>Tilråding</b>	Vidareføre eigarskapen

## E134 Haukelivegen AS

Føremål	Selskapet skal arbeide for utbygging og standardheving av transportkorridoren E134 Karmøy-Frogner, RV36 Seljord-E18 og sambandet E134 - Bergen. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren når dette styrker arbeidet for korridoren. Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingsselskap. Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål. Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemidlane som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet. Selskapet skal ikkje betale utbyte.	
Etablert	10.01.2001	
Aksjekapital/fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen i selskapet er 460 000 kr (460 aksjar a kr 1 000).</p> <p>Fylkeskommunen eig ti aksjar, noko som utgjer 2,17 % av aksjekapitalen.</p> <p>Andre eigarar er tre fylkeskommunar, 34 kommunar og 8 verksemder.</p>	
Forretningskontor	Åmot, 3890 Vinje	
Regelverk	Aksjelova, offentleglova og regelverket om offentlege innkjøp.	
Styringsgrunnlag	Vedtekten (sist endra 11.06.21)	
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 05.06.24. Arve Helle representerte Vestland fylkeskommune, med fullmakt.	
Eigarmøte o.l.		
Valnemnd	<p>Valnemnda skal ha tre til fem medlemer. Generalforsamlinga vel medlemer og leiar av nemnda, etter innstilling fra styret. Medlemene si maksimale funksjonstid er seks år.</p> <p><u>Medlemer:</u></p> <p>Siri B Dyrland (leiar, Midt-Telemark/Telemark)            Jarle Nilsen (Karmøy/Rogaland)            Solveig S. Abrahamsen (Seljord/Telemark)            Kjetil Kivle (Lier/Buskerud)            Arve Helle (Vestland)</p>	
Styrealval	<p>Styret skal ha ti medlemer. Ein av medlemene skal representere næringslivet. Styremedlemane blir valde for to år om gongen. I tillegg skal det veljast ti varamedlemer i numerisk rekkefølge, også desse for to år om gongen. Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar i styret blant dei ti styremedlemene.</p> <p>Valnemnda har ansvar for rekruttering til styret, og for at innstillinga gir styret god breidde i kompetanse, geografi og politisk ståstad. Rekruttering til styre og valnemnd skal organiserast slik at alle aksjonærar får høve til å kome med forslag eller innspeil til arbeidet.</p>	
Styresamansetting	<u>Medlemer 2024-2026:</u> Roald Aga Haug (leiar, Ullensvang) Edvard Møland (nestleiar, Seljord) Torgeir Næss (Kvam/Vestland) Ruth Grethe Østebøvik Eriksen (Sveio)	<u>Varamedlemer 2024-2026:</u> 1. Bengt H. Odden (Hjartdal) 2. Anne N. O. Dahle (Telemark) 3. Ole J. Vierdal (Vindafjord)

	Jon Rikard Kleven (Vinje) Lene Øistesø Winger Conradi (Asker) Gry Fuglestveit (Notodden) Leif Malvin Knutsen (Næringsliv) Svein Erik Inbjø (Rogaland) Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Etne)	4. Linda Thorstensen (Nome) 5. Siri Klokkerstuen (Etne) 6. Sølve Myrvang (Suldal) 7. Petter Ellefsen (næringsliv) 8. Eivind Tokheim (Ullensvang) 9. Monika Lindanger (Tysvær) 10. Line Spiten (Kongsberg)	
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	Styreleiar: 12 000 kr fast og 2500 kr per møte Styremedlem og møtande vara: 2500 kr per møte I tillegg vert tapt arbeidsforteneste dekka med 300 kr/t (inntil 2500 kr per møte).  Samla styregodtgjersle i 2023: 109 275 kr.  Løn til dagleg leiar i 2023: 1 209 308 kr; pensjonskostnader: 133 287 kr; anna godtgjersle: 24 360 kr.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>			
<b>Revisor</b>	Ullensvang Revisjon AS		
<b>Adresse</b>	C/o Pål Kårbo, Flohaugane 34B, 5918 Frekhaug		
<b>Kontaktperson</b>	Dagleg leiar: Pål Kårbo		
<b>Telefon</b>	93 42 90 63		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:pk@134.no">pk@134.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.134.no">www.134.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	2 228	1 778	1 336
Driftsresultat	31	-200	-461
Resultat etter skatt	129	-163	-438
Totalkapitalrentabilitet	6	-8	-18
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	7	-9	-21
Likviditetsgrad 1	6,9	7,0	8,0
Eigenkapital i % (soliditet)	85	85	88
Gjeldsgrad	0	0	0
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste år hatt tilfredsstillende likviditet, lønnsemd og soliditet <sup>32</sup> .		

<sup>32</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

<b>Viktige hendingar</b>	<p>Dei fleste E134-prosjekta (med unntak av E134 Bakka-Solheim) kjem godt ut i SVV sine innspelsdokument til NTP 2025-2023.</p> <p>Selskapet gleda seg over at både E134 Oslofjordforbindelsen – trinn 2 og E134 Røldal-Seljestad får midlar til byggestart i statsbudsjettet for 2024. For nærmere omtale av relevante vegprosjekt, sjå <a href="#">Finn veiprosjekter   Statens vegvesen</a></p> <p>Selskapet har gjennomført to større aksjonar/politiske markeringar i samarbeid med Norges Lastibileigarforbund og lokale næringsforeiningar i 2023. Selskapet har elles marknadsført seg og vist seg fram digitalt, gjennomført reiser og delteke på/vore med på å arrangere konferansar, drive påverknadsarbeid inn mot sentrale politikarar på Stortinget, og elles hatt kontakt med SVV, regionråd og næringsorganisasjonar.</p> <p>Selskapet har registrert ei auke i tal følgjarar på sida si, frå 6255 til 6460 i 2023. Aktiviteten har likevel vore noko mindre enn tidlegare år, og selskapet har registrert ein nedgang i kor mange personar dei har nådd ut til i 2023 (130 000).</p> <p>Haugeland næringspark AS kom inn som ny eigar i 2023, ved kjøp av 10 aksjar frå Midt-Telemark næringsutvikling AS.</p>
<b>Korleis selskapet tek samfunnsansvar</b>	<p>Selskapet viser til at E134, gjennom fjerning av høgdemeter på strekninga, kan bli eit av dei mest klimavenlege vegprosjekta i Noreg. Vidare at ein føreseieleg fjellovergang vil kunne spare næringa for bomturar og omkjøringar.</p> <p>Selskapet har etiske retningslinjer (vedtekne 28.10.13) som gjeld for tilsette, personar/firma som tek på seg oppdrag for selskapet og for tillitsvalde.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Halde fram i tråd med føremålet.</p>
<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	
<b>Mål med eigarskapen</b>	<p>Infrastrukturutbygging og standardheving av transportkorridoren E134 med sidegreiner. Utbygging og standardheving skal gje raskare, tryggare og meir pålitelege samband.</p>
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg</b>	<p>Sjølv om selskapet er organisert som eit aksjeselskap, er det naturleg å samanlikne det med t.d. interessefellesskapet I/S Fjordvegen rute 13. Vestland fylkeskommune er med i fleire slike pådrivarselskap. E134 Haukelivegen AS er det einaste som er organisert som eit aksjeselskap, og som derfor vert omtala og vurdert i denne eigarskapsmeldinga.</p> <p>Fylkestinget har i PS 109/2020 teke stilling til korleis fylkeskommunen skal følgje opp arbeidet med store statlege samferdselsprosjekt. Av saksframleggget kjem det fram at det er fleire forhold som er viktige i fylkeskommunen sitt engasjement i slike prosjekt:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Arbeide opp mot sentrale styremakter for realisering av store statlege prosjekt som er prioriterte av fylkestinget.</li> <li>Vere orientert om pågående planarbeid, og syte for at lokale og regionale interesser vert ivaretake.</li> <li>Utforming av bompengesøknader der dette er ein føresetnad for realisering av prosjekta. Ein sentral premiss for drøftinga er at fylkeskommunen har ei leiarrolle i utvikling av fylket. I dette ligg å leie</li> </ol>

	<p>interessehevdingsarbeidet i fylket, og dermed også å samordne og avvege interessene til ulike aktørar i fylket.</p> <p>I saka vedtok fylkestinget å vidareføre eigarskapen i E134 Haukelivegen AS, ut frå at det er naturleg at fylkeskommunen sitt arbeid, jf. punkta i avsnittet over, vert ivaretakke gjennom selskapet.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

## Ferde AS

<b>Føremål</b>	Stå for bompengefinansiering av utbyggingsprosjekt i fylka Vestland, Rogaland og Agder. Selskapet har oppgåver knytt til vedtekne innkrevjingsprosjekt. Selskapet skal ikkje vere ein pådrivarorganisasjon for nye vegprosjekt. Selskapet skal ikkje gje aksjeeigarane økonomisk utbytte.	
<b>Etablert</b>	05.10.2016	
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Aksjeposten sin pålydande verdi: 200 000 kr</p> <p>Andre eigarar er fylkeskommunane Rogaland og Agder.</p> <p>Dei tre fylkeskommunane har lik eigardel i selskapet.</p> <p>Selskapet sin innskotne aksjekapital er 600 000 kr, fordelt på 600 aksjar, kvar pålydande 1000 kr.</p>	
<b>Forretningskontor</b>	Bergen kommune.	
<b>Regelverk</b>	Aksjelova, offentleglova, regelverket om offentlege anskaffingar, veglova, openheitslova og bompengeavtalen med Samferdselsdepartementet, m.fl.	
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekten, sist endra 23.04.20. Eigarane sin eigarstrategi for selskapet ligg her: <a href="#">Eigarstrategi for Ferde AS</a>	
<b>Generalforsamling</b>	<p>Fylkesordførarane utgjer generalforsamlinga.</p> <p>Det vart gjennomført ordinær generalforsamling i selskapet 22.03.24. Fylkesordføraren deltok for fylkeskommunen. Leiar av kontrollutvalet, Dan Stian Femoen, og Lasse Kolbjørn Anke Hansen var også til stades.</p>	
<b>Eigarmøte o.l.</b>	<p>Selskapet skal, ifølgje eigarstrategien, ha halvårlege eigarmøte, og rapporterer i tillegg skriftleg til eigarane to-tre gonger årleg i form av eigarrapportar.</p> <p>Eigarmøte vart gjennomført 22.04.24 og 20.09.24. Fylkesordføraren deltok for fylkeskommunen. I tillegg deltok fylkesdirektøren.</p>	
<b>Valkomité</b>	<p>Selskapet har valkomité. Denne er sett saman med éin representant frå kvar eigar, slik:</p> <p>Gunn Claire Westad (Rogaland) Stian Jean Opedal Davies (VLFK) Jorunn Elisabeth Gleditsch Lossius (Agder)</p>	
<b>Val av styre</b>	<p>Selskapet skal ha eit styre med seks medlemer og tre varamedlemer. Kvar av eigarane føresler to styremedlemer og ein varamedlem. Begge kjønn skal vere representerte med minst fire styremedlemer og to varamedlemer. Styre- og varamedlemane vert valde med ei funksjonstid på to år, men slik at ulike styremedlemer er på val kvart år. Generalforsamlinga vel styreleiar. Styret vel sjølv nestleiar.</p> <p>Dei tilsette vel i tillegg to representantar til styret og to varamedlemer for desse.</p>	
<b>Styresamansetning</b>	Styremedlemer (2024-2026): Janne Johnsen (leiar)	Varamedlemer (2024-2026): Håkon Heinrich Schwalb

	Nils Olav Olsbu (nestleiar) Lise Mari Haugen (VLFK) Jannicke Bergesen Clarke (VLFK) Trond Nerdal Steinar Bergstøl Andersen Andre Håland Jensen (tilsetterep.) Cecilie A. Gaulen (tilsetterep.)	Oda Sofie Pettersen Kåre Martin Kleppe (VLFK) Kamilla Nordengen (tilsetterep.) Kristian Emil Svanevik Johansen (tilsetterep.)	
<b>Styregodtgjersle og løn til administrerande direktør</b>	Fram til og med mars 2024: Styreleiar: 2 G Nestleiar: 1,5 G Styremedlem: 1 G Varamedlem: 0,1 G fast og per møte Samla styregodtgjersle for 2023 var 1 173 538 kr.  Frå og med 01.04.24 vert nivåa nedjusterte til: Styreleiar: 200 000 kr Nestleiar: 150 000 kr Styremedlem: 100 000 kr Varamedlem: 10 000 kr fast og 10 000 kr per møte.  Løn til administrerande direktør i 2023: 1 758 835 kr. Anna godtgjersle: 9 122 kr.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei, men alle nye låneopptak i Ferde AS har sikkerheit i ein kommunal og/eller fylkeskommunal sjølvskuldнargaranti. Stortinget har den 06.10.20 bedt regjeringa legge fram sak der Staten overtek garantiansvaret for bompengelån på riksveg (både eksisterande og nye prosjekt). For meir om status på dette, sjå under om viktige planar/utsikter.		
<b>Revisor</b>	KPMG AS		
<b>Adresse</b>	Fjøsangerveien 68, 5068 Bergen		
<b>Kontaktperson</b>	Styresmaktkontakt: Bjørn Inge Midtgård		
<b>Telefon</b>	55 55 94 94 / 416 85 134		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:bjorn.inge.midtgard@ferde.no">bjorn.inge.midtgard@ferde.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="https://ferde.no/">https://ferde.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	4 420 421	4 001 476	3 914 580
Driftsresultat	4 141 154	3 747 739	3 612 283
Resultat etter skatt	5 322	8 000	14 000
Totalkapitalrentabilitet	16	15	16
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	6 245	6 813	10 544
Likviditetsgrad 1	0,3	0,5	0,7

Eigenkapital i % (soliditet)	0	0	0
Gjeldsgrad	513	443	641
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste år hatt tilfredsstillande lønsem, medan likviditeten og soliditeten ikkje er tilfredsstillande <sup>33</sup> .		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Ferde AS er eit av fem regionale bompengeselskap i Noreg, etablert som ledd i den statleg initierte bompengereforma. Sjå tidlegare eigarskapsmeldingar for meir om bompengereforma og skipinga av Ferde AS.</p> <p>Selskapet har ansvar for 19 bompengeprosjekt i dei tre eigarfylka. Fem av desse er bypakkar.</p> <p>Selskapet sine inntekter i 2023 skriv seg frå om lag 289 mill. bompasseringar (mot 279 mill. i 2022). Driftskostnadane utgjer 6,6 % av inntektene (7 % i 2022), noko som gjev ein kostnad på 0,97 kr. per bompassering (0,91 kr i 2022).</p> <p>I første halvår 2024 har det vore om lag 138 millionar passeringar i bomstasjonane, inklusive på ferje, i Ferde sitt område. Det er ein nedgang på 6,2 prosent frå første halvår 2023.</p> <p>Prosjekt Nimbus, med mål om å definere ein ny IT-strategi, migrere IKT applikasjonar til sky, optimalisere driftsmodellen, oppnå ISO 27001-sertifisering, sikre GDPR etterleving og betre dei tilsette sin arbeidskvardag gjennom effektiv bruk av IKTapplikasjon, vart fullført i juni 2024. Prosjektet er viktig for å styrke selskapet sitt samfunnsoppdrag gjennom teknologisk fornying og betra informasjonstryggleik.</p> <p>Frå og med salet av inkassoselskapet Demand Norge AS i 2023, har Ferde AS ingen eigarinteresser i andre verksemder.</p>		
<b>Korleis selskapet tek samfunnsansvar</b>	<p>Ferde AS er sertifisert Miljøfyrtårnverksem. Ferde har vidare etablert rammeverk for utferding av grøne obligasjonar, og dette har fått høgaste score, mørkegrøn, av Cicero. Cicero vurderer Ferde si selskapsstyring som god, og har elles utført ei full vurdering av Ferde sitt grøne rammeverk opp mot retningslinjene for EU taksonomien. Det er også vurdert som sannsynleg at Ferde sine oppdragsgjevarar, som står for sjølv utbygginga av infrastrukturen, etterlever berekraftig utbygging gjennom DNSH-kriteria (Do No Significant Harm). Vidare at Ferde i all hovudsak tilfredsstiller krava til å ivareta berekraftige sosiale forhold i form av helse miljø og tryggleik, menneskerettar og likestilling (social safeguards).</p> <p>Selskapet har etiske retningsliner. I samband med utviklinga av selskapet sin innkjøpsstrategi, har selskapet utarbeidd ein forenkla Corporate Social Responsibility policy som støttar opp under krava i FN-initiativet Global Compact. Frå og med rapporteringsåret 2025 vil Ferde AS vere omfatta krava om berekraftsrapportering. Selskapet har eit eige kapittel om berekraft i årsmeldinga for 2023.</p> <p>Selskapet viser elles til at eigarane sine forventningar, slik desse kjem til uttrykk i eigarstrategien, er tekne omsyn til og innarbeidde i selskapet sine strategidokument og handlingsplanar, m.a. følgjande krav:</p>		

<sup>33</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>«Strenge krav til openheit og offentlegheit er eit effektivt verkemiddel mot korrupsjon. Selskapet skal aktivt arbeide for å forhindre lovbro og korrupsjon».</p> <p>«Eigarane er opptekne av at selskapet aktivt tar ansvar for klimakrisa som verden ser i dag, og derfor tek del i Noregs klimamål for 2030, som er å redusere utsleppa med 50-55 %, mot 1990-nivå. Selskapet skal dokumentere og rapportere på kva tiltak som er sett i verk og effekten av desse».</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet viser til at alle prosjekta er i rute til å bli nedbetalte innan utløpet av innkrevjingstida. Prosjekta E18 Tvedstrand - Arendal og Rv 7/Rv13 Hardangerbrua har lågare trafikk og snittakst enn lagt til grunn, men per no ser det også ut til at desse prosjekta blir nedbetalte i tide.</p> <p>For å halda snitt-takstane og inntektene oppe, er det viktig å utnytta potensialet i å kunna redusera rabatten for nullutsleppskøyretøy til 30 prosent. Per i dag er berre prosjekta Samferdselspakke for Kristiansandsregionen, Askøy-pakken, Nordhordlandspakken, Kvinnheradspakken, Kvammapakken og Bypakke Bergen, av Ferde sine 16 prosjekt med innkrevjing, som ikkje har takstvedtak om redusert elbilrabatt.</p> <p>Ordninga med tilskot til reduserte bompenger takstar for riksvegar utanfor storbyområda er vidareført i NTP 2025-2036, jf. Meld. St. 14 (2023-2024).</p> <p>Bompengeselskapa har framleis vanskar med å fakturere utanlandske køyretøy utan AutoPASS-brukaravtale. Dette vil ikkje betre seg vesentleg før tilgang til køyretøyopplysningane i EUCARIS, gjennom tilslutning til EETS-direktivet, er på plass. Samferdselsdepartementet har bedt Vegdirektoratet om å sjå på heimelsgrunnlaget i veglova for innføring av EØS-regelverk på bompengeområdet. Noreg har inntil vidare inngått bilateral avtale med Nederland for å innhente eigarinformasjon frå landa slik at bilistane kan fakturerast. Tyskland har ikkje villa inngå avtale. I perioden 2021-2024 har Ferde fått inn 95 av til saman om lag 212 mill. kr frå utanlandske køyretøy.</p> <p>Vegdirektoratet har starta opp eit arbeid «Regelverk 2030 – Brukarfinansiering, som er ein del av større arbeid i Vegdirektoratet – Regelverk 2030». Ferde er involvert som deltakar i ei arbeidsgruppe. I Regelverk 2030 – Brukarfinansiering vert det mellom anna sett på om</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Det som i dag vert regulert i avtalar (bompengeavtale, prosjektavtale, finansieringsavtale, utferdaravtale) kan regulerast i forskrifter.</li> <li>✓ Om takstar skal fastsetjast gjennom forskrifter heller enn gjennom takstvedtak</li> <li>✓ Statleg delgaranti - forskrift om denne ordninga</li> </ul> <p>Ferde meiner at selskapet ikkje har heimel for innkrevning av beredskapstakstar, jf. veglova § 27, og Vegdirektoratet har sendt saka til Samferdselsdepartementet for vurdering av Regelverkstilpassingar.</p> <p>Ei konseptvalutgreiling (KVU) for vegbruksavgift og bompengar utarbeida av Skattedirektoratet og Vegdirektoratet låg føre 23. november 2022. KVUen har vore på høyring og på ekstern kvalitetssikring (KS2). Konsept og ambisjonsnivå skulle etter planen bli bestemt i 2023. Nødvendige avklaringar skulle også utarbeidast i 2023 i samband med mandatet for eit forprosjekt. Saka ligg framleis i Finansdepartementet.</p>

	<p>Fokusområde i Ferde AS sin strategi for 2024-2026 er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Å sikre innteninga</li> <li>✓ Å optimalisere driftskostnadane</li> <li>✓ Profesjonell utføring</li> <li>✓ Forretningsdriven teknologiorganisasjon</li> <li>✓ Ansvarleg finansforvaltning</li> </ul> <p>Basert på dagens marknadstilhøve forventar Ferde ei auke i finansieringskostnader i 2024 samanlikna med 2023-nivået.</p>
<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	
<b>Mål med eigarskapen</b>	Ferde AS er eit fylkeskommunalt fellestiltak med finansiering av infrastrukturutbygging som føremål. Målet med selskapet og bompengereforma er å gi stordriftsfordelar samanlikna med tidlegare organisering, betre kontroll med- og ei meir brukarvenleg bompengeordning.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg</b>	<p>I samband med bompengereforma, St. Meld. 25 (2014-2015), er det uttalt at den fylkeskommunale eigarskapen må sjåast i samanheng med fylkeskommunen sin garanti for bompengeselskapa sine lån og den lokalpolitiske prosessen som del av grunnlaget for kvar einskilt bompengeprosess. I tilfelle der fylkeskommunen eller kommunar bidreg med garantiar, vil den fylkeskommunale eigarskapen også ivareta kommunanes interesser som garantistar.</p> <p>Samferdselsdepartementet har, i brev til Statens vegvesen 01.07.24, bedt om at det vert sett på om staten har rett til å stille krav om at fylkeskommunen må etablere bompengeselskap. Vegdirektoratet er også i gang med å vurdere spørsmålet om statleg delgaranti.</p> <p>Målet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og eigarskapen fell inn under føremålskategoriene infrastruktur og kollektivtransport.</p>
<b>Tilråding</b>	Vidareføre eigarskapen

## Fremtidens hurtigbåt AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å bidra til utvikling av utsleppsfree hurtigbåtar med slik fart, kapasitet og rekkevidde at dei kan nyttast som effektive, miljøvenlege og tenlege transportmiddel i offentleg kollektivtransport.  I nært samarbeid med andre offentlege organ, næringsaktørar og forskingsmiljø skal selskapet vere pådrivar for utvikling av design. Selskapet skal vidare stå for finansiering, bygging og pilottesting av slike hurtigbåtar.  Selskapet skal ikkje betale ut utbyte. Selskapet skal ikkje ha erverv til føremål.
<b>Etablert</b>	Skipingsdokumentet er signert 19.12.22. Oppgitt skipingsdato i Føretaksregisteret er 14.06.23.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Aksjekapitalen er 30 000 kr fordelt på 30 000 aksjar, kvar pålydande 1 kr.  Vestland fylkeskommune eig ein fjerdedel av selskapet, altså 7500 aksjar til ein verdi av 7500 kr.  Andre eigarar, med tilsvarende eigardel, er fylkeskommunane Nordland, Troms- og Finnmark, og Trøndelag. Det er, jf. vedtekten, berre fylkeskommunar/kommunar med ansvar for kollektivtransport som kan eige aksjar i selskapet.
<b>Forretningskontor</b>	Bodø kommune
<b>Regelverk</b>	Aksjelova m. fl.
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekten av 19.12.22.
<b>Generalforsamling</b>	Det har ikkje vore drift i selskapet og selskapet gjennomfører derfor ei forenkla generalforsamling med godkjenning av årsrekneskap.
<b>Eigarmøte o.l.</b>	
<b>Val av styre</b>	Styret skal ha fire medlemer, kvar valde for ein perioden på to år om gongen. Generalforsamlinga vel styreleiar. Dersom ein av styremedlemene fråtrer i valperioden, så skal det utan ugrunna opphold veljast ny styremedlem.
<b>Styresamansetning</b>	Styremedlemer (registrert i Brønnøysundregistrene): Odd Inge Bardal (styreleiar) (Nordland fylkeskommune) Ole Håkon Tønseth Haraldstad fylkeskommune (Troms- og Finnmark fk) Olav Konrad Pütz (Trøndelag fylkeskommune) Jostein Hausevik Fjærstad (Vestland fylkeskommune)

Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar			
Fylkeskommunalt lån			
Revisor			
Adresse	Prinsens gate 100, 8005 BODØ		
Kontaktperson			
Telefon			
E-post			
Nettadresse			
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	0	0	0
Driftsresultat	0	0	0
Resultat etter skatt	0	0	0
Totalkapitalrentabilitet			
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %			
Likviditetsgrad 1	5		
Eigenkapital i % (soliditet)	80		
Gjeldsgrad	0		
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste året hatt tilfredsstillande likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>34</sup> , noko som er naturleg ut frå selskapet sitt føremål og driftsstatus.		

<sup>34</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrevsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

<b>Viktige hendingar</b>	<p>Prosjektet Fremtidens hurtigbåt har pågått over fleire år, og sidan 2021 er det utvikla byggeklare design for høvesvis energieffektive skrog og fartøy med hydrogen som energiberar.</p> <p>Konseptutviklingsfasen og designfasen har vore støtta av Klimasats med om lag 75 mill. kr. I tillegg kjem eigenfinansiering/eigeninnsats frå deltagande fylkeskommunar og leverandørar.</p> <p>Designfasen for løpet energieffektivt design vart avslutta i mai 2023. Etter svært gode resultat knytt til designløpet for energieffektive skrog, med energiinnsparing på opptil 50% samanlikna med tradisjonelle hurtigbåtar, vart det i april 2023 sett i gang med planlegging av ein konkurranse for bygging av eit energieffektivt pilotfartøy.</p> <p>Prosjektet/selskapet har arbeida breitt med å sikre statleg finansiering av ei vidareføring av prosjektet utover det som er finansiert av Klimasats. Prosjektet Fremtidens hurtigbåt/selskapet/eigarane har dei siste åra hatt fleire møte med Enova, for å avklare om også Enova vil kunne støtte prosjektet innanfor sitt verkemiddelområde, og då særleg ordninga «Banebrytende teknologi».</p>
<b>Korleis selskapet tek samfunnsansvar</b>	<p>Framtidas hurtigbåt er eit utviklingsprosjekt med ambisjon om å utvikle utsleppsfrie hurtigbåtar som i dag ikkje er tilgjengelege i marknaden.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Prosjektet har erfart at kostnadane med utvikling, bygging og drift av hurtigbåt med hydrogenframdrift er svært høg, og styringsgruppa i prosjektet avgjorde derfor 08.12.23 å stoppe hydrogenløpet, grunna manglande finansiering til bygging og pilotering.</p> <p>Arbeidet med konkurransen om å bygge energieffektivt pilotfartøy har vore vidareført med etterhald om statleg finansiering. Det er vurdert som lite føremålstenleg å lyse ut konkurransen før finansieringa er på plass. Venta kostnader for bygging av eitt pilotfartøy og gjennomføring av pilotdrift er om lag 300 mill. kr. Overslaget er basert på at byggjekostnadene vil vere om lag 250 mill. kr, og pilotfasen på om lag 50 mill. kr.</p> <p>Fremtidens hurtigbåt er så langt støtta av Klimasats med rundt 70 mill. kr. knytt til utviklingsfasen, og i revidert statsbudsjett 2024 vil Klimasats tildele ytterlegare 50 mill. kr.</p> <p>Enova har konkludert med at statsstøtteregeverket hindrar dei i å støtte Fremtidens hurtigbåt sitt prosjekt.</p> <p>Grunna manglande statleg medfinansiering har selskapet/eigarane bestemt seg for å stoppe anskaffingsprosessen, både når det gjeld bygging av hydrogenfartøyet og eit energieffektivt pilotfartøy, og som ein konsekvens av dette har fylkesdirektøren tilrådd at prosjektet avsluttes i sinoverande form, sjå fylkestingsvedtak PS 6/2024 Framtidas hurtigbåt-statleg medfinansiering, attgjeve under.</p>
<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	<p>FT-PS 10/2022 Framtidas hurtigbåt del II – Organisering:</p> <p>«1. Fylkestinget vedtek at Vestland fylkeskommune saman med andre fylkeskommunar etablerer eit eigarselskap og at dette vert etablert som aksjeselskap.</p>

	<p>2. Fylkestinget ber fylkessdirektøren om å syte for naudsynt koordinering og avklaring mot dei andre fylkeskommunane for å gjennomføre selskapsetablering, inkludert gjennomføre naudsynte avklaringar gjennom innhenting av Bindande Forehandsuttale (BFU) frå Skatteetaten.</p> <p>3. Fylkestinget gjev fylkessdirektøren fullmakt til å inngå aksjonæravtalen i tråd med prinsippa slik dei er framlagde i denne saka.</p> <p>4. Fylkestinget legg til grunn ei betydeleg statleg medfinansiering og ber om at det vert fremma ei eiga sak til fylkestinget om fylkeskommunale garantiar for finansiering ut over bidrag frå staten.</p> <p>5. Fylkestinget ber om at eigarselskapet er operativt og i drift innan 31.12.2022.</p> <p>6. Årlege eigarmeldingar for aksjeselskapet vil leggast fram for fylkestinget»</p> <p><i>FT-PS 6/2024 Framtidas hurtigbåt- statleg medfinansiering:</i></p> <p>«1. Fylkestinget forutset og er avhengig av statleg medfinansiering for å nå dei nasjonale måla om reduksjon av klimagassutslepp frå hurtigbåtar.</p> <p>2. Fylkestinget ønskjer å vidareføre arbeidet med å utvikle energieffektive nullutsleppshurtigbåtar for lengre samband gjennom samarbeidsprosjektet Frentidens hurtigbåt, men forutset statleg medfinansiering og risikoavlastning til Frentidens hurtigbåt, før prosjektet blir vidareført med bygging av pilotfartøy.»</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	<p>Eigarskapet sorterer under eigarskapskategorien infrastruktur og kollektivtransport, og underkategoriane:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Delta i selskap for å løyse fylkeskommunale oppgåver innanfor infrastruktur og kollektivtransport</li> <li>- Delta i selskap saman med andre fylkeskommunar og kommunar for å oppnå stordriftsfordelar</li> </ul> <p>Eigarskapet sorterer også under eigarskapskategorien samfunns- og næringsutvikling og underkategorien:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører og/eller får kompetanse</li> </ul>
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	<p>Prosjektet starta i 2016 som eit forprosjekt under Trøndelag fylkeskommune, med støtte frå Miljødirektoratet. Forprosjektet resulterte i eit utviklingsprosjekt der fire fylkeskommunar, inkludert Vestland, no legg til rette for at næringslivet utviklar, designar og til slutt testar løysingar i trygge rammer.</p> <p>Prosjektet har to ulike løp, der det eine er retta mot sikkerheitsgodkjenning av hydrogen og det andre mot energieffektivisering og batteridrift. Begge løpa inneholder store teknologiske og praktiske utfordringar, men vil, dersom dei lukkast, medføre store endringar i hurtigbåten sitt potensial som ei grøn og miljøgunstig transportform.</p> <p>Risikoene med å investere i- og bygge pilotfartøy er stor samanlikna med kommersielle hurtigbåtanskaffingar, og private aktørar er sjeldan villige til å ta risikoene knytt til restverdi av fartøyet etter enda pilotfase utan høg risikokompensasjon. Dette er bakgrunnen for at fylkeskommunane legg opp til felles eigarskap til fartøya gjennom aksjeselskapet Frentidens hurtigbåt AS. Etter enda pilotdrift er planen å selje fartøyet.</p>

	Grunna manglende statleg medfinansiering har selskapet/eigarane bestemt seg for å stoppe anskaffingsprosessen, både når det gjeld bygging av hydrogenfartøyet og eit energieffektivt pilotfartøy, og som ein konsekvens av dette har fylkesdirektøren tilrådd at prosjektet vert avslutta i si noverande form, sjå fylkestingsvedtak PS 6/2024 Framtidas hurtigbåtstatleg medfinansiering, attgjeve over.
Tilråding	Dersom statleg medfinansiering ikkje kjem på plass, er tilrådinga å vurdere avvikling av selskapet, i samråd med dei andre eigarane.

## HFK Bussanlegg AS

<b>Føremål</b>	Direkte eller indirekte eige bussanlegg i Hordaland for å legge til rette for konkurranseutsetting av kollektivtrafikken. Selskapet er av allmennytlig karakter og skal ikke dele ut utbytte. Selskapets egedeler og dei ressursar som blir generert gjennom verksemda skal nyttast til selskapsformålet.  HFK Bussanlegg AS eig 100 % av aksjane i følgjande selskap: - HFK Bussanlegg Mannsverk AS - HFK Bussanlegg Fana AS - HFK Bussanlegg Lonevåg AS - HFK Bussanlegg Straume AS - HFK Bussanlegg Knarvik AS
<b>Etablert</b>	26.02.2009
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Aksjekapitalen er 100 000 kr (100 aksjar à kr 1000).  Fylkeskommunen eig 100 % av selskapet.
<b>Forretningskontor</b>	Bergen
<b>Regelverk</b>	Aksjelova, regelverket om offentlege innkjøp m.fl.
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 28.06.24. Signe Rauboti, representerte fylkeskommunen i møtet, med fullmakt. Frå fylkeskommunen deltok også Merethe J. Helland Nordnæs.
<b>Eigarmøte o.l.</b>	
<b>Val av styre</b>	Det er praksis for at generalforsamlinga vel styret i selskapet etter framlegg frå eigar ved fylkesdirektøren. Praksisen er vidareført i FT-PS 88/2023: <i>Val til styringsorgan i selskap, stiftingar og andre råd og organisasjonar for fylkestingsperioden 2023-2027</i> . Fylkesdirektøren plar peike ut fagpersonar frå administrasjonen i fylkeskommunen.
<b>Styresamansetjing</b>	<u>Medlemer 2024-2026:</u> Nils Egil Vetlesand (leiar) Guro Klyve Pål André Kleive
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	Generalforsamlinga har vedteke at styremedlemer med tilsetningsforhold i fylkeskommunen ikkje skal ha styregodtgjersle.  Dagleg leiar: Selskapet har ingen tilsette. Jostein Hausevik Fjærerstad er utlånt frå fylkeskommunen som dagleg leiar. Selskapet har ikkje hatt lønskostnader til dagleg leiar.

Fylkeskommunalt lån	Selskapet har fylkeskommunalt lån, som etter siste nedbetaling er på 138 mill. kr (mot 169,6 mill. kr i 2022). Lånet skal attendebetalast med årlege avdrag som skal tilsvare heile lånetakars resultat fastsett ved siste årsoppgjør, gitt at dette er forsvarleg ut frå lånetakars drift. I 2023 er rentene på lånet utrekna til å vere om lag 8,7 mill. kr.		
Revisor	Deloitte AS		
Adresse	Lars Hilles gate 22, Bergen		
Kontaktperson	Dagleg leiar: Jostein Hausevik Fjærstad		
Telefon	46 62 05 57		
E-post	jostein.hausevik.fjerestad@vlfk.no		
Nettadresse			
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	-	-	-
Driftsresultat	35 493	31 734	30 668
Resultat etter skatt	35 493	31 734	30 668
Totalkapitalrentabilitet	12	11	10
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	18	19	22
Likviditetsgrad 1	5,8	7,0	9,6
Eigenkapital i % (soliditet)	60	51	43
Gjeldsgrad	1	1	1
Økonomisk utvikling i tekst	Selskapet har særskilt god likviditet, god lønsemd og særskilt god soliditet.		

	Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillende likviditet, lønsemd og soliditet <sup>35</sup> .
Viktige hendingar	<p>Drifta av datterselskapa har dei siste åra vore prega av at det er inngått nye kontraktar for bruk av bussanlegga, og at det har vore behov for å oppruste anlegga. Oppgraderingar i samband med nye kontraktsperiodar vart i all hovudsak gjennomførte i 2021.</p> <p>I 2023 har bussoperatørane, særskilt Tide Buss AS, vore opptekne av å få ned energikostnadane, og HFK Bussanlegg AS har støtta dei med dette, ved å ta nokre av kostnadane med optimalisering av spesielt ventilasjons- og varmeanlegg.</p> <p>HFK Bussanlegg Knarvik AS har i 2023 kontrollert dieseltankar og montert nytt overfyllingsvern for å hindre uhell, reparert dekke utanfor vaskehallen og lagt ned varmekablar i same området og erstatta fleire eksisterande lyskjelder med LED-lys.</p> <p>HFK Bussanlegg Lonevåg AS har reparert ein del portar i fasande og erstatta fleire eksisterande lyskjelder med LED-lys.</p> <p>HFK Bussanlegg Mannsverk AS har skifta ut eit ventilasjonsanlegg (inkludert asbestosanering), og har oppgradert oljeutskiljar og varmeanlegg.</p> <p>HFK Bussanlegg Straume AS har kopla oljeutskiljaren på det offentlege avlaupsnettet og erstatta fleire eksisterande lyskjelder med LED-lys.</p> <p>Byggjestart for Sotrasambandet var 01.03.23, noko som vil påverke anlegget noko dei neste åra. Deler av tomta vil mellombels bli brukt til rigg- og anleggsområde etter avtale med Statens vegvesen (SVV). Dette gjeld eit område brukt til parkering av sentrumsbussane, og SVV har stilt alternativt areal til rådvelde for bussoperatørane i byggeperioden.</p> <p>HFK Bussanlegg Fana AS har installert ventilasjonsanlegg, skifta ut oljeutskiljar til vaskehall og sandfang til denne, installert to prøvetakingskummar på oljeutskiljar, montert tryggleikssystem i tilknyting til dieselpåfyllingsanlegget, retta opp/reparert dekket på parkeringsplassen for privatbilar, reparert hovudinntaket for vatn og reparert kummar og dren ute.</p>
Korleis selskapet tek samfunnsansvar	Fylkeskommunen, ved eigedomsavdelinga, har i 2023 vurdert miljørisikoen, faren for forureining, knytt til tanklagring og handtering av drivstoff ved anlegga. Vurderinga skal munne ut i ei rutine som både eigar og brukar av anlegga må følgje, for å sikre at drivstoff vert lagra og handtert på ein slik måte at ein vernar om det ytre miljøet.
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Samla investeringsbehov for datterselskapa i 2024, når det gjeld oppdragering av bussanlegga, er på om lag 4,7 mill. kr.
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	

<sup>35</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

Mål med eigarskapen	Direkte eller indirekte eige bussanlegg i Hordaland for å legge til rette for konkurranseutsetting av kollektivtrafikken.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Målet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande.  Det har tidlegare vore vurdert å innfusjonere dei fem dotterselskapa i HFK Bussanlegg AS, men styret i selskapet har førebels ikkje vurdert dette som føremålstenleg.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

## HFK Tomt Knarvik AS

<b>Føremål</b>	HFK Tomt Knarvik AS er eigar av eigedomen gnr. 185, bnr. 86 og 249, i Alver kommune. Selskapet sitt føremål er å eige og utvikle eigedom, og utføre tilhøyrande oppgåver. Selskapet var tidlegare ein del av HFK Bussanlegg Knarvik AS.
<b>Etablert</b>	17.03.2016
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Aksjekapitalen er 197 738 kr (197 738 aksjar à kr 1). Fylkeskommunen eig 100 % av selskapet.
<b>Forretningskontor</b>	Bergen
<b>Regelverk</b>	Aksjelova, regelverket om offentlege innkjøp m.fl.
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 28.06.24. Signe Rauboti, representerte fylkeskommunen i møtet, med fullmakt. Frå fylkeskommunen deltok også Merethe J. Helland Nordnæs.
<b>Eigarmøte o.l.</b>	
<b>Val av styre</b>	Det er praksis for at generalforsamlinga vel styret i selskapet etter framlegg frå eigar ved fylkesdirektøren. Praksisen er vidareført i FT-PS 88/2023: <i>Val til styringsorgan i selskap, stiftningar og andre råd og organisasjonar for fylkestingsperioden 2023-2027</i> . Fylkesdirektøren plar peike ut fagpersonar frå administrasjonen i fylkeskommunen.
<b>Styresamansetning</b>	<u>Medlemer (2024-2026):</u> Nils Egil Vetlesand (leiar) Guro Klyve Pål André Kleive
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	Generalforsamlinga har vedteke at styremedlemer med tilsetningsforhold i fylkeskommunen, ikkje skal ha styregodtgjersle.  Jostein Hausevik Fjærrestad er utlånt frå fylkeskommunen som dagleg leiar.
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	
<b>Revisor</b>	Deloitte AS

Adresse	Lars Hilles gate 22, Bergen
Kontaktperson	Dagleg leiar: Jostein Hausevik Fjærstad
Telefon	46620557
E-post	jostein.hausevik.fjerestad@vlfk.no
Nettadresse	

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	0	50	0
Driftsresultat	-31	29	-31
Resultat etter skatt	-30	30	-30
Totalkapitalrentabilitet	-4	4	-4
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	-4	4	-4
Likviditetsgrad 1	-	11	1,3
Eigenkapital i % (soliditet)	100	99	97
Gjeldsgrad	0	0	0
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste år hatt tilfredsstillande soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>36</sup> .		
<b>Viktige hendingar</b>	Sjå informasjon under punktet om fylkeskommunal eigarskap framleis er føremålstenleg.		
<b>Korleis selskapet tek samfunnsansvar</b>			
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Sjå informasjon under punktet om fylkeskommunal eigarskap framleis er føremålstenleg.		

<sup>36</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepstolkning og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Eigarskapen er tilknytt føremålet infrastruktur og kollektivtransport.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	<p>Fylkestinget vedtok 15.12.20, i FT-PS 138/2020 <i>Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2020</i>, at fylkesdirektøren skulle starte ein prosess for avvikling av eigarskapen i selskapet, sidan tomta ho lenger var vurdert som aktuell for innfartsparkering og fylkeskommunen derfor ikkje lenger hadde bruk for den. Eigarskapen skulle avviklast anten ved sal av tomta og avvikling av selskapet, eller ved sal av aksjane i selskapet. Av omsyn til kva skatteplikt dei ulike løysingane kan medføre, tilrådde revisor den siste løysinga.</p> <p>I etterkant av vedtaket har det vist seg at salet av aksjane i selskapet måtte utsettast. Dei to tomtene selskapet eig, gbnr. 185/86 og 185/249 i Alver kommune, er omfatta av fleire planar for både E39 og fylkesveg. Statens vegvesen har opplyst om at deler av tomtearealet kan bli avsett til vegføremål. Næringsmeklaren som skal bistå fylkeskommunen med salet rår ifrå å selje før planstatusen er avklart. Den 20.03.2024 la Alver kommune kommunedelplan for E39 Flatøy - Eikefettunnelen ut på høyring. Fleire instansar har fått utsett høyringsfrist, og kommunen viser til at planforslaget vert revidert i løpet av hausten 2024. Fylkesdirektøren forventar ikkje ei endeleg avklaring om fastsetting av arealbruken før tidegast i 2025.</p>
Tilråding	Fylkeskommunen har starta ein prosess for avvikling av eigarskapen, men denne er sett på vent grunna pågåande planprosess og mogleg endring av arealformål for området.

## Skyttel AS

<b>Føremål</b>	<p>Selskapet sitt føremål er å drive verksemd relatert til systemløysingar, driftstenester og kundetenester innan betalingsformidling, innfording og rapportering innan transportsektoren. I tillegg skal selskapet kunne tilby tilleggstenester frå andre sektorar knytt til selskapet sine teknologiske løysingar.</p> <p>Skyttel AS er morselskap i eit konsern med dotterselskapa Konnektiv AS (inkassoverksemd) og SkyttelIPASS AS (utferdarverksemd).</p>
<b>Etablert</b>	18.12.1953 (Skyttel AS frå 2017).
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Selskapet sin aksjekapital er 200 484 kr, fordelt på 3300 aksjar, kvar pålydande 60,75 kr.</p> <p>Andre eigarar er fylkeskommunane Rogaland og Agder. Dei tre fylkeskommunane har lik eigardel i selskapet.</p> <p>Vestland fylkeskommune sin aksjepost er verdt (pålydande verdi): 66 827 kr.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Bergen kommune
<b>Regelverk</b>	Aksjelova, utferdarforskrifta, opeheitslova, m.fl.
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekten, sist endra 04.11.20
<b>Generalforsamling</b>	<p>Fylkesordførarane utgjer generalforsamlinga, jf. selskapet sine vedtekter.</p> <p>Det vart gjennomført ordinær generalforsamling i selskapet 24.05.24. Fylkessjef Rune Haugsdal representerte fylkeskommunen i møtet, med fullmakt.</p>
<b>Eigarmøte o.l.</b>	<p>I eigarane sin spesifikke strategi for selskapet er det fastsett at det skal vere halvårlege eigarmøte.</p> <p>I 2024 vart det gjennomført eigarmøte 25.04.24.</p>
<b>Valnemnd</b>	<p>Selskapet har valnemnd. Valnemnda er sett saman med ein representant frå kvar eigar slik:</p> <p>Gunn Claire Westad (Rogaland) Jon Askeland (VLFK) Arne Thomassen (Agder)</p>
<b>Val av styre</b>	Selskapet skal ha eit styre med seks medlemer og tre varamedlemer (kvar av eigarane føresler to styremedlemer og ein varamedlem). Styre- og varamedlemane vert valde med ei funksjonstid på to år.

	<p>Generalforsamlinga vel styreleiar. Styret vel sjølv nestleiar. Dagleg leiar vert tilsett av styret. Fylkesordførarane utgjer generalforsamlinga.</p> <p>Dei tilsette vel i tillegg to representantar til styret og to varamedlemer for desse.</p>		
<b>Styresamansetning</b>	<p>Styremedlemer:</p> <p>Erik J. T. Lindøe (leiar, Agder)  Signe Gunn Myhre (Agder)  Anne Marie Lund (Rogaland)  Øyvind Langeland (Rogaland)  Marius Hindenes (VLFK)  Silvia Haugland (VLFK)  Gro Kristin Nakken (tilsetterep.)</p>		Varamedlemer: Torbjørn Klungland (Agder) Andreas S. K. Tharaldsen (Rogaland) Lars M. Fjelstad (VLFK) Hege Larsen (tilsetterep.)
<b>Styregodtgjersle og løn til administrerande direktør</b>	<p>Styreleiar: 1,30 G  Nestleiar: 0,85 G  Styremedlem: 0,6 G  Varamedlem: 3 200 kr per gjennomførte møte</p> <p>Samla styregodtgjersle for 2023 er 610 893 kr.</p> <p>Løn til administrerande direktør i 2023: 1 648 832 kr. Anna godtgjersle: 15 849 kr.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Nei		
Revisor	BDO AS		
Adresse	Postboks 6203, 5893 Bergen.		
Kontaktperson	Dagleg leiar: Vidar Raa		
Telefon	55 30 00 00		
E-post	vidar.raa@skyttel.no		
Nettadresse	<a href="https://skyttel.no/">https://skyttel.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	88 821	111 612	76 730
Driftsresultat	22 828	34 102	25 361

Resultat etter skatt	19 614	26 274	19 339
Totalkapitalrentabilitet	3	4	3
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	49	86	93
Likviditetsgrad 1	1,1	1,0	1,0
Eigenkapital i % (soliditet)	6	5	3
Gjeldsgrad	16	20	29
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillande likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>37</sup> .		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Fylkeskommunane vart eigarar av selskapet mot slutten av 2017<sup>38</sup>, i samband med etableringa av det regionale bompengeselskapet Ferde AS. Sjå tidlegare eigarskapsmeldingar for meir om selskapshistorikken.</p> <p>Skyttel AS er eit teknologidrive konsern, som tilbyr ulike tenester og løysingar for transaksjonar (inndriving av krav mot privatpersonar/firma) av til transportsektoren. Selskapet har ansvar for drift av- og systemleveranse for konseptet AutoPASS for ferje på vegner av Statens vegvesen ut 2025 og tilbyr elles administrasjonsløysingar for bompengeadministrasjon til ulike sektorar og storkundar med stort forbruk av bompengar.</p> <p>I 2019 etablerte Skyttel AS to datterselskap; Konnektiv AS (ophavleg Skyttel Inkasso AS) og SkyttelPASS AS. Sistnemnde selskap vart godkjent utferdar, og inngjekk utferdaravtale med bompengeselskap og ferjeselskap i 2020. Frå 01.01.21 sette SkyttelPASS i gang produksjonen og utferdar no eigne brikker for innkreving av bompengar og ferjebillettar. Selskapet har no over 175 000 aktive brikker.</p> <p>Skyttel AS kjøpte det Asker-lokaliserte IT-selskapet Espero AS i 2023, som hadde vore forhandlar av løysinga Skyttel AS og SkyttelPASS AS sine system bygger på og leverandør overfor Skyttel AS over fleire år, for å styrke Skyttel AS si eiga IT-avdeling. På generalforsamlinga i 2024 vart Espero AS vedteke fusjonert inn i Skyttel AS, og Espero vil no inngå som ei avdeling under Skyttel AS si IT-avdeling.</p> <p>Selskapet har sett av 9 mill. kr, av eit samla overskot på i overkant av 26 mill. kr i 2023, til utbyte til eigarane. Avsett utbyte for 2022 var 12 mill. kr.</p>		
<b>Korleis selskapet tek samfunnsansvar</b>	Selskapet er miljøfyrårnsertifisert og ISO 9001- sertifisert, og har t.d. fokus på miljøetikk i alle innkjøp. Selskapet har retningsliner for verksemda som seier at alle medarbeidarane skal likestilla, og jobbar aktivt for likestilling.		

<sup>37</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

<sup>38</sup> Fylkeskommunane Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. For Hordaland fylkeskommune var det tale om ei omorganisering.

	<p>Kvinnedelen blant dei tilsette er på om lag 67 %, i styret 57 % og i leiargruppa på 50%.</p> <p>Etiske og forretningsmessige prinsipp, og praksis i selskapet, skal vere foreinleg med eigarane sine eigne prinsipp og praksis så langt det er mogleg.</p> <p>I 2023 vart Skyttel AS lærlingebedrift, og har i dag to lærlingar tilsette i IT-avdelinga. I tillegg har selskapet tre skuleelevar på utplassering.</p> <p>Selskapet si årlege aktsemeldsvurdering etter openheitslova ligg her:  <a href="#">Aktsomhetsvurdering i Skyttel AS - Åpenhetsloven</a></p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Det er få aktuelle anbodskonkurransar som er aktuelle for selskapet, og konkurransesituasjonen i bransjen er hard. Selskapet si utfordrarverksemd møter hard konkurranse frå dei største forsikringsselskapa i landet, som har erverva eksisterande kundeporteføljar frå dei regionale bompengeselskapa.</p> <p>Kontrakta knytt til AutoPASS for ferje er svært viktig for selskapet. Selskapet har også ei langsiktig kontrakt med Bastøfosen As om systemleveranse av AutoPASS innkrevjing på ferjesambandet Moss-Horten for fire år til.</p> <p>Selskapet rapporterer om at det vil kome nye moglegheiter i marknaden for inndriving av fordringar framover, og ser positivt på framtida med tanke på vidareutvikling av utfordrarrolla for AutoPASS-innkrevjing. Skyttel AS har mål og ambisjon om å levere dei beste administrative løysingane i marknaden, og om å kunne konkurrere om den skandinaviske marknaden for tungtransport/transportnæringa i Skandinavia, som følgje av at vegprising vart innført i Danmark i 2025.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Selskapet er indirekte i tråd med fylkeskommunen sin føremålskategori infrastruktur og kollektivtransport – deltaking i selskap med infrastrukturutbygging eller finansiering av infrastrukturutbygging som føremål.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	<p>Fylkeskommunen sin eigarskap i Skyttel AS er eit resultat av den statleg initierte bompengereforma. Det som i dag er Skyttel AS vart skilt ut i samband med etableringa av Ferde AS, fordi verksemda er kommersiell og derfor ikkje foreinleg med den verksemda bompengeselskapa skal drive.</p> <p>Det er naturleg at fylkeskommunane har eigarskap i bompengeselskapet Ferde AS. Det er ikkje like sjølv sagt at fylkeskommunane skal eige det kommersielle selskapet Skyttel AS, og eigarskapen er berre indirekte i tråd med fylkeskommunen sin føremålskategori infrastruktur og kollektivtransport.</p> <p>I starten kunne eigarskapen i Skyttel AS, grunngjenvast med at fylkeskommunane skulle vere med på å sikre eksistensen av</p>

	<p>utferdarverksemder i marknaden, men det er no fleire slike verksemder på plass. På bakgrunn av dette vedtok fylkestinget allereie i 2021 å starte prosess for å avvikle eigarskapet i selskapet.</p> <p>Arbeidet med å vurdere og utgreie ei mogleg avvikling av fylkeskommunen/ane sitt eigarskap er i gang, men selskapet, og marknaden selskapet opererer i, har vore og er framleis i endring, og dette er noko eigarane har lagt vekt på så langt i prosessen.</p> <p>Sidan sist har Skyttel utvikla verksemda si, og selskapet har også byrja betale ut utbyte. Selskapet har i 2024 sett av 9 mill. kr, av eit samla overskot på i overkant av 26 mill. kr i 2023, i utbyte til eigarane. Avsett utbyte for 2022 var 12 mill. kr.</p>
Tilråding	Halde fram utgreiingsarbeidet med avvikling av eigarskapet som siktemål.

## Sunnhordland Lufthamn AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å planlegge, finansiere, opparbeide og drive lufthamna på Stord, og i samband med dette å delta i andre selskap med liknande verksemeld.	
<b>Etablert</b>	16.06.1983	
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Aksjekapitalen er på 5 000 000 kr, fordelt på 400 aksjar á kr 12 500.</p> <p>Fylkeskommunen eig 21 prosent av aksjane. Pålydande verdi på eigaposten er kr 1 050 000 kr.</p> <p>Stord kommune eig dei resterande 79 prosentane av selskapet.</p>	
<b>Forretningskontor</b>	Stord kommune	
<b>Regelverk</b>	<p>Aksjelova, offentleglova, regelverket om offentlege innkjøp m.fl.</p> <p>Lufthamna er EU-godkjent av Luftfartstilsynet. Konsesjonen gjeld fram til 01. juli 2031. Lufthamna har løye frå statsforvaltaren i Vestland til å nytta kjemikaliar til avisering av fly og rullebane. Lufthamna har løye av Luftfartstilsynet til å kunna ta imot Widerøes flytype DASH 8/Q400 med 78 passasjerseter.</p>	
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter	
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 04.06.24 Fylkesordføraren representerte fylkeskommunen i møtet.	
<b>Eigarmøte o.l.</b>	Eigarmøte vart gjennomført i forlenginga av generalforsamlinga 04.06.24, og fylkesordføraren deltok for fylkeskommunen.	
<b>Val av styre</b>	Styremedlemene vert valde for to år om gongen, medan varamedlemene vert valde for eitt år om gongen. VLFK peiker ut ein medlem med vara.	
<b>Styresamansetning</b>	<u>Styremedlemer (2024-2026):</u> Dag Jarle Aksnes (leiar) (Stord) Aslaug Grov Almås (Stord) Magne Rommetveit (Stord) Sigurd Andre Maraas (VLFK) Aleksander G. Skjelsvik (tilsette)	<u>Varamedlemer (2024-2026):</u> Aslaug Kindem (Stord) Stig Stellberg (VLFK) Signe Kristin Hovland (tilsette)
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	<p>Styreleiar: 108 218 kr per år (tilsvarende godtgjersle som ein komitéleiar i Stord kommune).</p> <p>Styremedlem: 30 000 kr per år.</p> <p>Varamedlem: 3500 kr per møte.</p> <p>Samla styregodtgjersle i 2023 er 208 219 kr.</p>	

	Løn til dagleg leiar i 2023: 1 276 013 kr. Pensjonsutgifter: 25 147 kr. Anna godtgjersle: 17 858 kr.
Fylkeskommunalt lån	Selskapet fekk i 2019 tilsegn om lån på 3 780 000 kr frå fylkeskommunen (og 14 220 000 frå Stord kommune), til bygging av nytt kontrolltårn, utviding av terminal og oppgradering av brøyteutstyr.  I 2023 fekk selskapet lån på 1,2 mill. kr frå fylkeskommunen. Lånet skal betalast attende i perioden 2024-2027, med 75 000 kr kvart kvartal.
Revisor	KPMG AS
Adresse	Flyplassvegen 344, 5410 Sagvåg
Kontaktperson	Dagleg leiar: Jan Morten Myklebust
Telefon/faks	53 40 37 00
E-post	Jan.Morten.Myklebust@stordlufthamn.no
Nettadresse	<a href="http://www.stordlufthamn.no">http://www.stordlufthamn.no</a>

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	27 993	30 698	28 171
Driftsresultat	-1 307	-139	-851
Resultat etter skatt	-1500	-350	-999
Totalkapitalrentabilitet	-12	-1	-7
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	-49	-9	-32
Likviditetsgrad 1	0,7	0,6	0,6
Eigenkapital i % (soliditet)	21	34	36
Gjeldsgrad	4	2	2

<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste åra hatt «tilfredsstillende soliditet», medan lønnsemda og likviditeten ikkje er tilfredsstillande. Det er verdt å merke seg at Stord lufthavn har hatt negativt resultat dei siste åra, og at om det også vert gjeldande dei komande åra, så vil ein måtte vurdere å skyte inn meir kapital <sup>39</sup> .
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Frå 2021 vart tilskot til ikkje-statlege flyplassar med kommersielle ruter lagt inn i rammetilskotet til fylkeskommunane, og fylkestinget vedtok, i sak PS 102/2020, å inngå avtale om tilskot til drifta av lufthamna frå 01.01.21 til 31.03.24. Tilsvarande avtale om vart inngått i år for 01.01.2024– 31.03.2028, sjá under om fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding. Avtalen går ut på å kompensere lufthamna økonomisk for drifta, med heimel i gruppeunntaket for støtte til tenester av allmenn økonomisk betydning. I 2023 var den økonomiske støtta på 25 mill. kr. Summen skal indeksregulerast årleg, og eit vilkår for støtta er at lufthamna har fast rutetrafikk, og at støtta ikkje vert brukt til kjøp av flytenester.</p> <p>I 2023 reiste 10.549 personar med DAT si Oslo ruta frå/til Stord lufthamn. Samanlikna med 2022 var dette ein reduksjon i tal reisande på 51,2 %. Kabinfaktoren på ruta var på 53,8 %.</p> <p>Flyruta Stord-Oslo vart frå 01.04.24. inkludert i statens FOT-ruter. DAT vann anbodet i konkurransen med Widerøe. Anbodet gjeld fram til og med oktober 2027, og er på 12 rotasjonar per veke. Lufthamnselskapet har lukkast med å få DAT til å fly 15 rotasjonar per veke. Talet reisande aukar, og i mai reiste 4094 personar med ruta. Kabinfaktoren var på 64 %. Om den positive trafikkutviklinga held fram reknar lufthamna det som truleg å nå 40 000 reisande på Oslo ruta i løpet av dei neste 12 månadane (tilsvarande selskapet sitt mål for 2026).</p>
<b>Korleis selskapet tek samfunnsansvar</b>	<p>Etter krav frå Statsforvaltaren vert det årleg teke miljøprøvar i vatna ved lufthamna.</p> <p>COWI utarbeidar årleg ein miljørapport for lufthamnselskapet. Ny støyanalyse vart utarbeidd i 2023, og utrekningar stadfestar at det ikkje er nokon bygningar med støyfølsamt bruksføremål innanfor støysonene.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Lufthamnselskapet skal snart inngå ny leigeavtale med Stord kommune, og for lufthamnselskapet er det viktig at den nye avtalen er klar på korleis større investeringar skal finansierast. Lufthamnselskapet får per i dag ikkje lån til finansiering av større investeringar, sidan banken ikkje kan ta pant i flyplassenlegget.</p> <p>Etter at FOT-ruta starta opp i april 2024 har selskapet hatt positive resultat. Selskapet forventar eit positivt økonomisk resultat for 2024, og forventar å verte i stand til å kunne betene større lån etterkvart.</p> <p>Grunna stor auke i reisande er det no behov for fleire parkeringsplassar for bilar. Tårnet er av eldre dato og selskapet må no starta prosjektering av nytt tårn. Terminalbygget må utvidast slik at ein får betre plass til «Security» og passasjerar. Det er vidare behov for utbetring og planering av rullebaneskuldrar. Om nokre år må også rullebana reasfalterast. Ein del av maskin- og bilparken er også av eldre dato og må etter kvart skiftast ut. Lufthamna vil også legge til rette for bruk av elektroniske fly,</p>

<sup>39</sup> Sjá punkt 4.1. for omgrepssforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>og satsar på at Oslo ruta vil vere operert av elektroniske fly om nokre år. Når det gjeld nytt tårn og utviding av terminalbygg så har selskapet tidlegare fått lånetilsegn på 18 mill. kr frå eigarane, fordelt ut frå eigarane sine eigardelar i selskapet.</p>
<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	<p>FT-PS 132/2022 <i>Søknad om ekstraordinært tilskot til drift av Stord Lufthamn i 2022:</i></p> <p>«1. Fylkestinget ser at Stord Lufthamn er viktig for utviklinga av den sørlege delen av fylkeskommunen. 2. På bakgrunn av ein vanskeleg økonomiske situasjon får Stord Lufthamn eit eingongstilskot på 2,2 mill.kr. Beløpet vert dekka av fondsmidlar.»</p> <p>FU-PS 5/2023 <i>Støtte til flykjøp Stord – Oslo 15.02.2023 – 15.05.2023:</i></p> <p>1. Vestland fylkeskommune dekker inntil 50 % av kostnadane med kjøp av flyruter mellom Stord og Oslo i perioden 15.02.2023 – 15.05.2023, men avgrensa til 750 000 kroner. 2. Kostnaden vert dekka av fondsmidlar.</p> <p>Vedtak i samband med FU-RS 55/2023 <i>Søknad om økonomisk støtte til flyrutekjøp på strekninga Stord-Oslo:</i></p> <p>«Fylkesutvalet viser til søknad frå Sunnhordland lufthamn AS om økonomisk støtte til drift av lufthamna fram til den kjem inn i FOT-ruteordninga 1.4. 2024. Fylkesutvalet beklagar at det ikkje er kome til semje med Samferdsledepartementet om økonomisk overgangsordning for trafikken ved lufthamna og at Stord kommune og Vestland fylkeskommune dermed alt har gitt tilskot for å sikra drifta våren 2023.</p> <p>Ut frå ei heilskapsvurdering kjem fylkesutvalet søknaden i møte, og løyver NOK 2.000.000,- til drift av Sunnhordland Lufthamn as fram til flyplassen kjem inn i FOT-ordninga frå 1.4.2024. Løyvinga føreset at støtta ikkje er i strid med EØS-lova og statsstøtteregelverket, og at Stord kommune yter tilsvarande økonomisk samla bidrag. Fylkesutvalet føreset at Sunnhordland Lufthamn arbeider vidare med statleg økonomisk støtte i perioden, og løyvinga vil då evt bli avkorta mot statleg støtte. Fylkesutvalet føreset at Sunnhordland lufthamn as tilpassar driftsnivået til dei økonomiske rammene løyvinga gjev fram til lufthamna kjem inn i FOT-ruteordninga.</p> <p>Fylkesutvalet tek atterhald om at løyvinga vert godkjend av Fylkestinget».</p> <p>FT-PS 104/2023 <i>Søknad om økonomisk støtte til flyrutekjøp på strekninga Stord-Oslo:</i></p> <p>1. Vestland fylkeskommune har ikkje heimel til å tildele ytterlegare støtte til Sunnhordland lufthavn AS, og avslår derfor søknaden om støtte. 2. Fylkestinget viser til at offentlege aktørar kan gje lån på marknadsvilkår og løyver ut frå dette 1,2 mill. kr i lån til Sunnhordland lufthavn AS. Lånet vert finansiert med fondsmidlar. 3. Fylkesdirektøren får fullmakt til å fastsetje lånevilkåra.</p> <p>FT-PS 7/2024 <i>Sunnhordland Lufthavn AS – avtale om kompensasjon av kostnader til drift av Stord lufthamn:</i></p>

	«Vestland fylkeskommune inngår avtale med Sunnhordland Lufthavn AS om tilskot til drifta av Stord lufthamn for perioden 01.01.2024 - 31.03.2028.»
Mål med eigarskapen	Målet med eigarskapen er å leggje til rette for flytrafikk til og fra Sunnhordland gjennom å vere medeigar i lufthamna. Flytilbodet bidreg igjen til ei positiv næringsutvikling i Sunnhordland.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	Som nemnt over, har fylkeskommunen inngått ein avtale med selskapet om å yte tilskot til drift av lufthamna fram til 31.03.28. Fylkeskommunen inngår avtalen først og fremst som samferdselsstyresmakt, og ansvaret er derfor ikkje direkte knytt til at fylkeskommunen er medeigar i lufthamna.  Argumentet for å vidareføre eigarskapen vil vere å halde fram med å legge til rette for flytrafikk til og fra Sunnhordland, gjennom å vere medeigar i lufthamna, så lenge lufthamna er ikkje-statleg. Selskapet viser til monaleg auke i passasjertal etter at ruta er blitt del av FOT-rutene, og gir uttrykk for forventningar om positivt økonomisk resultat framover, og ei styrka evne til å betene lån til nødvendige investeringar.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

## 6.6 Opplæring



## Bergen Vitensenter AS (Vilvite)

<b>Føremål</b>	Utvikle og drive populærvitskapleg opplevings- og læringscenter med utgangspunkt i teknologi, naturvitenskap, matematikk og humaniora spesielt retta mot barn og unge, samt anna verksemd som naturleg fell saman med dette, m.a. å delta i samarbeid med andre selskap og føretak med liknande verksemd. Føremålet er ikkje å gje økonomisk eigarutbytte.	
<b>Etablert</b>	01.09.2005	
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Selskapet sin aksjekapital er 2 368 000 kr.</p> <p>Fylkeskommunen eig 450 aksjar i selskapet, som svarar til 19 % av eigardelane. Aksjeposten sin pålydande verdi er 449 920 kr.</p> <p>Andre eigarar er m.a. Bergen kommune (29,6 %), UiB (19 %) og HVL (19 %).</p>	
<b>Forretningskontor</b>	Thormølensgate 51, 5006 Bergen	
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova m. fl.	
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter. Sist endra på generalforsamling i 2019.	
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført ordinær generalforsamling i selskapet 27.05.24. Oddmund Klakegg representerte fylkeskommunen, med fullmakt.	
<b>Eigarmøte o.l.</b>	Det vart gjennomført eigarmøte i selskapet etter generalforsamlinga 27.05.24.	
<b>Valkomite</b>	Valkomite, utpeika på generalforsamlinga 27.05.24: Ragnhild Sivertsen Stolt-Nielsen Monica Mæland Styret fekk fullmakt til å peike ut ein tredje medlem i samråd med eigarane.	
<b>Val av styre</b>	Styret skal ha frå 5 til 9 medlemer. I tillegg skal ein styremedlem med personleg vara veljast av og frå dei tilsette. Selskapet har vedteke instruks for valkomite. Generalforsamlinga vel styremedlemer og styreleiar for ein periode på to år om gongen. Maks 3-5 styremedlemer skal vere på val samstundes.	
<b>Styresamansetjing</b>	<u>Styremedlemer:</u> Jorunn Nerheim (2024-2026) (leiar) Atle Kvamme (2023-2025) Sigrun Eliassen (2024-2026) Øyvind Midtbø Berge (2024-2026) Anne Hasselgren (2024-2026) Elisabeth Kleppe (2023-2025) Torbjørn Torsvik (2023-2025) Jon Olav Økland (2024-2028) Siri Nystad (2023-2025)	<u>Varamedlemer:</u>  Fast vara for tilsettrepresentant: Kai Håkon Sunde (2023-2025)
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	Styreleiar: 4000 kr per møte. Styremedlem: 2000 kr per møte. Samla styregodtgjersle i 2023: 72 000 kr. Løn dagleg leiar 2023: 1 646 138 kr. Anna godtgjersle 14 690 kr.	

Fylkeskommunalt lån	Nei
Revisor	Deloitte AS
Adresse	Thormølensgate 51, Bergen
Kontaktperson	Dagleg leiar: Lars Leegaard Marøy
Telefon/faks	97 10 75 31
E-post	<a href="mailto:lilm@vilvite.no">lilm@vilvite.no</a>
Nettadresse	<a href="https://www.vilvite.no/">https://www.vilvite.no/</a>

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	54 182	54 440	45 221
Driftsresultat	1897	83	-742
Resultat etter skatt	-1 815	126	-713
Totalkapitalrentabilitet	4	0	-2
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	-15	1	-6
Likviditetsgrad 1	1,1	2	1,6
Eigenkapital i % (soliditet)	25	32	32
Gjeldsgrad	3	2	2

<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillande likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>40</sup> . Bergen Vitensenter AS har gått frå eigenkapital på 32 % i 2021 til 25 % eigenkapital i 2023.
<b>Viktige hendingar</b>	I 2023, det første fulle driftsåret etter pandemien, konstaterer senteret med glede at gjestene kom attende til senteret. Dette året hadde senteret totalt besøk av 118 500 gjester - 78 000 fritidsgjester og 40 500 skuleelevar (inkludert digitale og oppsøkande opplegg for 3400 elevar). Det samla besøkstalet tilsvasar normalnivå før pandemien.  I 2023 har selskapet ferdigstilt ei moderniseringa av senteret. For vitensenteret si kjerne, ei interaktiv utstilling, handla 2023 om å lansere nye installasjonar om teknologi, særleg innan ChatGPT og relaterte teknologiar. I 2023 hadde senteret ei midlertidig utstilling – «Prosjekt fantasi», og gjorde ferdig senteret sitt største prosjekt sidan opninga - «Energibyen» - som opna tidleg i 2024. Den høge prisstiginga gjennom 2023 har medført utfordringar for drifta og utviklinga av senteret, særleg sidan mange av fritidsgjestene, typisk barnefamiliar, også har opplevd trøngare privatøkonomi. Selskapet merkar det særleg i form av mindre sal i butikken. Dei offentlege tilskota

<sup>40</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	er noko justert, men ikkje slik at dei fullt ut tilsvavarar prisveksten. Selskapet har også fleire private sponsorar, og får elles straumstøtte gjennom ei statleg tilskotsordning.
Korleis selskapet tek samfunnsansvar	<p>VilVite fører Vitenrekneskap – ein rekneskap over utveksling av verdiar mellom VilVite som verksemd og samfunnet. Det går fram av rekneskapen at VilVite yter eit netto bidrag til samfunnet. Selskapet er Miljøfyrtårn-sertifisert.</p> <p>Selskapet har utarbeidd plan for likestillingsarbeid, og har m.a. kjønnsbalanse som mål.</p> <p>I 2023 gjennomførte senteret ei analyse av vesentlege faktorar knytt til berekraft, for å identifisere kva berekraftsområde selskapet har størst moglegheit til å påverke, og kva for nokre som påverkar selskapet i størst grad. Analysen er utarbeidd på bakgrunn av ein metode som ligg til grunn for rapportering etter det nye berekraftsdirektivet frå EU, og vert rekna for å utgjere god praksis innan berekraftsarbeid. I analysen kom følgjande tema ut på topp: Oppdatert kompetanse og kunnskapsformidling, Ansvarleg kommunikasjon, Innovasjon, utvikling og teknologi, Gode arbeidstilhøve, Naturressursar og avfall, og anstendig forretningsdrift. Resultata er innarbeidde i selskapet sin overordna strategi med verknad frå 2024.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet har vellukka samarbeid med fleire eksterne aktørar, og stadig fleire aktivitetar vert utvikla og levert i samarbeid med eksterne.</p> <p>I 2009 vedtok styret at aksjekapitalen bør aukast til 5 mill. kr. Auken er ikkje realisert, men vedtaket står framleis ved lag.</p> <p>Dei strategiske prioriteringane for 2024-2026 er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- eit driftsresultat i balanse gjennom å auke inntektene frå privat- og bedriftsmarknaden og gjennom nye og eksisterande partnarskap</li> <li>- fornying og aktualitet i innhald og kommunikasjon, med vekt på formidling av oppdatert og engasjerande berekraftskunnskap</li> <li>- i større grad nå innbyggjarane i heile regionen, for å auke deira realfagskapital og innovasjonsevne.</li> </ul>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen er knytt til fylkeskommunen sitt ansvar for vidaregåande opplæring og fylkeskommunen sitt ansvar for samfunns- og næringsutvikling. I tillegg til den direkte nyten fylkeskommunen har av selskapet, ved at skulane kan nyte senteret i undervisninga, har fylkeskommunen interesse i senteret ut frå rekrutteringsbehov til matematikk og naturfag i vidaregåande opplæring.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøylegt	Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen er framleis aktuelt, og selskapet er ein viktig partner for fylkeskommunen. Som ein av fire større aksjonærar i selskapet, kan fylkeskommunen påverke den vidare selskapsutviklinga.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

## Campus Verftet AS

<b>Føremål</b>	Vere eit utdannings-, forskings- og innovasjonssenter for offentlege og private verksemder. Overordna mål er å styrke utdanningsinstitusjonane med omsyn til rekruttering, forsking og innovasjon i privat og offentleg sektor. Selskapet skal også leggje til rette for auka samarbeid mellom næringsliv, utdanningsinstitusjonar og anna offentleg verksemd. Det skal ikkje gjevast utbytte til eigarane. Ved ev. avvikling skal eigedelane gå til utdannings- og opplæringsføremål i regionen. Avviklingsstyret avgjer då kva føremål eigedelane kan nyttast til.	
<b>Etablert</b>	Selskapet vart i 2013 etablert som Energilab Sogn og Fjordane AS av Sogn og Fjordane Energi AS og skifta namn til Campus Førde Verftet AS i 2019, då dagens eigarar overtok. Namnet vart i 2021 endra til Campus Verftet AS (CV AS).	
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Aksjekapitalen er 100 000 kr, delt på 1000 aksjar, kvar pålydande kr 100. Vestland fylkeskommune eig 450 aksjar (45 %). Andre eigarar: HVL (45 %), Sunnfjord kommune (10 %).	
<b>Forretningskontor</b>	Øyrane 12, 6800 Førde	
<b>Regelverk</b>	Aksjelova, regelverket om offentlege anskaffingar m. fl.	
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter godkjende på GF 26.06.20. Desse vart justerte på GF 24.06.21, der ein endra namnet (§1) til «Campus Verftet AS». Det ligg dessutan føre ein aksjonæravtale, og eit samarbeidsdokument (vedlegg til aksjonæravtalen).	
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 21.06.24. Siri Sandvik representerte fylkeskommunen i møtet, med fullmakt.	
<b>Eigarmøte o.l.</b>		
<b>Val av styre</b>	Styret skal ha 5-7 medlemer. HVL og Vestland fk oppnemner inntil tre medlemer kvar, med varamedlemer. Sunnfjord kommune oppnemner ein medlem, med varamedlem.	
<b>Styresamsetjing</b>	<u>Medlemer (2024-):</u> Jens Kristian Fosse, leiar Kathrin Jakobsen (VLFK) John Torsvik (VLFK) Erlend Toftesund Gunnhild Berge Stang Olin Johanne Henden (VLFK) Øystein Stavø Høvig	<u>Varamedlemer (2024-):</u> Øyvind M. Berge Rolf Årdal (VLFK) Beate Dybedahl Nordvik (VLFK) Sissel Bruland Gurvin Bente Hauge Christina Kvamme (VLFK) Brit Julbø
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	Det vert ikkje utbetalt styregodtgjersle. Dagleg leiar-funksjonen vart ivaretaken av Fagskulen Vestland i 2023.	
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.	
<b>Revisor</b>	PwC AS	
<b>Adresse</b>	C/o Vest Rekneskap AS, Postboks 377, 6802 FØRDE	

Kontaktperson	Styresekretær: Øyvind Midtbø Berge		
Telefon			
E-post	Oyvind.Midtbo.Berge@hvl.no		
Nettadresse			
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	3 032	2 105	2 988
Driftsresultat	0	-692	36
Resultat etter skatt	2	-645	30
Totalkapitalrentabilitet	0	-14	1
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	3	-181	6
Likviditetsgrad 1	1	1	1,1
Eigenkapital i % (soliditet)	2	1	12
Gjeldsgrad	60	70	8
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillande likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>41</sup> .		
Viktige hendingar	<p>Selskapet vart etablert i si noverande form i 2019 som eit laboratoriesamarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, v/Fagskulen i Sogn og Fjordane, og HVL. Føremålet var å bygge avanserte laboratorium som kan nyttast til utdanning, forsking, utviklings- og innovasjonsarbeid for skular og næringsliv.</p> <p>CFV er etablert som ei langsiktig satsing med to målsetningar. For det første har CFV målsetning om å vere ein arena for <i>utdanning</i> i regionen. CFV vil legge til rette for samarbeid om rekruttering og utdanningsstrategiar for å styrke teknologiutdanningane i regionen, og for å organisere felles kurs- og opplæringsaktivitetar mellom kunnskapsinstitusjonane og mot næringsliv og industri. Satsinga spring ut av eit behov og potensiale for å styrke rekruttering både på HVL og Fagskolen for å få stabilisert eit utdanningstilbod i regionen. CFV er også viktig for å bidra til å dekke næringsliv og industri sitt behov for rett kompetanse. For det andre har CFV ei målsetting om å vere ein arena for <i>innovasjon</i> og <i>næringsutvikling</i> i regionen. CFV vil legge til rette for at næringsliv og industri kan få gjennomført kurs- og opplæringsaktivitetar, og at næringsliv og industri kan bruke infrastrukturen på CFV til innovasjon og teknologiutvikling.</p> <p>Selskapet har utvikla infrastruktur bestående av laboratorium med maskiner og utstyr innan prioriterte tematiske område (elkraft,</p>		

<sup>41</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	maskinteknikk, automasjon og robotikk, bygg, mineral mm.). Selskapet eig maskinene og utstyret sjølv og driftar den felles infrastrukturen.
Korleis selskapet tek samfunnsansvar	
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet er no i ein mellomfase mellom utviklingsprosjekt og ordinær drift. Bruken av CFV er aukande. Fagskulen Vestland har flytt inn på campus og bruker infrastrukturen aktivt i si undervisning. Høgskulen på Vestlandet brukar også CFV for utdanning og FOU for sine studentar og fagpersonar. Fleire opplæringsinstitusjonar, som opplæringskontor, folkehøgskule m.m. tek i aukande grad i bruk CFV i sine aktivitetar. Selskapet viser til at dei så langt på mange måtar har lukkast i ambisjonen om å vere en <i>utdanningsarena</i> for teknologiutdanningane og andre opplæringsinsitusjonar i regionen.</p> <p>Viktige planar for den komande tida er å realisere CFV også som ein <i>innovasjonsarena</i> for næringsliv og industri i regionen, i tråd med dei opphavlege målsettingane for selskapet. Næringslivet har det siste året i aukande grad nyttia infrastrukturen både til opplæringsaktivitetar og i innovasjonsarbeid, men på grunn av dagens eigarstruktur (offentleg eigarskap) har selskapet avgrensa moglegheiter til å gjennomføre kommersiell aktivitet. Eit viktig arbeid i selskapet framover er å avklare potensialet for inntekter til selskapet og avklare grunnlaget for ein driftsmodell som står seg over tid. I dette ligg det også å avklare eigarskapsstruktur i selskapet.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	<p>Opplæring, innovasjon og samfunnsutvikling. Fylkeskommunen sine overordna og langsiktige målsettingar for prosjektet er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Auka rekruttering av studentar til høgare utdanning innan tekniske fag.</li> <li>• Auka rekruttering av studentar for etter- og vidareutdanning.</li> <li>• Støtte innovasjon, FoU og verdiskaping der bedriftene er lokalisert.</li> <li>• Styrke samanhengen i utdanningsløpet mellom vgs., fagskule og høgskule.</li> <li>• Tilbodet skal vere til nytte for heile fylket.</li> </ul>
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøylegt	Målet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande. Eit viktig arbeid for selskapet framover er å avklare potensialet for inntekter til selskapet og avklare grunnlaget for ein driftsmodell som står seg over tid. I dette ligg det også å avklare eigarskapsstruktur i selskapet.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

## Opplæringsfartøy AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å eige og drive fiskefartøy på ideell basis etter aksjelova § 2-2 (2), hovudsakleg ved å stille fartøyet M/S Skulebas til disposisjon for Måløy vgs. til bruk i opplæring.
<b>Etablert</b>	05.03.2002
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Aksjekapitalen er 784 000 kr fordelt på 784 aksjar kvar på 1 000 kr.  Fylkeskommunen sin eigarprosent er 76,5. Aksjane sin pålydande verdi er 600 000 kr.  Andre eigarar er m.a. Ervik Havfiske AS, Carisma Fish AS, Fjord1 AS, Nordea Bank Norge ASA og Fiskebas AS.
<b>Forretningskontor</b>	Måløy, Kinn kommune
<b>Regelverk</b>	Aksjelova m.fl.
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter av 05.03.02. Desse er seinare endra – m.a. 17.11.16.
<b>Samfunnsansvar og etiske retningslinjer</b>	Ikkje omtalt.
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 19.09.24, for å vedta avvikling av selskapet. Jon Olav Økland representerte fylkeskommunen, med fullmakt.  I 2021 var det ordinær GF 29.06.21. Signe Rauboti representerte fylkeskommunen (fullmakt). Rekneskap 2020 var då ikkje klår og det var heller ikkje alle formalitetar vedk. styrerrepresentasjon.  Det vart difor ekstraordinær GF 26.08.2021 (digital). Fylkesordføraren representerte fylkeskommunen.
<b>Val av styre</b>	Styret skal ha fem medlemer. Tre valde etter forslag frå Vestland fylkeskommune, ein medlem valt blant personar som er foreslått av-, og blant, tilsette ved maritime og marine utdanningsprogram ved Måløy vidaregåande skule, og ein styremedlem valt blant personar som er foreslått av Sogn og Fjordane Fiskarlag. Tre medlemer av styret bør ha maritim kompetanse eller bakgrunn. Generalforsamlinga vel styret.
<b>Styresamansetjing</b>	Styret valt på generalforsamlinga 18.11.20: Ottar J. Aare, leiar Geir Magne Røys Eivind Kåre Birknes Nina Bognøy Morten Andreas Hagen.
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	I 2023 er det rekneskapsført 1 169 707 kr i lønnskostnader. Gjennomsnittleg tal årsverk er oppgitt til å ha vore to.
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok i sak 37/10 å gje selskapet eit rente- og avdragsfritt lån på 1 mill. kr. Lånet vart utbetalta i juni 2010. FT lenga avtalen i 2016 og i 2018.  I møte 08.10.19, sak 47/19, utvida FT det rente- og avdragsfrie ansvarlege lånet frå 1 mill. kr til 3 mill. kr.

	M/S Skulebas måtte i november 2019 gjennom ei femårsklassing (hovudklassing) som vart vesentleg dyrare enn tidlegare føresett. I møte 10.12.19, sak 52/19, utvida Sogn og Fjordane fylkesting difor det rente- og avdragsfrie lånet til 5 mill. kr. Låneavtalen for det samla lånet gjaldt fram til 31.12.2021, men vart deretter forlenga.  I samband med avviklinga av selskapet hausten 2024 vert restgjelda på om lag 650 000 kr ettergitt.		
Revisor	Ernst & Young AS.		
Adresse	Gate 1 106, 6700 Måløy		
E-post	<a href="mailto:ottar@nordvest-fjordservice.no">ottar@nordvest-fjordservice.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	2 798	4 634	3 678
Driftsresultat	92	1 041	298
Resultat etter skatt	114	1 100	318
Totalkapitalrentabilitet	2	21	7
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	-25	-104	-18
Likviditetsgrad 1	1	5,6	5,6
Eigenkapital i % (soliditet)	-8	-10	-31
Gjeldsgrad	-14	-11	-4
Økonomisk utvikling i tekst	Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillande likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje har vore tilfredsstillande <sup>42</sup> . Målet med selskapet har ikkje vore finansielt, men har vore å eige eit fartøy for å stille det til disposisjon i opplæringa ved Måløy vgs.		
Viktige hendingar	<p>VLFK har kjøpt nytt opplæringsfartøy, og skal eige fartøyet direkte.</p> <p>Skulebas senior, det gamle opplæringsfartøyet, vart i 2023 avhenda til Sea Eiendom AS for 780 000 kr. Bodet var det høgste av til saman tre bod innan fristen. Overlevering fann stad 27.10.23, etter at det planlagde «pigghåtoktet» var avslutta. Handelen er gjennomført via meklar, og det er ikkje kjent kva kjøpar skal bruke båten til. Sea Eigedom AS er eit privat selskap som har til formål å eige og forvalte fast eigedom og har forretningsadresse i Ålesund.</p> <p>Selskapet vart vedteke avvikla i 2023, men grunna ein feil vart ikkje vedtaket sendt inn innan fristen for innmelding til Brønnøysundsregistera, og vedtaket vart derfor gjort på nytt hausten 2024.</p> <p>Restgjelda på om lag 650 000 til fylkeskommunen vert ettergitt, jf. Vedtaket attgjeve under.</p>		

<sup>42</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	
<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	<p>FU-PS 23/2023 <i>Framgangsmåte for oppløysing av Opplæringsfartøy AS:</i></p> <p>«1. Før oppløysinga av Opplæringsfartøy AS, må fartøyet, M/S Skulebas senior, avhendast. Fylkesutvalet gjev i samband med det fylkesdirektøren i oppdrag å greie ut om høvelege avhendingsmåtar.</p> <p>2. Fylkesdirektøren får deretter fullmakt til å, i samråd med selskapet, gjennomføre avhendinga på den måten som er mest i tråd med fylkeskommunen sine økonomiske interesser. Avhendingsprosessen må også ta omsyn til at seljar sin hovudeigar er eit offentleg organ med samfunnsansvar.</p> <p>3. Å disponere eit opplæringsfartøy er viktig for å kunne tilby den opplæringa Måløy vidaregåande skule tilbyr. Leveringstidspunktet, ved eit sal, må derfor tilpassast skulen sitt eventuelle behov for å bruke Skulebas senior i ein overgangsperiode etter at nytt fartøy er levert.</p> <p>4. Fylkeskommunen føreslår oppløysing av selskapet ved avvikling, og at forslaget skal handsamast som vedtakssak anten på ordinær generalforsamling i 2023 eller i ei ekstraordinær generalforsamling på eit høveleg tidspunkt i løpet av året.</p> <p>5. Attendebetaling av det ansvarlege lånet har prioritet framfor tilbakebetaling av eigenkapital til eigarane. I ein gjeven situasjon der selskapet, etter å ha avhenda fartøyet, ikkje er i posisjon til å tilbakebetale gjelda selskapet har til fylkeskommunen, får fylkesdirektøren fullmakt til å avklare moglege løysingar med selskapet, inkludert ei løysing som inneber å fråfalle den resterande gjelda. Det ansvarlege lånet har i si tid blitt gitt for å sikre fylkeskommunen eit fartøy til bruk i undervisninga.»</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Å disponere eit opplæringsfartøy er viktig for å kunne tilby den opplæringa Måløy vidaregåande skule tilbyr. Båten eigd av opplæringsfartøy har fylt ein viktig funksjon for fleire av gruppene ved skulen, m.a. matfag, motormekanikar, fiske og fangst. Båten har vore i bruk både ute til sjøs, og som klasserom når den ligg ved land. Lokalt næringsliv har rekruttert fleire av sine tilsette frå skulen.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Fylkeskommunen har no kjøpt eit nytt opplæringsfartøy som fylkeskommunen eig direkte, og fylkeskommunen sitt føremål med å eige i selskapet gjer seg ikkje lenger gjeldande.
<b>Tilråding</b>	Opplæringsfartøy AS er i ferd med å bli avvikla.

## Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS (ViteMeir)

<b>Føremål</b>	Etablere og drive Vitensenteret i Sogn og Fjordane. Senteret skal vere eit populærvtitskapeleg opplevings- og læringssenter innanfor naturvitenskap, matematikk og teknologi der dei besökande lærer ved å eksperimentere sjølv. Målgruppa er barnehagar, skular og private. Verksemda har ikkje mål om økonomisk vinning for eigarane, og skal ikkje betale utbytte. Ev. overskot i rekneskapsåret vert ført til selskapet sin eigenkapital. Ved ei ev. oppløsing, skal attverande midlar gå til Musea i Sogn og Fjordane.	
<b>Etablert</b>	08.02.18	
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Aksjekapitalen er på 3 060 000 kr, fordelt på 306 aksjar, kvar pålydande 10 000 kr. Fylkeskommunen eig 33,3 % av aksjane i selskapet. Dei 102 aksjane sin pålydande verdi er 1 020 000 kr.</p> <p>Andre eigarar er Sogndal kommune (18,3 %), Kaupanger Næringsforeining (9,8 %), Stiftinga Vestlandsforskning (7,5 %), Sogn Næring AS (6,5 %), kommunane Luster, Vik, Lærdal, Kinn og Sunnfjord, Høgskulen på Vestlandet og NITO.</p>	
<b>Forretningskontor</b>	Sogndal kommune.	
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova m.fl.	
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter, sist endra 23.05.23.	
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 13.06.24. Endre Høgalmen representerte fylkeskommunen, med fullmakt.	
<b>Eigarmøte o.l.</b>		
<b>Valnemnd</b>	<p>Generalforsamlinga vel valnemnd, tre medlemer for to år om gongen; ein av dei leiar. Eigarane skal vere representerte i valnemnda.</p> <p><u>Medlemer:</u>            Arnstein Menes (leiar)            Trude Brosvik            Trine Lerum Hjellhaug</p>	
<b>Val av styre</b>	Styret skal ha fem til sju medlemer, leiar, nestleiar og inntil fem styremedlemer. I tillegg skal det veljast to varamedlemer i numerisk rekkefølge, med møterett. Alle medlemane vert valde for to år om gongen. Styreleiar vert valt for eitt år. Vala vert førebudde av valnemnda, som også skal innstille til styreleiar og nestleiar.	
<b>Styresamsetjing</b>	<u>Styremedlemer:</u> Tor Arne Ness (leiar) 2023-2025 Geir Kåre Resaland (nestleiar) 2024-2026 Per Rune Vereide (VLFK) 2024-2026 Torunn Hønsi (Vestlandsforskning) 2024-2026 Mari Husabø (Sogndal kommune) 2023-2025 Bente Hauge (Sunnfjord utvikling) 2024-2026 Theres Kiboko (Norway's best) 2023-2025	<u>Varamedlemer i rekkefølge:</u> 1. Christian Sønstlien (VLFK) 2024-2026 2. Anders Bjørke (Kaupanger næringsforeining) 2023-2025 3. Line Bjelde (Sogn næring) 2024-2026

<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	Samla styregodtgjersle for 2023 er 30 000 kr til styreleiar (uendra sidan 2020).  Løn til dagleg leiar i 2023: 824 267 kr.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	Skarpeteigvegen 1, 6854 Kaupanger (postadresse)		
<b>Kontaktperson</b>	Dagleg leiar: Gry Høyheim		
<b>Telefon</b>	48 00 35 48		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:gho@vitemeir.no">gho@vitemeir.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="#">ViteMeir - Vitensenteret i Sogn</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	21 022	18 746	9 845
Driftsresultat	1 695	977	1 843
Resultat etter skatt	1 935	755	1 663
Totalkapitalrentabilitet	19	11	20
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	35	24	65
Likviditetsgrad 1	2,3	1,8	1,8
Eigenkapital i % (soliditet)	61	48	45
Gjeldsgrad	1	1	1
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Selskapet har særskilt god likviditet, særskilt god lønsemd og særskilt god soliditet <sup>43</sup> . Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillende likviditet, lønsemd og soliditet.		
<b>Viktige hendingar</b>	Året 2023 er Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS (ViteMeir/senteret) sitt andre heile driftsår, og senteret har halde fram arbeidet med å bli gode på kjerneoppgåvene og få plass til viktige rutinar.  I starten av året gjennomførte senteret eit prøveprosjekt – ViteMeir på hjul, i samarbeid med Campus verftet Førde. På denne måten nådde senteret ut til elevar dei elles ikkje ville nådd. Prosjektet er vidareført i 2024, og blir finansiert av gavemidlar frå Tekna og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.  I 2023 har senteret elles, etter eit omfattande arbeid, opna ny energiutstilling i store deler av første etasje. SnakeMeir, senteret sin eigen		

<sup>43</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>kafé, har fått nytt tilbod og har utvikla seg til å bli ein meir integrert del av sjølve senteret og senteret sitt samfunnsoppdragsarbeid.</p> <p>I 2023 har 12 870 barnehageborn, elevar, studentar og lærarar delteke på 396 læringsopplegg, 42 lærarar har delteke på ulike lærarkurs, elevar frå 14 av 18 kommunar i Sogn og Fjordane har fått læringsopplegg, 3773 elevar og lærarar har opplevd ViteMeir på hjul, 2239 personar har delteke på vitenshow utanfor senteret, om lag 100 born har delteke på sommarskule, 15 907 fritidsbesökande har vore innom senteret og 3889 andre gjester har besøkt senteret i jobbsamanheng.</p> <p>Til saman har ViteMeir hatt besøk av, både på og utanfor senteret, 34 905 gjester i 2023. Dette utgjer ein oppgang samanlikna med 2022, hovudsakleg grunna auken i deltakarar på undervisningsopplegg i regi av senteret. Talet på fritidsbesökande på sjølve senteret har gått noko ned samanlikna med 2022, noko som kan kome av at senteret var heilt nytt i 2022. Besøkstala sommaren og hausten 2023 var likevel tilsvarande eller høgare enn same periode i 2022.</p>
<b>Korleis selskapet tek samfunnsansvar</b>	<p>Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS ønskjer å bidra til å stimulere til gode idear for framtidas samfunn og vil difor ha berekraftig utvikling som ein overordna profil. Senteret arbeider i tråd med fleire av FN sine berekraftsmål.</p> <p>ViteMeir har som mål å bidra til at gjestene reduserer sine klimagassutslepp, og satsar m.a. på reduksjon av matsvinn, både i formidling og i drift av kaféen. Kaféen hadde matreddar-arrangement, både i og utanfor huset, i 2023 og 2024. Kaféen dyrkar urter og bær i eigen takhage, og arbeider med å knyte til seg fleire lokale mat- og drikkeleverandørar, for å kunne utvikle fleire rettar med lokalt sær preg og med økologiske råvarer.</p> <p>Gjennom 2023 har senteret teke imot fleire praksisbrevkandidatar med ulike former for tilretteleggingsbehov i kaféen, og dette er noko som senteret ønskjer å halde fram med. Kaféen deltok på Sogn regionråd sitt mentorprogram for fleirkulturelle arbeidsplassar våren 2024, for å auke integreringskompetanse sin og på den måten bidra til eit meir mangfaldig og inkluderande arbeidsliv.</p> <p>ViteMeir vart miljøfyrtårn-sertifiserte i 2023.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Styret i selskapet har vedteke strategien «Opplev! Oppdag! Oppnå!», for perioden 2024-2027. Strategien tek opp i seg senteret sitt samfunnsoppdrag som regionalt vitensenter, og omhandlar kva senteret skal tilby og vere for å inspirere til berekraftig samfunnsutvikling og leikande læring, vere ein attraktiv samlingsplass og ein pådriver for samarbeid og utvikling. Strategien definerer følgjande tre innsatsområde: formidling og utstilling, lokal og regional rolle, og marknad og økonomi. Strategien er i stor grad vidareføring av eksisterande mål og sokelys, men tydeleggjer også senteret si kjerneoppgåve om å bidra til auka realfagleg kapital og realfaglede gjennom å legge til rette for ulike gjester på ulike måtar. Den overordna faglege profilen er framleis REINT (ressursar, energi, idémyldring, natur og teknologi).</p> <p>ViteMeir på hjul vil halde fram, og senteret har fått tilsegn om støtte frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane for dei neste fire skuleåra. Dette dannar eit godt utgangspunkt for å nå senteret sitt mål om å nå alle kommunar i Sogn og Fjordane i løpet av ein rullerande to-årsperiode. Senteret får også støtte av Vestland fylkeskommune for å få på plass fleire mobile installasjonar til ViteMeir på hjul.</p>

<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	
<b>Mål med eigarskapen</b>	Opplæring og samfunnsutvikling. Målet er å sikre etablering og drift av eit regionalt vitensenter. Senteret skal gje auka merksemd til naturvitenskaplege fag, og eit utvida fagleg tilbod for m.a. born og unge i regionen. Vitensenteret kan bidra til å styrke kompetanse og interesse for naturvitenskaplege fag for framtidige elevar i den vidaregåande skulen.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg</b>	Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande, og selskapet vil vere ein viktig samarbeidspartner for fylkeskommunen, særleg innanfor fagområdet opplæring og nærings- og samfunnsutvikling. Som største aksjeeigar i selskapet, ligg det til rette for at fylkeskommunen kan ha stor innverknad over utviklinga av selskapet.
<b>Tilråding</b>	Vidareføre eigarskapen.

## 6.7 Kulturselskap



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

## Carte Blanche AS

<b>Føremål og verksemd</b>	Carte Blanche AS skal utvikle og formidle samtidsdans og anna liknande verksemd. Som nasjonalt kompani for samtidsdans skal selskapet produsere og presentere førestillingar av høgste kvalitet laga av norske og internasjonale, anerkjente og nye koreografer innan samtidsdans. Selskapet har eit nasjonalt og regionalt ansvar for å formidle samtidsdans til eit mangfaldig publikum og å bidra til å utvikle kunnskapen om norsk samtidsdans internasjonalt gjennom å arbeide for internasjonal deltaking og anerkjenning.
<b>Etablert</b>	15.02.1990
<b>Aksjekapital/ fylkeskommunal eigardel</b>	Aksjekapital er 100 000 kr (100 aksjar a kr 1 000).  Fylkeskommunen eig 15 % av aksjane i selskapet (verdt 15 000 kr). Andre eigarar er staten (70 %) og Bergen kommune (15 %).
<b>Forretningskontor</b>	Bergen kommune
<b>Regelverk</b>	Aksjelova, offentleglova, regelverket om offentlege anskaffingar og deler av språklova.
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter, sist reviderte 04.06.21. Selskapet har handlingsplan for verksemda, inkludert strategiplan for å nå selskapet sitt føremål (den gjeldande for 2023-2026).
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført ordinær generalforsamling 23.05.24 og ekstraordinær generalforsamling i selskapet den 24.06.24 (for å handsame utsett sak om styreval, sjå fotnote 1 under). Jacob Nødseth representerte fylkeskommunen med fullmakt.
<b>Eigarmøte o.l.</b>	Den 23.05.24 vart det også gjennomført eigarmøte og kontaktmøte mellom selskapet og eigarane (etter initiativ frå staten ved KUD). I kontaktmøtet plar selskapet gå gjennom årsrapporten for 2023 og gjere greie for måloppnåing og resultat knytt til sektorpolitiske mål og effektiv drift, og staten plar gjere greie for viktige omsyn i staten si tilskotsforvaltning. Sameleis når det gjeld status (mål, drift, økonomisk utvikling og risiko), utfordringar og prioriteringar for 2024. Dei andre eigarane vert også oppmoda om å melde inn saker til desse møta.
<b>Val av styre</b>	Styret skal ha sju medlemer, inkludert tilsettrepresentant. Generalforsamlinga vel styremedlemer og varamedlemer (med unntak av tilsettrepresentant), og leiar og nestleiar, etter innstilling frå selskapet sin valkomité, jf. vedtekten § 4. Funksjonstida er fire år. Attval bør, ifølgje vedtekten § 4, ikkje skje meir enn ein gong.
<b>Valkomite</b>	Valkomiteen skal ha fire medlemer. Funksjonstida er fire år, og attval er berre mogleg to gonger.

	<p>Ved første valet til komiteen, foreslo VLFK tre- og Bergen kommune éin medlem. Valkomiteen skal fremje grunngjevne forslag om styremedlemer (inkludert leiar og nestleiar), valkomitémedlemer og styregodtgjersle (styret fremjar forslag om godtgjersle til valkomitéen). Valkomitéen skal, ifølgje retningslinene for valkomiteen, setje saman styret slik at det kan ivareta eigarane sine interesser, selskapet sine behov for kompetanse, kapasitet og mangfald, slik at styret kan fungere godt saman som eit kollegialt organ, og slik at styret kan handle uavhengig av særinteresser. Valkomiteen skal gjere aktive søk mot eigarfellesskapet og forankre innstillinga si hjå eigarane.</p> <p>Valkomitémedlemer (2021-2025):  Leiar: Ingrid Haug Erstad  Nestleiar: Geir Kjell Andersland  Pauline Tomren  Trym Aafløy  Fylkesutvalet peikte ut dei tre sistnemnde 09.11.21 i PS 229/2021.</p>	
Styresamansettning	<p><u>Styremedlemer</u><sup>44</sup>:</p> <p>Leiar 2024-2026: Per-Harald Nilsson (styremedlem 2022-2026)  Nestleiar: Suzanne Bjørneboe (2024-2028)  Bernt Bauge (2024-2028)  Marina Bauer (2024-2026)  Girson Felix Dos Santos Dias (2024-2026)  Sigrid Helle Hansen (2024-2028)  Irene Vesterhus Theisen (tilsettrep.)  Gunnar Innvær (tilsetteobservatør)</p>	<p><u>Varamedlemer:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Adam Cziboly (2022-2026)</li> <li>2. Hana Colakovic (2024-2028)</li> <li>3. Lisa Esohei Knudsen (2024-2028)</li> </ol> <p>Vara for tilsettrepresentanten:  Aslak Aune Nygård</p> <p>Vara for tilsetteobservatør:  Indrani Balgobin</p>
Styre- og valkomitégodtgjersle, og løn til dagleg leiar	<p>Etter innstilling frå valkomitéen vedtok generalforsamlinga å auke satsane (basert på NFD sine satsar) med 5,2 % tilsvarande ramma for lønnsvekst for frontfaga:</p> <p>Styreleiar: 84 370 kr  Nestleiar: 43 237 kr  Medlem: 29 351 kr  Varamedlemer: 5 839 kr per møte  Samla styregodtgjersle i 2023 var 325 505 kr.</p> <p>Valkomiteen vert lønna etter statens satsar for utvalsarbeid for 2024 slik:  Valkomiteens leiar: 721 kr per time for inntil 20 timer per år.  Andre medlemer: 545 kr per time for inntil 10 timer per år.</p> <p>Dagleg leiar si løn i 2023: Løn: 1 060 364 kr, anna godtgjersle: 5608 kr  pensjonskostnader: 13 266 kr. Dagleg leiar opptener også to månaders venteløn for kvart tilsetjingsår.</p>	
Fylkeskommunalt lån	Nei.	

<sup>44</sup> VLFK, ved Jacob Nødseth, fremja Johan Kuswania Nzugula Lavik som kandidat til styret, men fleirtalet i den ekstraordinære generalforsamlinga gjekk for valkomitéen si innstilling i sin heilskap. Valet var først oppe på den ordinære generalforsamlinga 23.05.24, men vart utsett til ekstraordinær generalforsamling etter oppmoding frå VLFK grunna behov for å avklare avvik mellom valkomitéen si innstilling og fylkeskommunen sitt kandidatforslag.

Revisor	Pricewaterhousecoopers AS		
Adresse	Nøstegaten 119, 5011 Bergen		
Kontaktperson	Direktør Tone Tjemsland		
Telefon	55 30 86 80		
E-post	<a href="mailto:tone.tjemsland@ncb.no">tone.tjemsland@ncb.no</a>		
Nettstad	<a href="https://carteblanche.no/">https://carteblanche.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	50 439	46 001	45 739
Driftsresultat	960	-3 380	3 496
Resultat etter skatt	2 253	-2 780	3 852
Totalkapitalrentabilitet	7	-9	13
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	21	-25	37
Likviditetsgrad 1	4,2	3,7	4,1
Eigenkapital i % (soliditet)	35	31	38
Gjeldsgrad	2	2	2
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillende likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>45</sup> .		
<b>Viktige hendingar</b>	I 2023 produserte Carte Blanche AS éi ny førestilling, «BIRGET; ways to deal, ways to heal», og spelte 56 ordinære førestillingar med denne og tidlegare produksjonar. Kompaniet gjennomførte i tillegg 51 andre publikumsarrangement, 64 samproduksjonar, 35 skuleførestillingar, 12		

<sup>45</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrevsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>internasjonale gjesteførestillingar og 31 workshops med kompaniets dansarar og gjestelærarar.</p> <p>Til saman 12 130 publikummarar var på førestillingane og publikumsarrangementa i 2023 (16 824 inkludert samproduksjonar). Tilsvarande tal i 2022 var 10 724/13 691.</p> <p>Etterslepet av produksjonar våren 2022 medførte stort arbeidspress og deretter sjukemeldingar. Styret sette i 2022 i gang ein arbeidsmiljøprosess i samarbeid med ekstern kompetanse, og har halde fram med arbeidet i 2023. Sjukefråværet har vore høgt også første kvartal 2023, med eit sjukefråvær på 14,8 %. Siste kvartal 2023 var sjukefråværet nede i 3,5 %.</p> <p>For meir om verksemda, sjå årsmelding for 2023 på selskapet sin nettstad her: <a href="#">Om oss</a></p>
Korleis selskapet tek samfunnsansvar	<p>Selskapet arbeider for å avgrense verksemd som ureinar det ytre miljøet og prøver å bruke miljøvenlege produkt så langt som råd. Selskapet har oppretta ei eiga arbeidsgruppe, Grønn Carte Blanche, for dette arbeidet.</p> <p>Selskapet har etiske retningsliner og retningsliner for samfunnsansvar som tek utgangspunkt i FNs berekraftsmål.</p> <p>Selskapet innarbeidd ein politikk for å sikre at det ikkje skjer forskjellsbehandling grunna kjønn, og gjennomsnittsløna er om lag lik for begge kjønn. Selskapet har dansarar med ulike kulturell og nasjonal bakgrunn, og mangfold er ei styrke for og ein del av kompaniet sin kunstnariske profil, og sameleis for organisasjonen elles.</p> <p>Kompaniet viser til at selskapet si verksemd som turnerande dansekompani, med ein liten administrasjon, gir avgrensa moglegheiter for å engasjere personar med nedsett funksjonsevne.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Dei tre eigarane har sidan 2015 arbeidd for å tilrettelegge Sentralbadet som scenekunsthus for Carte Blanche og BIT Teatergarasjen. Staten løyvde 230 mill. kr til prosjektet i 2017, Hordaland fylkeskommune vedtok i 2018 å løyve til saman 105 millionar kroner over 20 år til byggeprosjektet og Bergen kommune har vedteke å fullfinansiere investeringa på 615 mill. kr (med frådrag av staten si løying og med fylkeskommunen sitt tilskot som føresetnad). Det har vore gjennomført anbodskonkurranse om «Samspillskonferansen for Sentralbadet», og tilbydar er valt. Prosjekteringsarbeidet starta opp for fullt hausten 2021 og har halde fram gjennom 2022 og 2023. Rivingsarbeidet starta hausten 2023.</p> <p>Organisasjonsforma AS skal nyttast som driftsmodell for Sentralbadet Scenekunsthus, med Bergen kommune, Carte Blanche, BIT Teatergarasjen, og Vestland fylkeskommune som eigarar. Aksjane i selskapet skal delast slik: Bergen kommune 67%, Vestland fylkeskommune 5%, og primærbrukarane BIT Teatergarasjen 14% og Carte Blanche 14%. Fylkestinget har i sak 96/2023 den 02.11.23, sjå vedtaket i sin heilskap under, vedteke å bli medeigar i driftsselskapet. Skipingsmøtet skal gjennomførast hausten 2024.</p> <p>I dag har Carte Blanche og BIT- Teatergarasjen leigekostnadar på om lag fem millionar kroner. Ein eventuell differanse i driftskostnadene vert</p>

	foreslått innarbeida i framtidige økonomiplanar hjå Bergen kommune, Vestland fylkeskommune og staten for å sikre ei god og langsiktig drift av Sentralbadet AS.
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p>FT-PS 96/2023 <i>Sentralbadet AS – Etablering:</i></p> <p>«1. Vestland fylkeskommune vedtek å gå inn som eigar av driftsselskapet Sentralbadet AS med 5% av aksjane og 25 000 kroner i aksjekapital.</p> <p>2. Fylkesdirektøren skal syte for naudsynt koordinering og avklaring mot dei andre medeigarane for å gjennomføre selskapsetablering.</p> <p>3. Fylkesdirektøren får fullmakt til å inngå aksjonæravtalen i tråd med prinsippa slik dei er framlagde i saka.</p> <p>4. Eigarmeldingar for aksjeselskapet skal leggast fram for fylkestinget kvart år».</p> <p>Bakgrunnen for å gå inn er m.a. Vestland fylkeskommune sitt omfattande økonomiske engasjement i saka og deleigarskapet i Carte Blanche AS.</p> <p>FT-PS 120/2024 <i>Skiping av Sentralbadet AS – vurdering av endra vedtektsforslag:</i></p> <p>«1. Vestland fylkeskommune støttar det nye forslaget til vedtekter for Sentralbadet AS, med justering av § 2, føremålsføresegna (for å få med som føremål at bygget også skal brukast av sekundærbrukarar), § 5 (føresegna om overdraging av aksjar), § 7 (om styret), § 8 (om valkomité) og § 9 (om generalforsamlinga), slik at skipingsprosessen kan fullførast.</p> <p>2. Etter skiping vil fylkeskommunen halde fram med å fremje sitt standpunkt om at oppgåva med å velje valkomitéleiar bør ligge til generalforsamlinga.»</p>
Mål med eigarskapen	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk og for å legge til rette for kultur og kulturtilbod i fylket.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	Fylkeskommunal eigarskap er i tråd med føremålskategorien fylkesomfattande kulturselskap. Sjå også Regional plan for kultur (2023-2035).
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

## Den Nationale Scene AS (DNS)

<b>Føremål</b>	Den Nationale Scene (DNS) skal skape samfunnsrelevant, engasjerande og vesentleg teater av høg kunstnarleg kvalitet til eit breitt publikum. I tråd med mandatet som nasjonalteater, skal DNS presentere eit mangfaldig program, bidra til kunstnarleg utvikling, ivareta kulturarven og ha eit utbreitt samarbeid med andre aktørar. Selskapet har eit særskilt ansvar for å ivareta nasjonale kulturpolitiske interesser.	
<b>Etablert</b>	29.06.1962	
<b>Aksjekapital/ fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Aksjekapitalen er på kr 102 000 delt på 102 aksjar á kr 1000 kvar.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig 16,67 % av aksjane (17 B-aksjar) og aksjeposten sin pålydande verdi er 17 000 kr. Andre aksjonærar er staten (66,67 % eigardel) og Bergen kommune (16,67 % eigardel).</p>	
<b>Forretningskontor</b>	Bergen kommune	
<b>Regelverk</b>	Aksjelova, openheitslova, lov om offentleg innkjøp, deler av språklova, offentleglova m.fl.	
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter, sist oppdaterte i februar 2022.	
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført generalforsamling den 04.06.24. Jacob A. Nødseth representerte Vestland fylkeskommune i generalforsamlinga.	
<b>Eigarmøte o.l.</b>	Det vart gjennomført eigarmøte og kontaktmøte same dag som generalforsamlinga. I kontaktmøtet plar selskapet gå gjennom årsrapporten for 2023 og gjere greie for måloppnåing og resultat knytt til sektorpolitiske mål og effektiv drift, og staten plar gjere greie for viktige omsyn i staten si tilskotsforvaltning. Sameleis når det gjeld status (mål, drift, økonomisk utvikling og risiko), utfordringar og prioriteringar for 2024. Jacob A. Nødseth deltok for fylkeskommunen.	
<b>Val av styre</b>	Styret skal bestå av sju medlemer. Fem medlemer med to varamedlemer i prioritert rekjkjefølgje, vert valde av A-aksjonären i generalforsamling. To medlemer med personlege varamedlemer – ikkje meir enn fire – vert valde av og blant selskapets faste tilsette og heilårsengasjerte personale. Av desse skal éin medlem veljast av og blant det kunstnarlege personalet, og éin av og blant personalet elles. Styreleiar skal veljast blant dei styremedlemer som er valde av A-aksjonären.	
<b>Styresamansettning</b>	<u>Styremedlemer (2023-2027):</u> Michelle Williams (leiar, ny 2023) Roy-Eddie Lie Ibrahim Pelja (ny) Morten Warland (ny) Inga Moen Danielsen (ny)	<u>Varamedlemer:</u> Magnus Thomassen Eira Vilde Martinsen Garrido  For kunstnarisk tilsette: Kristian Berg Jåtten (ny, 2023)

	Kristoffer Sagmo Aalberg (kunstnarisk personale, 2023-2025) Unni Engan (andre tilsette, ny, 2023-2025)	2025) For andre tilsette: Arne Kambestad (2023-2025) Geir Mujic Elgsaas (ny, 2023-2025)	
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	<p>På generalforsamlinga i 2024 vart satsane for det føregåande året justert i tråd med konsumprisindeksen (lønsvekst for 2023).</p> <p>Styreleiar: 170 214 kr per år. Nestleiar: 85 107 kr per år. Styremedlem: 68 064 kr per år. Varamedlem: 6 806 kr per møte.</p> <p>Samla styregodtgjersle i 2023 er 770 087 kr (av desse er 203 060 kr utbetalt som akontohonorar for hausten 2022). I tillegg er det utbetalt styrehonorar til styringsgruppa for moderniseringsprosjektet på 118 014 kr (leiar av byggeprosjektutvalet 79 426 kr per år og medlemer av utvalet 39 766 kr per år).</p> <p>Løn til ny dagleg leiar i 2023 (frå 01.07.23): 989 780 kr, og naturalytingar 3 255 kr. Løn til avtroppende dagleg leiar i 2023 (tom. 30.06.23): 839 919 kr, etterløn: 458 814 kr, naturalytingar inkl. til pendling: 184 720 kr og utgiftsgodtgjersle pendlar 84 000 kr.</p>		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei		
<b>Revisor</b>	EY		
<b>Adresse</b>	Engen 1, 5011 Bergen/ Postboks 78 Sentrum, 5803 Bergen		
<b>Kontaktperson</b>	Økonomisjef Torgeir Mangersnes		
<b>Telefon/faks</b>	55 54 97 00		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:dns@dns.no">dns@dns.no</a> ; <a href="mailto:torgeir.mangersnes@dns.no">torgeir.mangersnes@dns.no</a>		
<b>Nettstad</b>	<a href="http://www.dns.no">www.dns.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	193 667	183 682	159 943
Driftsresultat	-7 951	-2 504	11 953
Resultat etter skatt	-1 384	357	12 631

Totalkapitalrentabilitet	-1	0	8
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	-2	1	18
Likviditetsgrad 1	1,3	1,3	1,4
Eigenkapital i % (soliditet)	39	37	35
Gjeldsgrad	2	2	2
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillende likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>46</sup> .		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Etterverknadane av pandemien og konsekvensane av krigsutbrotet i Ukraina var merkbare i 2022, men i 2023 har teateret merka ei monaleg auke i etterspurnaden frå publikum, samarbeidspartnarar og frilansarar.</p> <p>Store byggeprosjekt vart gjennomført i 2022, og DNS AS har no verksemda si på to adresser, mot fire tidlegare. Dei nye lokalane i Simonsviken på om lag 5700 m<sup>2</sup>, for alle verstadane, fleire av lagera og deler av administrasjonen, har medført auka produktivitet.</p> <p>Arbeidstilsynet gjennomførte tilsyn med DNS i 2022, og arbeidet med å følgje opp påleggja er avslutta i 2023.</p> <p>I 2023 presenterte DNS 37 ulike produksjonar, mot 26 i 2022, i tillegg til ei rekke konserter og arrangement med iscenesettingar, og ein vid formidlingsaktivitet. Totalt vart det spelt 614 forestillingar/arrangement i 2023, mot 522 i 2022, og samla besøkstal var 109 127 i 2023, mot 80 911 i 2022 (ei auke på 35 %). DNS har fått fleire priser, nominasjoner og gode omtalar for/om produksjonane sine i 2023.</p> <p>Årsrapport for 2023, inkludert årsmelding frå styret og teatersjefen og rekneskap m.m. er tilgjengeleg på nett her: <a href="#">Årsrapport</a></p> <p>I 2023 gjekk åremålet til Stefan Larsson ut, og Solrun Toft Iversen tok til som teatersjef 01.07.23. Michelle Williams er ny styreleiar frå og med 2023.</p>		
<b>Korleis selskapet tek samfunnsansvar</b>	DNS viser til at dei tek samfunnsansvar i tråd med regjeringa sin eigarskapspolitikk, og at dei driv i tråd med menneskerettane og arbeidstakarrettane. Selskapet er m.a. omfatta av openheitslova, og gjennomfører aktsemdsvurderingar som selskapet informerer om på nettstaden sin: <a href="#">Aktsemdsvurderingar</a> . Basert på aktsemdsvurderinga har selskapet særskilt søkelys på handel av tekstilar, elektronikk, produkt innan hår/maske og leverandørar i byggebransjen. Styret vedtok		

<sup>46</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsoverforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>retningsliner for ivaretaking av menneskerettar, anstendige arbeidstilhøve og openheit overfor allmenta i 2023.</p> <p>DNS er opptekne av teaterets betyding for inkludering, likestilling, danning og demokratisk deltaking. Tema tilknytt likestilling, seksuell legning, ytringsfridom, utanforskap og innvandring, er blitt tatt opp i ei rekke ulike førestillingar i seinare år. Teateret samarbeider med kunstnarar i det frie feltet, og engasjerer svært mange musikarar, gjesteartistar, kor og dansegrupper til å delta i arrangementa sine. Eit forventningsdokument og handlingsplan for likestilling, inkludering og mangfald (LIM) var ferdig utarbeidd i 2023. DNS vurderer kjønnsbalansen som god. Det er fleire kvinner i deltidsstilling, og dette heng saman med at publikumsvertane i hovudsak er kvinner. DNS arbeider med å rekruttere fleire menn til denne stillingskategorien. I andre halvdel av 2023 har DNS kartlagt og jobba med å rydde opp i tilfelle av ufrivillig deltid og mellombelse tilsettingar. Dette har resultert i nokre fleire tilsette, og i nokre tilfelle auka stillingsprosent. Målet er vidare å ha ein lønspolitisk plan for DNS i løpet av 2024. Den største avdekka årsaka til diskriminering er mangelfull universell utforming i Engen 1. Frå og med mai 2026 skal teaterbygget vere universelt utforma. Teateret arbeider elles med å legge til rette for ein heilheitleg livsfasepolitikk og mangfald, ved å gjennomføre m.a. fargeblind casting.</p> <p>Selskapet har leiarlønsersklæring og retningsliner for leiarlønsfastsetting (sist vedtekne 26.06.23). Generalforsamlinga får også framlagt rapport om godtgjering til leiande personar til godkjenning.</p> <p>I 2023 har DNS AS tilsett ein eigen berekraftsansvarleg, og det er gjennomført kompetansehevande tiltak for å bidra til ein felles kultur i tråd med FNS berekraftsmål og eigen strategi. Teateret er i/gjennom ein sertifiseringsprosess for å bli Miljøfyrtårn, og har forplikta seg som Klimapartner gjennom Vestland fylkeskommune. I 2023 er m.a. DNS AS sin bilpark blitt 100 % elektrisk, og det er etablert ei shuttle-ordning for tilsette mellom DNS sine to lokale. På verkstedane er det m.a. installert slam- og oljeutskillarar til vatn, det er gjenbruk av varme og det vert brukt led-lys i alle lokale i Simonsviken. Tilsette vert oppmoda om å nytte digitale løysingar for å avgrense generell reiseverksem. Reduksjon i avfall og graden av gjenbruk vert kartlagt, for å etablere klimarekneskap (frå og med sommaren 2024).</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Moderniseringsprosjektet for teaterbygningen på Engen 1, finansiert av staten, er i gang og skal sikre moderne teaterdrift, gode arbeidstilhøve og universell utforming for både publikum og tilsette. Fleire delprosjekt er no gjennomførte. Skisse- og forprosjektfasen, og nødvendig produksjonsplanlegging fordrar likevel eit omfattande og grundig arbeid med mange involverte, og tidspunktet for omstart er derfor endra frå sommaren 2024 til sommaren 2025.</p> <p>DNS arbeidar kontinuerleg for å senke tersklane for å oppsøke teateret og gjere teateropplevingar tilgjengeleg for folk flest. I tråd med dei overordna nasjonale måla for kulturpolitikken, skal det rettast særleg merksemd mot å inkludere samfunnsgrupper som er underrepresenterte i kulturlivet.</p> <p>Internasjonal uro og stram økonomi gjer til at teateret er spent på framtidsutsiktene. Teateret arbeider systematisk med å utvide nettverk</p>

	og rekkevidde, samstundes som ambisjonen om å vere ein inkluderande og relevant samfunnsarena er styrka.
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Delta i kulturskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk og for å legge til rette for kultur og kulturtilbod i fylket.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøytenleg?	Fylkeskommunal eigarskap er i tråd med føremålskategorien fylkesomfattande kulturskap. Sjå også Regional plan for kultur (2023-2035).
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

## Det Vestnorske Teateret AS

<b>Føremål</b>	Det Vestnorske Teateret er eit aksjeselskap som har til føremål å driva profesjonell og allsidig teaterverksemd i Vestland. Teateret skal ha eit særleg ansvar for å skape framsyningar for barn og unge. Teateret skal først og fremst spele på nynorsk og dialekt. Teateret skal arbeide for å få fram ny dramatikk.
<b>Etablert</b>	25.11.1985
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Aksjekapitalen er på 100 000 kr delt på 400 aksjar på 250 kr kvar og utskrivne på namn.</p> <p>Fylkeskommunen eig 240 lutar/aksjar (60 % eigardel). Andre eigarar er Vestlandske teatersenter (80 lutar), Folkeakademiet Hordaland (20 lutar), Hordaland ungdomslag (20 lutar), Hordaland mållag (20 lutar) og Voksenopplæringsforbundet (20 lutar)</p>
<b>Forretningskontor</b>	Bergen kommune
<b>Regelverk</b>	Aksjelova
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekten, sist endra 25.04.2019
<b>Generalforsamling</b>	Jacob A. Nødseth representerte fylkeskommunen på generalforsamlinga i selskapet 22.04.24, med fullmakt. Per Morten Ekerhovd var også med i møtet.
<b>Eigarmøte o.l.</b>	Det vart gjennomført eigarmøte og kontaktmøte same dag som generalforsamlinga.
<b>Valnemnd</b>	<p>Selskapet skal ha ei valnemnd med fire medlemer, der to vert oppnemnd av Vestland fylkeskommune, éin vert oppnemnd av dei andre luteigarar og éin medlem vert oppnemnd av dei tilsette. Vestland fylkeskommune oppnemner leiaren. Funksjonstida for medlemene er tre år.</p> <p>Valnemnda er samansett slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Geir Kjell Andersland (leiari, VLFK)</li> <li>Silja Ekeland Bjørkly (VLFK)</li> <li>Ingvild Kivijärvi Hals (andre eigarar)</li> <li>Evy Fischer (tilsetterep)</li> </ul>
<b>Val av styre</b>	Selskapet har eit styre på seks medlemer med varamedlemer, valde for fire år om gongen. Maksimal funksjonstid for styremedlemene er åtte år. Generalforsamlinga nemner opp fire styremedlemer, inklusiv leiari, og to varamedlemer, etter framlegg frå Vestland fylkeskommune, éin styremedlem med varamedlem etter forslag frå dei andre eigarane, og éin styremedlem med varamedlem etter forslag frå dei fast tilsette ved teateret.

<b>Styresamansetning</b>	Styremedlemer (2024-2028): Audun L. Hasti (leiar, VLFK) Mona Høgeli (2024-2025 <sup>47</sup> , VLFK) Kåre Martin Kleppe (VLFK) Anita G. Johannessen (VLFK) Peder Lofnes Hauge (andre eigarar) Sofrid Glesnes (tilsette)	Varamedlemer (2024-2028): Emma Berge Ness (VLFK) Espen Edvardsen (VLFK)  Arild Reigstad (Andre eigarar) Jon Eirik Sira (tilsette)
<b>Styregodtgjersle, valnemndsgodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	<p>Styreleiar: 88 500 kr årleg, ikkje møtegodtgjersle.      Nestleiar: 44 250 kr årleg, ikkje møtegodtgjersle.      Andre styremedlemer og møtande varamedlemer: 5000 kr per møte.      Satsane er for 2024-2025 justert i tråd med lønsveksten i sektoren basert på satsar som har vore uendra sidan 2021.</p> <p>I tillegg får medlemene dekt reisegodtgjersle og betalt per time for tapt arbeidsforteneste.      Samla styregodtgjersle for 2023: 159 500 kr.</p> <p>Leiar av valnemnda: 2500 kr per møte.      Valnemndsmedlem: 1500 kr per møte.</p> <p>Dagleg leiar/teatersjef (ny hausten 2023): Løn: 673 333 kr; anna godtgjersle: 12 445 kr. Tidlegare dagleg leiar/teatersjef (første halvår 2023): 636 165 kr, anna godtgjersle: 10 668 kr.      Merkantil direktør: Løn: 937 839 kr; anna godtgjersle: 5 513 kr.</p>	
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei, men fylkeskommunen garanterer med sjølvskuldnerkausjon for lån til nybygg, jf. fylkestingssak PS 44/2020. Det maksimale garantibeløpet, 77 mill. kr, vert redusert i takt med nedbetaling av lånet. Garantien gjeld frå vedtakstidspunktet og ut 2042.	
<b>Revisor</b>	Forum revisjon AS	
<b>Adresse</b>	Teatergaten 35, 5010 Bergen	
<b>Kontaktperson</b>	Direktør Atle Marøen	
<b>Telefon/faks</b>	55 22 20 20	
<b>E-post</b>	atle@detvestnorsketeateret.no	
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.detvestnorsketeateret.no">www.detvestnorsketeateret.no</a>	
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>		

<sup>47</sup> Valnemnda si innstilling avveik frå fylkeskommunen sine forslag, og eigarrepresentanten foreslo derfor attval av Høgeli for berre eitt år i første omgang.

(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	46 454	39 644	29 924
Driftsresultat	3 712	-1 846	67
Resultat etter skatt	1 376	-2 839	45
Totalkapitalrentabilitet	5	-3	0
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	40	-68	1
Likviditetsgrad 1	1,7	0,9	0,7
Eigenkapital i % (soliditet)	4	3	10
Gjeldsgrad	22	30	9
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillende likviditet, medan lønnsemda og soliditeten ikkje er tilfredsstillande <sup>48</sup> .		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Teateret oppsummerer året 2023 som eit merkeår for nynorsken generelt, og Jon Fosse spesielt. Det Vestnorske teateret hadde ei sentral rolle i markeringa av at Jon Fosse fekk Nobels litteraturpris, og teaterprosjektet «Fosse – ord for ord» er ifølgje teateret eit av dei største teaterprosjekta som er blitt realisert, med 41 skodespel som gjekk over 40 timer, og som inkluderte 47 skodespelarar og 5 som las scenetilvisingar. Heile 700 000 tilskodarar var innom direktesendinga, og prosjektet ligg tilgjengeleg på NRK nett-TV.</p> <p>Ei anna viktig hending var avslutninga av den unike Heim-prosjektet, med teaterframstykkinga «Heimatt». Vestlandskrøniken Heim 1-4 er sett av til saman 36 169 tilskodarar. Andre produksjonar i 2023 var Amadeus og God dag herr jul.</p> <p>Thomas Bye overtok som ny teatersjef hausten 2023, og overtok då etter Solrun Toft Iversen.</p> <p>I samarbeid med DKS har meir enn 1500 elevar i 5.-7. klasse vore med på ei oppdagingsferd og språkreise i teaterhuset.</p> <p>Frå 2022 til 2023 har teateret hatt ein nedgang på 10-15 % publikummarar, men fleira born og unge har vore på førestillingane. Totalt har teateret hatt 25 501 besøkande, fordelt på 337 arrangement i 2023, mot 31 110, fordelt på 329 arrangement, i 2022.</p>		

<sup>48</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepstolkning og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	Selskapet har teatersal og kontor i Bergen sentrum. I 2023 flytta selskapet inn i nybygget, og har no ny verkstad og prøvesal/sal 2 for publikum, og garderobebygg. Den gamle teatersalen har fått ny infrastruktur og teknisk oppgradering. Prosjektet vart gjennomført innan dei fastsette økonomiske rammene.
Korleis selskapet tek samfunnsansvar	<p>Styret har fokus på at det skal vere eit godt, og produktivt arbeidsmiljø ved teateret. Omsynet til at teateret skal vere ein trygg arbeidsplass har framleis ein stor plass i teateret sitt HMS-arbeid. Teateret praktiserer jamstilling mellom kjønna når det gjeld leiande stillingar. Teateret si leiargruppe består no av tre kvinner og fire menn. Styret er samansett av tre kvinner og tre menn. Teateret legg vekt på å legge til rette for å tilsetje personar med ikkje-nordisk bakgrunn når desse er fullt ut kompetente og kvalifiserte for stillinga. Teateret følgjer tarifføresegnene i bransjen og har fokus på at det ligg til grunn eit likelønsprinsipp for tilsette med lik kompetanse og stillingsomtale.</p> <p>Teateret legg vinn på å ikkje forureine det ytre miljøet i all si framferd. I august 2022 vart teateret sertifisert som Miljøfyrtaarn og kan dermed dokumentere at strenge kriteria innan innkjøp, energi, transport, avfall, utslepp og arbeidsmiljø er tilfredsstilt. Det meste av den daglege drifta har blitt analysert og tilsette på dei ulike avdelingane har måtte bidra til å bli betre på berekraft og miljø som å gjennomføre gode val for utvikling av ei teaterframsyning som å ikkje bruke forureinande materiale, men heller kunne gjere ombruk av materiale, scenografielment og kostyme. Tilsette har også fått større ansvar for å sortere avfall betre og teateret har fokus på å gjere innkjøps- og reiserutinane grønare. Teateret skal via sertifiseringa årleg rapportere inn ein klimarekneskap som forpliktar teateret å få ned miljøavtrykket på alle område.</p> <p>Det Vestnorske Teateret er med i dei ulike initiativa som bransjen no prøver ut, både Green Producers Tool og Theatre Green Book. Målet er å få ned fotavtrykket for kvar produksjon ved å måle ressursbruken i detalj og foreta gjennomtenkte val i materiale, ombruk av scenografi, kostymar, etc.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet viser til at fleire teater framleis har lågare publikumstilstrøyming enn før 2020. Det er uklårt for teateret kva som gjer dette, ettersom svakare oppslutning etter pandemien enn før, ikkje har råka alle institusjonar like hardt. Med færre publikummarar merkar teateret meir enn nokosinne den underfinansieringa som har råka alle norske kulturinstitusjonar gjennom dei siste 10 åra. ABE-reforma har gjennom desse åra ikkje gitt full kompensasjon for lønns- og prisstiginga, og denne utviklinga har fortsett. Det vart gjeve noko ekstraløyvingar våren 2023, men dette dekkjer ikkje inn den kostnadsauken som teatera har. Det som er uroande for leiinga i norsk teater er at dette påverkar evna til å lage gode teaterframsyningar, fordi ein må satse på lågbudsjettproduksjonar. Styret i Det Vestnorske Teateret vil følgje denne utviklinga nøye, og har iverksett tiltak for å betre teateret sin økonomi.</p> <p>Ei av dei store målsettingane med å flytte teateret til sentrum var å nå eit større publikum i alle aldrar. Teateret har lukkast med å nå eit større publikum, men vert stadig minna på at dette er eit kontinuerleg arbeid. Teateret deltek, saman med dei fleste kulturinstitusjonane i Noreg, i det utviklingsarbeidet som skjer i regi av Norsk Publikumsutvikling. Teateret</p>

	har gjennomført ei undersøking blant eigne publikummarar og har fått inn gode data som kan nyttast i det vidare arbeidet som særleg handlar om å nå nye publikumsgrupper.
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk og for å legge til rette for kultur og kulturtilbod i fylket. Fylkeskommunen har interesse av at nynorsk og dialekt vert nytta som teaterspråk.
Er vidareføring av fylkeskommunal eigarskap føremålstenleg?	Ja.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

## Idrettsklynge Vest AS

<b>Føremål</b>	Å styrke samhandlinga innan idrett, m.a. innan toppidrett og breidddeidrett, samt fysisk aktivitet og folkehelse i Vestland fylke, og det som naturleg står i samband med dette. Selskapet skal etablere møteplassar for kompetanseutvikling, utdanning og formidling, samt forsking og utvikling. Selskapet kan også ha nasjonale og internasjonale prosjekt, når dette bidreg til å oppnå føremålet. Selskapet skal ikke ha erverv til føremål, og skal ikkje dele ut utbytte til eigarane. Ved avvikling skal det som er til overs gå til organisasjonar utan erverv som føremål, og med eit føremål tilsvarande selskapet sitt.
<b>Etablert</b>	15.04.2021
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Aksjekapitalen er 30 000 kr fordelt på 300 aksjar. Eigarane har like stor eigardel i selskapet, og eig med det 75 aksjar og 25 % av selskapet kvar. Andre eigarar er Helse Bergen HF, Vestland Idrettskrets og Bergen kommune. Følgjande aktørar er også partar i samarbeidsavtalen, men er ikkje eigarar: Olympiatoppen Vest, Sportsklubben Brann, Høgskulen på Vestlandet og Universitetet i Bergen.
<b>Forretningskontor</b>	Bergen kommune
<b>Regelverk</b>	Aksjelov m.m.
<b>Styringsgrunnlag</b>	Stiftingsdokument med vedtekter og samarbeidsavtale. Samarbeidsavtalen, som skal gå føre alt anna såframt dette ikkje kjem i strid med ufråvikelege reglar i aksjelov og vedtekter, forpliktar aksjonærane på avtalerettsleg grunnlag til å stemme i tråd med årsmøtet si handsaming av generalforsamlingssakene. Selskapet har både årsmøte og etterfølgjande generalforsamling minst ein gong i året.
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført årsmøte og generalforsamling i selskapet den 19.04.24. Fylkesordføraren representerte fylkeskommunen i generalforsamlinga.
<b>Eigarmøte o.l.</b>	
<b>Val av styre</b>	Selskapet skal ha eit styre. Kvar part skal ha ein rett, men ikkje plikt, til å peike ut ein styremedlem. Styret vel sjølv leiar og nestleiar.
<b>Styresamansetning</b>	Jon Askeland (VLFK, leiar) Randi-Luise Møgster Nils R. Sandal Carl-Christian Stenrud Geir Kåre Resaland Gottfried Greve

	Aslak Sverdrup Pia Katrine Mørk Andreassen
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	Styremedlemene har ikkje styregodtgjersle.  Løn til dagleg leiar i 2023: 975 092 kr, arbeidsgjevaravgift 165 082 kr, pensjonskostnad 114 700 kr og andre ytingar 13 418 kr.
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	
<b>Revisor</b>	Bjørgvin Revisjon AS
<b>Adresse</b>	Brann stadion, Kniksens plass 3, 5063 Bergen
<b>Kontaktperson</b>	Dagleg leiar: Malene Joensen
<b>Telefon</b>	91 62 63 64
<b>E-post</b>	<a href="mailto:malene.joensen@idrettsklyngevest.no">malene.joensen@idrettsklyngevest.no</a>
<b>Nettstad</b>	<a href="http://www.idrettsklyngevest.no">www.idrettsklyngevest.no</a>

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	2 876	2 494	3 157
Driftsresultat	1 191	298	2 545
Resultat etter skatt	1 196	299	2 545
Totalkapitalrentabilitet	31	10	94
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	35	11	99
Likviditetsgrad 1	15	6	21
Eigenkapital i % (soliditet)	93	84	95
Gjeldsgrad	0	0	0

<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Selskapet har særskilt god likviditet, god lønsemd og god soliditet.  Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillende likviditet, lønsemd og soliditet <sup>49</sup> .
<b>Viktige hendingar</b>	Selskapet har i 2023 arbeidd med prosjektet «Aktive Gamere», etter at Agenda Vestlandet og Gjensidigestifta valde å støtte prosjektet med høvesvis 3 500 000 kr og 600 000 kr. Aktive Gamere er no etablert som eit ressurs og kompetansesenter og ein eigen organisasjon eigd av Idrettsklyngje Vest og Vestlandet e-sport, og med mål om å få status som eit nasjonalt ressurs- og kompetansesenter med støtte over statsbudsjettet.  I 2023 har selskapet også delteke i eit innovasjonsprogram om korleis førebygge eteforstyrningar, delteke på samlingar i Balansenettverket om idrett og kjønnsbalanse og om idrett, mangfald og inkludering, og som elles kopla saman personar på tvers av fagfelt på dei ulike møteplassane forsking og utvikling, kroppsøving, knutepunktet, paraidrett frå breidde til topp, toppidrett, arrangementskompetanse, ungdomsråd på tvers og trening og fysisk aktivitet for eldre (denne siste hadde eit kvileår i 2023).  Prosjektet «Energikonsulenter» er avslutta i 2023, og tilbodet vidareført i Helse Bergen for pasientar ved sjukehuset.
<b>Korleis selskapet tek samfunnsansvar</b>	Selskapet sitt verdigrunnlag er å vere inspirerande, kompetente, opne og nyskapande.
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Selskapet skal finansierast og drivast gjennom tilskot frå partane, støtteordningar og eigeninnsats, men skal, ifølgje samarbeidsavtalen, arbeide for å bli sjølvfinansierande.  Selskapet ser med optimisme fram mot 2024 der arbeid med oppdatering av strategien vil vere viktig fokus, og sameleis forankringsarbeid i organisasjonane, involvering av andre relevante aktørar i møteplassane og samarbeid på tvers av klynger.
<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	
<b>Mål med eigarskapen</b>	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk og for å legge til rette for kultur og kulturtilbod i fylket.. Det er ein del av fylkeskommunen sin kulturpolitikk å bidra til at det er lett å vere fysisk aktiv i Vestland, og å leggje til rette for at alle kan vere fysisk aktive kvar dag.

<sup>49</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Fylkeskommunen har vore med på å skipe selskapet i 2021. Det går fram av samarbeidsavtalen at partane, i ein periode på fire år frå signering av avtalen 15.04.21, ikkje kan avhende sine aksjar i selskapet.  Fylkestinget vedtok følgjande verbapunkt nr. 11 ved vedtakainga av årsbudsjett for 2022 i 2021: «Støtte opp om Idrettsklynge Vest sin store suksess for barn og unge sin fysiske og psykiske helse, og vidare jobbe for at endå fleire kommunar i Vestland får dra nytte av tilbodet for å sikre ei brei regional tilknytning».
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

## Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt hovudføremål er å legge til rette for formidling av kyrkjelege og kulturelle verdiar, herunder, men ikkje avgrensa til, ideell verksemd knytta til: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bygningar og anlegg: Selskapet eig bygningar og anlegg (gards- og bruksnummer) og skal syte for normalt godt vedlikehald, samt stå ansvarleg for eventuelle bygningsmessige endringar.</li> <li>- Kyrkjehistoriske, pedagogikk / forskingsformidling: Selskapet skal med utgangspunkt i anlegg og andre verdiar som var skapte i samband med riksjubileet «Kyrkja i Norge 1000 år, Moster 995-1995», arbeide med formidling av den tidlege kyrkjehistoria i Noreg, mellom anna ved å vedlikehalde og utvikle den faste utstillinga «Frå heidendom til kristendom». Selskapet skal søke å inngå ein separat avtale med Fortidsminneforeningen om samarbeid og bruk av Moster gamle kyrkje i arbeidet med den kyrkjehistoriske formidlinga.</li> <li>- Kulturformidling / scenekunst: Selskapet skal syte for at kulturanlegga på Moster og i Moster Amfi er i aktiv bruk og tilgjengelege for ålmenta, og legge til rette for historiske sogespel og eit mangfold av kunst – og kulturaktivitetar for alle målgrupper.</li> <li>- Moster amfi som reiselivsmål: Selskapet skal arbeide for at Moster opprettheld og utviklar vidare sin posisjon som regionalt, nasjonalt og internasjonalt reiselivsmål.</li> </ul>
<b>Etablert</b>	08.03.2002
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Aksjekapitalen er på 100 000 kr  Fylkeskommunen eig 50% av aksjane og Bømlo kommune resten.
<b>Forretningskontor</b>	Bømlo kommune
<b>Regelverk</b>	Aksjelova, offentleglova, regelverket om offentleg innkjøp
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekten, sist oppdaterte 28.04.21. Selskapet har strategisk plan for 2020-2024, og styret utarbeider no strategisk plan fram mot 2023. Selskapet har også årleg handlingsplan.
<b>Generalforsamling</b>	Fylkesordførar Jon Askeland møtte som for fylkeskommunen på generalforsamlinga 21.06.24. Til stades frå fylkeskommunen var også Rune Haugsdal og Per Morten Ekerhovd.
<b>Eigarmøte o.l.</b>	Det vart gjennomført eigarmøte i selskapet 03.09.24. Jon Askeland representerte fylkeskommunen i møtet. Frå administrasjonen deltok Tone Stedal Haugland, Sturla Binder og Lasse Kolbjørn Anke Hansen. Tema var selskapet sin økonomi og ekstrakostnadar senteret har hatt i samband med gjennomføringa av riksjubileet i 2024.
<b>Val av styre</b>	Generalforsamlinga vel fem personar til styret etter følgjande retningslinjer: a. Ein medlem med vararepresentant vert peika ut av Hordaland

	<p>fylkeskommune.</p> <p>b. Ein medlem med vararepresentant vert peika ut av Bømlo kommune.</p> <p>c. Ein medlem med vararepresentant vert peika ut av Den Norske Kyrkja v/Bjørgvin Bispedømme.</p> <p>d. To medlemer med vararepresentantar vert peika ut av generalforsamlinga.</p> <p>e. Likestillingslova vert følgd ved innstillinga/val av styret.</p> <p>f. Styre vert valt for to (2) år om gongen.</p> <p>Styret vel sjølv leiar.</p>		
Styresamansetning	<p>Styremedlemer:</p> <p>Arlid Steinsland (leiar, Den Norske Kyrkja, 2023-2025)</p> <p>Sofrid S. Stavland (2022-)</p> <p>Gro Jensen Gjerde (2023-2025)</p> <p>Frode Urangsæter (Bømlo kommune, 2024-2026)</p> <p>Sigbjørn Framnes (VLFK, 2024-2028)</p>		Varamedlemer:
	<p>Aksel Lygre (Den Norske Kyrkja 2023-2025)</p> <p>Grethe Sivertsen (2023-2025)</p> <p>Heidi Nimoson (Bømlo, 2024-2026)</p> <p>Jarle Jacobsen (VLFK, 2024-2028)</p>		
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Styremedlem: 15 000 kr per år</p> <p>Varamedlem: 1500 kr per møte</p> <p>Samla styregodtgjersle i 2023: 84 000 kr (budsjett 2024: 84 000 kr)</p> <p>Løn til dagleg leiar i 2023: 644 584 kr.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Nei		
Revisor	KPMG AS		
Adresse	Tora Mostrastongs veg 2, 5440 Mosterhamn		
Kontaktperson	Dagleg leiar: Nina Olsen		
Telefon/faks	53 42 66 20		
E-post	<a href="mailto:post@mosteramfi.no">post@mosteramfi.no</a> ; <a href="mailto:nina@mosteramfi.no">nina@mosteramfi.no</a>		
Nettstad	<a href="http://www.mosteramfi.no">www.mosteramfi.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	4 791	4 998	4 191
Driftsresultat	-288	25	1 092

Resultat etter skatt	-496	-78	1 060
Totalkapitalrentabilitet	-3	0	18
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	-24	-3	56
Likviditetsgrad 1	0,9	0,8	1,4
Eigenkapital i % (soliditet)	16	29	40
Gjeldsgrad	5	3	2
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Selskapet har svak likviditet, ikke tilfredsstillende lønsemd og tilfredsstillende soliditet.</p> <p>Verksemda har siste år hatt tilfredsstillende soliditet, medan lønnsemda og likviditeten ikke er tilfredsstillande<sup>50</sup>.</p>		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Moster Amfi er eit kyrkjehistorisk senter som formidlar religionshistoria på Moster. Moster Amfi formidlar også kunnskap om bergverksdrifta på Bømlo, utstillinga Steinriket Bømlo, teater, musikalar, kunst og musikk, og har bygningar og anlegg til bruk for selskap og møteverksem. Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter er sidan 2019 geoparkportalen for Geopark Sunnhordland.</p> <p>Året 2023 har vore eit spesielt år for senteret med oppgradering og utbygging av anlegget (m.a. ny scene og administrasjonsbygg) fram mot riksjubileet i 2024. Planlagt ferdigstilling var i april-mai 2024.</p> <p>Sjølv om byggearbeidet har medført at drifta måtte takast litt ned, har drifta halde fram i 2023, med gjennomføring av arrangement, frukostmøte, seminar, selskap, omvising, besøk av skuleklassar, barnehagar og bussar, m.m. Musikalen «Kristina frå Duvemåla» vart sett opp for andre gong, men fekk dessverre ikkje meir enn 3786 besökande, noko som betyr at 47 % av dei utlagde billettane vart selde. Dette er hovudgrunnen til at besøkstal gjekk ned i 2023 til 18 154, samanlikna med 23 915 i 2022.</p> <p>Selskapet har vidare arbeida saman med Moster 2024 AS mot riksmarkeringsa av 1000 års-jubileet for Kristenretten på Moster i 2024, og har planlagt arrangement retta mot born og unge med tema som kan knytast opp mot 2024.</p>		
<b>Korleis selskapet tek samfunnsansvar</b>	<p>Selskapet sine verdiar er: I tida, synleg, folkeleg og rotfesta.</p> <p>Arbeidet for å bli Miljøfyrtårn starta i 2022. Gjennom denne prosessen fekk selskapet òg ein gjennomgang av internkontrollsystemet og andre</p>		

<sup>50</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>lover og reglar. Moster Amfi vart sertifisert i mars, under kriteria for Grøne konferansar.</p> <p>Oppgraderinga av senteret medfører at anlegga no tilfredsstiller krav i arbeidsmiljølova.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Etter 2024 skal arven etter jubileumsselskapet Moster 2024 førast over til Moster Amfi. Det er viktig med ein heilsapsstanke i botn for kva som skal stå att, og at dette er berekraftig for Moster Amfi som kulturhistorisk senter i framtida. «Nye Moster Amfi» startar etter Riksjubileet. Då er nye scenefasilitetane, nytt publikumsmottak på plass, og ei utstilling som handlar om temaet: verdiar i loverk og samfunn. Selskapet viser til at dette vil gje store moglegheiter for å utvikle Moster Amfi inn i framtida.</p> <p>Selskapet har som mål å styrke det økonomiske grunnlaget, og å kome inn på statsbudsjettet. Selskapet søker også eigarane om ei mogleg auke i driftstilskot til senteret.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	<p>Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk og for å legge til rette for kultur og kulturtilbod i fylket.. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er å bidra til å ta vare på dei historiske bygningane og aktiviteten i Moster Amfi ut frå eit kulturhistorisk perspektiv. Moster Amfi sitt kulturpolitiske arbeid er å formidle tidleg kyrkjehistorie i Noreg, legge til rette for kulturaktivitetar og arbeide for å vere eit attraktivt regionalt, nasjonalt og internasjonalt reisemål.</p>
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen er framleis aktuelt.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

## Moster 2024 AS

Føremål	<p>Selskapet si verksemål er å planlegge og fullføre eit riksjubileum for å markere at det i 2024 er 1000 år sidan Kristenretten vart vedteken på Mostratinget. Temaet for jubileet skal vere verdiar i lovverk og samfunn, og barn og unge skal prioriterast særleg ved markeringa.</p> <p>Selskapet har ikkje profitt som føremål, og eventuelt overskot skal nyttast i tråd med selskapet si verksemål.</p>	
Etablert	19.10.20	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen i selskapet er 200 000 kr, delt på 2 aksjar à 100 000 kr.</p> <p>Vestland fylkeskommune og Bømlo kommune eig ein aksje kvar.</p>	
Forretningskontor	Bømlo kommune	
Regelverk	Aksjelova, offentleglova, regelverket om offentleg innkjøp	
Styringsgrunnlag	Vedtekten av 19.10.20	
Generalforsamling	<p>Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 10.06.24. Direktør for avdeling for kultur og folkehelse, Per Morten Ekerhovd, representerte fylkeskommunen i generalforsamlingen, med fullmakt.</p>	
Eigarmøte o.l.		
Valkomite	<p>Selskapet skal ha ein valkomité samansett av tre medlemer. Valkomiteen sine medlemer, inklusiv valkomiteen sin leiar, vert valde av generalforsamlinga for to år om gongen. I tillegg til å innstille styremedlemer, skal valkomiteen gje innstilling om styregodtgjersle. Generalforsamlinga fastset godtgjersle for medlemene av valkomiteen. Generalforsamlinga skal vedta ein eigen instruks for valkomiteen.</p> <p>Vestland fylkeskommune har peikt ut Jarle Jacobsen som medlem av valkomiteen, med Svein Hallaker som vara. Bømlo kommune har peika ut Ragnfrid Sønstabø (leiar) og Odd Harald Hovland som medlemer.</p>	
Val av styre	<p>Selskapet skal ha eit styre på tre til sju medlemer, som er breitt samansett med m.a. «representantar» frå eigarane og personar med kompetanse frå kultur og næringsliv.</p>	
Styresamansetning	Styremedlemer (2021-) Per Bjørn Habbestad (styreleiar) Magne Rommetveit Petter Steen jr. Svein Arne Theodorsen Mette Heidi Bergsvåg Jane Cathrin Særsten Jünger	Varamedlemer (2021-) Marianne Eidesvik Bjørn Asle Teige Siri Klokkerstuen

<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	Styreleiar: 75 000 kr årleg Styremedlemer: 1500 kr per møte (totalt 43 500 kr i 2024)  Selskapet kjøper funksjonen dagleg leiing av dagleg leiar, Elsa Aanensen-Bakke, sitt selskap. For 2024 vil utgiftene til dagleg leiing vere på 522 000 kr.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>			
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	Moster 2024 AS, Tora Mostrastongs veg 2, 5440 Mosterhamn		
<b>Kontaktperson</b>	Dagleg leiar: Elsa Aanensen-Bakke		
<b>Telefon</b>	90 90 23 26		
<b>E-post</b>	post@moster2024.no; elsa@moster2024.no		
<b>Nettadresse</b>	<a href="https://moster2024.no/">https://moster2024.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	6 596	4 571	2 381
Driftsresultat	-1	0	0
Resultat etter skatt	-3	0	0
Totalkapitalrentabilitet	0	0	0
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	-2	0	0
Likviditetsgrad 1	1	1,1	1,1
Eigenkapital i % (soliditet)	3	9	5
Gjeldsgrad	29	11	19

<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste år hatt tilfredsstillende likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>51</sup> .
<b>Viktige hendingar</b>	I 2023 og 2024 har selskapet planlagt og gjennomført feiringa av at det er 1000 år sidan innføringa av kristenretten i Noreg på Moster i Bømlo kommune, på Mostratinget sett av Olav Haraldsson og Bispe Grimkjell i år 1024. Hovudmarkeringa fann stad på Moster 29. mai til 2. juni 2024.  Hovudføremålet med jubileet har vore å løfte fram verdidebatten i Noreg gjennom å skapa ein reell, konstruktiv og open samtale om korleis vi som individ og samfunn skal forma framtida. Jubileet har hatt ekstra sokelys på barn og unge.  Fleire folkevalde og tilsette i VLHK har teke del i arbeidet gjennom deltaking i ulike komitéar.
<b>Korleis selskapet tek samfunnsansvar</b>	
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Aksjeselskapet skal avviklast etter at alle arrangement er gjennomført og rapportar leverte.
<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	
<b>Mål med eigarskapen</b>	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøyleg?</b>	Hovudargumenta for å opprette eit eige AS, med ideelt føremål, for å planlegge og gjennomføre jubileet i 2024 har vore handtering av risiko – særleg knytt til økonomi, styring, avvikling, og erfaringar frå andre relevante jubileum og markeringar.  Aksjeselskapet skal avviklast etter at alle arrangement er gjennomført og rapportar leverte.
<b>Tilråding</b>	Vidareføre eigarskapen fram til planlagt avvikling.

<sup>51</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepstekst og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

## Norsk Fjordhestsenter AS

<b>Føremål</b>	Norsk Fjordhestsenter AS har til føremål å fremje fjordhesten som nasjonal rase ved å gjennomføre nasjonale mål og strategiar innan avl og bruk for fjordhesten. Senteret skal ha det beste kompetansemiljøet for fjordhest og vere samlingspunktet for fjordhestfolket. Norsk Fjordhestsenter AS har likevel til hovudføremål å eige og drive eit moderne, nasjonalt ride- og køyresportanlegg for trening, konkurransar og anna aktivitet. Norsk Fjordhestsenter AS er utan eige økonomisk føremål.	
<b>Etablert</b>	21.10.1989.	
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Selskapet sin totale aksjekapital er på 4 100 000 og er fordelt på to aksjeklassar slik:</p> <p>A-aksjar (med stemmerett): 20 aksjar à 5000 kroner, totalt 100 000 kroner.</p> <p>B-aksjar (utan stemmerett): 800 aksjar à 5000 kroner, totalt 4 000 000 kroner.</p> <p>Fylkeskommunen sin eigardel:</p> <p>A-aksjar: 30 % av aksjane. Pålydande verdi: 30 000 kroner.</p> <p>B-aksjar: 33 % av aksjane. Pålydande verdi: 1 330 000 kroner.</p> <p>Aksjane kan overdragast med samtykke frå styret, men slik at Stad kommune og fylkeskommunen alltid har like mange A-aksjar kvar. Den tredje eigaren er Norges Fjordhestlag.</p>	
<b>Forretningskontor</b>	Stad kommune	
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova m.m.	
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter, sist endra 16.12.2022.	
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 28.05.24. Stian J. O. Davies representerte fylkeskommunen på generalforsamlingen.	
<b>Eigarmøte o.l.</b>		
<b>Val av styre</b>	Selskapet sitt styre skal ha tre til fem medlemer. Inntil halvparten av styremedlemene skal veljast av aktør(ar) som kan søkje om tilskot i form av spelemidlar. Generalforsamlinga vel resten.	
<b>Valkomite</b>	På generalforsamlinga i 2025 planlegger selskapet å opprette valnemnd med tre representantar – ein frå kvar av eigarane. Dette medfører behov for vedtektsendring.	
<b>Styresamansetning</b>	<u>Styremedlemer:</u> Siri Sandvik (2024-2026) (leiar) Hege Sæther Moen (nestleiar, 2023-2025) Leidulf Gloppestad (VLFK, 2024-2026) Janne-Mari Hjelle (2024-2026) Ove Bjørlo (2024-2026)	<u>Varamedlemer:</u> Olav S. F. Nord (2024-2026) Janne Seilen (2023-2025) Ledig varaverv (VLFK, 2024-2026) Hege Aardal Alsaker (2024-2026)
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	Styreleiar: 40 000 kr per år (uendra over fleire år). Styremedlemer: 3 000 kr per fysiske møte og 1500 kr per digitale møte (uendra over fleire år).	

	Samla styregodtgjersle i 2023: 68 500 kr. Løn dagleg leiar: 675 000 kr.		
Fylkeskommunalt lån	Nei.		
Revisor	Hovden & Vatne Statsautoriserte Revisorar AS.		
Adresse	6770 Nordfjordeid.		
Kontaktperson	Dagleg leiar: Anna Benedikte Nyberg Stegane		
Telefon/faks	57 86 48 00 / 57 86 48 01		
E-post	post@norsk-fjordhestsenter.no, anna@norsk-fjordhestsenter.no		
Nettstad	www.norsk-fjordhestsenter.no		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	6 427	5 747	5 627
Driftsresultat	153	13	196
Resultat etter skatt	17	-86	117
Totalkapitalrentabilitet	3	1	3
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	1	-2	3
Likviditetsgrad 1	1,5	1,3	1,3
Eigenkapital i % (soliditet)	54	59	56
Gjeldsgrad	1	1	1
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste år hatt tilfredsstillande likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande.		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Norsk Fjordhestsenter AS arrangerer m.a. treningar, kurs og stemner, og Fjordane folkehøgskule underviser elevane sine på senteret.</p> <p>I 2023 har selskapet arbeidd vidare med utviklingsarbeidet på senteret. Den stegvise oppgraderinga er i gang, og det er lagt nytt dekke og sett opp nye gjerde, og det er montert vatningsanlegg i ridehallane. Vidare er dei gamle hingstepaddockane rivne og arbeidet med å oppruste taket på stallane er i gang.</p> <p>Det må store investeringar til for å gjere nødvendige utbetringer for å betre standarden på anlegget, og i ekstraordinær generalforsamling i 2022 framheva selskapet idrettsføremålet som hovudføremål, for å kunne søke spelemidlar frå Kulturdepartementet.</p>		

Korleis selskapet tek samfunnsansvar	<p>Arbeidstid og løn er rettferdig fordelt mellom kjønna, og personalpolitikken er kjønnsnøytral på alle område.</p> <p>Selskapet forureinar i liten grad det ytre miljø. Senteret har som målsetnad å få ei enda meir berekraftig drift, og gjennomfører no eit forprosjekt om gjødselshandtering saman med forskingsbedrifta NORSØK og ved hjelp av midlar frå FORREGION.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Det er behov for ytterlegare investeringar i anlegget framover, for å sikre og utvikle det for framtida med tanke på senteret sine ulike funksjonar, både lokale og nasjonale. Selskapet har utarbeidd ein utviklingsplan for heile anlegget, basert på selskapet sin strategiplan, brukar- og tilsetteinvolvering og vedtekne areal- og reguleringsplanar i Stad kommune.</p> <p>Selskapet jobba framleis med å skaffe finansiering av vedlikehaldsarbeidet, og har utfordra eigarane til å bidra økonomisk.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p>Vedtak i fylkesutvalet 29.11.2022 i PS 267/2022:</p> <p>«1. Dei føreslegne endringane endrar Norsk Fjordhestsenter AS sitt hovudføremål frå å vere kulturelt til å handle om idrett. Fylkeskommunen si grunngjeving for å eige i senteret er kulturell, men sidan det idrettslege føremålet heng saman med, og er med på å underbygge det kulturelle føremålet, set ikkje Vestland fylkeskommune seg imot endringa av hovudføremål.</p> <p>2. Vestland fylkeskommune set seg heller ikkje imot dei andre føreslegne vedtektsendringane, m.a. endringar til at eit eventuelt overskot skal gå til idrettsføremålet og at aktørar som kan søke spelemidlar skal kunne føreslå inntil halvparten av styremedlemene (kommunen og fylkeskommunen er døme på slike aktørar).</p> <p>3. Fylkesutvalet instruerer fylkeskommunen sin eigarrepresentant til å stemme for endringsforslaget slik det føreligg, når det skal handsamast i ei ekstraordinær generalforsamling».</p>
Mål med eigarskapen	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk. Bakgrunnen for eigarskapen er at eigedommen Haugen i 1989 vart overdregen til Eid kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Noregs Fjordhestlag.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøytenleg	<p>Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare, etter vedtak i fylkestinget i 2014, forsøkt å selje aksjane i selskapet til dei andre eigarane. Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok så i sak 38/18 å vidareføre eigarskapen i selskapet.</p> <p>Fjordhesten er ein særmerkt hesterase med sterk kulturhistorisk tilknyting til Vestlandet. Det kan derfor argumenterast for at Vestland fylkeskommune har eit ansvar for å forvalte denne historia og medverke til skjøtsel av rasen. Fjordhesten er ein av tre norske hesterasar, og gjennom eigarskapen til Norsk Fjordhestsenter kan Vestland fylkeskommune bidra til å halde bestanden oppe, og på sikt auke talet fjordhestar i Noreg.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

## Sentralbadet AS

<b>Føremål</b>	Sentralbadet AS sitt føremål er å optimalisere drifta av Sentralbadet som eit scenekunsthus. Sentralbadet AS skal tilrettelegge for hovudbrukarane Stiftelsen Bergen Internasjonale Teater og Carte Blanche AS, slik at dei kan oppnå sine vedtekne føremål. Sentralbadet skal også brukast av sekundærbrukarar frå kunst- og kulturfeltet. Selskapet har ikkje erverv til føremål og skal drivast etter eit sjølvkostprinsipp.
<b>Etablert</b>	03.10.24
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Aksjekapitalen er 500 000 kr fordelt på 100 aksjar à 5000 kr. Kvar aksje gir ei stemme på generalforsamlinga.</p> <p>Fylkeskommunen eig 5 % av aksjane i selskapet. Dette tilsvarar 5 aksjar med pålydande verdi 25 000 kr.</p> <p>Andre eigarar er Bergen kommune (67 %), BIT Teatergarasjen (14 %) og Carte Blanche AS (14 %).</p>
<b>Forretningskontor</b>	Bergen kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova m.m.
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter av 03.10.24.
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført skipingsmøte for selskapet 03.10.24. Jacob André Telvik Nødseth representerte fylkeskommunen i møtet.
<b>Eigarmøte o.l.</b>	
<b>Val av styre</b>	<p>Selskapet sitt styre skal ha seks faste medlemer, og fire varamedlemer i numerisk rekkefølge. Kvar medlem skal veljast for to år om gongen. Generalforsamlinga vel styremedlemer etter innstilling frå valgkomitéen i selskapet.</p> <p>Første gongs oppnemning vert gjennomført ved direkteval, slik: Bergen kommune oppnemner styreleiar og to styremedlemer. Carte Blanche AS, Stiftelsen Bergen Internasjonale Teater og Vestland fylkeskommune oppnemner éin styremedlem kvar.</p> <p>Styret er avgjerdssyktig når minst fire styremedlemer er til stades. Styreleiar har dobbeltstemme ved stemmelikskap.</p>
<b>Valkomité</b>	Generalforsamlinga vel valkomité og fastset retningslinjer for denne. Valkomitéen skal ha fire medlemer – éin av desse leiar. Fagansvarleg for kulturfeltet i Bergen kommune skal vere leiar av valkomitéen. Generalforsamlinga vel dei andre medlemene og utpeiker éin av desse til nestleiar. Medlemene si funksjonstid er fire år (dei av medlemene som er valde av generalforsamlinga).

	<p>Ved første gongs oppnemning vert valkomitéen sine tre ordinære medlemer valde etter innstilling frå eigarane.</p> <p>Valkomitéen innstiller på følgjande til generalforsamlinga:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Medlemer og varamedlemer til styret</li> <li>2. Styrets leiar og nestleiar</li> <li>3. Godtgjersle til styremedlemene.</li> </ol> <p>Styret fremjar forslag om valkomitémedlemer og godtgjersle til valkomitéen.</p> <p>Valkomitéleiar har dobbeltstemme ved stemmelikskap.</p>		
Styresamansetning	<u>Styremedlemer:</u> John Haldor Wiik (leiar) (Bergen kommune) Evy Greve (Bergen kommune) Kristian Seltun (Bergen kommune) Idun Vik (BIT Teatergarasjen) Per-Harald Nilsson (Carte Blanche) Amalie Johnsen Lunde (VLFK)	<u>Varamedlemer:</u> 1. 2. 3. 4.	
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar			
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	Førebels ikkje valt.		
Adresse			
Kontaktperson			
Telefon/faks			
E-post			
Nettstad			
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter			
Driftsresultat			

Resultat etter skatt			
Totalkapitalrentabilitet			
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %			
Likviditetsgrad 1			
Eigenkapital i % (soliditet)			
Gjeldsgrad			
Økonomisk utvikling i tekst	<sup>52</sup>		
Viktige hendingar			
Korleis selskapet tek samfunnsansvar			
Viktige planar/utsikter for dei komande åra			
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p>FT-PS 96/2023 Sentralbadet AS – Etablering:</p> <p>«1. Vestland fylkeskommune vedtek å gå inn som eigar av driftsselskapet Sentralbadet AS med 5% av aksjane og 25 000 kroner i aksjekapital.</p> <p>2. Fylkesdirektøren skal syte for naudsynt koordinering og avklaring mot dei andre medeigarane for å gjennomføre selskapsetablering.</p> <p>3. Fylkesdirektøren får fullmakt til å inngå aksjonæravtalen i tråd med prinsippa slik dei er framlagde i saka.</p> <p>4. Drift av Sentralbadet AS skal finansierast gjennom leigeinntekter frå primærbrukarar, sekundærbrukarar og kafé. I følgje vedtekten vil selskapet ikkje ha erverv til føremål og skal driftast etter sjølvkostprinsipp.»</p> <p>FT-PS 120/2024 Skiping av Sentralbadet AS – vurdering av endra vedtektsforslag:</p> <p>«1. Vestland fylkeskommune støttar det nye forslaget til vedtekter for Sentralbadet AS, med justering av § 2, føremålsføresegna (for å få med som føremål at bygget også skal brukast av sekundærbrukarar), § 5 (føresegna om overdraging av aksjar), § 7 (om styret), § 8 (om valkomité) og § 9 (om generalforsamlinga), slik at skipingsprosessen kan fullførast.</p> <p>2. Etter skiping vil fylkeskommunen halde fram med å fremje sitt</p>		

<sup>52</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepstolkning og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	standpunkt om at oppgåva med å velje valkomitéleiar bør ligge til generalforsamlinga.»
<b>Mål med eigarskapen</b>	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg</b>	Fylkeskommunen har nyleg vedteke å vere med på å skipe selskapet. Bakgrunnen for å gå inn er m.a. Vestland fylkeskommune sitt omfattande økonomiske engasjement i saka (tilskot til bygget) og deleigarskapet i Carte Blanche AS.
<b>Tilråding</b>	Vidareføre eigarskapen

## Teater Vestland AS

<b>Føremål</b>	<p>Føremålet er å drive teaterverksemd i Vestland fylke. Teateret kan også spele i andre fylke som ledd i utvekslingsprogram med andre teater.</p> <p>Teateret skal nytte nynorsk målform eller nynorske målføre. Teateret går inn som ein naturleg del av fylket sitt samla kulturtildelning. Teateret skal også å fremje amatørteaterarbeidet i fylket.</p>
<b>Etablert</b>	13.11.1979
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Aksjekapitalen er 100 000 kr fordelt på 10 aksjar à 10 000 kr. Vestland fylkeskommune eig 80 % av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 80 000 kr. Sunnfjord kommune eig dei resterande 20 % av aksjane.
<b>Forretningskontor</b>	Sunnfjord kommune.
<b>Regelverk</b>	Aksjelova.
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekten av 13.11.1979, sist reviderte 14.06.2022. Strategiplan.
<b>Generalforsamling</b>	Det vart gjennomført ordinær generalforsamling i selskapet 06.06.24 og ekstraordinær generalforsamling 19.08.24. Jacob A. Nødseth representerte fylkeskommunen. I tillegg deltok Per Morten Ekerhovd, direktør avdeling for kultur og folkehelse, på den ordinære generalforsamlingen.
<b>Eigarmøte o.l.</b>	
<b>Val av styre</b>	<p>Styret skal ha fem medlemer inkludert tilsettrepresentant. Generalforsamlinga vel styremedlemene, inkludert leiar og nestleiar, etter innstilling frå selskapet sin valkomité. Dei tilsette vel tilsettrepresentant med tre varamedlemer.</p> <p>Det skal også veljast varamedlemer.</p> <p>Styre- og varamedlemene si funksjonstid er fire år med unntak for representanten for dei tilsette som vert vald for to år.</p>
<b>Valkomité</b>	<p>Generalforsamlinga vel dei fire medlemene av valkomitéen, inkludert leiar og nestleiar, og fastset retningslinjer for komitéen. Ved oppnemning skal tre medlemer veljast etter forslag frå Vestland fylkeskommune og éin etter forslag frå Sunnfjord kommune.</p> <p>Medlemene tenestegjer i fire år. Attval er mogleg éin gong (ein medlem kan veljast til saman to gonger).</p> <p>Valkomitéen skal fremje forslag om:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Medlemer og varamedlemer til styret</li> <li>2. Styret sin leiar og nestleiar</li> <li>3. Styregodtgjersle</li> <li>4. Valkomitégodtgjersle.</li> </ol> <p>Følgjande vart valde på generalforsamlinga i 2023 for 2023-2027:</p>

	Leiar: Jenny Følling (Sunnfjord kommune) Medlem: Hege Solbakken (VLFK) Medlem: Martine Jordana Baarholm (VLFK) Medlem: Helge Robert Midtbø (nestleiar)				
Styresamansetning	<u>Styremedlemer 2024-2028:</u> Rasmus Mo (leiar, VLFK) Rune Hegrenes (nestleiar) Tora Hodneland Kildehaug (VLFK) Hanne Bergliot Oftedal (VLFK) Marion Aas Wie (repr. for dei tilsette)	<u>Varamedlemer i rekjkjefølgje 2024-2028:</u> <u>Frå VLFK:</u> 1) Gunn Åmdal Mongstad 2) Senea Sabanovic 3) Tommy Sævereid  <u>Frå Sunnfjord kommune:</u> Åsmund Berthelsen  <u>Frå Teater Vestland:</u> 1) Reidun Støfring 2) Idun Losnegård			
Styregodtgjersle, valkomitégodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: 60 000 kr fast per år. Nestleiar: 20 000 fast per år. Styremedlem: 10 000 kr fast per år. Den faste godtgjersla skal indeksregulerast årleg.  Alle styremedlemene har i tillegg møtegodtgjersle i tråd med fylkeskommunen sine satsar for dette, for tida 1655 kr per møte. Varamedlemene får tilsvarende møtegodtgjersle per møte dei er med på.  Den faste godtgjersla skal justerast årleg i tråd med konsumprisindeksen.  Samla styregodtgjersle i 2023: kr 193 180.  Valkomitémedlem: Møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sine satsar for kvart møte dei deltek på, avgrensa oppover mot fem møte per år. Valkomiteleiar: 1,5 gonger møtegodtgjersle per møte. (Valkomiteen har fått i oppdrag å kome med ei kort utgreiing om valkomiteen sitt arbeidsomfang til neste generalforsamling).  Løn til dagleg leiar i 2023: 1 037 874 kr. Anna godtgjersle: 5 697 kr.				
Fylkeskommunalt lån	Nei.				
Revisor	Price Waterhouse Coopers AS.				
Adresse	Pb. 324, 6802 Førde.				
Kontaktperson	Direktør: Aud Marie Åsen				
Telefon/faks	90 99 06 00.				
E-post	<a href="mailto:post@teatervestland.no">post@teatervestland.no</a> ; <a href="mailto:aud-marie@teatervestland.no">aud-marie@teatervestland.no</a>				
Nettstad	<a href="http://www.teatervestland.no">www.teatervestland.no</a>				
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>					
(1000 kr)	2023	2022	2021		
Sum driftsinntekter	40 143	35 080	32 533		

Driftsresultat	506	710	83
Resultat etter skatt	545	682	43
Totalkapitalrentabilitet	4	5	1
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	9	12	1
Likviditetsgrad 1	0,5	0,9	0,8
Eigenkapital i % (soliditet)	42	37	39
Gjeldsgrad	1	2	2
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Selskapet har ikke tilfredsstillande likviditet, svak lønsemd og særslig god soliditet.</p> <p>Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillande soliditet, medan lønnsemda og likviditeten ikke er tilfredsstillande<sup>53</sup>.</p>		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>I 2023 flytta teateret inn i nye optimaliserte lokale for moderne teaterdrift i «Nynorskhuset» i Førde.</p> <p>Teateret har produsert og turnert med ulike produksjonar som er godt teke imot av både publikum og pressa, m.a. «Mødrevariasjonar» og «Tollak til Ingeborg». Teateret inviterte Riksteateret til å samarbeide om sistnemnde framsyning, og produksjonen vart vist for publikum i heile landet. Teateret har også produsert «Skogsopplevingar» i samarbeid med VLFK og dagsturhyttene - ei lydoppleving for vaksne for å høre på tur. Teateret har vidareført satsinga si på teater for born og unge og teater og ny teknologi. Når det gjeld dette siste så opplyser teateret om at det er andre gong i verda at AR (Auka røynd) vert brukt på teater, og framsyninga vann Norsk publikumsutvikling sin pris i kategorien «fornyar», og to prisar i den årlege VRINN Awards under Nordic VR forum på Hamar. I 2023 var Teater Vestland også med på Det Vestnorske Teateret sitt initiativ «Fosse ord for ord» - ei lesing som ligg tilgjengeleg på NRK.</p> <p>Til saman i 2023 har teateret spelt 228 framsyningar i 35 ulike spelelokale og for til saman 25 549 publikummarar (om lag halvparten frå eigenproduksjonar og halvparten frå samarbeidsproduksjonar/-prosjekt).</p>		
<b>Korleis selskapet tek samfunnsansvar</b>	<p>Teateret har som mål å ikke ureine det ytre miljøet og deltok i 2019 i Norsk Teater og Orkesterforeining sitt arbeid for å etablere eit «grønt veikart for kultur», ei satsing på å utvikle metodar for å gjere kunst og kulturinstitusjonar meir miljøbevisste.</p> <p>Strategiplanen omtalar personalpolitikk, miljø, verdigrunnlag o.l.</p> <p>Fylkeskommunen sin eigarrepresentant på den ordinære generalforsamlinga i 2024 har etterlyst meir informasjon om korleis selskapet tek samfunnsansvar og korleis selskapet arbeider med miljø og etikk.</p>		

<sup>53</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepstekst og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Teateret har ei høgare auke i husleigekostnad enn forventa grunna generell prisauke og auke i felleskostnader. Fylkesutvalet vedtok nyleg, 19.09.24, å løyve 1,1 mill. kr i tilskot til teateret for å dekke auka husleigekostnader. Vedtaket er attgjeve under. Midlane vart henta frå eit eige fond oppretta til føremålet i 2019.
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p><i>FU-PS 93/2021 Styregodtgjersle for Teater Vestland AS:</i>  «Vestland fylkeskommune gjer framlegg om slik godtgjersle til styret i Teater Vestland AS:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Styreleiar: kr 60 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470.</li> <li>• Nestleiar: kr 20 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470.</li> <li>• Ordinære styremedlemer: kr 10 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470.</li> <li>• Varamedlemer: Møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470, for kvart møte dei er til stades på.</li> <li>• Den faste godtgjersla skal justerast årleg etter endringa i Statistisk sentralbyrå sin konsumprisindeks.»</li> </ul> <p><i>FUV-PS 148/2022 Teater Vestland AS – oppretting av valkomité:</i>  «1. Vestland fylkeskommune godkjenner følgjande vedtektsendring når saka skal handsamast på generalforsamlinga den 14.06.22:  "Ny § 4 Valnemnd  Generalforsamlinga skal velje valkomité og fastsetje retningsliner for valkomitéen. Valkomitéen skal ha 4 medlemer. Ved oppnemning skal tre bli oppnemnt etter forslag frå Vestland fylkeskommune og ein etter forslag frå Sunnfjord kommune. Generalforsamlinga skal velje valkomitéen sin leiar og nestleiar. Tenestetida for valkomitéen sine medlemer er fire år. Eit medlem av valkomitéen kan ikkje veljast igjen meir enn to gonger. Valkomiteen skal fremje forslag til generalforsamlinga om:  1. Medlemer og varamedlemer til styret  2. Styret sin leiar og nestleiar  3. Godtgjersle til styret sine medlemer  4. Godtgjersle til valkomiteen sine medlemer.»  2. Vestland fylkeskommune godkjenner også dei føreslegne retningslinene for valkomiteen. For fylkeskommunen er det viktig at valkomiteen tek tidleg kontakt med og forankrar innstillinga si hjå eigarane.  3. Vestland fylkeskommune føreslår følgjande tre personar til valkomiteen:  Medlem: Hege Solbakken  Medlem: Helge Robert Midtbø  Medlem: Martine Jordana Baarholm».»</p> <p><i>FU-PS 212/2024 Søknad frå Teater Vestland om ekstraløyving til auka husleige:</i>  «1. Vestland fylkeskommune løyver 1,1 mill. kr. i ei ekstraløyving til Teater Vestland for å dekke kostnader til auka husleige.  2. Midlane vert henta frå disposisjonsfond, Sogn og Fjordane teater, Balansekontonummer 2560800020.  3. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen legg fram eit kortfatta notat som synleggjør erfaringar ein har gjort seg med prosess knytt til økonomi mv. i prosjektet, som også kan ha overføringsverdi for andre prosjekt. Notatet skal også synleggjere kva økonomiske utfordringar ein vil stå i, og når, knytt til auka husleige for Teater Vestland.»</p>
Mål med eigarskapen	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin

	kulturpolitikk. Fylkeskommunen ønsker å stimulere til kulturelt og kunstnarleg mangfold, og å understøtte initiativ og verksemder innan kulturbaserte næringer. Fylkeskommunen har interesse av at nynorsk vert nytta som teaterspråk.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Eigarskapen er i tråd med føremålskategorien fylkesomfattande kulturselskap.
<b>Tilråding</b>	Vidareføre eigarskapen.

## Vestnorsk filmsenter AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å bidra til fagleg og kunstnarisk utvikling av vestnorsk kortfilmproduksjon, ved å kanaliser økonomisk, filmfagleg og organisatorisk støtte til profesjonelle kortfilmprosjekt innan fiksjons-, dokumentar- og animasjonsfilm. Vidare skal senteret innvilge midlar til prosjektutvikling og gi konsulentbistand til manusskriving. Det er ingen føresetnad at søker av tilskotsmidlar er busett på Vestlandet. Gjennom tiltak skal selskapet bidra til at kulturpolitiske målsettingar innan film vert innfridde, og at bransjen som heilskap vert stimulert til kunstnarisk og fagleg utvikling via bransjeutviklingstilskot.	
<b>Etablert</b>	10.11.1994	
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Aksjekapitalen i selskapet er 99 000 kr delt på 60 aksjar á 1650 kr kvar.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig ein tredjedel av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 33 000 kr. Bergen kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune eig også ein tredjedel av aksjane i selskapet kvar.</p>	
<b>Forretningskontor</b>	Bergen kommune	
<b>Regelverk</b>	Aksjelova	
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekter, sist endra på generalforsamling 12.05.22.	
<b>Generalforsamling</b>	<p>Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 31.05.24.</p> <p>Jacob A. Nødseth representerte fylkeskommunen i møtet, med fullmakt.</p>	
<b>Val av styre</b>	Styret skal ha inntil seks medlemer. Generalforsamlinga vel styret etter innstilling av éin medlem frå kvar av eigarane. Norsk Filmforbund og Produsentforeininga innstiller éin medlem kvar. Eigarane av Vestnorsk filmsenter kan i tillegg innstille ytterlegare, inntil éin medlem i fellesskap. Det kan oppnemast varamedlemar for dei respektive representantane. Generalforsamlinga vel styreleiar.	
<b>Styresamansetning</b>	<u>Styremedlemer:</u> Lars Leegaard Marøy – Bergen kommune (leiar) Christer Lilleskare Olsen – VLFK, 2024-2027/2028 Ingrid Opdal – MRFK Trude Refsahl – Virke produsentforeningens representant Tommy Næss – filmforbundets representant	<u>Personlege varamedlemer:</u> Steinar Gerhardsen – VLFK, 2024-2027/2028 Yvonne Wold, MRFK

<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	Styreleiar: kr. 60 000 per år (uendra sidan 2021). Styremedlemer: kr. 22 000 per år (uendra sidan 2021).  Samla styregodtgjersle i 2023: 148 000 kr.  Løn til dagleg leiar i 2023: 867 088 kr. Naturalytingar: 4 392 kr.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.		
<b>Revisor</b>	BDO AS		
<b>Adresse</b>	Georgernes Verft 12, 5011 Bergen		
<b>Kontaktperson</b>	Dagleg leiar: Stine Tveten		
<b>Telefon</b>	92 28 36 96		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:post@vestnorskfilm.no">post@vestnorskfilm.no</a> , <a href="mailto:stine@vestnorskfilm.no">stine@vestnorskfilm.no</a>		
<b>Nettstad</b>	www.vestnorskfilm.no		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	29 815	27 477	22 927
Driftsresultat	-840	-282	83
Resultat etter skatt	-20	-43	127
Totalkapitalrentabilitet	0	0	1
Eigenkapitalens rentabilitet før skatt i %	-3	-5	16
Likviditetsgrad 1	1,0	1,0	1,0
Eigenkapital i % (soliditet)	3	3	4
Gjeldsgrad	28	28	24

<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Verksemda har siste åra hatt tilfredsstillende likviditet og soliditet, medan lønnsemda ikkje er tilfredsstillande <sup>54</sup> .
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Tildelingar til utvikling og produksjon av kort- og dokumentarfilm, og støtte til utvikling av manus til spelefilm og seriar, er den delen av filmsenteret si kjerneverksemd som har størst innverknad for bransjen. I 2023 fekk Vestnorsk filmsenter inn 2010 søknadar – 140 om kortfilm, dokumentarar og spel, og 70 om spelefilm og dramaseriar. Dette utgjer ei kraftig auke innan dei lange formata. Samla søknadssum var på 48,4 mill. kr. Til saman 83 prosjekt fekk støtte, og samla tildelingssum var på 19,97 mill. kr.</p> <p>I 2023 hadde 26 av filmane senteret har støtta premiere, eit tal som ligg monaleg over eit normalår. Av desse «Eg har ord» og «Den siste filmen», på kino, tre dokumentarar på Copenhagen International Documentary Film Festival (CPH:DOX), kortfilmen «Grill» og miniserien «Krigsseileren» på Netflix. Filmar med støtte frå Vestnorsk filmsenter har vore på nærmare 200 festivalar i 2023.</p> <p>Vestnorsk filmsenter har frå og med 2020 også hatt ansvar for tilskotsordninga for filmkulturelle tiltak, og har gitt tilskot til søknadar om lokale filmarrangement i regionen som ikkje fell inn under Norsk filminstitutt sine ordningar. I 2022 etablerte senteret to nye tilskotsordningar for å styrke produsentleddet i ulike nivå: «Skreddersydd – styrke etablerte produksjonsselskaper» og «Skreddersydd – juniorprodusent».</p> <p>Filmveksthuset BAKOM, ein møteplass i Bergen for aspirerande filmskaparar og spelutviklarar mellom 16-30 år, har hatt over 100 arrangement i 2023.</p> <p>Vestnorsk filmkommisjon er også ei avdeling av Vestnorsk filmsenter og arbeider med å posisjonere regionen i internasjonale film- og serieprosjekt. Fleire store film- og serieprosjekt frå regionen hadde premiere i 2023, m.a. sesong 4 av HBO-serien Succession, sesong 3 av Netflix-serien Ragnarok og Mission: Impossible – Dead Reckoning prt. 1.</p>
<b>Korleis selskapet tek samfunnsansvar</b>	<p>Gjennom å støtte, utvikle og arrangere kompetansehevande tiltak for filmbransjen, skal Vestnorsk filmsenter bidra til å byggje ein bransje som er synleg, berekraftig og i vekst, internasjonalt orientert og attraktiv å samarbeide med.</p> <p>Verdigrunnlaget er «-nær, ubyråkratisk, aktiv og kompetent støttespiller -transparent og tilgjengelig».</p> <p>Vestnorsk filmsenter er oppteke av kjønnsbalanse, og fører oversikt over kjønnsbalansen i søknadar og tildelingar.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Filmsenteret viser til ei utfordrande tid med store kutt og stans i produksjonar både hos strømmetenestene og TV-kanalane. Signala frå både Norsk filminstitutt og TV-kanalane, om at det skal satsast på færre

<sup>54</sup> Sjå punkt 4.1. for omgrepsforklaring og litt om kva fylkeskommunen bør forvente av ulike typar selskap.

	<p>prosjekt, gjer nålauga enda trøngare enn det har vore, og senteret ser det som avgjerande for ein levekraftig og heilskapleg bransje at NRK og TV2 tek inn produksjonar frå selskapa i regionen.</p> <p>Vestnorsk filmsenter appellerer til eigarane og etterlyser ein større verktøykasse for å kunne utnytte regionen sitt potensial og bransjen sine ambisjonar og skape eit filmløft.</p>
<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	<p><i>FUV-PS 39/2022 den 08.03.22: Vestnorsk filmsenter AS – sal av aksjar til Møre og Romsdal fylkeskommune</i></p> <p>«1. Vestland fylkeskommune sel 10 aksjar i Vestnorsk filmsenter AS til ein verdi av 16 500 kr til Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er ein føresetnad at Bergen kommune gjer det same vedtaket.</p> <p>2. Før salet kan gjennomførast må det samla talet på aksjar i selskapet oppjusterast til 60, og den totale aksjekapitalen nedjusterast til 99 000 kr. Fylkesutvalet ber fylkesdirektøren om å følgje dette opp overfor selskapet, i samråd med Bergen kommune.</p> <p>3. Salssummen skal setjast av til ubundne fond».</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk. Fylkeskommunen ønskjer å stimulere til kulturelt og kunstnarleg mangfold, og å understøtte initiativ og verksemder innan kulturbaserte næringer.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøytenleg?</b>	Eigarskapen er i tråd med føremålskategorien fylkesomfattande kulturselskap.
<b>Tilråding</b>	Vidareføre eigarskapen.

## 7. Interkommunale samarbeid



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

## 7.1 Ulike samarbeidsformer

Interkommunale samarbeid kan vere alt frå eit forum for erfaringsutveksling, til overføring av ansvar/utføring av oppgåver til eit anna rettssubjekt – til dømes ein annan kommune eller eit selskap.

### Samarbeid etter kontrakt (formlaust samarbeid)

Slike samarbeid er ikkje heimla i kommunelova. Dei baserer seg på kontraktar som regulerer samarbeidstilhøvet mellom kommunane. Denne forma for samarbeid vert også kalla *formlaust samarbeid*. Sidan organisasjonsforma er tufta på kontraktar, vil rammene for organiseringa ligge i kva som gyldig kan avtalast mellom kommunar. Denne typen samarbeid vert ikkje omtala i eigarskapsmeldinga.

### Vertskommunesamarbeid etter kommunelova

Kommunelova kapittel 20 gir heimel for å legge oppgåver som kommunane har ansvar for, til eit såkalla vertskommunesamarbeid.

#### Vertskommunesamarbeidet har to variantar:

- administrativt vertskommunesamarbeid (§ 20-2)
- vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd (§ 20-3)

Der kommunen vurderer at eit samarbeidsområde har prinsipiell betydning, skal modellen med felles folkevald nemnd nyttast. Denne nemnda har då ansvar for at oppgåvene blir løyst innanfor ramma av delegeringa frå deltakarkommunane. Tilsvarande kan den administrative modellen nyttast på område utan prinsipiell betydning.

Eit vertskommunesamarbeid er forankra i ein skriftleg samarbeidsavtale vedteken av kommunestyret eller fylkestinget sjølv.

### Interkommunale politiske råd og kommunale oppgåvefellesskap

Kommunelova inneholder følgjande to interkommunale samarbeidsformer:

- interkommunalt politisk råd etter kap. 18
- kommunalt oppgåvefellesskap etter kap. 19.

Deltakarane i slike samarbeid må uttrykkeleg ta stilling til om samarbeidet skal vere eit eige rettssubjekt eller ikkje.

## 7.2 Samarbeid fylkeskommunen deltek i

### Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA)

<b>Føremål</b>	<p>Det kommunale oppgåvefellesskapet Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA) er eit fellesinitiativ frå fylkeskommunane som har som føremål å etablere fritt tilgjengelege læremiddel for alle faga i den vidaregåande opplæringa.</p> <p>Det avtalefesta føremålet er å utvikle, dele kompetanse, tenester og teknologi til nytte for vidaregående opplæring, gjennom å:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- utvikle, anskaffe og tilby læremidlar og læringsressursar fritt tilgjengeleg for elevar, lærarar og andre, for å oppfylle fylkeskommunen sitt ansvar etter opplæringslova § 3-1</li> <li>- Bidra til samarbeid om læring, undervisning og kompetansedeling</li> <li>- Utvikle teknologi og samarbeid nasjonalt og internasjonalt som støttar opp om føremålet</li> </ul>	
<b>Etablert</b>	2007	
<b>Deltakarar</b>	14 fylkeskommunar (Oslo kommune deltek ikkje). Vestland fylkeskommune er kontorkommune for samarbeidet, og samarbeidet er del av fylkeskommunen som rettssubjekt.	
<b>Regelverk</b>	Kommunelov, offentleglova, m. fl.	
<b>Styringsgrunnlag</b>	Samarbeidsavtale og vedtekter frå 01.07.2009 (oppdatert selskapsavtale kjem til å føreligge så snart siste av dei deltagande fylkeskommunane har godkjent avtalen).	
<b>Representasjon i representantskap</b>	<p>Som interfylkeskommunalt samarbeid har NDLA eit representantskap med eigarrepresentasjon, éin frå kvar av eigarane.</p> <p>Jeanette Onarheim Syversen, vararepresentant til representantskapet, deltok for fylkeskommunen på representantskapsmøtet 02.05.24.</p>	
<b>Val av styre</b>	NDLA har eit styre med tre til sju medlemer. Styret skal sjå til at drifta av NDLA er i samsvar med formålet for samarbeidet, vedtekten, årsbudsjettet for selskapet og andre vedtak og retningslinjer fastsett av representantskapet eller styret sjølv.	
<b>Valkomitè</b>	Arly Hauge (Agder fylkeskommune), Margunn Blix (Finnmark fylkeskommune) og Liv Marit Hansen (Vestfold fylkeskommune).	
<b>Styresamansetning</b>	<u>Styremedlemer 2024-2025:</u> Helge Kristian Galdal (leiar) Bjørn Lyngedal Siw Olsen Fjærtoft Elisabeth Leiknes Hansen Albertine Aaberge (tilsetterep. 2024-2026)	<u>Varamedlemer 2024-2025:</u> Brynjar Rønningen Ingebjørg Eitrem Nondal (2024-2026)
<b>Innskotsplikt</b>	Inntektsgrunnlaget er basert på bidrag per elev frå alle deltarane.	
<b>Utgang</b>	Skjer gjennom fylkestingsvedtak. Fristar og føresegner følgjer av kommunelova.	
<b>Nettstad</b>	<a href="http://www.ndla.no">www.ndla.no</a>	

## Vestlandsrådet

<b>Føremål</b>	Vestlandsrådet er eit politisk samarbeidsråd for fylkeskommunane på Vestlandet, organisert som interkommunalt politisk råd etter kommunelova kapittel 18. Dei tre fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom Vestlandsrådet: <ul style="list-style-type: none"> <li>• koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen</li> <li>• fremje politiske saker av felles interesse</li> <li>• aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka</li> <li>• skape samhandlingsarenaer på Vestlandet</li> <li>• ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene</li> <li>• støtte tiltak som fremjar felles identitet og kultur</li> <li>• ha ei aktiv rolle i å koordinere saker relatert til Nordsjøregionen som har betydning for Vestlandet</li> </ul>
<b>Etablert</b>	2003.
<b>Deltakarar</b>	Fylkeskommunane Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland.
<b>Regelverk</b>	Kommunelova kapittel 18.
<b>Styringsgrunnlag</b>	Samarbeidsavtale (oppdatert 01.01.20 og endra 19.01.22 og 10.04.24), vedtekter og politisk plattform for 2024-2027.
<b>Representasjon</b>	Fylkeskommunen har følgjande faste medlemmer i Vestlandsrådet:  Jon Askeland, Stian Jean Opedal Davies, Nils-Anders Nøttseter, Silja Ekeland Bjørkly, Sigbjørn Framnes og Bente Spissøy.  Vestlandsrådet møtest som hovudregel minst tre gonger i året. Leiarvervet går på omgang for eitt år av gangen mellom fylkesordførarane. Møre og Romsdal fylkeskommune har leiarskapen i Vestlandsrådet i 2024.  I tillegg til rådet er det skipa eit eige arbeidsutval (AU) med dei tre fylkesordførarane.
<b>Administrasjon</b>	Fylkesdirektøren i den fylkeskommunen som til ei kvar tid har leiарvervet: <ul style="list-style-type: none"> <li>• har innstillingsrett til rådet</li> <li>• har ansvaret for sekretærfunksjonen</li> <li>• koordinerer det administrative og saksførebuande arbeidet</li> <li>• koordinerer i samarbeid med dei andre fylkeskommunane arbeidet med prosjekt som er sett i gang av Vestlandsrådet</li> </ul> Frå og med 2024 er det, av praktiske årsaker, bestemt at økonomifunksjonen vert lagt til Rogaland fylkeskommune, dokumenthandtering og arkiv til Møre og Romsdal kommune og heimeside og kommunikasjon til Vestland fylkeskommune.
<b>Innskotsplikt</b>	Finansiering av rådet sin aktivitet skal fordelast slik jf. Selskapsavtalen § 8:  Dei tre fylkeskommunane yter ein like stor sum kvar til drifta av rådet. For 2023 og 2024 var summen per fylkeskommune 600 000 kr. Eigne driftsutgifter til deltaking i rådet vert dekkja av kvar einskild fylkeskommune. Utgifter med å ha leiarskapen i rådet vert dekkja av den fylkeskommunen som har leiarskapen det året.  Rådet skal ha eit eige budsjett til dekking av andre typar driftsutgifter av felles interesse for dei deltagande fylkeskommunane. Rådet skal sjølv gjere

	<p>framlegg om dette. Kvar av fylkeskommunane skal dekke 1/3 av desse utgiftene. Budsjettet vert handsama på første møtet i året.</p> <p>Utgifter til einskildprosjekt vert fordelt ut frå kvar fylkeskommune sine interesser og deltaking.</p> <p>Rekneskapen vert ført og revidert av den fylkeskommunen som har leiarskapen/sekretariatet.</p>
<b>Utgang</b>	<p>Fylkestinget kan vedta å gå ut av rådet med 1 – eitt års oppseiingsfrist før neste kommuneval.</p> <p>Vestlandsrådet er å sjå på som oppløyst når minst to av dei tre samarbeidande fylka har trekt seg ut.</p>
<b>Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding</b>	
<b>Kontakt for Vestland</b>	I administrasjonen: Thorbjørn Aarethun. Sjå elles informasjon om representasjon over.
<b>Nettstad</b>	<a href="http://www.vestlandsraadet.no">www.vestlandsraadet.no</a>

## Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap

<b>Føremål</b>	Å legge tilhøva til rette for at arkiva til deltarane vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner. Samarbeidet kan yte depottenester for deltarane sine papirbaserte og elektroniske arkiv, og dessutan tilby deltarane ordnings- og digitaliseringstjenester, og andre nærliggande tenester. Samarbeidet skal sørge for at arkiva til deltarane vert gjort tilgjengelege for offentleg bruk, forsking og andre administrative og kulturelle føremål.
<b>Etablert</b>	Samarbeidet starta som ei prøveordning i 1987, vart endeleg etablert i 1991, og organisert som interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 frå og med 2019, og omdanna til kommunalt oppgåvefellesskap etter kommunelova kap. 19 seinare same år. Oppgåvefellesskapet er organisert som eit sjølvstendig rettssubjekt.
<b>Deltakrarar</b>	Fylkeskommunen og kommunane i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Dei 19 deltarane har lik eigardel i samarbeidet og delt ansvar for samarbeidet sine plikter.
<b>Rammer</b>	Kommunearkivordninga er eit kommunalt oppgåvefellesskap regulert av føresegndene i kommunelova kap. 19 og vedtekten til oppgåvefellesskapet.  Oppgåvefellesskapet skal ha mynde til å treffe avgjerder som gjeld drift og organisering av verksemda.  Oppgåvefellesskapet kan ikkje pådra deltarane plikter eller fatte avgjerder som etter kommunelova ligg til deltakarkommunane sjølve. Kommunearkivordninga skal ikkje ha mynde til å ta opp lån eller stille sikkerheit for andre sine forpliktingar.
<b>Forretningskontor</b>	Sogndal kommune.
<b>Representantskap</b>	Kvar deltarar er representert i oppgåvefellesskapet sitt øvste styringsorgan, representantskapet.
<b>Forvaltning og administrasjon</b>	Representantskapet har valt eit underliggende styre som tek seg av drift og organisering. Oppgåvefellesskapet har avtale med fylkeskommunen om administrasjon og drift av oppgåvefellesskapet, inkludert lån av tilsette og dagleg leiari.
<b>Finansiering</b>	Kommunearkivordninga skal finansierast gjennom bidrag frå deltarane. Deltarane betalar eit årleg tilskot til drifta i samsvar med vedteke budsjett. For deltakarkommunane vert dette tilskotet rekna ut på grunnlag av i) ein fast grunnum og ii) eit beløp rekna ut i frå folketalet til deltakarkommunane per 1. juli året før budsjettåret.  Vestland fylkeskommune sitt årlege økonomiske bidrag for basistjenester, papirdepot og elektronisk depot skal etter vedtekten bestå av eit fast årleg tilskot. I praksis består fylkeskommunen sitt bidrag av ein økonomisk del og ein praktisk del.
<b>Utgang</b>	Den enkelte fylkeskommune/kommune kan med eitt års skriftleg varsel seie opp sitt deltarforhold og krevje seg utløyst frå det.
<b>Nettstad</b>	<a href="#">Om Kommunearkivordninga i Vestland - Vestland fylkeskommune</a>
<b>Adresse</b>	Askedalen 2, 6863 Leikanger.

Telefon	57 63 81 43
E-post	sigrun.espe@vlfk.no; post@vlfk.no

## Syns- og audiopedagogisk teneste Vestland - kommunalt oppgåvefellesskap (SAPT)

<b>Føremål</b>	Å gje konsultasjon, råd og tenester innan syns- og hørselsfeltet til innbyggjarar i kommunar/fylkeskommune som deltek i oppgåvefellesskapet, og bistå medlemskommunane i å oppfylle krav i barnehagelov, opplæringslov og lov om folketrygd. Barn og unge skal prioriterast. Blant vaksne skal brukarane med dei mest alvorlege hørsels-og/eller synstapa prioriterast. SAPT skal samhandle med Statped, spesialisthelsetenesta og NAV hjelpemiddelsentral.
<b>Etablert</b>	
<b>Deltakarar</b>	Vestland fylkeskommune er saman med dei andre kommunane i tidlegare Hordaland med i det interkommunale samarbeidet Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT). Vedtekten opnar for at andre kommunar i Vestland også kan knyte seg til, og fleire kommunar er inviterte, men det er førebels berre Gulen kommune i gamle Sogn og Fjordane som har slutta seg til.  I sak for fylkestinget 11.12.24, skal fylkestinget ta stilling til om avtalen skal vidareførast, eller om den skal seiast opp.
<b>Rammer</b>	Kommunelova m. fl. Samarbeidsavtalen (for tida i endringsprosess for å omdanne til oppgåvefellesskap etter reglane i ny kommunelov).
<b>Forretningskontor</b>	Bergen kommune
<b>Representantskap</b>	SAPT har representantskap og styre. Representantskapet er øvste organet. Alle deltagarane skal vere representert i representantskapet. Styret har det overordna faglege og økonomiske ansvaret for styring av tenestene. Styret er samansett av medlemer frå kommunane, éin medlem med vara frå fylkeskommunen (nestleiarfunksjonen), tilsette og representantar frå interesseorganisasjonar.
<b>Forvaltning og administrasjon</b>	Tenesta arbeider på systemnivå, og er ei resultateining i Bergen kommune, under byrådsavdeling for barnehage, skule og idrett. SAPT har i dag 12,8 årsverk, med mellom anna syns- og audiopedagogar som gir råd, rettleiing og tenester knytt til syns- og hørselsfeltet til innbyggjarane i samarbeidkommunane. Det er Bergen kommune som har arbeidsgjeveransvar for dei tilsette.
<b>Finansiering</b>	Kostnadane blir fordelt etter folketal i kommunane. Vestland fylkeskommune har betalt for om lag 10 % av kostnadane i tenesta. Oppgåvefellesskapet har ikkje mynde til å ta opp lån.
<b>Utgang</b>	Kvar deltagar kan sei opp avtalen med eitt års varsel. Eittårsfristen tek til å gå frå og med 1. januar etter at oppseininga er motteken. Oppseininga må vere skriftleg.  Oppløsing krev to tredjedels fleirtal. Ved oppløsing, eller dersom Bergen kommune går ut av samarbeidet, overtek Bergen kommune utstyr og inventar, og ansvaret for lokale og dei tilsette.
<b>Nettstad</b>	<a href="#">Bergen kommune - Syns- og audiopedagogisk tjeneste (SAPT Vestland)</a>
<b>E-post</b>	<a href="mailto:synogaudio@bergen.kommune.no">synogaudio@bergen.kommune.no</a>

## 8. Samvirkeføretak

Hovudføremålet med eit samvirkeføretak er å fremje medlemene sine økonomiske interesser. Sentralt i dette ligg at ein som medlem gjennom samarbeid får oppfylt dei økonomiske interessene sine, anten som tilsett, leverandør eller kunde hos samvirkeføretaket. Medlemene sine behov for samarbeid er viktigare enn at føretaket går med mest mogleg overskot. Hovudformålet om å fremje medlemene sine økonomiske interesser vert tolka vidt.

Samvirkeføretak kan stiftast av både fysiske og juridiske personar. Eit samvirkeføretak må til ei kvar tid ha minimum to medlemar/eigarar. I samvirkeføretak skal alle eigarane behandlast likt og ha same innverknad. Hovudregelen er derfor at alle medlemene har ei stemme på årsmøtet.

Samvirkeføretak må ha ein forsvarleg eigenkapital til ei kvar tid. Eigenkapitalkravet må vurderast opp mot omfanget av verksemda. Det kan derfor i praksis bety at samvirkeføretaket må ha partsinnskot. Medlemene har ikkje ansvar for gjelda til samvirkeføretaket utover eit eventuelt partsinnskot.

I eit samvirkeføretak vert ein del av overskotet utbetalt til medlemene basert på medlemene si samhandling med føretaket. Eksempel på samhandling vil kunne vere kjøp frå, sal til eller arbeid for samvirkeføretaket.

Årsmøtet er det øvste organet i samvirkeføretaket. Medlemene har møte- og stemmerett. Alle samvirkeføretak skal halde årsmøte årleg. Årsmøtet vel styret.

Styret skal bestå av minst tre personar, og møtast ved behov. Styret er ansvarleg for drifta og organiseringa av føretaket. Det er styret som tilset dagleg leiar.

### 8.1 Samvirkeføretak fylkeskommunen er medlem i

#### Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA (KDRS)

Føremål	Kommunearkivinstitusjonanes digitale ressurssenter SA (KDRS) er eigd av medlemene - kommunearkivinstitusjonar frå heile landet. KDRS skal tilby tenester og kompetanse til sine medlemer og aktivt bidra til å utvikle og effektivisere langtidslagring av digitale arkiv innanfor kommunal og fylkeskommunal sektor. Føretaket skal fremje medlemene sine økonomiske interesser gjennom deira deltaking i verksemda. Føretaket kan også selje digitale arkivtenester, utover basistenestene, til medlemene og andre.
Etablert	19.05.2010.
Medlemer	KDRS har 15 medlemer og dekker totalt 61 % av kommunane i landet frå og med 2023. Medlemene skal vere arkivinstitusjonar.  Medlemene heftar ikkje for føretaket sine forpliktingar.
Forretningskontor	Trondheim kommune.
Rettslege rammer	Samvirkelova m. fl.
Rammer	Vedtekene, sist endra 06.06.19.
Administrasjon	Føretaket skal ha dagleg leiar, tilsett av styret.
Valkomité	Føretaket skal ha ein valkomité med tre medlemer, som innstiller medlemer til styret. Valkomiteen vert valt på årsmøtet for to år om

	gongen. Årsmøtet vel også leiar av valkomiteen, og fastset instruks for valkomiteen.	
<b>Styreval</b>	Føretaket skal ha eit styre med fire medlemer og to varamedlemer, valt for ein periode på to år.	
<b>Styresamsetjing</b>	<u>Styremedlemer:</u> Stig Roald Amundsen (leiar) Ellen Jensen (nestleiar) Bent Eirik Isaksen Lyngstad Odd-Lasse Worum	<u>Varamedlemer:</u> Unn Elisabeth Huse Elin Wetås Jara
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>		
<b>Finansiering</b>	<p>Medlemene skal ved stiftingstidspunktet betale eit andelsinnskot på til saman 500 000 kr. Summen av andelsinnskota utgjer føretaket sin andelskapital, som inngår i føretaket sin eigenkapital.</p> <p>Kvar medlem skal betale ein årleg medlemskontingent. Storleiken vert fastsett av årsmøtet, basert på prinsipp om kostnadsdekning. Årsmøtet har vedteke at kontingentauka skal vere styrt av statsbudsjettets deflator for pris- og lønsveksten i kommunesektoren. I 2023 var medlemskontingenften om lag 383 163 kr.</p> <p>Føretaket sel digitale arkiv-tjenester, utover basistjenestene, til medlemer og andre.</p>	
<b>Fylkeskommunalt lån</b>		
<b>Revisor</b>	KPMG AS	
<b>Adresse</b>	Maskinistgata 1, 7042 Trondheim	
<b>Telefon</b>	73 10 31 60	
<b>E-post</b>	post@kdrs.no	
<b>Nettstad</b>	www.kdrs.no	
<b>Opplysing og oppseiling</b>	<p>Utmelding må skje skriftleg. Utmeldingsfristen er 12 månader frå komande 01.01. Ved utmelding har medlemen ikkje krav på å få attendebetalt eit eventuelt andelsinnskot.</p> <p>Ved opplysing har medlemer rett på å få utbetalt sine andelsinnskot, dersom det er midlar att i føretaket etter at det har dekka forpliktingane sine. Attverande midlar etter dette går til medlemene på opplysingstidspunktet, og skal fordelast ut frå deira omsetning med føretaket dei siste fem åra.</p>	
<b>Mål med medlemskapen</b>	Som medlem å kunne nyte godt av KDRS sine tjenester og kompetanse innan digitale arkiv.	
<b>Er fylkeskommunalt medlemskap framleis føremålstenleg?</b>	<p>Fylkeskommunen, ved dokumentsenteret, har eige medlemskap i KDRS. I tillegg har fylkeskommunen indirekte medlemskap i KDRS gjennom deltagninga i Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap.</p> <p>Fylkesdirektøren har tidlegare vurdert å seie opp fylkeskommunen sitt eige medlemskap, sidan fylkeskommunen har medlemskap i KDRS</p>	

	gjennom deltakinga i Kommunearkivordninga, men har kome til at fylkeskommunen førebels har nytte av å vere medlem direkte, i tillegg til den indirekte medlemskapen fylkeskommunen har gjennom Kommunearkivordninga.
Tilråding	Vidareføre medlemskapen.

## Biblioteksentralen SA


<b>Føremål</b>	<p>Biblioteksentralen SA skal vere eit serviceorgan for, og hovudleverandør av produkt og tenester til-, offentlege bibliotek, skular og andre offentlege institusjonar.</p> <p>I tillegg kan Biblioteksentralen etablere og investere i verksemder for å betene den totale bok-, informasjons- og kunnskapsmarknaden.</p> <p>Samvirkeføretaket har ikkje til formål å skape økonomisk forteneste for medlemene, men skal drive i tråd med vanlege bedriftsøkonomiske prinsipp for å sirke medlemene sine interesser på best mogleg vis.</p> <p>Samvirkeføretaket er morselskap i BS konsern, for dotterselskapa BS e-bok, BS eigedom AB20, BS undervisning, NTB og BS Eurobib. SAet har også eigardel i dei danske selskapa Redia og WeDoBooks.</p>	
<b>Etablert</b>	04.02.1952	
<b>Medlemer</b>	<p>Medlemene er 353 kommunar, 12 fylkeskommunar, KS og Norsk Bibliotekforening.</p> <p>Medlemene sitt ansvar er avgrensa til andelskapitalen. Ein andel er verdt 300 kr.</p>	
<b>Forretningskontor</b>	Oslo kommune	
<b>Regelverk</b>	Samvirkelova, openheitslova m. fl.	
<b>Styringsgrunnlag</b>	Vedtekten av 04.02.1952, sist endra 17.04.24.	
<b>Årsmøte, styre og administrasjon</b>	<p>Biblioteksentralen sine organ er årsmøtet og styret. Årsmøtet er føretakets sitt øvste organ. Kvar medlem har éi røyst på årsmøtet.</p> <p>Årsmøtet i 2024 vart gjennomført 17.04.24, og Elin Golten deltok for fylkeskommunen, med fullmakt.</p> <p>Biblioteksentralen vert leia av styret og ein administrerande direktør.</p>	
<b>Valkomite</b>	<p>Medlemer 2024-2025: Sølvi Tellefsen, Julie Andersland og Gunn Marit Helgesen (peikt ut av KS).</p> <p>Varamedlem: Jørgen Hovde.</p>	
<b>Styresamansetjing</b>	<u>Styremedlem:</u> Torger Ødegaard (leiar) Gunn Berit Gjerde (nestleiar) Per Morten Ekerhovd Mona Magnussen Jannicke Røgler Ane Drabløs Pettersen (tilsetterep.) Berit Hjellnes (tilsetterep.)	<u>Varamedlemer:</u> 1. Heidi Hovemoen 2. Anne Kristin Undlien  <u>Varamedlemer tilsette:</u> 1. Inger Johanne Grønset 2. Line Silesand
<b>Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar</b>	<p>Styreleiar: 145 987 kr            Nestleiar: 72 993 kr            Styremedlem: 48 176 kr            Varamedlemer: 3 650 kr per møte</p> <p>Samla styregodtgjersle i 2023: 440 000 kr.</p>	

	Løn til dagleg leiar i 2023: 1 808 000 kr.
Finansiering	<p>Driftskapitalen kjem frå at medlemene betalar inn andeler á 300 kr etter følgjande reglar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) Kommunane minst 1 andel for kvar 1200 innbyggere, men minst 1 andel.</li> <li>b) Fylkeskommunane minst 30 andeler per fylkeskommune</li> <li>c) Norsk Bibliotekforening minst 1 andel. KS minst 1 andel</li> <li>d) Universitet og høgskular minst 1 andel</li> </ul> <p>Ved eventuell utmelding vert andelsinnskotet utbetalt.</p>
Revisor	BDO AS
Adresse	Alf Bjerckes vei 20, 0582 Oslo
Telefon	22 08 34 00
E-post	
Nettstad	<a href="http://www.bibsent.no">www.bibsent.no</a>
Opplysing og oppseiing	<p>Utmelding kan skje med tre månaders skriftleg varsel til styret. Tilbakebetaling av andelsinnskot skjer tre månader etter neste rekneskapsoppgjør. Dersom selskapet sine midlar er mindre enn samla andelskapital, vert det den utmelde medlemen har til gode nedskrive.</p> <p>Opplysing krev 4/5 av medlemene sine stemmer. Ved opplysing skal føretaket sine midlar først brukast til å dekke føretaket si gjeld til kreditorar. Deretter har medlemene rett til å få utbetalt andelsinnskot og inneståande på medlemskapitalkonti.</p>
Mål med medlemskapen	I tråd med fylkeskommunen si rolle på kulturfeltet deltek ein i samverkeføretaket for å støtte utviklinga av bibliotek som ein viktig kulturell formidlingsarena og møteplass.
Er fylkeskommunalt medlemskap framleis føremålstenleg?	Målet med medlemskapen gjer seg framleis gjeldande.
Tilråding	Vidareføre medlemskapen

## Sinjarheim SA

<b>Føremål</b>	Føretaket sitt føremål er å ta vare på bygningane på garden Sinjarheim i Aurland kommune og det omkringliggende kulturlandskapet, på ein måte som ivaretak antikvariske omsyn, og å delta i tiltak som fremjar tradisjonell bruk av Sinjarheim. Føretaket vil delta i informasjons- og tilretteleggingstiltak for å møte ulike brukargrupper sine behov i området, og samarbeide med andre aktørar med tilsvarende oppgåver i Aurlandsdalen. Dette for mellom anna å unngå eventuelle konfliktar og å unngå unødvendig slitasje. Føretaket har ikkje erverv til føremål, og eventuelle driftsoverskot skal avsettast til utviklings- og vedlikehaldsoppgåver på eigedomen.	
<b>Etablert</b>	Sinjarheim SA vart stifta i 2018. Samvirkeføretaket er ei vidareføring og formalisering av samarbeidet som starta kring tiltaket Sinjarheimfondet den 25.07.03, mellom eigaren av Sinjarheim (gbnr. 21/1), Sogn og Fjordane fylkeskommune v/Sogn jord- og hagebruksskule og Fortidsminneforeningen.	
<b>Deltakarar</b>	Fylkeskommunen, ved Sogn jord- og hagebruksskule, grunneigar og Fortidsminneforeininga Sogn og Fjordane.	
<b>Regelverk og styringsgrunnlag</b>	<p>Samvirkelova og vedtekten.</p> <p>Føretaket er ein sjølveigande, frittståande juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld. Låneopptak eller tilsvarende finansieringstiltak, til finansiering av drift eller tiltak av føretaket, kan berre skje etter samtykke fra årsmøtet, eller etter retningsliner frå årsmøtet.</p>	
<b>Forretningskontor</b>	Aurland kommune.	
<b>Årsmøte, styre og administrasjon</b>	<p>Årsmøtet er føretaket sitt øvste organ. Kvart medlem har ei røyst.</p> <p>Føretaket vert leia av eit styre på tre medlemer, og to varamedlemer. Styremedlemene skal, med etterhald som nemnd nedanfor, vere medlemer i føretaket. Varamedlemene treng derimot ikkje å vere medlemmar av føretaket. Styremedlemene og varamedlemer vert valde for to år.</p> <p>Føretaket skal ikkje ha tilsett dagleg leiar, men styreleiar skal ha funksjonen som dagleg leiar, jf. Samvirkelova § 65, og har signaturrett.</p>	
<b>Styresamsetjing</b>	<u>Medlemer:</u> Inge Olai Sønnerheim (leiar) Trude Knutzen Knagenhjelm (nestleiar) Even Hov	<u>Varamedlemer:</u> Jon Edvard Bjarnessen Ryttervold Tamnes Sigrid Sønnerheim Tønnessen
<b>Finansiering</b>	Det skal ikkje betalast andelsinnskot ved innmelding i føretaket. Føretaket har ikkje contingent ved skipinga. Kostnaden med å stifte SA-et skal dekkast av føretaket. Om rekneskapen viser overskot, skal dette setjast av i driftsfondet.	
<b>Opplysing</b>	Det kan gjerast vedtak om opplysing av føretaket med 2/3 fleirtal i eit ordinært årsmøte, etter at det er komme tilsvarende framlegg på førre årsmøte. Minst halvparten av deltakarane må vere representerte på sistnemnde møte. Møter ikkje så mange, kan framlegget vedtakast på nytt medlemsmøte med vanleg fleirtal rekna ut frå møtande deltakarar.	

	Ved opplysing skal aktiva i samvirkeforetaket setjast i eit fond til å fremje og ta vare på bygningane på garden Sinjarheim og det kringliggjande kulturlandskapet.
<b>Adresse</b>	Kvålsvegen 12, 5745 Aurland
<b>Mål med medlemskapen</b>	Medlemskapen skal sikre at fjellgarden Sinjarheim også i framtida vert ein viktig undervisningsarena for elevane ved Sogn jord- og hagebruksskule. På Sinjarheim får elevane kjennskap til tradisjonell stølsdrift og ysting, men også geologi, natur- og kulturhistorie.
<b>Er fylkeskommunalt medlemskap framleis føremålstenleg?</b>	Målet med medlemskapet gjer seg framleis gjeldande.
<b>Tilråding</b>	Vidareføre medlemskapet



vestlandfylke.no